

Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo

NASJONALISME OG KONFLIKTLØYSING

Ein haldningsanalyse av politiske parti i Nord-Irland

Harald Henrik Støren



2007

INNHALD

SAMANDRAG.....	5
INNLEIDING	6
1. Tema og problemstilling	6
2. Metode.....	8
KAPITTEL 1: NASJON OG NASJONALISME.....	10
1. Innledning	10
2. Avklaring av omgrep	10
2. 1. Nasjon, stat og nasjonalisme.....	10
2. 2. Nasjon og etnisitet.....	11
2. 3. Typologisering av nasjonalismen.....	14
3. Politisk nasjonalisme	16
4. Etnisk nasjonalisme	17
4. 1. Kulturnasjonalismen	18
4. 2. Kommunalismen	21
4. 3. Kritikk av den etniske nasjonalismen	22
5. Konklusjon.....	23
KAPITTEL 2: KONSOSIERT DEMOKRATI-TEORIEN	24
1. Innledning	24
2. <i>Elitesamarbeid i plurale samfunn</i>	24
2. 1. Plurale samfunn	24
2. 2. Elitesamarbeid.....	29
3. Gunstige vilkår for konsosiert demokrati.	33
3.1. Maktbalanse	33
3.2. Fleirpartisystem.....	34
3.3. Små statar.....	35
3.4. Kryssande konfliktliner ("crosscutting cleavages")	36
3.5. Overordna lojalitetar ("overarching loyalties").....	38

3.6. Segmentær isolasjon	39
3.7. Tradisjonar i elitesamarbeid.....	40
4. Konklusjon.....	41
5. Analysemodell	42
KAPITTEL 3: UTVIKLINGA AV IRSK NASJONALISME OG UNIONISME	45
1. Innleiing	45
2. Kolonisering.....	45
2.1. Settlarkolonisering	46
2.2. Katolsk nasjonalisme	46
2.3. Protestantisk unionisme	47
2.4. Religiøs undertrykking.....	48
3. Politisk nasjonalisme	48
3.1. Parlamentarisk nasjonalisme.....	48
3.2. Utanopparlamentarisk nasjonalisme	49
4. Irland under unionen	51
4.1. "The Act of Union"	52
4.2. Kampen for katolsk emansipasjon	52
4.3. Kampen mot unionen.....	53
5. Irsk unionisme tek form	57
5.1. Oransjeordenen	58
5.2. "The Ulster Unionist Council" (UUC).....	58
5.3. "The Ulster Volunteer Force" (UVF).....	59
6. Irsk nasjonalisme tek form.....	60
6.1. "The Irish Volunteers" (IV)	60
6.2. "Påskeopprøret"	63
7. "The War of Independence".....	64
7.1. An Dáil Éireann	64
7.2. "The Treaty"	65
7.3. "The Civil War"	66
8. Konklusjon.....	67
KAPITTEL 4: NORD-IRLAND UNDER HEIMESTYRE 1921-72	68
1. Innleiing	68
2. Oppbygginga av den nord-irske staten	68

3. Politisk utvikling	71
3.1. Mellomkrigstida	71
3.2. Etterkrigstida	73
4. Konklusjon	78
KAPITTEL 5: NORD-IRLAND UNDER BEINVEGES BRITISK STYRE 1972-98	79
1. Innledning	79
2. Sunningdale-avtala	80
2.1. Forsamlinga ("the Assembly")	80
2.2. Regjeringa ("the Executive")	81
2.3. Rådet ("the Council of Ireland")	81
2.4. UWC-streiken	82
3. Den anglo-irske avtala ("the Anglo-Irish Agreement", AIA)	83
4. Fredsprosessen	84
4.1. Hume-Adams-fråsegna	85
4.2. "Downing Street"-fråsegna	86
4.3. "Frameworks for the future"	87
4.4. Mitchell-tingingane	88
5. Konklusjon	97
KAPITTEL 6: ANALYSE AV POLITISKE PARTI I NORD-IRLAND	99
1. Innledning	99
1.2. Den avhengige variabelen	105
2. Social Democratic and Labour Party (SDLP)	105
2.1. Dei uavhengige variablane	106
2.2. Den avhengige variabelen	108
3. Sinn Féin (SF)	109
3.1. Dei uavhengige variablane	110
3.2. Den avhengige variabelen	112
4. Republican Sinn Féin (RSF)	112
4.1. Dei uavhengige variablane	113
4.2. Den avhengige variabelen	115
5. The Workers' Party (WP)	115
5.1. Dei uavhengige variablane	116
5.4. Den avhengige variabelen	117

6. Ulster Unionist Party (UUP).....	118
6.1. Dei uavhengige variablane.....	119
6.2. Den avhengige variabelen.....	120
7. Democratic Unionist Party (DUP).....	121
7.1. Dei uavhengige variablane.....	122
7.2. Den avhengige variabelen.....	124
8. United Kingdom Unionist Party (UKUP).....	125
8.1. Dei uavhengige variablane.....	126
8.2. Den avhengige variabelen.....	127
9. Northern Ireland Unionist Party (NIUP).....	128
9.1. Dei uavhengige variablane.....	128
9.2. Den avhengige variabelen.....	130
10. Progressive Unionist Party (PUP).....	130
10.1. Dei uavhengige variablane.....	131
10.2. Den avhengige variabelen.....	133
11. Konklusjon.....	134
KONKLUSJON.....	137
NOTAR.....	140

SAMANDRAG

Oppgåva kastar ljøs over ei side ved Lijphart sin modell for konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati, eller maktdeling, som har vori lite drøfta i den teoretiske debatten om denne modellen, nemleg den rolla ideologi spelar for å forklåre haldningar til maktdeling. Eg tek utgangspunkt i Lijphart sin tese om at denne typen konfliktløysing kan brukast til å løyse alle typar konflikhtar, både sosioøkonomiske, etniske og religiøse, dersom dei gjev seg uttrykk som ideologiske skiljeliner.

Eg tek utgangspunkt i nasjonalistisk ideologi, med sikte på å røkje etter om to ulike dimensjonar av denne ideologien, den politiske og den etniske, verkar ulikt i høve til haldningane til maktdeling. Eg arbeider ut frå den hypotesen at den etniske nasjonalismen lettare lèt seg sameine med konsosiert demokrati som konfliktløysingsmodell enn den politiske, av di denne modellen føreset eit samfunn prega av vertikale, religiøs-etniske skiljeliner framfor horisontale, sosioøkonomiske.

Som empirisk utgangspunkt nyttar eg konflikten i Nord-Irland. Som analyseiningar brukar eg 10 politiske parti som alle refererer seg til det segmentære skiljet mellom nasjonalistar og unionistar. Det eg tek sikte på å finne ut, er om det finst nokon samanheng mellom den oppfatninga desse partia har av den nasjonen dei sver truskap til og haldninga deira til dei maktdelingsinstitusjonane som vart sette opp for det indre sjølvstyre i Nord-Irland etter Langfredagsavtala av 1998, av di desse institusjonane er sydde etter lesten til Lijphart sin modell.

Analysen syner at samsvaret mellom nasjonalismetype og haldningane til maktdeling hjå partia stort sett var slik eg hadde venta ut frå analysemodellen: Dei partia som var prinsipielt mot avtala, var i det store og heile dei som skåra høgt på ”politisk nasjonalisme”. Det føreset likevel at vi tek høgde for ein del kontrollvariablar.

Oppgåva konkluderer med at vi lyt gje Lijphart rett i at både etniske og religiøse konfliktliner kan handsamast som ideologiske konfliktliner, som kan gje grunnlag for konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati, men eg kritiserer Lijphart for ikkje i tilstrekkeleg grad å problematisera ideologiomgrepet. Det syner seg nemleg at parti med ein ideologi som spring ut av horisontale skiljeliner tufta på klassemotsetnader vil ha større prinsipielle innvendingar mot å godta maktdeling enn parti med ein ideologi som spring ut av vertikale skiljeliner tufta på religiøse eller etniske motsetnader.

INNLEIDING

1. Tema og problemstilling

Temaet for oppgåva er tilhøvet mellom nasjonalisme og konfliktløysing. Konflikthar som skriv seg frå nasjonale motsetnader og korleis dei kan verte løyste er eit vanleg debatttema i internasjonale fora. I denne oppgåva vil eg nytte Nord-Irland som døme på ein slik konflikt innanfor ein stat. Eg vil her freiste å syne korleis ulike oppfatningar av nasjonsomgrepet verkar inn på evna og viljen til å løyse konflikthar gjennom institusjonaliserte former for samarbeid mellom dei politiske leidarane i det nord-irske samfunnet. Eg skal her sjå nærare på er den typen konfliktløysing Arend Lijphart kallar ”konsosiert demokrati”. Dette tyder at dei politiske elitane i sterkt kløyvde samfunn vert samde om å dela den politiske makta mellom seg for å unngå øydeleggjande konflikthar og skapa politisk stabilitet. Politisk stabilitet vert på den visen forklårt ut frå ei medviten viljeshandling frå den politiske eliten si side, heller enn sosial og økonomisk endring. Vi har med andre ord å gjera med ei heilt anna tilnærming til konfliktløysing enn det vi finn innanfor meir deterministiske teoriar, som den marxistiske eller liberalistiske. På hi sida problematiserer Lijphart lite dei ideologiske føresetnadene som ligg til grunn for eliten sine haldningar. Dette ser eg på som ein vant, ut frå den vekta han legg på politisk voluntarisme som forklåring.

Føremålet med denne etterrøknaden er å fylle ut noko av tomromet på dette området ved å ta fatt i den ideologien som knyter seg til oppfatninga av nasjonsomgrepet, nasjonalismen, for å forklåre eliten sine haldningar til maktdeling som konfliktløysingsmodell.¹ Nord-Irland eignar seg godt som objekt for ein slik etterrøknad, av di dei stridande gruppene der definerer seg i høve til ulike nasjonale identitetar, noko som òg får konsekvensar for oppfatningane om kva for statleg tilknytning Nord-Irland skal ha: Dei som vil halde på unionen med Storbritannia kallast ”unionistar” og dei som ynskjer sameining med Den irske republikken ”nasjonalistar”. Utgangspunktet er at eg ser båe dei to gruppene som målberarar av nasjonalistisk ideologi. Skilnaden ligg berre i at dei sver truskap til ulike nasjonar. Ofte vert dei religiøse nemningane ”protestantar” og ”katolikkar” nytta synonymt med høvesvis ”unionistar” og ”nasjonalistar”. Det skuldast den høge graden av statistisk samanfall mellom ”unionistar” og ”protestantar” på den eine sida og ”nasjonalistar” og ”katolikkar” på hi. Eg finn det likevel viktig å halde oppe eit analytisk skilje mellom dei to omgrepspara: Det fyrste syner til kva for politisk tilknytning ein ynskjer, det andre til kva for religion ein har. Som det vil gå fram av analysen (kapittel 6), er dei to kategoriane på ingen måte ideologisk samanfallande. Det

statistiske samanfallet lyt ein heller forklåra ut frå ein historisk hendingsgang som eg skal skal koma nærare inn på i kapittel 3. Men av di religion avgjort er til stades i den nord-irske konflikten, finn eg det naudsynt å skilja han ut som ein eigen faktor i analysen. Ein annan grunn til at Nord-Irland ligg lagleg til som døme for ein etterrøknad av denne typen er at maktdeling som konfliktløysingsmodell har vori sett ut i livet gjennom dei institusjonane som var nedfelte i Langfredagsavtala av 1998.

Som utgangspunkt for analysen hevdar eg soleis det er ein samanheng mellom kva for type nasjonalisme som er sterkt framme i ideologien til eit parti og partiet si haldning til konfliktløysing gjennom maktdeling. Den fyrste faktoren vert soleis den uavhengige variablelen og den siste den avhengige i analysemodellen. Eg skil mellom to hovuddimensjonar² av nasjonalisme: Den politiske og den etniske. Den etniske nasjonalismen har igjen to underdimensjonar – kulturnasjonalismen, som i fyrste rekkje ei retta inn mot språk og kultur, og kommunalismen, som i fyrste rekkje er retta inn mot religion. Alle dei tri typene er til stades i irsk og nord-irsk nasjonalisme/unionisme, men i ulik grad hjå dei ulike partia. Det eg tek sikte på å kartleggja er korleis innslaga av dei ulike typene nasjonalisme, saman med den religiøse sekterismen³ i eit parti, verkar inn på partiet si haldning til konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati⁴.

Her melder igjen spørsmålet seg om i kva grad det er mogleg å generalisera ut frå dømet Nord-Irland til andre samfunn som er kløyvde etter etniske og religiøse skiljeliner. Det som talar for ei slik generalisering er for det fyrste at Lijphart sin modell ber i seg pretensjonar om å gjelde ålment, og for det andre at dikotomien mellom etnisk og politisk nasjonalisme ikkje er spesiell for irsk nasjonalisme, men speglar av ein européisk idétradisjon med utgangspunkt i Den franske revolusjonen. Kommunalisme og kulturnasjonalisme er dessutan viktige innslag i mange konfliktrar kring i verda.

Før eg tek fatt på den empiriske analysen (kapittel 6) skal eg gå igjennom det teoretiske materialet som ligg til grunn for skiljet mellom dei ulike typene nasjonalisme (kapittel 1) og maktdeling som konfliktløysingsmodell (kapittel 2) for å kunne seia noko meir spesifikt om tilhøvet mellom dei to variablane. Dinest skal eg stutt gå igjennom dei delane av den irske saga som relaterer seg til dei uavhengige variablane, det vil seia dei som er viktige for å forstå irsk nasjonalisme (kapittel 3). I kapittel 4 skal eg gå igjennom dei sidene ved den politiske utviklinga i den nord-irske staten frå han vart skipa i 1921 og til det indre sjølvstyret der vart avskaffa i 1972. I kapittel 5 tek eg opp perioden med beinveges styre frå London, der ein har prøvd seg på ulike ordningar med konsosiert demokrati, fram til Langfredagsavtala vart

underteikna i 1998 (modifisert gjennom St. Andrews-avtala av 2007). Kapittel 6 er vigd analysen av haldningane til denne avtala tufta på intervjumaterialet frå nord-irske politiske parti i høve til nasjonalistisk ideologi.

2. Metode.

Som einigar i analysen brukar eg 10 nord-irske parti, som alle har røter i den tradisjonelle konflikten mellom nasjonalisme og unionisme, det vil seia at dei alle lèt seg kategorisera som anten ”nasjonalistiske” eller ”unionistiske”⁵. Grunnen til at eg valde politiske parti som analyseiningar var for det fyrste at dei stort sett var lette å koma i samband med og at dei var lite atterhaldsame når det galdt å stille opp til intervju. Tvert om såg dei fleste det som ein lekk i den utoverretta verksemda politiske parti driv. For det andre var dei partar i konflikten, og kunne stille til rådvelde personar med stor innsikt i dei spørsmåla eg ville kaste ljøs over, anten det galdt kvar dei plasserte seg i høve til nasjonalistisk/unionistisk ideologi eller haldningar til maktdeleingsinstitusjonane i Langfredagsavtala. Av di talet på einingar eg tek med er større enn talet på variablar, kan vi kalle strategien eg nyttar for etterrøknaden ekstensiv (Hellevik 1977: 74).

Metoden som vart bruka for å identifisera indikatorane for kvar eining var intervju. Cohen & Manion (1989: 307, hjå Robson 1993: 229) definerer ”intervju” som ”ei samtale igangsett av intervjuaren for det serskilde føremålet å skaffe opplysningar som er relevante for granskinga og som han har fokusert på innhald spesifisert av granskingsføremål med systematisk beskriving, føreseiing og forklåring”. Føremålet med granskingar der intervju vert nytta er soleis å skaffe opplysningar som kan føreseia og forklåra, det vil seia å kunne uttala noko om tilhøvet mellom dei uavhengige og avhengige variablane. Men det stillest òg krav om at opplysningane skal vera relevante for problemstillinga, med andre ord for etterrøknaden sin validitet.

Variablane vart operasjonaliserte gjennom indikatorar avleidde frå dei spørsmåla eg stilte respondentane.⁶ Indikatorane er dei manifeste eigenskapane ved ein variabel, som avgjer kva for verde einingane fær på variabelen. Eg tilskreiv einingane verde ut frå gjennomsnittet av dei verda indikatorane på variabelen gav. Det gav naudsynleg rom for eit visst skjøn, av di det ikkje var mogleg å gje variablane eit meir presist målenivå enn ordinalnivå, der verda lèt seg rangordne, men ikkje tileigne noka måleeeining (Hellevik, op.cit.: 1977: 150-51). Eg grunnjev valet av verde for dei ulike variablane på kvar av einingane i kapittel 6. Hellevik definerer

”definisjonsmessig validitet” ut frå graden av samsvar mellom dei manifeste og dei latente eigenskapane ved ein variabel, eller mellom den operasjonelle og den teoretiske definisjonen av variabelen (ibid.: 36). Dei latente eigenskapane lyt vi likevel meir sjå som idealtypar⁷ vi berre kan nærme oss men aldri gje noko fullt uttømande empirisk uttrykk for (ibid.: 159). Det dreier seg her både om den definisjonsmessige validiteten og om i kva grad det er samsvar mellom den definisjonsmessige validiteten og det respondenten faktisk gjev uttrykk for i intervjuet, det vil seia for reliabiliteten (ibid.: 157-58).⁸

Reliabiliteten avheng både av korleis svara vert registrerte og korleis spørsmåla er formulerte. For å auke reliabiliteten i registreringa tok eg opp alle intervjua på band og transkriberte dei.⁹ Eg la òg vekt på at respondentane vart presenterte for dei same stimulia, ved at spørsmåla vart nedskrivne og opplesne for kvar respondent. Der det var råd, søkte eg å intervjuje to personar frå same parti og kryssjekke svara. Når det gjeld formuleringa av spørsmåla gjev strukturerte spørsmål med faste svaralternativ større reliabilitet enn opne spørsmål, av di dei gjer registreringa enklare og einingane lettare å samanlikne. På hi sida er det dei opne spørsmåla som sikrar validiteten ved at dei gjev respondenten høve til å djupe ut meiningane sine ved at han sjølv formulerer svara. Eg har difor alltid passa på å la nokre av indikatorane på ein variabel verte styrte av opne spørsmål, ved sida av dei med faste svaralternativ. Det aukar romet for skjøn når eg skal tilordne variabelen verde. Dessutan har eg ofte fylgt opp dei strukturerte spørsmåla med tilleggsspørsmål for å sikre meg mot mistydingar eller få tak i respondenten si grunngeving av svara. På den visen vart ofte intervju spørsmåla avløyste av samtale, som eg laut tolke i etterhand. Eg freista likevel heile tida å styre samtala ved å ha problemstillinga klårt i bakhovudet og kontrollera for faktorar som kunne tenkast å verke inn på svara eller registreringa av dei, som til dømes leidande spørsmål eller egne forventningar til respondenten. Om slike ”samtalebaserte djubdeintervju”, seier Svein **Andersen** (2006: 279): ”[...] i samtaler med ressurssterke informanter vil en mer bevisst og aktiv forskerrolle kunne gi større uttelling i form av analytisk kontroll – og dermed økt validitet og reliabilitet”. Vilåret om ressurssterke informantar tykkjest oppfylt i dette tilfellet. Eg kjem nærare inn på intervjumetoden i kapittel 6.

KAPITTEL 1: NASJON OG NASJONALISME

1. Innleiing

Tema for dette kapitlet er omgrepet ”nasjon”, og den ideologien som knyter seg til det, ”nasjonalismen”. Eg skal i denne oppgåva fokusera på skiljet mellom to ulike typar nasjonalisme, den politiske og den etniske.¹⁰ Det er det ideologiske innhaldet i nasjonsomgrepet som er fokuset for denne drøftinga, og ikkje ulike teoriar som forklårar nasjonane sin framvokster. Det er likevel viktig å vera merksam på at desse teoriene igjen knyter seg til ulike oppfatningar av nasjonsomgrepet. Soleis oppfattar perennialistane og primordialistane nasjonen etnisk, medan modernistane og instrumentalistane oppfattar han politisk (Smith 1998: 22-23; 157).

2. Avklåring av omgrep

Før eg går inn på ei nærmare drøfting av omgrepa ”politisk” og ”etnisk nasjonalisme”, skal eg ta føre meg dei viktigaste standpunkta i debatten om nasjonsomgrepet og korleis ulike retningar i denne debatten skil seg frå einannan i synet på tilhøvet mellom nasjon og stat og mellom nasjon og nasjonalisme.

2. 1. Nasjon, stat og nasjonalisme

For Max **Weber** var nasjonen eit politisk omgrep. Han definerte “nasjon” som ”a community of sentiment which would adequately manifest itself in a state of its own” (Gerth & Mills 1970: 176, hjå Gilbert 1998: 14-15). Nasjonen vert på den visen definert subjektivt, som ein kjenslefellesskap, men ein kjenslefellesskap som har staten¹¹ som føresetnad. Paul **Gilbert** tolkar Weber sin definisjon normativt, det vil seia at nasjonen er eit samfunn som har *rett* til sin eigen stat. Det gjer nasjonalismen til eit normativt prinsipp som styrer bruken av nasjonsomgrepet, og som samstundes markerer grenser andsynes grupper som ikkje har denne retten (Gilbert 1998: 16, 26).

Hans **Kohn** (1965: 9-10) sin definisjon av ”nasjonalisme” som ideologi ligg nær opp til Weber sitt nasjonsomgrep. Han definerer “nasjonalisme” som “a state of mind, in which the supreme loyalty of the individual is felt to be due the nation-state”. Nasjonalismen er soleis ein ideologi som ser på nasjonalstaten som den einaste legitime forma for politisk organisering.

Han har som føremål å realisera ideen om ein eigen stat for nasjonen. På den visen vert nasjonen knytt i hop med staten, som slik vert ein ”nasjonalstat” (”nation-state”). Mostafa **Rejai** og Cynthia H. **Enloe** (1969: 143, hjå Oommen, T.K. 1997: 19) skuldar Kohn for kategorisamanblanding når han gjennom omgrepet ”nasjonalstat” gjer nasjonen til ein funksjon av staten: Medan ”stat” er eit politisk-juridisk, er ”nasjon” er eit psyko-kulturelt omgrep. Nasjonalstaten er soleis ikkje eit naudsynt vilkår for nasjonen, men resultatet av eit historisk tilfelleleg samanfall mellom stat og nasjon.

John **Breuilly** (2001: 49-51) sluttar seg på hi sida til modernistane når han hevdar at nasjonale rørsler ofte har oppstått der det ikkje har funnist noka førmoderne nasjonalkjensle. Empirisk etterøking syner at kva som kjem fyrst av nasjonen som etnisk identitet og nasjonalismen som ideologi avheng av kva for historisk epoke det er tale om: Medan primordialistane har rett i at nasjonane stort sett var ein røyndom då nasjonalismen synte seg på 1800-talet, har modernistane rett i at nasjonale rørsler på 1900-talet ofte oppstod utan at det fanst nokon klår nasjonal identitet på førehand. Her har nasjonane oppstått som ei fylgd av aktiv tilverking av nasjonale mytar frå dei nasjonale rørslene si side.

2. 2. Nasjon og etnisitet

Tilhøvet mellom omgrepa ”nasjon” og ”etnisitet” står sentralt mellom både perennialistane og primordialistane. Men medan perennialistane opererer med eit subjektivt, historisk skapt etnisitetsomgrep, opererer primordialistane med eit objektivt, essensialistisk etnisitetsomgrep. På grunn av den vekta perennialismen legg på nasjonsbygging gjennom manipulering av etniske symbol, talar ein òg ofte om ”etnosymbolisme”.

2. 2. 1. Perennialistane

John **Hutchinson** (2001: 75-77) ser nasjonar som sertilfelle av ”etniske grupper”, som han definerer som ”quasi-kinship groups, regulated by myths of common descent, a sense of shared history, and a distinctive culture”. “Nasjonar” fær i tråd med dette ein tilleggsdimensjon ved at dei “are distinguished in addition by a commitment to citizenship rights, and the position of a high literate culture, a consolidated territory and a unified economy”. Hutchinson tek her eit oppgjær med modernistane sin tese om nasjonen som eit moderne konstrukt, der etnisiteten vert medvite nytta i nasjonsbygginga si teneste. I staden ser han nasjonen i forlenginga av ein

førmoderne etnisitet, som har vorti til gjennom kompliserte historiske prosessar. På hi sida definerer han ikkje etnisitet essensialistisk, men som resultatet av ein pågåande prosess.

Walker **Connor** (1994: 42-43) set òg likskapsteikn mellom ”nasjon” og ”etnisk gruppe”, men han er samstundes på lag med Rejai og Enloe sin kritikk når dei fjernar staten som vilkår for nasjonen. ”Nasjonalisme” definerer han som ”lojalitet andsynes den etniske gruppa”, utan å kople inn noko strev etter eigen stat. Han definerer likevel ”etnisitet” annleis enn Smith: Objektive kjenneteikn som ”språk” og ”religion” har berre verde i den grad dei styrkjer den etniske gruppa sin subjektive identitet (ibid.: 104). Connor definerer ”nasjon” som ”a group of people characterized by a myth of common descent” (ibid.: 75). Det er soleis *myten* om eit sams opphav, heller enn den faktiske avstammainga, som er avgjerande for skipinga av nasjonen. Denne myten er tufta meir på intuitive kjensler enn på rasjonell kunnskap (ibid.: 214). Nasjonen manifesterer seg i eit medvite skilje i identitet mellom ”oss” og ”dei”. Det er nettopp dette medvitet om etnisk eigenart i tilhøve til andre nasjonar som skil nasjonen frå den etniske gruppa (ibid.:103).

Connor hevdar det er bresten på evne til å kjennast ved den etnopsykologiske sida ved nasjonalismen, som gjer at mange ekspertar heller definerer konflikten i Nord-Irland religiøst eller økonomisk enn nasjonalt (ibid.: 44-46). Men erkjenninga av etnonasjonalismen som eit massefenomen, gjer at dei politiske leidarane heile tida må hente stønad frå massane for den politikken dei fører. Det gjer nasjonale konflikhtar lite eigna for konfliktløysing på eliteplanet mellom dei politiske leidarane (ibid.: 84-85; 161). T. K. **Oommen** (1997: 22) kritiserer her Connor for å blande i hop ”nasjon” og ”etnisk gruppe”. Han definerer ”nasjon” som “a territorial entity to which people have an emotional attachment and in which they invest a moral meaning”. For Oommen dreier det seg her om ein moralsk fellesskap som vert halden oppe gjennom kommunikasjon tufta på eit sams nasjonalspråk (ibid.: 33).

John A. **Armstrong** (1982: 4-7) set òg spørjeteikn ved modernistane sin lineære utviklingsmodell, og ser moderne nasjonalisme som del av ei syklisk rørsle av etnisk medvit. Han ser her etnisiteten som ei varig form for gruppeidentitet, i motsetnad til nasjonalitet, som han reknar til ein avgrensa historisk epoke. Men, liksom Hutchinson, definerer han etnisitet prosessuelt heller enn essensialistisk. Han dreg her eksplisitt nytte av Fredrik **Barth** (1982, hjå Armstrong, ibid.) sin prosessanalyse, der etnisitet vert til gjennom aktiv markering av skilnad i høve til andre grupper. Etnisk grensemarkering er her den konstante variabelen i høve til både kultur og avstammaing, slik at den etniske gruppa identifiserer seg gjennom det som skil ho frå

”dei andre”. Etnisk identitet vert skipa gjennom medviten kjøpslåing om status innanfor eit yrkeshieraki.

2. 2. 2. Primordialistane

Anthony D. **Smith** (1981: 62) set, liksom Connor, likskapsteikn mellom ”nasjon” og ”etnisk gruppe”, men han kritiserer Connor for å sjå bort frå objektive kulturdrag i definisjonen av ”nasjon” og hevdar det naudsynleg må liggja føre eit minstemål av kulturelle markørar for at ei kjensle av eigenart skal kunne oppstå.¹² Dette har å gjera med Smith sin definisjon av ”etnisitet” ut frå objektive kulturelle kjenneteikn (Smith 1998: 6). Han definerer eit ”etnisk samfunn” (”ethnic community” eller ”ethnie”) som ”a social group whose members share a sense of common origin, claim a common and distinctive history and destiny, possess one or more distinctive characteristics, and feel a sense of collective uniqueness and solidarity” (Smith 1981.: 66; 1998: 191).

Ei kjensle av sams opphav ligg soleis til grunn for både dei objektive og dei subjektive aspekta ved omgrepet. Etter denne definisjonen vert ein ”nasjon” eit etnisk samfunn med eit ”heimland” som kan tryggje samhaldet, sjølvstendet og borgarrettane til gruppa (Smith 1981: 69).¹³ Smith sin definisjon av ”nasjon” vert ut frå dette “a group of human beings, possessing common and distinctive elements of culture, a unified economic system, citizenship rights for all members, a sentiment of solidarity arising out of common experiences, and occupying a common territory” (Smith 1998: 169).

Med ein slik definisjon fær han med seg både den objektive og den subjektive dimensjonen ved omgrepet, forutan den kulturelt-etniske og den politisk statsborgarlege, men medan den objektive definisjonen er eit naudsynt vilkår for nasjonen, er det ikkje tilfellet med den subjektive (Smith 1996: 108). Når det gjeld nasjonalismen, skil han mellom nasjonalisme som kjensle og nasjonalisme som rørsle. ”Nasjonalisme” som *rørsle* definerer han som ”an ideological movement for the attainment and maintenance and self-government and independence on behalf of a group, some of whose members conceive it to constitute an actual or potential “nation”” (Smith 1998: 169). “Nasjonalisme” er soleis ei ideologisk rørsle med eit klårt politisk mål. Medan ein kan tala om nasjonar i Europa alt i mellomalderen, fær vi nasjonalisme fyrst etter Den franske revolusjonen (ibid.: 190). Nasjonane er soleis ikkje berre konstrukt, som er vortne til gjennom mobilisering av ein nasjonalistisk elite, slik modernistane hevdar. Dei er òg resultat av verkelege historiske prosessar. I staden for å tala om ein

”oppfinning” av etniske symbol, talar Smith om ei ”gjenoppdaging” av dei (Smith 1996: 113; 119).

Paul **Gilbert** (1998: 19) sluttar seg til Smith sin definisjon av nasjonen tufta på objektive kriterium. Etter Gilbert utelukkar det normative prinsippet eit subjektivt nasjonsomgrep, av di motstridande subjektive oppfatningar av grensene for ein nasjon, gjer eit internasjonalt system av nasjonar umogleg. Eit slikt system er berre mogleg dersom grensene mellom nasjonane fell saman med statsgrensene. Gilbert ser etnisk identitet som den einaste rasjonelle grunngevinga av nasjonalismen, medan ein nasjonalisme tufta på teorien om at nasjonen er sosialt konstruert gjennom grensemarkering mot ”dei andre” fær eit vilkårleg grunnlag (ibid.: 30).

2. 3. Typologisering av nasjonalismen

Av di eg i denne oppgåva brukar nasjonalisme som uavhengig variabel for konfliktløsning, er det avgjerande for analysen korleis denne variabelen vert typologisert. Som eg alt har vori inne på, kjem eg til å operera med to hovudtypar av nasjonalisme i denne samanhengen, nemleg den politiske og den etniske. Men det herskar langt frå semje mellom teoretikarane om det er nyttig, eller i det heile mogleg, å operera med eit slikt skilje. Eg skal difor her summera opp nokre av dei argumenta som har vori framførte i denne diskusjonen og som kan vera relevante for den vidare argumentasjonen i oppgåva.

Kohn (1965: 32-34) nyttar sosiologiske kriterium for å skilja mellom to hovudtypar av nasjonalisme: Den vestlege og den austlege. Medan nasjonalismen i Vest-Europa er tufta på ein sterk borgarskap og føreset fri tilslutnad til nasjonen frå einskildmenneska, er nasjonalismen i Sentral- og Aust-Europa prega av ein svak borgarskap, samstundes som den nasjonale tilknytninga vert avgjord frå fødselen. Kohn ser dei to typane nasjonalisme som ulike stadium langs ein sosioøkonomisk utviklingsskala. Medan den vestlege nasjonalismen er rasjonalistisk og framtidsretta, er den austlege organisk og attendeskodande (Kohn 1946: 41). Kohn sine omgrep ”vestleg” og ”austleg nasjonalisme” svarar stort sett til omgrepa ”politisk” og ”etnisk nasjonalisme”, som eg kjem til å gå nærare inn på nedanfor

Hutchinson (1987: 32-34) nyttar omgrepet ”kulturnasjonalisme”¹⁴ stort sett som einstyddande med Kohn sitt omgrep ”austleg nasjonalisme”, men han kritiserer Kohn si oppfatning av den austlege nasjonalismen som attendeskodande. Han forklårar attendeskodinga som ein måte å konstruera ein moderne vitskapsbasert kultur på dei etniske serdraga i folket

og atterreise den nasjonale storleiken gjennom ein syntese av det tradisjonelle og det moderne. Det kulturnasjonalistane insisterer på er at den sosiale framgangen må koma som ei fylgd av reformering av det tradisjonelle statushierarkiet framfor import av eit framandtt normsystem. I dette ligg òg ein kritikk av modernistane sitt lineære utviklingsomgrep: Kulturnasjonalismen er eit fenomen som stendig kjem attende i krisetider, sjølv i høgt utvikla industrisamfunn, som svar på ein djuptgåande identitetskonflikt mellom religion og vitenskap, der målet er å finne ein måte å sameine dei to livsyna på. På hi sida brukar dei politiske nasjonalistane etniske kjensler utelukkande instrumentelt, for å mobilisera folket. Hutchinson peikar elles på den nære skyldskapen mellom dei to typane nasjonalisme i den praktiske politikken, av di dei bae er tufta på prinsippet om folkesuverenitet og nasjonalt sjølvstyre (ibid.: 40-42). Av di den politiske nasjonalismen har staten som føresetnad, og den politiske ordninga ofte vert skipla av moderniseringsprosessen, er kulturnasjonalismen eit fenomen som stendig kjem attende (Hutchinson 1994: 41).

Miroslav **Hroch** (1996: 61-62) skil, liksom Kohn, mellom ein vestleg og ein austleg type nasjonalisme, ut frå komparative studiar av nasjonale rørsler i Europa under overgangen til kapitalismen. Medan den vestlege var tufta på moderne statar med ein dominerande kultur, var den austlege tufta på medvitngjering innanfor etniske samfunn utan politisk makt. Det var difor innanfor den austlege nasjonalismen at dei nasjonale rørsleane kom til å spela den viktigaste rolla. Han definerer her "nasjonal rørsle" som "organized endeavours to achieve all the attributes of a fully-fledged nation". Dei har som målsetjing å utvikle eit nasjonalspråk innanfor ei eller anna form for politisk sjølvstyre tufta på ein etnisk sosial struktur.

Hroch sitt skilje mellom "vestleg" og "austleg nasjonalisme" ligg nær opp til Øyvind **Østerud** (1997: 20) sitt skilje mellom "politisk" og "kulturell nasjon": Den politiske nasjonen vert definert gjennom medlemene sin tilslutnad til staten sine institusjonar. Dei som vel å verte borgarar av ein stat, vert med det òg medlemmer av nasjonen. Difor kallast denne typen nasjon òg gjerne "statsborgarleg". Den kulturelle nasjonen vert definert gjennom dei kulturelle serdraga medlemene har, som til dømes språk og religion. Østerud nemner Frankrike og dei fleste vest-européiske landa som døme på den fyrste og Tyskland og dei fleste aust-européiske landa på den andre typen nasjonar. Likevel finn ein sjeldan desse to typane nasjonar reindyrka form. Østerud sin "kulturelle nasjon" tykkjest tyde det same som Hutchinson sin "kulturnasjon", der kulturomgrepet omfattar både "språk" og "religion". Stort sett vil dette svara til det eg legg i "etnisk nasjonalisme"¹⁵.

3. Politisk nasjonalisme

Tilhøyrsløse til den politiske nasjonen kan avgjerast av sams statsborgarskap, sams territorium og/eller sams politisk tilknytning. Avhengig av kva for eit av desse kjenneteikna ein vel til å karakterisera nasjonen, vert det ofte skilt mellom ”statsborgarleg nasjonalisme” og ”territoriell nasjonalisme” som to ulike dimensjonar ved den politiske nasjonalismen, men av di dette skiljet har liten relveans for problemstillinga i denne oppgåva, kjem eg her til å handsama dei båe under eitt.

Den politiske nasjonalismen har sine røter i det nasjonsomgrepet som vart utvikla under Den franske revolusjonen. Her kom nasjonen i staden for kongemakta som legitimering av lovene, og nasjonalforsamlinga i staden for konge, kyrkje og adel som lovgjevar. Lojalitet andsynes nasjonen tydde med det lojalitet andsynes Republikken. Nasjonalisme som reknar lojalitet av denne typen som overordna andre lojalitetar, vert difor òg gjerne kalla ”republikanisme”.¹⁶ Rousseau sitt omgrep ”ålmennviljen”, som var den objektive interessa til einskildmenneska samla i ein stat, vart av revolusjonære politikarar som Maximilien de Robespierre og Emmanuel Joseph Sieyès tolka som ”nasjonen”. I boka ”Samfunnspakta” gjev Rousseau dei revolusjonære leidarane i oppgåve å vera tolkarane av ålmennviljen (O’Brien 1989: 29-30, 34).¹⁷ I ”Menneskerettsfråsegna”, vedteken av den franske nasjonalforsamlinga i 1789, vert “nasjon” definert statsborgarleg, som “the body of citizens within the existing state” (Breuille 2001: 36). Artikkel 3 i fråsegna lyder:

The Nation is essentially the source of all sovereignty, nor can any individual or any body of men be entitled to any authority which is not expressly derived from it (ibid.).

Etter **Hutchinson** (1994: 1) sette Den franske revolusjonen med folkesuverenitetsprinsippet den frie borgaren i staden for den passive undersåtten under det gamle regimet. Det er i tråd med denne tradisjonen at Ernest **Renan** (1996: 52-54) definerte nasjonen som ”ei dagleg folkeavrøysting” (“un plébiscite de tous les jours”).¹⁸ Renan såg nasjonen som eit åndeleg prinsipp med éi rot i minna frå fortida og ei anna i ynsket om å leva i lag i notida, samstundes som ein har eit sams program for framtida. Nasjonen vert på den visen eit moralsk samvit, samansett av eit aggregat av einskildmenneske, og legitimert gjennom dei ofra desse menneska er viljuge til å gjera for fellesskapen. Vi fær soleis eit subjektivt nasjonsomgrep tufta på individa sin frie tilslutnad. Etter Yael **Tamir** (1993: 33) kjem Renan her fram til ein syntese av individualisering og sosialisering ved å kontekstualisera individet gjennom nasjonen. Liberalismen smeltar på den visen saman med nasjonalismen. Elie **Kedourie** kritiserer det republikanske nasjonsomgrepet for å leggja grunnlaget for ein ny

politisk stil, der nasjonen sin vilje kjem i staden for traktatar som legitimering av politisk handling. Det la grunnlaget for kompromissløyse og terrorisme (Kedourie 1994: 8-10).

Det politiske nasjonsomgrepet som oppstod med Den franske revolusjonen tydde at nasjonen vart definert gjennom dei rettane medlemene fekk i eigenskap av statsborgarar innanfor det nasjonale territoriet (Soysal 1994: 17, hjå Aspholm Hole 1995: 16).

Statsborgarskap fær alle som anten er fødde innanfor staten sitt territorium ("jus soli"-prinsippet) eller vert naturaliserte i samsvar med eit standardisert regelverk (Aspholm Hole, *ibid.*: 23, 29). Det viktige i denne samanhengen er at dei geografiske grensene for nasjonen fell saman med dei statsgrensene som vart fastlagde under det gamle dynastiske regimet, trass i store kulturelle og språklege skilnader mellom klasser og regionar. Assimilering vart den metoden som vart teken i bruk for å skipe eit språkleg og kulturelt homogent folk. Dette tydde samstundes at statsborgarskapen ikkje var tufta på objektive kriterium som språk og kultur, men på borgarane sin friviljuge tilslutnad (Brubaker 1992: 1-4).

Yael **Tamir** (1993: 60-61, 69) peikar på den viktige rolla både den franske og den amerikanske revolusjonen spela når det galdt å omdefinera legitimeringa av staten frå dynastiske rettar til folkeleg samtykke. Det gjorde at omgrepet "nasjonal sjølvråderett" fekk eit demokratisk og universelt innhald i den politiske tenkinga. Nasjonen vart legitimert gjennom medlemene sin rett til politisk deltaking. Det var likevel ein viktig skilnad mellom Frankrike og USA her: I USA var det den nye staten som skapte nasjonen, medan det i Frankrike var tredjestanden som skapte nasjonen som eit alternativt grunnlag å legitimera staten på i høve til det gamle regimet. I fransk revolusjonær tenking skjedde det med det òg ei gliding bort frå det demokratiske prinsippet om borgarane sine rettar til prinsippet om nasjonane sin sjølvråderett. Dette vart i neste omgang utgangspunktet for den kulturelle og språklege standardiseringa som sette inn etter revolusjonen (*ibid.*: 140).¹⁹ Analytisk er det likevel viktig å halde denne typen instrumentell grunngeving av verdet av sams språk og kultur åtskild frå ein argumentasjon der desse faktorane fær verde i seg sjølve.

4. Etnisk nasjonalisme

Omgrepet "etnisk nasjonalisme" fell stort sett saman med den typen nasjonalisme ei rad forfattarar kallar "den austlege", av di han kom til å prega nasjonalismen i Sentral-og Aust-Europa. Han hadde utspring i den tyske romantiske rørsle.²⁰ Medan det i Frankrike var dei eksisterande statlege institusjonane som la premissane for nasjonen, var det i Tyskland

nasjonen som la premissane for dei statlege institusjonane. Soleis vart den nasjonale identiteten åt einskildmenneska ikkje tufta på fri tilslutnad, men på objektive kriterium som språk og kultur.²¹ Eg skal i denne oppgåva kalle den typen etnisk nasjonalisme som nyttar språk og kultur som kjenneteikn ”kulturnasjonalisme”.²² I Aust-Europa vart det religion som kom til å spela hovudrolla som kjenneteiknet på etnisk nasjonalisme. I tråd med Louis Dumont sin språkbruk skal eg kalle denne typen nasjonalisme ”kommunalisme”. Av di både kulturnasjonalismen og kommunalismen spelar ei viktig rolle for den etniske identiteten i Nord-Irland, skal eg omtala kvar av dei serskilt.

4. 1. Kulturnasjonalismen

Det var Johann Gottfried **Herder** (1772, hjå Kedourie 1994: 56-57) som var den fremste ideologen attom den tyske kulturnasjonalismen i fyrste halvdel av 1800-talet. For han var språket fremste uttrykket for kulturen åt eit folk. Språket var uttrykk for kjensler som hadde utspring i sanseintrykk dei historisk skapte serdraga til kvart folk var føresetnaden for. Herder si forståing av ”kultur” fell etter Geoff **Eley** og Ronald Grigor **Suny** (1996: 21) nær saman med det kulturomgrepet som vert nytta i sosialantropologien i dag, nemleg som den uformelle kommunikasjonen mellom menneska i dagleglivet (”an informal, practical, and unconscious territory of everydayness”. Paul **Gilbert** (1998: 120) si tolking av nasjonsomgrepet ut frå ”levemåte” (”way of life”), som igjen er eit resultat av ”språkkultur” ligg nær opp til denne forståinga.²³ Kulturen var uttrykk for den historisk gjevne folkeånda (”Volksgeist”) som konstituerte nasjonen (Brubaker 1992: 9). Kulturnasjonalistane er soleis samde med både perennialistane og primordialistane (pkt. 2.2.1 og 2.2.2.) om at det er nasjonen som er grunnlaget for staten, og ikkje omvendt. Med det er det ikkje sagt noko om nasjonen vert oppfatta subjektivt-voluntaristisk eller objektivt-deterministisk. Kulturell assimilering i statleg regi vil difor aldri kunne skapa nokon nasjon. I motsetnad til hjå desse teoretikarane, spela likevel avstamming inga rolle som kjenneteikn på nasjonal identitet for Herder, korkje som subjektiv førestelling eller som objektive raseeigenskapar.²⁴ I staden var det den kommunikative fellesskapen som vart til gjennom språket (Herder 1791, hjå Llobera 1994: 166-67).²⁵

Smith (1973: 72-73) kritiserer Herder si ein-sidede vektlegging på språk som kriterium på nasjonal identitet ved å peike på ei rad døme, mellom dei Irland og England, der to ulike nasjonar talar det same språket, både innanfor og utanfor den same staten, at grensene mellom

språkgrupper ofte er flytande og skiftar med politiske og sosiale tilhøve, at ikkje alle språklege skilnader er nasjonale markørar og at sterke nasjonale konflikter òg kan oppstå der dei språklege skilnadene er sers små. Men han tykkjest her å gløyme at Herder forstod språk som kultur i vidaste tyding. Samstundes er Irland som døme her lite velvalt, av di kampen for irsk språk heile tida har vori ein viktig del av irsk nasjonalisme.

Hutchinson framhevar mobiliteten i Herder sitt nasjonsomgrep, av di både den historiske identiteten og statusordenen skiftar innhald frå generasjon til generasjon. Det ligg difor innbygd ein generasjonskonflikt i Herder sitt nasjonsomgrep. Til grunn for kulturnasjonalismen ligg eit prinsipp for stendig moralsk oppattnying som sameiner det tradisjonelle med det moderne, jordbruk med industri og religion med vitenskap ved å vende attende til nasjonen sitt livsprinsipp (Hutchinson 1987: 13-14). Hutchinson kallar kulturnasjonalistane ”moralske innovatørar” som etablerer ideologiske rørsler i krisetider for å omskapa trussystem og skipe modellar for sosio-politisk utvikling (ibid.: 30-31).

4. 1. 1. Kulturnasjonalismen og romantikken

Josep R. **Llobera** (1994: 171-74) peiker på den nære samanhengen mellom den romantiske rørsle i litteraturen og kulturnasjonalismen, og trekkjer serleg fram fire kjenneteikn ved romantikken som var med på å streka under dette sambandet, nemleg pluralismen, fortidsnostalgien, det organiske samfunnssynet og antirasjonalismen.

Pluralismen streka under at kulturar ikkje berre var ulike, men òg hadde verde som ikkje lét seg sameine. Vi fekk med det ei dyrking av kulturell ulikskap. Den italienske nasjonalisten Giuseppe **Mazzini** streka under ideala frå Den franske revolusjonen om fridom, likskap og brorskap, og såg det som nasjonen si fremste oppgåve å hegne om einskildmenneska:

We believe, therefore, in [...] the *liberty* and *equality* of the peoples, without which no true association can exist; - in *nationality*, which is the *conscience* of the peoples, [...] – in the sacred *Fatherland*, cradle of nationality; altar and workshop of the individuals of which each people is composed (Mazzini 1835: 47, hjå Kellas 1998: 38).

Opp mot den hardhende assimileringspolitikken til dei franske revolusjonære sette han kravet om kulturell differensiering, det vil seia at alle nasjonar har rett til å få tilhøva tilrettelagde for fri utfolding av folkeanda gjennom språket. Målet var på den visen å leggja tilhøva best mogleg til rettes for individuell utfolding.

Fortidsnostalgien tydde at institusjonar i notida vart legitimerte ut frå ein tidlegare litterær, kulturell eller politisk gullalder. Soleis var Den tyske historiske skulen oppteken av korleis ”folkeånda” prega lovene i dei einskilte nasjonane.

Det organiske samfunnssynet tydde at kvar nasjon hadde eit eigenverde som er meir enn summen av einskildmenneska i nasjonen. Soleis definerer den tyske kulturnasjonalisten Adam **Müller** (1809, hjå Kedourie 1994: 30-31) ”staten” som “the intimate association of all physical and spiritual needs, of the whole nation into a great energetic, infinitely active and living whole”. Den organiske statsfilosofien vart utvikla vidare i Johann Gottlieb **Fichte** (1796, *ibid.*) sin naturretsfilosofi, der individet når si høgste form for fridom og sjølvrealisering ved å la seg absorbera av det universelle medvitet som staten representerer. Borgaren går inn i staten som del i ein heilskap. Vi øygnar her Rousseau sin ålmennevilje i staten sin skipnad (*ibid.*: 32). Han kjem att i Mazzini sin definisjon av ”nasjon”:

A nation is a larger or smaller aggregate of human beings bound together into an organic whole by agreement in a certain number of real particulars, such as race, physiognomy, historic tradition, intellectual peculiarities, or active tendencies (Mazzini, *ibid.*: 101).

Antirasjonalismen synte seg i den rolla kjenslene spela for nasjonane si utvikling. Kulturnasjonalistane kritiserte opplysningsfilosofien sitt historiesyn, der den historiske utviklinga berre kunne forståast som ei utvikling mot stendig større framsteg. Soleis hevda Herder at fortida sine hendingar hadde verdi i seg sjølve, og ikkje berre kunne sjåast på som steg på vegen mot ei betre framtid. Dette tydde samstundes ein kritikk av alle freistnader på å rangera kulturar etter utviklingsgrad (Kedourie, *ibid.*: 48-51). Det tydde òg ei rehabilitering av opphavsmitten som kjelde til kulturell utfalding (Llobera, *op.cit.*: 171-74). Det er dette poenget perennialistane grip fatt i når dei forklårar moderne nasjonalisme (pkt. 2.2.1.): Samstundes som ein vedgår at moderniteten verkar gunstig inn på utviklinga av nasjonar, strekar ein under at etniske symbol frå fortida er naudsynte for nasjonane si sjølvforståing (Smith 1998: 224-26).

4. 1. 2. Risorgimentonasjonalisme

Peter **Alter** kallar den typen nasjonalisme som freistar å sameine liberal ideologi og individuell frigjering med nasjonalt sjølvstyre ”risorgimentonasjonalisme”.²⁶

I perioden 1830-48 var det i alt fire freistnader på å få til eit organisert samarbeid mellom dei nasjonale rørslene i Europa. Den fyrste, som vart skipa på initiativ av Giuseppe **Mazzini** i 1834, var ein løynd organisasjon med tyske, polske og italienske seksjonar under nemninga ”Det unge Europa” (”La Giovine Europa”). Han hadde som føremål å stø alle

kampar for nasjonal frigjering i Europa og skipe ein føderasjon av frie nasjonar (Alter 1994: 22). Det oppstod ”unge nasjonale” rørsler i ei rad land.

Alter skil mellom to typar risorgimentonasjonalisme, alt etter om dei organisasjonane som målber han tek i bruk konstitusjonelle eller revolusjonære middel i kampen for nasjonalt sjølvstende. I praksis kunne grensene mellom dei to typane risorgimentonasjonalisme ofte vera uklåre. Soleis kunne éi og same rørsle ta i bruk både konstitusjonelle og revolusjonære middel, avhengig av ytre omstende (ibid.: 47-49). Innanfor den irske nasjonale rørsla var ”the Young Irelanders” dei fremste eksponentane for denne typen nasjonalisme (kap. 3, pkt. 7.3.2.). For dei var bruken av middel eit spørsmål om taktikk.

4. 2. Kommunalismen

I kommunalismen er det religion som etisk verdesystem som er kjenneteiknet på nasjonal identitet. I européisk samanheng er det serleg russiske nasjonalisme som har vori prega av denne typen etnisk nasjonalisme.²⁷

Paul **Gilbert** (1998: 153-58) reknar den religiøse nasjonalismen som eit spesialtilfelle av kulturnasjonalismen. Etter Gilbert kan to typar kultur liggja til grunn for kulturnasjonalismen, nemleg språkkultur og verdekultur. I språkkulturen er språket uttrykk for serskilte etiske omgrep, tankesystem eller sosiale relasjonar. I verdekulturen er det oppslutnaden om ulike verde, eller ei oppfatning av at ein står i eit sertilhøve til universelle verde, som skil nasjonane frå einannan. Den religiøse nasjonalismen byggjer på ein type verdekultur kjenneteikna av ei fast overtyding om at ein sjølv, i motsetnad til ”dei andre”, sit inne med sanninga. Gilbert nemner protestantismen i Nord-Irland som eit typisk døme på denne typen nasjonalisme.

Robert **Bellah** og Philip **Hammond** (1980, hjå Grosby 2001: 102-03) strekar under religionen sin universalitet, og nemner ei rad døme på at religion, eller religiøse tradisjonar, har vori ein viktig del av nasjonen sitt kollektive sjølvmedvit ned gjennom saga, både i Vesten og andre delar av verda. Men med det vert grensene mellom nasjonalisme som politisk religion og religiøs nasjonalisme uklåre. Religiøse tradisjonar kan sekulariserast og brukast instrumentelt i den nasjonale mobiliseringa. Eduardo **Archetti** (1981: 13-15) peikar her på korleis nasjonale rørsler kan bruke eit religiøst språk både for å artikulera folkelege tradisjonar og for å halde oppe ein kulturell identitet. Han definerer religion som eit språk i tydinga kommunikasjonsmiddel. Det skil seg likevel frå andre språk ved at det uttrykkjer noko absolutt og difor må sjåast på som eit ideologisk språk.

Josep R. **Llobera** (1994: ix-x) peikar på at nasjonen i det moderne samfunnet langt på veg har teki over den rolla religionen spela tidlegare, både i mobiliseringa av gruppelojalitet og som symbolverde i ideologiske kampar. Han tek soleis opp eit poeng alt Mazzini var oppteken av, nemleg at religionen kan brukast til å skapa sosial og politisk rettferd. Han knyter her religion til prinsippet om samvitsfridom for einskildmennesket:

We believe in God, as we believe in the final triumph of justice on earth: as we believe in an ideal of perfection to be pursued by mankind, in the mission of our country towards it [...] We feel that the final solution of the great religious problem, emancipation of the soul, liberty of conscience, acknowledged throughout and for all mankind, is placed providentially in our hands (Mazzini, hjå Archetti, op. cit.: 19).

Louis **Dumont** (1970: 94, hjå Archetti 1981: 23-24) peikar på tvitydnaden i kommunalismen: På den eine sida kan det dreie seg om eit steg på vegen mot ein nasjon, på hi om å hindre nasjonsdanning, av di nasjonalstaten kjem i konflikt med grunnleggjande religiøse verde.²⁸ Walker **Connor** hevdar i tråd med Dumont at kommunalismen i dag ofte kjem i konflikt med freistnadene på å skipe ein nasjonal identitet, og nemner spesielt det indiske subkontinentet som døme. Her har det synt seg at religion både kløyver etniske nasjonar og føyer i hop skilde nasjonar i den same staten (Connor 1994: 110).²⁹

4. 3. Kritikk av den etniske nasjonalismen

Elie **Kedourie** (1966: 71, 101-02, hjå Hutchinson 1987: 19-20) kritiserer den etniske nasjonalismen for å bruke objektive kjenneteikn som ”språk” og ”religion” på nasjonen: ”Språk” er umogleg som kjenneteikn av di det ikkje lèt seg avgrense klare språkområde i eit lappeteppje av dialektar, og ”religion” av di religionar med universalistiske siktemål må endre seg fundamentalt for å kunne tilpasse seg nasjonane sin partikularisme. Kedourie konkluderer med at berre eit subjektivt nasjonsomgrep er mogleg, av di nasjonen er eit konstrukt som kjem i staden for tradisjonelle tilknytingar som familie, grannelag eller religion og botnar i den nyutdana eliten sin trong til å høyre til ein stad.

Hutchinson går i mot modernistane sitt argument om at nasjonale tradisjonar vert oppfunne av elitane: Kva for tradisjonar som vert adopterte er ikkje tilfelleleg, men har nær samanheng med kollektive minne tilknytte eit heimland, ein kulturell praksis og serskilte former for sosio-politisk organisering. Han kritiserer Kedourie for å snevre inn kulturnasjonalismen til berre å gjelde språklege rørsler og ikkje ta høgde for kompleksiteten i identitetsdanninga (Hutchinson, ibid.: 20). Det er rett at Kedourie frå kulturnasjonalistane sin synsstad opererer med eit for snevert kulturomgrep når han berre lèt det omfatte språk. Men

Hutchinson synest på hi sida å setja "kulturnasjonalisme" meir eller mindre lik det eg har valt å kalle "etnisk nasjonalisme". På den visen stuvar han alle typar objektive kjenneteikn, som "språk", "religion" og "rase" saman i ein bås, sjølv om dei kan ha sers ulik, og sume tider heilt motsett, verknad på nasjonal identitetsdanning.

5. Konklusjon

Eg har i dette kapittelet synt at nasjonalismen som ideologi har ulike historiske røter, og at dette har hatt konsekvensar for dei nasjonale rørsleane han har gjevi opphavet til. Eg har på dette grunnlaget meint å kunne skilja ut to hovudtypar nasjonalisme: Den politiske, med utgangspunkt i den franske revolusjonen og den etniske med utgangspunkt i den tyske romantikken. Innanfor den etniske nasjonalismen finn eg det viktig å halde oppe eit skilje mellom den typen som brukar "språk" og "kultur" som hovudkjenneteikn på nasjonal identitet, og som eg kallar "kulturnasjonalisme", og den typen som brukar "religion" som hovudkjenneteikn, og som eg kallar "kommunalisme". Det er likevel viktig å vera merksam på at "språk" og "kultur" ikkje treng oppfattast som objektive kjenneteikn, som fylgjer eit menneske frå fødsel til grav, men godt kan oppfattast som noko eit menneske vel av eigen fri vilje for å markera tilhørsle og identitet. "Religion" kan ein òg oppfatte som noko einskildmennesket vel å slutte seg til av eigen fri vilje, mellom anna for å markera identitet. Det var på dette grunnlaget Mazzini tala om religion som "frigjering av sjela".

Eg har samstundes synt at det ofte kan vera vanskeleg å skilja dei ulike typane nasjonalisme frå einannan i praksis, av di dei ofte finst i ulike blandingar, anten innanfor den same nasjonale rørsle eller utkrystalliserte i ulike politiske organisasjonar. Dei kan òg ha ulik grad av hegemoni i ulike periodar innanfor ei nasjonal rørsle. I denne oppgåva finn eg det mest tenleg å halde oppe den analytiske skilnaden mellom dei. Nasjonalismetypane vil soleis i denne samanhengen meir få karakter av idealtypar (sn. 7), som aldri heilt vil dekkje den empiriske røyndomen, men som fungerer bra som reidskap i ein komparativ analyse, der eg nyttar "nasjonalismetype" som uavhengig variabel i analysemodellen. I neste kapittel skal eg gjera ein teoretisk gjennomgang av den typen konfliktløysing som som ligg til grunn for den avhengige variabelen i analysemodellen.

KAPITTEL 2: KONSOSIERT DEMOKRATI-TEORIEN

1. Innleiding

Eg skal i dette kapittelet gjeva ei framstilling av teorien om konfliktøysing gjennom "konsosiert demokrati", slik han er utforma av Arend Lijphart. Grunnen til at eg finn det naudsynt å gjeva ein meir inngåande presentasjon av denne konfliktløysingsmodellen er at han danar det teoretiske rammeverket for "Langfredagsavtala", som er referansepunktet for den avhengige variabelen i oppgåva, nemleg vilje og evne til konfliktløysing gjennom elitesamarbeid. Før eg går inn på presentasjonen av Lijpharts modell og nokre kritiske punkt som har vori reiste mot han, skal eg gå i gjennom nokre grunnomgrep i konsosiert demokrati-teorien.

2. Elitesamarbeid i plurale samfunn

Lijphart definerer "konsosiert demokrati" som "styre gjennom elitesamanslutning for å kunne skipe om eit demokrati med ein fragmentert politisk kultur til eit stabilt demokrati" (Lijphart 1977: 5). Konsosiert demokrati byggjer soleis på to hovudføretnader: Eit fragmentert samfunn og elitesamarbeid. Konsosiert demokrati-modellen er soleis i utgangspunktet utvikla som ei oppskrift på institusjonar som kan leggja grunnlaget for politisk stabilitet i sterkt kløyvde samfunn, det vil seia samfunn av den typen Lijphart kallar "plurale samfunn". "Politisk stabilitet" vert her definert som "systemoppehalding, sivil orden, legitimitet og effektivitet" (ibid.: 4). Eit regime er med andre ord stabilt når det er prega av svært liten grad av politisk vald og når det varar ved over tid, samstundes som det har tilslutnad i folket og kan fatte effektive avgjerder.

2. 1. Plurale samfunn

Eit "pluralt samfunn" vert definert som "eit samfunn som er oppkløyvd i ulike segment etter religiøse, ideologiske, språklege, regionale, kulturelle, rasemessige eller etniske skiljelinjer på ein slik måte at slike skiljelinjer fører til politiske motsetnader" (Lijphart 1977: 4). Det er viktig å merke seg at Lijphart ikkje inkluderer horisontale, sosioøkonomiske skiljelinjer, eller klassemotsetningar, i definisjonen av "plurale samfunn". Det hindrar ikkje at sosioøkonomiske

konfliktlinjer kan gje seg ideologiske utslag og leva sitt eige liv som ideologiske overbyggnader over vertikale, segmentære konfliktlinjer.³⁰

Et viktig tilleggsmoment hos Lijphart er likevel at slike "identitetar" skal vera politisk artikulerte, det vil seia at dei skal ha politiske interesseorganisasjonar til å tala saka si. På dette grunnlaget spesifiserer Lijphart fire krav som må stillast til eit samfunn for at det skal kunne kallast "pluralt":

- 1) Segmenta må kunne la seg klårt identifisera.
- 2) Segmenta må kunne la seg avgrense når det gjeld storleik, dvs. det må kunne la seg nøyaktig talfeste kor mange menneske som høyrer til kvart segment.
- 3) Grensene for segmenta fell i hop med grensene for dei politiske, sosiale og økonomiske organisasjonane.
- 4) Dei politiske partia, som segmentære organisasjonar, held seg stabile når det gjeld veljartilslutnad (Lijphart 1981: 356).

Lijphart gjer likevel merksam på at det her dreier seg om ei idealtypisk beskriving av eit pluralt samfunn. I praksis vil ikkje noko samfunn oppfylle desse krava fullt ut. I kor stor grad dei vert oppfylte kan likevel etter Lijphart brukast som eit mål på graden av pluralitet i eit samfunn (ibid.). "Pluralt samfunn" inneheld mange av dei same kjenneteikna som tidligare har blitt beskrivi under namn som "segmentær pluralisme" (Lorwin 1971)³¹ og "søyledaning" (Kruijt & Goddijn 1975)³².

2. 1. 2. Søyledaning

Kruijt og **Goddijn** definerer "søyledaning" ("verzuiling") som eit system der "viktige grupper med ulik overtyding når det gjeld religion eller livssyn tek på seg den same samfunnsoppgåva for gruppedlemene sine ved hjelp av tilsvarande farga og kontrollerte organisasjonar og institusjonar" (Kruijt & Goddijn 1975: 249). Kruijt definerer vidare "søyler" som "blokker av samfunnsorganisasjonar og samfunnsformer innanfor eit større, livssynsmessig blanda, men rasemessig og etnisk overvegande homogent demokratisk samfunn, og som er tufta på eit livssynsgrunnlag og er juridisk jamstilde" (Kruijt 1957: 11-29, hjå Fennema 1976: 58). Lijphart distanserer seg frå denne definisjonen, av di han hevdar kravet om rasemessig og etnisk homogenitet snevrar inn omgrepet og gjer bruken av komparativ metode vanskelegare. Sjølv ynskjer Lijphart å kunne samanlikne samfunn med ulik grad av etnisk homogenitet. For å reinske modellen for konnotasjonar til dei nederlandske teoretikarane og soleis leggje vegen

open for ein meir ålmenn bruk av han, går Lijphart difor inn for å bruke nemningane "segmentering" og "segment" i staden for "søyledaning" og "søyler" (Lijphart 1976: 83).

2. 1. 3. Sosial mobilisering

Karl **Deutsch** (1961: 494) definerer "sosial mobilisering" som "den prosessen der større klyngar av gamle sosiale, økonomiske og psykologiske tilknytningar ("commitments") vert tæra vekk eller brotne og menneska blir tilgjengelege for nye sosialisering- og åtferdsmønster". Han presiserer vidare at det dreier seg om "ein total endringsprosess som hender med store delar av folket i land som går frå tradisjonelle til moderne livsformer" (ibid.: 493). Denne prosessen manifesterer seg i ei rad både sosiologiske, psykologiske og kulturelle delprosessar som "tenderer mot å falle saman i spesielle historiske situasjonar og økonomiske utviklingssteg, at desse situasjonane i grunn drag lèt seg identifisera og vender attende frå land til land og at dei er politisk relevante" (ibid.). Det er med andre ord eit vesenstrekk ved den sosiale mobiliseringa at ho føreset ei økonomisk utvikling, og at ho samstundes gjev seg uttrykk i politisk organisering.

Sosial mobilisering er ein føresetnad for framvoksteren av ein nasjonalstat. Nasjonalstaten skaper dei institusjonelle rammene som er naudsynte for å "øydeleggja førkommersielle produksjons- og konsumpsjonsvaner og setja nye økonomiske institusjoner [...] og nye kulturelle mønster i staden" (Deutsch 1966: 49). Men medvitte om å høyre til ein nasjon ("nasjonalt medvit") må vera tufta på eit kommunikasjonsfellesskap, noko som igjen føreset eit minstemål av samhald innanfor ei gruppe menneske og åtskiltheit frå andre grupper på ein slik måte at det fær noko å seia for einskildmenneska i gruppa (ibid.: 173-75). Deutsch ser ein klår samanheng mellom den sosiale mobiliseringa i Europa på 1700-talet, som vart "vidareført og forsterka av Den industrielle revolusjonen", og framvoksteren av eit nasjonalt medvit i det same tidsrommet (ibid.: 179). Skilnaden mellom "nasjon" og "nasjonalitet" blir på den måten meir ein skilnad i organisasjonsgrad: "Nasjonalitet" vert definert som "ein allianse av ei stor mengd individ frå mellom- og underklassa, knytte til regionale senter og leidande sosiale lag gjennom sosiale kommunikasjonskanalar og økonomisk samkvem" (ibid.: 101). Nasjonaliteten vert ein nasjon i den augneblinken han disponerer over eit eller anna maktmiddel for å "styrkje og utvide kanalane for sosial kommunikasjon". I den augneblinken oppstår òg nasjonalstaten (ibid.: 104-05).

Interessant i vår samanheng er likevel Deutsch si poengtering av at nasjonalitet kan brukast til å hindre horisontal mobilitet og fremja vertikal mobilitet innanfor gruppa i eit

lagdelt konkurransesamfunn. Kommunikasjonsmønsteret vert då styrkt av institusjonelle mønster i samfunnet:

To the extent that the division of labor in a particular society is competitive and stratified, nationality can thus be used to hamper "horizontal" substitution from individuals outside the group, and to facilitate "vertical" substitution within it. To the extent of these conditions, the barriers and patterns of communication gain added significance and power from the barriers and patterns of society (ibid.: 102-03).

Vi ser her likskapen mellom Deutsch sitt omgrep "nasjonalitet" og omgrepet "søyle" slik det har vorti definert i diskusjonen ovanfor (jfr. serleg Kruijt 1974). Skilnaden ligg i Deutsch si presisering av det sosioøkonomiske grunnlaget for fenomenet, forutan at søyleomgrepet utelukkar statsberande pretensjonar.

2. 1. 4. Sosiale rørsler

Staf **Hellemans** (1990: 58) gjev ei sosiologisk forklåring på fenomenet "søyle" når han set det i samband med dei sosiale rørslene som voks fram då moderniseringsprosessen byrja kring 1800, då "overgangen frå det føydal-agrarare til eit demokratisk-industrielt samfunn vart fullført". Dette fører òg med seg nye organisasjonsformer, av di foreiningar kjem i staden for dei gamle korporasjonane. Hellemans definerer ei "sosial rørsle" som ein "kollektiv aksjon [...] for å tvinge fram serskilde ønskemål frå samfunnet" ("collective actie [...] om bepaalde desiderata af te dwingen in de maatschappij") (ibid.: 60). "Søyler" vert ut frå dette definerte som "den organisatoriske foten til serleg sterkt utvikla sosiale rørsler" (ibid.: 61). Det dreier seg med andre ord om det ideologisk integrerte nettverket av områdespesifikke foreiningar som veks fram innanfor ei sosial rørsle, alliert med eit politisk parti som søyla sitt politiske artikuleringsorgan (ibid.: 60-61).³³ Foreiningsnettverket i ei sosial rørsle gjev soleis "den infrastrukturen som er naudsynt for å mobilisera menneskemassane på ein meir eller mindre permanent måte" (ibid.: 65). Den demokratiseringa av samfunnet ("de massificatie") som dette var eit uttrykk for skaut serleg fart etter 1870 og synte seg i samtidige fenomen som masseproduksjon, massemedium, ålmenn verneplikt, skulegang for alle og ålmenn røysterett (ibid.). Hellemans ser ein nær samanheng mellom denne voksteren i foreiningslivet og framvoksteren av moderne politiske masseparti, som fann stad om lag på same tid (ibid.: 70). Parallellen mellom Hellemans sitt omgrep "massificatie" og Deutsch sitt omgrep "sosial mobilisering" er klår. Dei spelar baa ei nøkkelrolle for å forstå utviklinga av "søyler" i moderne samfunn.

Hellemans legg serleg vekt på det ideologiske grunnlaget som ein samanbindande faktor for det nettverket av foreiningar som utgjer ei søyle. Søyledaninga manifesterer seg på to ulike plan:

1) Som ei *sosial rørsle*, som fungerer som samlingsstad for menneske med likearta ynskjemål.

2) Som *funksjonell differensiering*, det vil seia ei utkrystallisering av autonome men gjensidig avhengige sfærer (som politikk, økonomi, vitenskap, religion, osv.), noko som igjen gjev seg utslag i område- og temaspesifikke organisasjonar (som politiske parti, fagforeningar, kulturelle og religiøse organisasjonar, osv.).

På dette grunnlaget definerer Hellemans "søyledaning" som "den organisatoriske utkrystalliseringa frå nokre store sosiale rørsler i eit funksjonelt differensiert samfunn" (ibid. 237).

2. 1. 5. Politisk kultur

Omgrepet "politisk kultur" relaterer seg til Gabriel **Almond** (1956: 398, 405-06) sitt skilje mellom anglo-amerikanske og kontinentaleuropéiske system: Medan dei angloamerikanske er prega av homogenitet når det gjeld legitimiteten av mål og middel i politikken, er dei kontinentale prega av ei fragmentering som skuldast ulik industrialiseringstakt. Dei kontinentale politiske kulturane kjenneteiknast difor av tri ulike kategoriar av subkulturar: Ein førindustriell, religiøst prega, ein sekulær, middelklasseorientert og ein prega av det moderne industrisamfunnet. Fragmenteringa ligg i at dei politiske stridsspørsmåla har dreidd seg meir om dei einskilde subkulturane sin rett til å overleva enn om konkrete politiske spørsmål som kunne løysast gjennom tingingar. Dette har i sin tur ført til ideologisk og organisatorisk kløyving. Det samfunnet Almond her beskriv ligger snublande nær Lijphart sin definisjon av eit "pluralt samfunn". Av di den politiske rollestrukturen i dei kontinentale systema er tilknytt subkulturane i staden for det politiske systemet, vil det politiske systemet etter Almond naudsynleg vera prega av omvending og utpressing framfor kjøpslåing og kompromissar. Det fører i sin tur til politisk stagnasjon og, som ein konsekvens av det, til eit demokratisk underskot (ibid.: 407-08).

Det er denne argumentasjonen Lijphart (1968b: 38) går i mot når han syner til at ei rad land med ein fragmentert politisk kultur faktisk kan ha eit politisk system som er både stabilt og demokratisk. Det er desse landa Lijphart kallar "konsosierte demokrati". Men han tek vare på Almond sin omgrepsdikotomi når han skil mellom "konkurrerande" og "samarbeidande" avgjerder. Dette gjer det mogleg for Lijphart å operera med ein typologi av demokratiske politiske system, kjenneterikna av dei to diktotome variablane "eliteåtferd" og "politisk kultur": I dei konsosierte demokratia vert den ustabiliteten som ligg i fragmenteringa av den politiske kulturen motverka av ei eliteåtferd prega av samarbeid.

2. 2. Elitesamarbeid

Den andre hovudføresetnaden for konsosiert demokrati, elitesamarbeid, kan etter Lijphart definerast ved hjelp av fire kjenneteikn, som kan opptre anten saman eller kvar for seg:

2. 2. 1. Storkoalisjon

Storkoalisjon tyder samarbeid på regjeringsplanet mellom leidarane for dei ulike segmenta. Det føreset ein partikonstellasjon med to store konkurrerande parti, to konkurrerande partialliansar eller eit stort parti i konkurranse med to eller fleire småparti (Lijphart 1977: 30). Dette prinsippet for koalisjonsdanning bryt med Riker sitt storleiksprinsipp, der det vert skipa koalisjonar som er akkurat store nok til å tryggje regjeringsmakta for éin av partane i eit nullsumspel, sokalla "minste vinnande koalisjonar". Det er nettopp i bruksverdet av dette prinsippet at hovudskiljet går mellom plurale og ikkje-plurale samfunn (ibid.: 28-29). Det er også denne typen koalisjonar som er hovudkjenneteiknet på konsosiert demokrati i tilhøve til majoritetsdemokrati etter klassisk engelsk mønster (den sokalla "Westminstermodellen"). Den føreset at alle partar tek del i regjeringssamarbeidet samstundes på grunn av den garantien det gjev til dei alle (ibid.: 30).

Ei innvending av meir normativ art som er framsett mot storkoalisjon er at han er udemokratisk, av di han utelukkar ein sterk opposisjon. Lijphart syner òg denne kritikken attende ved å vise til at eit demokrati etter Westminster-modellen i plurale samfunn i røynda tyder eit varig majoritetsdiktatur, av di grensene mellom segmenta er for lite fleksible til å tillata noka rørsle av veljarar mellom segmenta (ibid.: 29-30). Det normative verdet av Lijpharts modell er soleis av negativ art: Resultatet av andre modellar ville ha vori verre. Ein annan normativ kritikk dreier seg om storkoalisjonen sine vanskar med å skapa stabilitet på grunn av nedsett effektivitet: Mangfaldet av interesser som er til stades i koalisjonen fører til ein treg avgjerdsprosess.

2. 2. 2. Gjensidig veto

Gjensidig veto tyder at eit vedtak må ha fleirtal i kvart av segmenta for å kunne fattast. Det garanterer at avgjerder som er i strid med interessene til eit av segmenta skal kunne fattast gjennom vanlege fleirtalsvedtak. Vilråa for at denne veto retten ikkje skal utvikle seg til eit mindretalstyranni som hindrar samarbeidet i koalisjonen, er at han er gjensidig, det vil seia at han gjeld for alle segmenta i koalisjonen, at han er tilgjengeleg, det vil seia at alle segmenta i

koalisjonen må kunne bruke han som våpen i ei trengd stode, og at han er til føremon for alle segmenta i koalisjonen dersom han vert bruka med måte (Lijphart 1977: 37).

Ved vetoretten finst det i enno høgare grad enn ved storkoalisjon ein fare for ustabilitet på grunn av stillstand og ineffektivitet i avgjerdsprosessen, ettersom kvart segment kan hindre politiske vedtak (ibid.: 50-51).

2. 2. 3. Proporsjonalitet

Proporsjonalitet tyder at dei ulike segmenta i koalisjonen er representerte etter storleik. Det kan òg tyde proporsjonal fordeling av administrative stillingar og knappe økonomiske ressursar. I kva grad eit segment kan påverke dei politiske avgjerdene avheng soleis av storleiken på segmentet. For å motverke det kan ein garantere rettane til minoritetssegment gjennom overrepresentasjon - i si mest ekstreme utgåve kan dette tyde lik representasjon av alle segmenta. Etter Lijphart eignar denne siste versjonen seg serleg i samfunn der ein har å gjera med berre to segment av ulik storleik (Lijphart 1977: 39-40). Her kjem òg effektivitetsargumentet inn: Tildeling av administrative stillingar etter proporsjonalitetsprinsippet fører til at segmentær tilknytning spelar ei større rolle ved tilsetjingar enn personlege kvalifikasjonar (ibid.: 51).

Jürg **Steiner** (1971: 68-69) set fram to innvendingar mot proporsjonalitetsprinsippet. For det fyrste tek det frå vanlege borgarar dei funksjonelle kanalane for å uttrykkje opposisjonelle syn, ettersom avgjerder vert tekne gjennom tingingar på eliteplanet. Det kritikkverdige her ligg i at ansvarstilhøvet vert pulverisert og informasjon halden attende. For det andre reduserer det "læringskapasiteten" til systemet. Det vert vanskelegare for eliten å skaffe seg informasjon. Steiner sluttar ut frå dette at den negative innverknaden proporsjonalitetsprinsippet har på den gjensidige kommunikasjonen mellom eliten og massen ikkje fører til auka konsensus innanfor systemet, slik ein hadde venta seg.

2. 2. 4. Segmentær autonomi

Segmentær autonomi tyder at kvart av segmenta har ein stor grad av administrativt sjølvstyre. Dett tyder delegering av lovgjevande og dømande makt og tildeling av økonomiske ressursar til segmenta på område som ligg utanfor det sams interesseområdet åt segmenta. Denne ordninga vil soleis kunne styrkje skiljelinene mellom segmenta. Vi ser her at konsosiert demokrati ikkje tyder

konfliktløysing i form av nasjonal integrasjon, men tvert om i form av aksept og vidareutvikling av dei skiljelinene som alt er til stades.

Ein normativ kritikk som vert retta mot prinsippet om segmentær autonomi er at det står i vegen for ei full realisering av ideala frå Den franske revolusjonen om fridom, likskap og brorskap for einskildmennesket (Lijphart 1977: 48): Fridomen vert mindre ved at individet vert utsett for eit sterkt konformitetspress frå den gruppa det høyrer til (Kornhauser 1959: 83-84, hjå Lijphart, *ibid.*). Likskapen vert mindre ved at segmentær likskap fær førerang framfor individuell og ved at sosial utjamning vert hindra av dei segmentære skiljelinene (Cameron & Hofferbert 1974, 225-258, hjå Lijphart, *ibid.*: 49). Brorskapen vert mindre av di "positiv fred" vert avløyst av "negativ fred" (Lijphart, *ibid.*).³⁴ Lijphart godtek ikkje argumentet om at den segmentære autonomien treng verte gjennomført på likskapsidéen sin kostnad, men vedgår at der fins ein viss fare for idéane om fridom og brorskap. Her må ein likevel sjå ordninga i ljøs av alternativa, som er ein ikkje-demokratisk fred eller ein konflikt mellom segmenta (Lijphart, *ibid.*: 48-49).

2. 2. 5. Brian Barry sin kritikk

Brian Barry (1975: 502-03) kritiserer Lijphart sin konfliktløysingsmodell for at han ikkje tek opp kva for innverknad skiljet mellom ulike typar segment har på sjansane for vellukka konfliktløysing. Utgangspunktet er at modellen eignar seg betre for løysing av religiøs-ideologiske enn etniske konflikter.³⁵ Barry gjev fire grunnar til at samarbeidsordningar på eliteplan er vanskelegare å få gjennomført i samfunn prega av etnisk enn andre typar kløyving:

1) Det er lettare å ty til inhumane handlingar dersom ofra er medlemmer av ei etnisk definert utgruppe, serleg dersom etnisiteten vert streka under av fysiske og/eller kulturelle skilnader.

2) Medan religiøs-ideologiske konflikter er konflikter mellom organisasjonar, er etniske konflikter mellom solidaritetsgrupper, som ikkje naudsynleg treng nokon organisatorisk stønad for å handle so lenge dei har klare identitetskjenneteikn på kven som høyrer til gruppa. Lojalitet andsynes den politiske eliten er ikkje per definisjon ein del av gruppesolidariteten, av di han ikkje er tufta på friviljug medlemskap i ein organisasjon (jfr. Lorwin, note 19).

3) Medan religiøs-ideologiske interesser er opne for tolking, noko som gjev eliten ei viktig rolle å spela, er etniske konflikter nullsumspel: Ein politikk som gjev materiell og symbolsk vinst for medlemene av éi etnisk gruppe, gjev tilsvarande tap for ei anna.

4) Medan religiøs-ideologiske konfliktar er konfliktar om korleis landet skal styrast, er etniske konfliktar ofte konfliktar "om det skal vera eit land i det heile", i det sjølve legitimiteten til det konstitusjonelle grunnlaget for staten ofte vert trekt i tvil.

Barry hevdar at konflikten i Nord-Irland er eit typisk døme på etnisk konflikt. Han brukar det som forklåring på at konsosiert demokrati so langt har synt seg ueigna til å løyse denne konflikten (ibid.). Barry sin argumentasjon minner om Walker Connor sin argumentasjon mot at nasjonale konfliktar lèt seg løyse på eliteplanet (kap. 1, pkt. 2.2.1.). Det botnar i at Connor opererer med eit etnisk nasjonsomgrep.

Lijphart svarar på denne kritikken at det med like god grunn kan argumenterast for eller mot konsosiert demokrati som løysingsmekanisme for både den eine og den andre typen konfliktliner. Han tek dette til inntekt for argumentet om at arten av skiljeliner i eit samfunn i grunn og botn er irrelevant for konfliktløysinga, og tonar difor ned dette temaet i handsaminga av konsosiert demokrati som konfliktløysingsmodell.³⁶ Han peikar vidare på dei store praktiske problema ein lett vil støyte på når ein skal prøve å skilje mellom religiøse og etniske skiljeliner: I svært mange tilfelle er dei umogleg å skilje frå einannan, noko som kan rettferdiggjera bruken av uttrykket "religiøs etnisitet" (Kassis 1985: 216, hjå Lijphart 1984: 194).³⁷ Sjølv når ein utelèt slike tvilstilfelle, finn Lijphart døme på vellukka konsosierte demokrati både i land med etniske og i land med religiøse skiljeliner (Lijphart, ibid.).³⁸

Barry gjer ikkje klårt greie for kva for forståing han har av omgrepet "etnisitet", men når han serskilt nemner "fysiske og/eller kulturelle skilnader" som eit konfliktskapande trekk ved etnisitet, nærmar han seg ei essensialistisk forståing. Han problematiserer likevel ikkje skiljet mellom eit subjektivt og eit objektivt etnisitetsomgrep, og kva for fylgder eit slikt skilje fær for konfliktløysing: Når Connor kjem til same resultat i analysen av konflikten i Nord-Irland, definert som ein "nasjonal konflikt", er det ut frå ein subjektiv definisjon av "nasjon". Men definisjonen har likevel same håtten av determinisme som Barry sin, noko Connor vert kritisert for av Oommen. Poenget er at skiljet mellom eit objektivt-deterministisk og eit subjektivt-voluntaristisk etnisitetsomgrep ikkje vert godt nok problematisert hjå nokon av dei når det gjeld potensialet for konfliktløysing, so mykje meir som dette skiljet òg fær konsekvensar når det gjeld å vurdere verknaden av etnisk nasjonalisme. Eg vil her ha som utgangspunkt at ei etnisk gruppe som er tufta på friviljug tilslutnad frå medlemene vil ha i seg det same organisasjonspotensialet som religiøs-ideologiske grupper i Barry sin teori.

3. Gunstige vilkår for konsosiert demokrati.

Lijphart strekar under at "konsosiert demokrati"-modellen ikkje må forståast som ein kausalmodell, men som ein probabilistisk modell, ettersom utfallet alltid vil vera eit resultat av eit menneskeleg val, og derfor ikkje kan predikerast med noka absolutt visse (Lijphart 1987: 191). Lijphart nedtonar elles verdet av å setja vilkår for konsosiert demokrati, ettersom vi har å gjera med ein normativ modell: "For sjølv om dei fleste eller alle gunstige faktorar vantar, er det enno mogleg at "konsosiert demokrati"-modellen vert tilpassa med hell" (ibid.: 212). Lijphart si vektlegging av den politiske eliten som eit stabilitetsskapande element er tufta på den normative oppfatninga han har av "stabilitet". Dette gjev "konsosiert demokrati"-modellen stor forklåringskraft, men lita prediksjonskraft, av di eliteåtferd vanskeleg lèt seg generalisera empirisk (Lijphart 1977: 54). Både forklårings- og prediksjonsverdet lèt seg likevel betre ved at vi spesifiserer dei vilkåra som gjer at vi på den eine sida kan halde oppe einskapen i nasjonen gjennom kompromissar på elitenivå og på hi å halde oppe stønaden for ein slik politikk frå den politisk aktive delen av folket gjennom ein demokratisk praksis innanfor kvart segment (ibid.). Gjennom ein komparativ analyse av dei fire konsosierte demokratia i Europa, Nederland, Belgia, Austerrike og Sveits, på den eine sida og andre vestlige demokrati på hi, finn Lijphart fram til sju ulike vilkår som medverkar til, men i seg sjølve korkje er naudsynte eller tilstrekkelege for ein rimeleg balansegang mellom kompromissvilje på elitenivå og demokratisk praksis. Eg skal her sjå nærare på kva for verknad kvar av dei kan ha på elitesamarbeidet.

3.1. Maktbalanse

Maktbalanse tyder at segmenta, som helst skal vera like i storleik, er i jamvekt med einannan, slik at ingen av partane fær overtaket, samstundes som politikken ikkje vert oppfatta som eit nullsumspel, der den eine parten si vinning er hin parten sitt tap (jfr. Dahl 1978: 336-37). Sjølv om dette prinsippet føreset minst tri ulike segment representerte av kvart sitt politiske parti, poengterer Lijphart at eit konsosiert demokrati er meir stabilt di færre segment det er samansett av, av di talet på partnarar å tinge med då vert mindre. Moderate fleirpartisystem, det vil seia system med 3-4 parti, er difor best eigna til å stette vilkåret om maktbalanse (Lijphart 1977: 58)..

Lijphart er òg på det reine med at kravet om numerisk jamvekt mellom segmenta vil syne seg å vera for strengt i praksis. Ein måte å koma unna dette kravet på og likevel nå fram til ei form for maktdeling er å ta utgangspunkt i det største segmentet ved tildeling av ressursar og representasjon. Dersom vi har fleire segment i ubalanse ville ei slik løysing kunne koma

nest best ut som grunnlag for konsosiert demokrati. I ein situasjon med berre to segment i ubalanse kjem ho likevel ut mellom dei 3 dårlegaste alternativa (ibid.).

I Nord-Irland har vi to segment i relativ ubalanse, der det unionistiske utgjer om lag 60% og det nasjonalistiske om lag 40% av folkesetnaden. Styrketilhøvet mellom dei to blokkene i Forsamlinga, som er grunnlaget for partia sin representasjon i regjeringa, speglar av denne ubalansen. Ein lyt difor slå fast at tilhøva ikkje ligg godt til rettes for å oppfylle vilkåret om maktbalanse i Nord-Irland.

3.2. Fleirpartisystem

Fleirpartisystem tyder at dei politiske partia er organiserte uttrykk for den segmentære kløyvinga og vel ut dei politiske leidarane i kvart segment. Lijphart set som krav her at vi har eit pluralt samfunn og at alle partia er minoritetsparti og like i storleik. Moderate fleirpartisystem stettar dette kravet best, samstundes som det best stettar vilkåret om maktbalanse (Lijphart 1977: 61-64).

Adriano **Pappalardo** (1981: 367-68) argumenterer både empirisk og logisk mot Lijphart på dette punktet: Empirisk nemner han Austerrike som døme på eit system med høg politisk stabilitet då berre to parti sat i regjeringskoalisjon i perioden 1945-62, medan den politiske stabiliteten var låg i mellomkrigstida, då 3-4 parti konkurrerte om makta. Men Pappalardo føreset her eit deterministisk årsakstilhøve mellom fleirpartisystem og konsosiert demokrati, der eit vilkår alltid må vera til stades der den avhengige variabelen er til stades og fråverande der han er fråverande. Men grunnen til at Lijphart opererer med ”gunstige” vilkår i staden for ”naudsynte” og ”tilstrekkelege” vilkår er nettopp at han ser samfunnsvitskapen som ein probabilistisk, og ikkje som ein deterministisk, vitskap (Lijphart 1987: 210-211). Pappalardo si logiske innvending mot ”fleirpartisystem” som vilkår for konsosiert demokrati er at det strir mot tesen om at tingingar går snøggare og lettare jo mindre talet er på partnarar i tingingane. Han hevdar at eit snøgt tingsresultat er viktigare for etableringa av konsosiert demokrati enn kravet om minoritetsparti i jamvekt og at eit topartisystem vil vera den mest effektive måten å få dette til på. På dette grunnlaget forkastar Pappalardo baa dei to vilkåra for konsosiert demokrati Lijphart strekar mest under: Maktbalanse og fleirpartisystem (Pappalardo, op. cit.: 368-69, 375).

Nord-Irland har to segment med to store parti som konkurrerer om makta innanfor kvart segment: ”The Ulster Unionist Party” (UUP) og ”The Democratic Unionist Party” (DUP) innanfor det unionistiske segmentet og ”The Social Democratic Labour Party” (SDLP) og ”Sinn Féin” (SF) innanfor det nasjonalistiske. I tillegg finst eit tredje mindre parti, ”The Alliance Party” (AP), som ikkje definerer seg som del av noko segment. Alle desse partia var representerte i den

regjeringa som vart skipa etter Langfredagsavtala i 1998, etter mandattalet dei hadde i den folkevalde Forsamlinga. Eit system med berre to segment, men med to konkurrerande parti innanfor kvart av dei, bryt med Lijphart sitt vilkår både ved at partia ikkje representerer kvart sitt segment og ved at talet på segment ikkje er optimalt. I staden for eit system der dei politiske leidarane for kvart segment søkjer tilslutnad frå veljarane til ein politikk som går ut på moderasjon og kompromiss, har nord-irske politiske leidarar vorti skovne ut mot ytterkantane av det politiske spekteret, av di ekstremisme og kompromissløyse har gjevi utteljing i form av veljartilslutnad i kampen med andre parti innanfor det same segmentet. Difor har alle freistnader på å få gjennomført konsosiert demokrati i form av maktdeling før 1998 stranda. Det nye ved stoda som førte fram til Langfredagsavtala var at partane fekk valet mellom samarbeid og beinveges styre frå London på uviss tid, noko som ville føre til minska innverkand frå bae partar.

3.3. Små statar

At ein har å gjera med små statar legg både direkte og indirekte tilhøva til rettes for konsosiert demokrati. *Direkte* vert samarbeid og tilpassing fremja som fylgje av både ein intern og ein ekstern faktor. Den *interne* faktoren er eit "tett" tilhøve innanfor eliten, det vil seia at dei politiske leidarane har gode personlege kontaktar på tvers av dei segmentære skiljelinene, noko som gjer det lettare å sjå konfliktløysing som eit ikkje-nullsumspel, der alle partar kan koma ut som vinnarar. Den *eksterne* faktoren er den strategiske sårleiken til små statar, det vil seia at dei lett vil kjenne seg truga utanfrå. Dette føreset likevel at trugsmålet vert oppfatta som reelt av alle segmenta, og at det ikkje er noko samanfall mellom interne og eksterne konfliktliner, der eit eller fleire av segmenta heller allierer seg med eksterne makter enn med dei andre segmenta i deira eigen stat (Lijphart 1977: 66-67). Nord-Irland stettar vilkåret om storleik, men korkje den interne eller eksterne faktoren er til stades: Den personlege kontakten mellom elitane har vori minimale, samstundes som dei to segmenta har søkt allierte hjå ytre makter: Nasjonalistane hjå Den irske republikken sør og unionistane hjå Storbritannia. At slike allianseskipingar skal verke konfliktskapande føreset likevel at konfliktnivået mellom alliansepartnarane til dei to segmenta er etter måten høgt. Det er ikkje tilfellet mellom Storbritannia og Den irske republikken. Tvert om har dei to statane greidd å presse partane i Nord-Irland til samarbeid ved å truge med å setja beinveges styre frå den britiske regjeringa, kombinert med medråderett for den irske regjeringa, i staden for eit regionalt sjølvstyre dersom maktdeling ikkje kjem i stand.³⁹

Indirekte legg små statar tilhøva til rettes for konsosiert demokrati ved å lette avgjerdsprosessen, som vert avgjort av balansen mellom dei krava som vert stilte til regimet og regimet si evne til å oppfylle dei (ibid.: 68). *Internt* skjer dette gjennom minska systemkompleksitet, det vil seia at talet på interessegrupper ein må ta omsyn til ved ressurstildelinga er mindre i små statar. Her peikar likevel Pappalardo på at dei konsosierte demokratia Nederland, Belgia og Austerrike, som alle er små samfunn, har ein svært høg grad av kompleksitet (Pappalardo 1981: 377-378). *Eksternt* skjer det gjennom minska internasjonal medråderett, noko som i sin tur minskar motivasjonen til å føre ein aktiv utanrikspolitikk og med det òg sjansane for å koma opp i vanskelege valsituasjonar (ibid.: 70). Argumentet om systemkompleksitet er gyldig for Nord-Irland i same grad som for andre små statar. Argumentet om ein passiv utanrikspolitikk er berre til stades for so vidt som Nord-Irland ikkje er ein sjølvstendig stat, og difor ikkje kan føre nokon utanrikspolitikk i det heile.

Pappalardo har reist dei same analytiske innvendingane mot dette vilkåret som mot det førre, at det ikkje finst noko naudsynt samband mellom den uavhengige og den avhengige variabelen (Pappalardo 1981: 376-77). Mot kritikken kan ein òg her innvende at Lijphart sin modell er probabilistisk og ikkje deterministisk.

3.4. Kryssande konfliktliner ("crosscutting cleavages")

Kryssande konfliktliner⁴⁰ tyder at eit og same individ kan vera medlem av organisasjonar som høyrer til ulike segment.⁴¹ Lijphart sin tese er at di fleire kryssande konfliktliner som er til stades i eit pluralt samfunn, di større er sjansane for å nå fram til politisk stabilitet. Lijphart ser den sosialpsykologiske variabelen "krysspress" som ein mellomliggjande variabel mellom "kryssande konfliktliner" og "konsosiert demokrati" (Lijphart 1977: 75).⁴²

"Krysspress" tyder at eit individ vert pålagt lojalitetsband andsynes organisasjonar som arbeider for innbyrdes motstridande mål. Omgrepet er henta frå Leo Festingers teori om "kognitiv dissonans", definert som "uoverensstemmelse i psykologisk betydning mellom ideer eller kognitive elementer" (hjá Valen, u.å.: 12). Den kognitive dissonansen skapar ei spenning i individet, som søker å minske denne spenninga ved å melde seg ut av organisasjonen, skifte over til det herskande synet i organisasjonen eller ta eit nøytralt standpunkt (ibid.: 12-13). Det er berre dersom mange individ vel den siste strategien at krysspress har ein konfliktregulerande verknad.

Nordlinger peikar på to veikskapar ved krysspresshypotesen. For det fyrste er det vanskeleg å finne signifikante skilnader i åtferd og haldningar mellom veljarar som er utsette for

krysspress og veljarar som ikkje er det. For det andre tek han ikkje omsyn til at konfliktlinene må vera like framtreidande og opptre samstundes dersom dei skal føre til krysspress (Nordlinger 1972: 94-96). Problemet er då at krysspresshypotesen ikkje lenger lèt seg bruke på samfunn med djup segmentær kløyving. Heller enn å krysse einannan vil konfliktlinene her styrkje einannan gjensidig. Likevel er det nettopp i slike samfunn ein finn døme på vellukka konfliktløysing etter Lijphart sin modell.

Lijphart reknar likevel "krysspress" berre som éin av fleire mellomliggjande variablar. Han skil mellom eit kvantitativt og eit kvalitativt aspekt ved "kryssande konfliktliner". Det kvantitative dreier seg om *omfanget* av konfliktliner, medan det kvalitative dreier seg om *intensiteten*, det vil seia at nokre konfliktliner vert opplevde som viktigare enn andre: Ulik konfliktintensitet gjer det lettare å lukkast med konsosiert demokrati, av di det hindrar at det vert skipa eit utal småsegment i strid med einannan (Lijphart 1977: 75- 81).

Pappalardo hevdar i denne samanhengen at kryssande konfliktliner skapar segment som er lite homogene, samanhengande og organiserte, og som dessutan vert styrte av lite representative elitar. Men nettopp slike elitar vil ha vanskar med å mobilisera stønad i eigne segment for ei kompromissline som er naudsynt for konsosiert demokrati (Pappalardo 1981: 380). Pappalardo kritiserer soleis igjen Lijphart sin modell ut frå ei deterministisk årsaksforståing, nemleg at "kryssande konfliktliner" ikkje aukar forklaringskrafta til modellen.

Kan hende kjem Sten Sparre **Nilson** fram til ei kompromissløysing når han hevdar at "De kryssende konfliktlinjene kan ha som virkning enten å moderere eller å intensivere en konflikt, avhengig av om en mild eller sterkt polarisert dimensjon utgjør den mest framtreidende konfliktlinja" (Nilson 1984: 522).⁴³

I Nord-Irland har både politiske, religiøse og andre interesseorganisasjonar i høg grad fylgt skiljelinene mellom segmenta. Lijphart peikar, med referanse til Richard Rose, på den høge graden av samanfall mellom religion og partitilknytning i Nord-Irland: Kryssingsvinkelen og kryssingsindeksen, som er måla på graden av kryssande konfliktliner, er berre på 2 og 0,21 grader - noko som indikerer ein sers høg grad av samanfall (Rose 1971, hjå Lijphart 1977: 135). Rose konstaterer vidare at religion er fremste barrièren mot rørsle i veljarmassen mellom partia: 79% av protestantane røystar unionistisk og 51% av katolikkane nasjonalistisk (ein må her ta høgde for at nasjonalistane ikkje har stilt lister over heile provinsen). Vidare er 95% av Unionistpartiet sine veljarar protestantar og 99% av Nasjonalistpartiet sine veljarar katolikkar (Rose, *ibid.*: 235). Vi kan difor trygt seia at dette vilkåret ikkje er til stades. Det er likevel ikkje mogleg å bruke dei religiøse og dei politiske nemningane synonymt. Grensene mellom

organisasjonane er ikkje meir rigide enn at dei i prinsippet kan overskridast og gje opphav til kryssande konfliktliner. Vi har derfor ikkje å gjera med "etniske segment", slik Brian Barry hevdar (pkt. 2.2.5.).

Den høge graden av politisk konkurranse innanfor kvart av dei nord-irske segmenta gjer det likevel vanskeleg å tala om "homogene segment", med ein høg grad av truskap andsynes eliten. Samanfallande konfliktliner kan soleis òg godt gå i hop med politisk heterogenitet. Det riv noko av grunnen vekk frå Pappalardo sitt argument. Likevel kan ein sjå dei freistnadene som vert gjorde frå nokre organisasjonar og politiske parti på å rekruttera medlemmer frå baa segmenta som ei byrjing på ei utvikling i retning av fleire kryssande konfliktliner. I den empiriske analysen i kap. 6 brukar eg synet på segmentær integrering hjå dei politiske partia som ein indikator på religiøs sekterisme.

3.5. Overordna lojalitetar ("overarching loyalties")

Overordna lojalitetar tyder at medlemene av kvart segment ikkje berre kjenner lojalitet andsynes sitt eige segment, men andsynes ein overordna instans, som til dømes ein nasjonalstat (Lijphart 1977: 82). Nasjonalisme set lojalitet andsynes nasjonen i staden for lojalitet andsynes segmenta, og vil med det dempe konfliktintensiteten. Slike lojalitetsband kan òg skapast der det ikkje finst historiske tradisjonar for det, ved at segmenta vert utsette for eit sams ytre trugsmål. Lijphart hevdar at dei overordna lojalitetane er éin av fleire faktorar som gjer "kryssande konfliktliner" til eit gunstig vilkår for konsosiert demokrati.⁴⁴

Ut frå kravet om at ein variabel som skal forklåre konsosiert demokrati må vera til stades i alle konsosierte demokrati for å vera gyldig, hevdar Pappalardo at det berre er nasjonalkjensla som kan tene som eit brukeleg døme på overordna lojalitet. Problemet er likevel at nasjonalkjensla er svakt utvikla i alle dei konsosierte demokratia vi kjenner. Pappalardo konkluderer difor med at ho lyt vrakast som vilkår for konsosiert demokrati (Pappalardo1981: 384-85). Det er grunn til å merkje seg at Pappalardo sin kritikk på dette punktet utelukkande er tufta på empiriske observasjonar, og ikkje avdekkjer nokon teoretisk veikskap ved modellen. Likevel er det ein veikskap ved både Lijphart og Pappalardo sin argumentasjon på dette punktet at dei ikkje gjer nærare greie for kva for *type* nasjonalisme det er tale om, sjølv om Lijphart eksplisitt held irredentistisk nasjonalisme utanfor.⁴⁵ Det er rimeleg å tru at berre ein *politisk* nasjonalisme, der lojaliteten til den territorielle staten er sterkare enn den segmentære lojaliteten, vil kunne styrkje ein overordna lojalitet, medan ein etnisk nasjonalisme, der segmentære skiljeliner tufta på etnisitet eller religion dominerer, tvert om vil svekkje han.

I Nord-Irland er dette vilkåret ikkje til stades, ettersom partia i det unionistiske segmentet sver truskap til den britiske og partia i det nasjonalistiske til den irske nasjonen. Ein kan difor ikkje tala om nokon "nord-irsk nasjonalisme".⁴⁶ På hi side kan ein sjå Langfredagsavtala som resultatet av ei "negativ semje" mellom elitane i dei to segmenta, då dei vart stilte andsynes valet mellom maktdeling og beinveges britisk styre med ei sterk rolle for den irske regjeringa, noko både partane heldt for å vera ei dårlegare løysing enn politisk samarbeid, om enn på ulike premisser. På den visen kan ein seia at partane vart tvinga til å samarbeide gjennom noko dei oppfatta som eit sams ytre trugsmål.

3.6. Segmentær isolasjon

Segmentær isolasjon tyder at det er klart definerte grenser for kontakt mellom medlemene av ulike segment. Det gjer det mindre sannsynleg at motsetnader skal slå ut i open konflikt og fremjar utbygginga av organisatoriske nettverk innanfor kvart segment. På den måten vert det lettare å institusjonalisera segmentær autonomi som konfliktløysingsmekanisme (Lijphart 1977: 88).

Å sjå til motseier dette kryssande konfliktliner som gunstig vilkår for konfliktløysing, der nettopp noko av poenget er at eit og same individ kan vera medlem av organisasjonar som høyrer til ulike segment. Lijphart svarar på kritikken ved å streka under skiljet mellom plurale samfunn, der han held fast på segmentær isolasjon som gunstig vilkår, og homogene samfunn, der auka kontakt fører til auka gjensidig forståing. Opererer ein med "pluralitet" som eit omgrepkontinuum, er tesen til Lijphart at "mengda og intensiteten av kontaktar må ikkje overstige den tilsvarende graden av homogenitet" (ibid.: 89).⁴⁷ Integrasjonen må med andre ord ha nådd eit visst nivå for at auka transaksjon mellom segmenta ikkje skal minske den politiske stabiliteten. Ein må rekne integrasjonen i den typen plurale samfunn som ligg til grunn for konsosiert demokrati å liggja under dette nivået.

Dette argumentet svarar likevel ikkje på spørsmålet om korleis både kryssande konfliktliner og segmentær isolasjon kan fremja konsosiert demokrati. Kryssande konfliktliner føreset nettopp kontakt på tvers av dei segmentære skiljelinene i plurale samfunn. Lijphart djupar difor ut argumentasjonen i tri punkt:

1) Segmentær isolasjon føreset ein voluntarisme som motverkar den determinismen som ligg innbygd i vilkåret om kryssande konfliktliner. I den augneblinken den politiske eliten ser faren for desintegrasjon, verkar det som ein spore til moderasjon og kompromissvilje (Lijphart 1968a: 198).

2) Segmentær isolasjon styrkjer samhaldet innanfor kvart segment, slik at lojaliteten frå massane andsynes den politiske eliten vert halden oppe (Lijphart 1968b: 26).

3) Segmentær isolasjon minskar sjansane for valdsbruk (ibid: 25).⁴⁸

Nordlinger kritiserer Lijphart for å vera upresis i bruken av omgrep. Han søker å bøte på dette ved å skilje mellom to ulike former for segmentær isolasjon:

a) *Geografisk isolasjon* ("spacial isolation") er bestemt av bustad og arbeid, med andre ord faktorar menneska ikkje kan verke inn på gjennom fritt val. I slike tilfelle må difor kontakten mellom segmenta skje gjennom ein stor grad av tvang og difor avle motvilje og fiendslege kjensler i folket i alle segmenta.

b) *Sosiokulturell isolasjon* er bestemt av omgangs-og venekrins, skulegang og val av medium, med andre ord faktorar menneska lett kan verke inn på gjennom fritt val. I slike tilfelle vil kontakten mellom segmenta vera tufta på fri tilslutnad.

Medan geografisk isolasjon vil fremja konflikt, vil sosiokulturell isolasjon verke konfliktdempande. Berre den siste typen segmentær isolasjon tener som gunstig vilkår for konsosiert demokrati (Nordlinger 1972: 108-09).

I Nord-Irland har ein både geografisk isolasjon, ved at byane i stor mon er inndelte i katolske og protestantiske bustadområde⁴⁹, og sosiokulturell isolasjon, ved at katolikkar og protestantar går på kvar sine skular. Ein kan med ein gong slå fast at bustadsegregering og vald har fylgt einannan som to siamesiske tvillingar, der gjensidig mistru har vori ein viktig underliggjande faktor. Når det gjeld segregeringa i skuleverket hevdar Lijphart at ho verkar gunstig inn på ei ordning med maktdeling, av di ho lettar gjennomføringa av segmentær autonomi som konfliktløysingsmekanisme (Lijphart 1996: 270-72). I den empiriske analysen (kapittel 6) har eg nytta både synet på bustadsegregering og segregering i skuleverket som indikatorar på religiøs sekterisme hjå dei nord-irske partia.

3.7. Tradisjonar i elitesamarbeid

At Lijphart fører inn "tradisjonar i elitesamarbeid" som eit sjuande gunstig vilkår for konsosiert demokrati er ei direkte fylgd av at han har teki til seg kritikken frå Hans **Daalder** (1971: 368) av årsaksmodellen hans. Daalder si viktigaste innvending er at Lijphart snur opp ned på tilhøvet mellom årsak og verknad. Gjennom komparativ analyse av dei politiske systema i Nederland og Sveits kjem Daalder fram til at det nettopp var dei lange tradisjonane i konfliktløysing den politiske eliten alt hadde i desse landa som "langt på veg avgjorde korleis skiljeliner vart handsama i eit politisk samfunn, i kva grad dei vart ladde med politisk spenning og i kva grad

subkulturelle kløyvingar vart løyste i ei ånd av toleranse og tilpassing". Her vert med andre ord "elitekultur" den uavhengige variabelen og "konfliktløysing" den avhengige. Daalder hevdar vidare at elitesamarbeidet i Nederland kom føre søyledaninga i tid, og difor heller må sjåast på som årsaka til enn verknaden av det plurale samfunnet⁵⁰.

Ved å operera med "tradisjonar i elitesamarbeid" som gunstig vilkår unngår Lijphart å falle som offer for den typen mekanistiske feilslutningar Daalder skuldar han for, nemleg å påstå at sosiale skiljeliner automatisk vert omsette i politisk konflikt. Men han unngår samstundes å hamne på Daalder sitt deterministiske standpunkt ved å streka under at tradisjonar i elitesamarbeid ikkje er noko naudsynt vilkår for konsosiert demokrati (Lijphart 1977: 103). Han fær med dette streka under dei voluntaristiske og kontraktmessige elementa ved konsosiert demokrati, noko som får konsekvensar for det normative verdet åt modellen.

Når det gjeld Nord-Irland kan vi med ein gong slå fast at Daalder sin modell ikkje gjeld: Den segmentære kløyvinga vart til gjennom ein konflikt med djupe historiske røter, der tilhøvet til Storbritannia stod sentralt. Når ein endeleg fekk i stand ei ordning med maktdeling med Langfredagsavtala i 1998, skuldast det ytre press, og ikkje tradisjonar i elitesamarbeid.

4. Konklusjon

Eg har i dette kapittelet summert opp Lijphart sin konfliktløysingsmodell for plurale samfunn. Modellen, som kallast "konsosiert demokrati", tyder at elitane innanfor kvart av segmenta samfunnet er samansett av, vert samde om å samarbeide etter retningslinjer som er nærare nedfelte i modellen, og som lèt seg beskrive ved hjelp av dei fire kjenneteikna "storkoalisjon", "gjensidig veto", "proporsjonalitet" og "segmentær autonomi". Eit vilkår for at denne typen konfliktløysing skal lukkast er at segmenta er politisk artikulerde, det vil seia at dei vert representerte av politiske parti, som held seg stabile når det gjeld veljartilslutnad og har tilslutnad frå hovuddelen av veljarane i dei segmenta dei høyrer til. Eit segmentært samfunn er med andre ord eit vertikalt kløyvd samfunn, der hovudkonfliktlinene heller går mellom segmenta enn mellom horisontalt organiserte klasser. Berre samfunn kløyvde etter religiøse, ideologiske, kulturelle eller etniske skiljeliner eignar seg for denne typen konfliktløysing. Sosioøkonomiske skiljeliner kan likevel òg gje opphav til ideologisk integrerte segment og på det viset gje grunnlag for konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati. Lijphart vert likevel kritisert av Brian Barry for at han ikkje skil klårt nok mellom religiøs-ideologiske skiljeliner på den eine sida og etniske på hi, av di dei fyrste har større organisasjonspotensiale og med det òg større konfliktløysingspotensiale enn dei siste.

Barry brukar Nord-Irland som døme på ein konflikt der konsosiert demokrati ikkje har lukkast, av di konflikten er etnisk heller enn religiøs-ideologisk. Eg har her peikt på ein veikskap i Barry sin kritikk ved at han ikkje presiserer om han legg til grunn eit subjektivistisk-voluntaristisk eller eit objektivistisk-deterministisk etnisitetsomgrep. Det er grunn til å tru at konfliktliner tufta på ein etnisk identitet som er fritt vald vil te seg meir i samsvar med religiøs-ideologiske konfliktliner enn konfliktliner som er tufta på ein etnisk identitet som er tilskriven frå fødselen.

5. Analysemodell

Av di eg i denne oppgåva er ute etter å finne eventuelle samanhengar mellom nasjonalistisk ideologi og konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati, er det naudsynt å røkje etter kva for ein av dei nasjonalismetypane eg omtala i kapittel 1 som best lèt seg sameine med Lijphart sitt segmentomgrep. Eg har vori inne på Karl Deutsch si påpeiking av korleis nasjonalitet fremjar vertikal og hindrar horisontal mobilitet i eit samfunn og på den visen legg grunnlaget for segmentering. Eg har òg synt at eit segmentert samfunn er ein av føresetnadene for konsosiert demokrati. Spørsmålet eg no kjem til å gå nærare inn på er om alle typar nasjonalistisk ideologi er like godt eigna til å legitimera eit segmentert samfunn og med det Lijphart sin modell for konsosiert demokrati. Eg kjem til å fokusera på dei to hovudtypane av nasjonalisme som eg omtala, den politiske og den etniske, og nytte dei standpunkta dei politiske partia i Nord-Irland har teki til Langfredagsavtala som empirisk utgangspunkt for analysen. Det skuldast at det systemet med maktdeling denne avtala set opp for det indre sjølvstyret i provinsen er sydd etter lesten til ”konsosiert demokrati”-modellen. Eg vil arbeide ut frå den hypotesen at den etniske nasjonalismen, som definerer nasjonen ut frå etniske kjenneteikn som ”kultur”, ”språk”, ”historie”, ”rase” eller ”religion”, er betre eigna for denne typen konfliktløysing enn den politiske, der nasjonen vert definert ut frå ”statsborgarskap”, ”territorium” eller ”politisk tilknytning”.

At det ikkje dreier seg om noko enkelt årsakstilhøve mellom nasjonalismetype og haldningar til konfliktløysing, syner den kjensgjerninga at dei faktorane Lijphart hevdar verkar gunstig inn på konsosiert demokrati ikkje alltid vert fremja av same type nasjonalisme: Medan ”overordna lojalitetar” og ”kryssande konfliktliner” vert fremja av den politiske nasjonalismen, vert ”segmentær isolasjon” fremja av den etniske. Det har å gjera med at Lijphart opererer med probabilistiske og ikkje deterministiske samanhengar. ”Gunstige vilkår” kan ikkje oppfatast som årsaksvariablar, men som vilkår som berre under gjevne høve vil lette gjennomføringa av

modellen. Som eg har synt er dei fleste av dei ikkje til stades i Nord-Irland. Likevel har Lijphart tilrådd konsosiert demokrati som modell for løysing av konflikten der.


I analysen av tilhøvet mellom nasjonalistisk ideologi og konfliktløysing etter denne modellen vil eg difor ikkje ta utgangspunkt i Lijphart sine ”gunstige vilkår”, men i den føresetnaden Lijphart set for å kunne ta i bruk slik konfliktløysing i det heile: At vi har å gjera med eit segmentert samfunn, der dei vertikale konfliktlinene mellom segmenta spelar ei viktigare rolle for organiseringa av samfunnet enn dei horisontale mellom klassene. Utgangspunktet for problemstillinga er at i kva grad eit parti legg vekt på dei vertikale eller horisontale skiljelinene i analysen av konflikten, avheng av partiet sin ideologi, det vil seia om partiet definerer den nasjonen det sver truskap til politisk eller etnisk. Det er difor rimeleg å tru at parti som definerer nasjonen etnisk vil leggja hovudvekta på dei segmentære konfliktlinene, medan parti som definerer han politisk vil leggja hovudvekta på klassemotsetnader.

Eg kjem til å handsama dei nasjonalistiske og dei unionistiske partia under eitt i analysen: Det som skil dei er kva for nasjon dei sver truskap til: Nasjonalistane sver truskap til den irske og unionistane til den britiske nasjonen. Hovuddelen av den empiriske analysen vil gå ut på å identifisera dei nord-irske partia sitt nasjonsomgrep og relatera det til haldningane deira til dei maktdelingsinstitusjonane som er nedfelte i Langfredagsavtala. Det er soleis den oppfatninga dei nord-irske politikarane sjølve gjev uttrykk for som her er avgjerande, av di det er dei som tinga seg fram til denne avtala og som difor er mest medvitne om kva for motiv som låg til grunn hjå dei ulike partane under tingingane.

Andre variablar som kan tenkjast å verke inn på partia si haldning til maktdeling skal eg nytte som kontrollvariablar. Ein kontrollvariabel er ein variabel vi held konstant for å kunne isolere effekten av ein uavhengig variabel, i dette tilfellet ”nasjonalismetype” (Hellevik 1977: 243). I eit samfunn som det nord-irske, der Lijphart sitt vilkår om jamvekt mellom segmenta ikkje er til stades, er det naturleg å tenkje seg at det spelar inn om eit parti høyrer til majoritets- eller minoritetssegmentet: Eit parti som høyrer til majoritetssegmentet vil ha vanskelegare for å godta maktdeling enn eit parti som høyrer til minoritetssegmentet, av di det vil ha meir å vinne på eit system med majoritetsstyre. Eg har kalla denne variabelen ”segmentær tilhøyrslø”. Ein annan kontrollvariabel er ”endringar i veljartilslutnaden” til eit parti: Det er rimeleg å tru at partiet sin politikk vil verte påverka av den tilslutnaden det fær ved val,⁵¹ av di politikarane tolkar han som ei legitimering av den politikken dei fører, anten det slær positivt eller negativt ut for maktdeling. Eg kjem fram til verda på denne variabelen ved å sjå på prosentdifferansen i røystetal mellom to val. Når det gjeld partia sine haldningar til dei maktdelingsorgana Langfredagsavtala set opp, lyt ein

gå ut frå at dei vert påverka av dei haldningane dei har til dei andre institusjonane i Langfredagsavtala,⁵² det vil seia at dei ser maktdelingsinstitusjonane som del av ei ”pakkeløysing”.⁵³ Eg reknar difor òg ”tilslutnad til avtala som heilskap” som ein tredje kontrollvariabel. Ein annan faktor som truleg vil verke inn på haldninga til Langfredagsavtala som heilskap er om partiet har alternativ det tykkjer er betre enn maktdeling. Dersom ikkje det er tilfellet vil truleg partiet velja maktdeling som den beste av fleire dårlege løysingar, sjølv om det i prinsippet ikkje er tilhengar av ei slik løysing. Eg kallar denne kontrollvariabelen ”oppfatning av alternativ til avtala”. At eg nemner desse fire variablane serskilt, tyder ikkje at utvalet av kontrollvariablar er uttømande, berre at det er desse som har meldt seg med serleg styrke under analysen.

Eg har òg funni det naudsynt å skilja ut religionen si rolle i politikken til eit parti som ein eigen faktor. I tråd med nord-irsk språkbruk kallar eg denne variabelen ”sekterisme”. Det ligg nær å tru at det er ein samanheng mellom sekterismen i eit parti og den rolla kommunalismen, og med det òg den etniske nasjonalismen, spelar for partiet si nasjonsoppfatning, og at ”sekterisme” difor, i tillegg til den direkte effekten på haldninga til maktdeling, òg har ein indirekte effekt gjennom ”nasjonalismetype”. Vi fær på det viset ein modell der vi er meir interesserte i å teste effekten av dei uavhengige variablane på den avhengige enn på moglege samanhengar mellom dei uavhengige variablane.⁵⁴ (Eg gjer her eit unntak for tilhøvet mellom ”nasjonalismetype” og ”sekterisme”.)



Eg skal i det neste kapitlet ta føre meg den historiske utviklinga av irsk nasjonalisme og unionisme som bakgrunn for å forstå segmenteringa av det nord-irske samfunnet og dei konfliktlinene vi ser i der i dag. Det vil òg kunne gje noko av svaret på kva for type nasjonalisme som pregar dei ulike politiske partia der.

KAPITTEL 3: UTVIKLINGA AV IRSK NASJONALISME OG UNIONISME

1. Innleiing

Eg skal i dette kapitlet røkje etter dei historiske røtene til irsk nasjonalisme og unionisme. Det inneber at vi må søkje ut over den geografiske konteksten til Nord-Irland og handsama Irland under eitt. I den historiske gjennomgangen kjem eg til å stø meg på historisk faglitteratur, og skal, so langt det er råd, trekkje inn ulike kjelder som forklarar hendingar som er relevante for utviklinga av irsk nasjonalisme.

2. Kolonisering

Etter den irske historikaren J. C. **Beckett** (1972: 15, 23) førte den anglo-normanniske invasjonen⁵⁵ av Irland i 1169 til eit brot i ei sjølvgenererande utvikling i den irske saga. Det gjer at vi ikkje lenger kan studera det irske samfunnet isolert, men må relatera det til grannelandet i aust, England.

Den anglo-normanniske erobringa førte til eit djuptgåande skilje mellom to samfunnsformasjonar: Den innfødde gæliske klanstrukturen og den inntrengjande anglo-normanniske føydalstrukturen. Medan produksjonsmåten i det gæliske Irland var prega av kvegdrift tufta på bruksrett og ei kollektiv forvaltning med spreidd busetjing, var han i det anglo-normanniske prega av jordbruksøkonomi med sterk sosial lagdeling, men òg med byutvikling og ein rasjonelt oppbygd statsadministrasjon. Det gav opphavet til eit etnisk skilje, som nedfelte seg i den sosiale lagdelinga mellom ei ekspansiv gruppe anglo-normanniske lordar og ei defensiv gruppe gæliske klanhovdingar (Hechter 1975: 57-58; Down 1987: 443-44; 455-59). Eit parlament, der berre den engelske folkesetnaden var representert, og ein engelsk guvernør, var dei viktigaste reidskapa for den engelske ekspansjonen i mellomalderen (Martin 1987: 144; Richardson 1942b: 146-47).

2.1. Settlarkolonisering

Det var likevel fyrst med reformasjonen at det kom eit kvalitativt brigde i koloniseringsstrategien, av di folket no kunne delast inn i vantru og illojale katolikkar og rettruande og lojale protestantar av den engelske kongemakta. På det viset vart religiøs tilhøyrslse det som i fyrste rekkje skilde kolonistar frå innfødde irar. Frå 1600-talet fekk vi ein systematisk kolonisering av den nordlege provinsen Ulster med engelske og skotske settlarar, der protestantisk trusvedkjenning var eit absolutt vilkår for å få tildelt jord.⁵⁶ Det konfesjonelle skiljet mellom engelske anglikanarar og skotske presbyterianarar vart på det viset nedtona til føremon for skiljet mellom protestantar og katolikkar. Likevel kom dei to folkegruppene til å busetja seg i ulike delar av provinsen: Medan skottane konsentrerte seg om det austlege området kring Belfast,⁵⁷ vart dei vestlege delane kring Derry⁵⁸ mest overlatne til engelskmenn (Clarke & Edwards 1976: 187).

Settlarane var lite interesserte i å omvende dei innfødde, av di det religiøse skiljet både styrkte gruppeidentiteten deira og gav dei økonomiske føremonar (Lustick 1985: 25). Segregasjonen vart sementert gjennom settlarane sine ekskluderande haldningar andsynes dei innfødde.⁵⁹ Talet på settlarar auka raskt: Medan det i 1619 var på 8 000 mannlege individ, hadde det auka til 15 000 i 1630. Det tydde ein total folkesetnad (med menn, kvinner og born) på mellom 45 000 og 60 000 settlarar (Hunter 1975: "Introduction", no. 174).⁶⁰

Settlarkoloniseringa endra karakter under Oliver **Cromwell** sitt styre 1641-58,⁶¹ av di koloniseringa no gjekk saman med evangelisering (Beckett 1966: 104-07).⁶² Under parola "To hell or Connacht!" laut alle katolske eigedomsinnehavarar og fylgjet deira busetja seg i dei karrigaste områda i den vestlege provinsen Connacht, medan 10 grevskap i dei andre provinsane vart utlagde til settlarkolonisering. Talet på protestantar i Irland auka frå 100 000 (5% av folketalet) til 160 000 (20% av folketalet), medan irsk jord på protestantiske hender auka frå 41% til 78%, i tidsromet 1641-52 (Lustick 1985: 29-31). Cromwell si kolonisering hadde likevel ikkje dei same gjennomgripande konsekvensane for den sosiale strukturen som koloniseringa i Ulster, ettersom det var lite kolonisering utanfor byane. I staden fekk vi ei omfattande overføring av rikdom frå katolske til protestantiske hender (Clarke 1967: 203).

2. 2. Katolsk nasjonalisme

Konsekvensen av Cromwell sin politikk var for det fyrste at kløfta mellom protestantane og katolikkane vart utdjupa og for det andre at alliansen mellom det gæliske og det anglo-irske samfunnet vart styrkt med katolisismen som sams identitetsgrunnlag. Denne alliansen

manifesterte seg i Kilkenny-konføderasjonen,⁶³ som vart stifta på ein kyrkjesynode i Kilkenny i 1642 og vara fram til Cromwell invaderte landet i 1649. Konføderasjonen var tufta på ein forbundseid ("Oath of Association"), som svor truskap til kongen og vern av den katolske trua.⁶⁴ Eiden skulle underteiknast av alle truande katolikkar på individuelt grunnlag, utan omsyn til rang og stand. På den måten kom nye lojalitetsband, tufta på konge og nasjon, i staden for dei gamle, tufta på stand, familie og etnisk identitet (Beckett 1972: 52). Dette er nettopp Deutsch sin definisjon på "sosial mobilisering", som ligg til grunn for hans definisjon av moderne nasjonalstatar (kap. 2, pkt. 2.1.3.).⁶⁵ Tråden frå konføderasjonen vart teken opp att då katolikken Jakob 2. vart engelsk konge i 1685, og irske katolikkar på ny kom inn i administrative stillingar, og fekk fleirtal i det irske parlamentet.⁶⁶ Sjølv om parlamentet svor truskap til den engelske Krona, kjempa det ein hard kamp for å få kongen til å godkjenne kravet om einerett til lovgjeving i Irland. Det fekk Thomas **Davies**, som var ein av frontfigurane i "Young Ireland"-rørsla på midten av 1800-talet (pkt. 7.3.2.), til å omtala dette parlamentet som "the Patriot Parliament" (Simms 1976: 479-85, 491).

2.3. Protestantisk unionisme

Lovene "the Patriot Parliament" vedtok vekte sterk motstand mellom protestantane. Då den nederlandske protestantiske kongen Vilhelm av Orania ("William of Orange") vann over Jakob 2. i slaget ved Boyne i 1690, etter å ha vorti tilkalla av det engelske parlamentet, slutta dei difor opp om han som samla gruppe (Simms 1976: 497-98). Unionistane kallar denne maktovertakinga "the Glorious Rebellion", av di han på ny snudde opp ned på makttilhøva mellom protestantar og katolikkar i Irland. Det tydde òg at motsetnadene mellom katolikkane og protestantane som skilde folkegrupper vart styrkte, samstundes som religion kom til å spela hovudrolla for identitetsmarkeringa (Shearman 1949: 120): Slaget ved Boyne vert feira med paradar av Oransjeordenen kvar 12. juli for å markera protestantane sitt herredøme i Nord-Irland.⁶⁷ Ei anna viktig hending i denne samanhengen er Jakob 2. si kringsetjing av Derry frå april til august 1689. Ho vert i dag aktivt nytta i unionistane sin kamp mot "svikaren i eigne rekkjer": Kommandanten for festninga, Robert Lundy, skulle til å gje seg over, då handverkssveinane i byen ("the Apprentice Boys") stengde byporten for fienden og jaga kommandanten på dør under slagordet "No surrender!". Dei greidde å halde stand til hjelpa kom (Simms, op. cit.: 491-93). "The Walls of Derry" har for ettertida vori eit av dei viktigaste symbola til unionistsstyret i provinsen.⁶⁸

2.4. Religiøs undertrykking

Det Vilhelmittiske regimet sette inn ei systematisk undertrykking av katolikkane gjennom dei sokalla "Straffelovene" ("the Penal Laws"), som tok frå dei røysteretten, retten til å verte innvalde i parlamentet og tilgjenget til offentlege embete (Malcolmson, no. 103, 104).⁶⁹ Størst konsekvensar for katolikkane fekk det at dei korkje fekk kjøpe, leige eller arve jord ved odel (ibid., no. 109). Straffelovene førte til at irsk jord på katolske hender gjekk attende frå 22% til 14% mellom 1688 og 1703 og vidare frå 14% til 5% mellom 1703 og 1776 (Kee 1972: 19).⁷⁰

Etter 1789 såg dei britiske styresmaktene likevel eit større trugsmål i dei liberale idéane frå den franske revolusjonen enn i katolisismen, forutan at dei søkte allierte mellom dei katolske maktene på Kontinentet. Det gjorde at det vart lempa på straffelovene. I 1793 fekk katolikkane igjen røysterett og tilgjenge til offentlege embete (Malcolmson, ibid., no. 112, 117, 118). Denne politikken vart mogleg av di det irske parlamentet trong katolikkane sin stønad i kampen for større sjølvstende i høve til det britiske.

3. Politisk nasjonalisme

Kravet om meir sjølvstende for det irske parlamentet skuldast framvoksteren av ein irsk protestantisk handelsborgarskap tufta på lineksport. Det var i denne borgarskapen si interesse å svekkje bindinga til England, med alle dei restriksjonane ho la på irsk handel (Beckett 1966: 196). Frå 1780-talet og utover voks det fram to typar irsk nasjonalisme, avhengig av om han ville leggja vekta på parlamentariske eller utanomparlamentariske, valdelege middel i kampen.

3.1. Parlamentarisk nasjonalisme

I det irske parlamentet arbeidde ei gruppe som kalla seg "patriotane" for parlamentarisk sjølvstende for Irland under leiding av Henry **Grattan**. Dei fekk fleirtal for ei ny grunnlov i 1782, der lovgjevingsretten til det irske parlamentet vart knesett (Beckett 1966: 218-19).⁷¹ Alt året etter vedtok parlamentet "the Renunciation Act", der den britiske regjeringa laut godkjenne fullt sjølvstende for Irland når det galdt lovgjeving og rettsvesen, etter at Henry **Flood** hadde mobilisert den paramilitære rørsla "the Volunteers", der det parlamentariske arbeidet vart kombinert med utanomparlamentarisk press (Beckett 1966: 219, 227-29).⁷² Desse sigrane gav irane kveik til å halde fram i kampen for utvida røysterett. Denne reforma var det naturleg nok katolikkane som ivra mest for. Men dei fekk stønad frå ei veksande protestantisk middelklasse. Grattan

argumenterte for røysterettsutviding som lekk i ein nasjonsbyggingsprosess: "Spørsmålet er no om vi skal vera ein protestantisk settlarkoloni eller ein irsk nasjon [...], for so lenge vi ekskluderer katolikkane frå den naturlege fridomen og dei ålmenne menneskerettane er vi ikkje eit folk" (hjá Kee 1972: 35). Han argumenterte soleis for ein *politisk* nasjonalisme tufta på idéen om menneskerettar og statsborgarskap framfor etnisk og religiøs tilknytning (Beckett 1966: 231-32).

3.2. Utanomparlamentarisk nasjonalisme

3.2.1. "The Volunteers"

"The Volunteers", vart formelt stifta i 1777 og voks snøgt til ein landsomfattande paramilitær organisasjon. I 1782 talde dei heile 80 000 mann, der 25 000 kom frå Ulster. Presbyterianarane i Ulster fekk på den visen eit organisatorisk grunnlag for den makta det anglikanskdominerte irske parlamentet hadde teki frå dei. Denne funksjonen vart styrkt ved at organisasjonen òg tente som diskusjonsforum, der idéar vart utveksla og strategiar lagde i opne forsamlingar. Ei forsamling i Dungannon i 1782 av alle kompania i organisasjonen, kravde større likskap mellom protestantar og katolikkar, av di dei såg den religiøse kløyvinga av landet som ein fare for kampen for meir sjølvstyre (Beckett 1966: 210-14, 221-22).⁷³

3.2.2. "The United Irishmen"

Vonbrot over stoggen i reformarbeidet i parlamentet og kveiken frå den franske revolusjonen førte til skipinga av "the United Irish Society", òg kalla "the United Irishmen", i 1791. Organisasjonen vart radikalisert utover på 1790-talet i takt med aukande undertrykking frå styresmaktene si side: I 1792 vart det valt eit reformkonvent for Ulster, samstundes som ein ny paramilitær styrke, "the National Volunteers", vart oppretta for å verke som eit pressmiddel andsynes parlamentet. Konventa var meir demokratisk oppbygde enn parlamentet i Dublin, og var meint som fyrste lekken i ein alternativ styringsstruktur, men i 1794 vart selskapet forbodi og laut gå under jorda (Smyth 1998: 96-98). I 1795 fekk selskapet ei ny og meir radikal grunnlov og innførte cellestruktur for å hindre infiltrasjon. Frå no gjekk det ope inn for eit republikansk styre etter fransk mønster og i allianse med Frankrike (Cullen 1994: 191- 92).

Samstundes vart ein samd om å byggje ut organisasjonen til ei breid folkerørsle, noko som kravde at ein bygde alliansar til andre grupper i folket. Det førte organisasjonen inn i allianse med "the Defenders", som var ei motstandsørslle mot tvangsutskrivning til den britiske militsen, og som

hadde stor tilslutnad i dei katolske massane (Smyth 1998: 104-05). I 1795 kom det til samanslåing mellom dei to organisasjonane på ei sams platform mot skattar, tiendar og tvangsutskrivning, forutan betring av levkåra til folk flest. Ideologisk var det likevel skilnader mellom dei: ”The Defenders” var kulturnasjonalistar i den tydinga at dei aktivt bruka irsk soger til å byggje ein irsk identitet (Whelan 1994: 273-74). Medlemene representerte eit tverrsnitt av det irske bondesamfunnet,⁷⁴ men ut over på 1790-talet fekk den radikale katolske mellomklassa ein meir dominerande plass i organisasjonen (Smyth 1998: 114-15, 118-20).

”The United Irishmen” sitt tyngdepunkt låg i utgangspunktet hjå presbyterianarane i Ulster. Motstanden mot det britiske styret hadde bygt seg opp her av di presbyterianarane òg vart råka av Straffelovene (Tesch 1994: 37) (pkt. 2.4). I tillegg til den religiøse diskrimineringa kom dei handelshindra som vart lagde på eksporten av tekstilvarer til den britiske marknaden, samstundes som tekstilindustrien var berejdelka for heile økonomien i Ulster. Organisasjonen her var difor dominert av kjøpmenn og industrikapitalistar. Men det ville ha vori umogleg for organisasjonen å utvikle seg til ei slagkraftig revolusjonær rørsle utan stønad frå det katolske folkefleirtalet i Irland, som for det meste var leigendingar, husmenn og arbeidarar, og som framleis laut bera dei største tyngslene under Straffelovene (Cronin 1975: 15). Katolikkane hadde alt organisert seg i ”the Catholic Committee”, som arbeidde for katolikkane sine rettar, og som hadde Wolfe Tone⁷⁵ som fremste talsmann (og betalte sekretær) (Beckett 1966: 247-49).

Antisekterisme var føresetnaden for at ”the United Irishmen” sitt program kunne setjast i verk, ettersom den religiøse kløyvinga var grunnlaget for det britiske herredømet og det fremste hinderet for målsetjinga om ein uavhengig irsk nasjonalstat:

To subvert the tyranny of our execrable Government, to break the connection with England, the never-failing source of all our political evils, and to assert the independence of my country - these were my *objects*. To unite the whole people of Ireland, to abolish the memory of all past dissensions, and to substitute the common name of Irishman in place of the denominations of Protestant, Catholic, and Dissenter - these were my *means* (mine uthevingar)(Tone 1790, hjå Cronin & Roche 1973: 100).

”The United Irishmen” tok eksplisitt fråstand frå å bruke religion som kjenneteikn på nasjonal identitet. I nasjonsomgrepet deira låg at ein skulle samle det irske folket på tvers av religiøse skiljelinjer i kamp mot den britiske undertrykkjaren. Nasjonsomgrepet vart definert politisk, ut frå statsborgarlege rettar: Alle som budde innanfor dei territoriale grensene til den irske øya var irske statsborgarar. Alliansen med det revolusjonære Frankrike vart difor ikkje berre grunngeven militærtaktisk, men òg ideologisk. Det ideologiske grunnlaget låg i den franske opplysningsfilosofien sin universalisme, der individuelle menneskerettar vart stilte opp mot den

religiøse sekterismen som heldt det gamle regimet oppe.⁷⁶ Soleis vart dei religiøse motsetnadene i det irske samfunnet medvite haldne oppe av regimet for å halde undertrykkjarane ved makta. Målet var å bryte denne sirkelen. Middelet var å gje katolikkane røysterett (Whelan 1994: 272).

At den politiske nasjonalismen dominerte "the United Irishmen" sin ideologi tydde ikkje at dei ikkje interesserte seg for irsk kultur. Dei bruka grønne band for å markera irsk identitet, og skipa til kulturmønstringar med irsk tradisjonsmusikk og opplæring i gælisk mål (Smyth 1998: 84). Kevin **Whelan** hevdar likevel at dei bruka kulturen meir til å fremja universelle verdi, som moralsk styrke og godhug, enn etnisk identitet. I staden for å verte verdsett på eigne premissar, vart folkekulturen politisert (Whelan, op.cit.: 273). John **Hutchinson** ser òg kulturomgrepet til "the United Irishmen" som instrumentelt i høve til eit overordna sosiopolitisk program (Hutchinson 1987: 68). Å nytte omgrepet "kulturnasjonalisme" for den overordna ideologien deira tykkjest difor tvilsamt.

Sumaren 1797 hadde "the United Irishmen" 110 000 mann under våpen i Ulster, 100 000 i Munster og 68 000 i Leinster (Beckett 1966: 261).⁷⁷ Likevel trong dei hjelp utanfrå for å få til ein vellukka oppreist, og fleirtalet i organisasjonen var i mot å setja i han i gang på det tidspunktet. At oppstanden likevel kom so tidleg som i mai 1798 skuldast at det lukkast styresmaktene å få hand om viktige papir då leidarane vart arresterte. Oppreisten mislukkast på grunn av dei alvorlege slagane som då hadde blitt retta mot organisasjonen. Det var harde slag i Ulster, der Henry Joy McCracken og Henry Munro⁷⁸ leida styrkar på fleire tusen mann, vesentleg presbyterianarar.⁷⁹ I Wexford i sør vart oppstanden leida av "the Defenders" og utarta til eit katolsk krosstog. Det syntte seg at "the United Irishmen" hadde hatt ei overdriven tiltru til det revolusjonære potensialet i massane (Beckett 1966: 264-67; Whelan 1994: 296). Tone, som kom attende som fransk brigadesjef med kommandoen over 3000 mann, vart nedkjempa i eit 6 timar langt sjøslag, der han vart teken til fange og dømd til døden for landssvik (Cronin & Roche: 212-17). Han vart på det viset den fyrste i den lange rekkja av martyrar i den irske republikanske rørsla.⁸⁰

4. Irland under unionen

Etter oppreisten til "the United Irishmen" gjorde den britiske regjeringa alvor av ein gamal plan om full samanslåing av statsadministrasjonen, parlamenta og kyrkjene i dei to landa.⁸¹

4.1. "The Act of Union"

Gjennom "Unionslova" ("the Act of Union") vart det irske parlamentet avskaffa til føremon for eit sams irsk-britisk parlament med sete i London. Lova trådde i kraft 1. januar 1801. Artikkel 1 slo fast at Storbritannia og Irland "skal vera [...] for alltid sameint i eitt kongedøme [...]" (hjá Mansergh 1968: 296).⁸² Artiklane 3 og 4 slo fast at det sams parlamentet skulle konstituerast på same visen som det eksisterande britiske parlamentet, med tillegg av 32 irske representantar i Overhuset og 100 i Underhuset (Beckett 1966: 280, 282).⁸³ Artikkel 6 påbaud frihandel. Ser vi bort frå Ulster, førte det til ei dramatisk utarming av irsk industri, samstundes som Irland utvikla ein eksportretta jordbruksøkonomi (Beckett 1966: 280-82, 289-91; Hechter 1975: 92-93).

Unionen gjorde òg at protestantane i Ulster i stigande grad markerte identiteten sin gjennom tilknytninga til unionen og i motsetnad til resten av Irland. Ved å identifisera seg med unionen venta dei å verte spesielt tilgodesedde som gruppe, og dei dømde regjeringa sin politikk etter i kva grad ho oppfylte desse forventingane (Beckett, *ibid.*: 287).⁸⁴ I denne stoda vart dei tradisjonelle motsetnadene mellom presbyterianarar og anglikanarar utviska til føremon for en sams protestantisk identitet. "The Act of Union" blés difor nytt liv i dei religiøse konfliktlinene frå settlarkoloniseringa på 1600-talet og trengde til sides tradisjonen frå "the United Irishmen". Denne tradisjonen kom likevel framleis til å leva som ein understraum i sjølvstenderørsla gjennom 1800-talet, til han på ny dukka opp på 1900-talet og førte til politisk lausriving.

4.2. Kampen for katolsk emansipasjon

Kampen for katolsk emansipasjon gjekk ut på å mobilisera dei katolske massane for kravet om retten til parlamentarisk representasjon for katolikkane.⁸⁵ Sjølv om katolikkane hadde fått røysterett i 1793, var forbodet mot katolsk representasjon i parlamentet eit viktig symbol på den diskrimineringa dei var utsette for i kvardagen. Kampen for emansipasjon var soleis meir ein kamp for symbolsk oppreising som religiøs gruppe enn for materielle uttellingar som klasse.⁸⁶ Det var fyrst på 1820-talet, då Daniel **O'Connell** stifta "the Catholic Association", som mobiliserte dei katolske massane til masse møte og ved parlamentsval at kampen byrja bera frukter (Beckett 1966: 299-302). O'Connell vart innvald i parlamentet, der han skipa ei sterkt samansveisa gruppe av dei irske representantane. **Mac Donagh** kallar han difor ein pionér i arbeidet med å utvikle moderne politiske parti (MacDonnagh 1973: 163-64). Emansipasjonen vart lovheimla i "the Relief Act" av 1829 (Beckett, *op.cit.*: 302-03).⁸⁷ Saman med "the Relief Act" blei det likevel vedteki lover som reduserte verknaden av ho: For det fyrste fekk visekongen fullmakt til å undertrykkje

organisasjonar som "the Catholic Association". For det andre vart røysteretten innskrenka ved at ho vart ihopbunden med strengare krav om eigedom, slik at talet på røysteføre gjekk kraftig ned (ibid.: 303-05).

4.3. Kampen mot unionen

Det magre resultatet av reformarbeidet⁸⁸ gjorde at fleirtalet av folket framleis såg på regimet som illegitimt. Sjølv vilkåret for parlamentarisk demokrati var difor ikkje til stades. Etter at emansipasjonen vart gjennomført, vart difor merksemda retta mot det konstitusjonelle spørsmålet, det vil seia kampen for å få oppheva unionen. To retningar utkrystalliserte seg i denne kampen: Den valdelege, inspirert av idéane frå "the United Irishmen", og den ikkje-valdelege, inspirert av O'Connell. Innanfor den siste gjekk det òg eit skilje mellom dei som nytta parlamentariske og dei som nytta utanomparlamentariske middel.

4.3.1. "The National Repeal Association"

Det var dei harde unnatakslovene som vart vedtekne i 1833,⁸⁹ som var den beinveges årsaka til at O'Connell skipa "the National Repeal Association". Organisasjonen fekk snart like stor tilslutnad som "the Catholic Association" hadde hatt eit tiår tidlegare (Beckett 1966: 323-27). Kravet var no oppløysing av unionen, men O'Connell sitt standpunkt her var meir eit spørsmål om taktikk i kampen for reformer: Det var når reformkrava ikkje fekk gjennomslag at han kravde unionsoppløysing. To slike framlegg vart nedrøysta i parlamentet (ibid.: 318, 321-22).⁹⁰

I den grad O'Connell kravde uavhengige politiske institusjonar for Irland var det utrykk for irsk nasjonalisme, men av di O'Connell so einseitig mobiliserte den katolske folkesetnaden attom kravet, og allierte seg so nært med den katolske kyrkja,⁹¹ var det likevel ikkje tale om nokon politisk nasjonalisme i tradisjonen etter "the United Irishmen". Vi kan heller ikkje tala om nokon kulturnasjonalisme, av di O'Connell heller såg på kampen for gælisk språk og kultur som ei avsporing av kampen for den katolske emansipasjonen. Den nasjonalismen han målbar kan difor best karakteriserast som "kommunalisme".

4.3.2. "The Young Irelanders"

"The Young Irelanders" var ei gruppe som braut med "the Repeal Association" i 1846, av di dei kom i opposisjon til O'Connell både på grunn av den prinsipielle ikkje-valdslina hans og den pragmatiske haldninga hans til spørsmålet om nasjonalt sjølvstende.⁹² For dei var spørsmålet om nasjonalt sjølvstende eit prinsipp, og medan O'Connell aldri stilte meir vidtgåande krav enn eit eige irsk parlament innanfor ramma av det britiske monarkiet, kravde "the Young Irelanders" ein uavhengig irsk republikk (Beckett 1966: 332-35).⁹³

Som namnet ymtar om, var "the Young Irelanders" påverka av Giuseppe Mazzini sin kulturnasjonalisme (kap.1, pkt. 4.1.2.): Føremålet med nasjonalt sjølvstende var ikkje fyrst og fremst større materiell velferd, men å styrkje folket sin karakter og sjølvrespekt (ibid.:1972: 150-51). Medan O'Connell vende seg til den katolske mellomklassa, vende "the Young Irelanders" seg til massen av fatige bønder (Hutchinson 1987: 103). Her låg òg grunnen til engasjementet deira for ei meir rettvis jordfordeling.⁹⁴ "Februarrevolusjonen" i Frankrike i 1848 gav organisasjonen den kveiken han trong for å setja i gong væpna opprør. Men folket var ikkje like godt budt til innsats som i 1798, av di det på denne tida var utsett for ei alvorleg svoltkatastrofe på grunn av sviikt i potetavlingane.⁹⁵ Oppreisten vart difor snøgt nedkjempa. Det tydde òg slutten på "the Young Irelanders" som organisasjon (Beckett 1966: 346-48).

4.3.3. "The Irish Republican Brotherhood" (IRB)

"The Irish Republican Brotherhood", som vart stifta som eit løynleg, eidsbunde selskap i 1858 av irske flyktningar frå 1848-oppstanden, førte den revolusjonære arven vidare (Beckett 1966: 358). Det kvalitative skiljet i høve til "the Young Irelanders" låg i synet på tilhøvet mellom parlamentarisk politikk og væpna kamp. Medan "the Young Irelanders" la hovudvekta på det politiske arbeidet, prioriterte IRB den væpna kampen. Målet var ein irsk nasjonalstat etter territoriale kriterium, uavhengig av både religion, klasse og partipolitikk (Moody 1967: 103). IRB rekrutterte hovudtyngda av medlemene frå arbeidarklassa, både på landsbygda og i byane (Nowlan 1967: 23). Truleg låg medlemstalet på 80 000 då organisasjonen var på sitt største i 1864-65 (Nowlan, op.cit.).⁹⁶ Organisasjonen vart difor oppfatta som eit mykje større trugsomål frå styresmaktene si side enn "the Young Irelanders" nokon gong hadde vori (Ryan 1967a: 60).⁹⁷

Det var for å koma nye represaliar i forkjøpet at organisasjonen sette i gang ein oppreist i 1867. 2-3 000 tok del i i Dublin og ca. 4000 i Cork. Det var òg samanstøytar i Limerick og Tipperary), men den lova våpenhjelpa frå U.S.A. kom ikkje fram (Nowlan, op.cit.: 1967: 26-27, 31; Moody, op.cit.: 107). Oppreisten hadde ingen sjanse til å lukkast militært, men han gav

organisasjonen høve til å markera seg politisk ved å publisera eit program som gjekk ut på at jorda skulle først attende til det arbeidande folket, at det skulle skipast ein republikk tufta på ållmen røysterett og at det skulle innførast eit fullstendig skilje mellom kyrkje og stat (Nowlan, op.cit.: 30).⁹⁸ Han gjorde òg at IRB omorganiserte seg, slik at brorskapen heldt seg intakt heilt fram til frigjeringskrigen 1919-21, trass i intens overvaking og forfylging (Lyons 1967: 39). Organisasjonen kan tena som eit døme på korleis ein politisk nasjonalisme med territorium som einaste kriterium, er i stand til å mobilisera revolusjonær glød og offervilje i breide lag av folket.

4.3.4. Kampen for heimestyre

Den parlamentariske kampen for heimestyre ("Home Rule"), det vil seia for indre sjølvstyre med eit irsk parlament og ei irsk regjering i Dublin, tok for alvor til på 1870-talet. Leidaren i heimestyrepartiet, "the Home Rule League", var Charles Stewart **Parnell**. Av di Parnell òg var president i "the Irish Land League", som kjempa for leiglendingane sin rett til sjølveige, vart kampen for heimestyre ihopkopla med kampen for jord. Det førte til store valsigrar for partiet på 1870-og 80-talet, slik at det liberale partiet under leiding av William Gladstone vart avhengig av heimestyrepartiet sin stønad for å koma til makta.⁹⁹ I alt to lovframlegg frå Gladstone om heimestyre vart nedrøysta i parlamentet (Beckett 1966: 381-82; 395-98).¹⁰⁰

Etter parlamentsvalet i 1910 vart på ny heimestyrepartiet, som i mellomtida hadde vorti samla under leiding av John **Redmond**, tunga på vektskåla i Underhuset. Den liberale leidaren Henry Herbert Asquith, som vart statsminister i 1908, hadde gått ut med ein bindande lovnad om heimestyre for Irland føre valet.¹⁰¹ Framlegget om heimestyre¹⁰² vart vedteki av Underhuset i 1912, og denne gongen var Overhuset sitt veto berre utsetjande. Det gjorde at heimestyre ville verte innført seinast i april 1914. Likevel tvinga den protestantiske mobiliseringa i Ulster mot framlegget (pkt. 7.3.5.) Asquith inn på ei kompromissline: I mars 1914 kom han med eit endringsframlegg der det heitte at alle grevskap i Ulster gjennom fleirtalsvedtak kunne halde seg utanfor heimestyreordninga for ein periode på 6 år. Redmond godtok motviljug framlegget, som slik såg ut til å bli den endelige utforminga av lova (ibid.: 427-34).¹⁰³ Utbrotet av 1. verdskrigen gjorde likevel at lova ikkje vart iverksett.¹⁰⁴

4.3.5. Sinn Féin

Sinn Féin¹⁰⁵ vart skipa i 1905 på initiativ av Arthur **Griffith**¹⁰⁶ som eit alternativ både til Heimestyrepartiet si parlamentariske og IRB si revolusjonære line.¹⁰⁷ Alternativet låg i "ikkje-samarbeid": Dei irske parlamentsmedlemene skulle dra seg attende frå parlamentet i London og skipe ei regjering i Dublin med ein eigen administrasjon. Det skulle leggja grunnlaget for parallelle institusjonar, som skulle rive grunnen under legitimiteten til det britiske styret (Beckett 1966: 415-16). I partiet sin konstitusjon heitte det at partiet ville "atterreise Irlands sjølvstende" (Lyons 1971: 251-53).¹⁰⁸ Eit viktig verkemiddel var auka makt til dei folkevalde organa på kommune-og grevskapsnivå.¹⁰⁹ Partiet såg nasjonalt sjølvstende og ein proteksjonistisk handelspolitikk som ein føresetnad for å få i gang ei industriutvikling til bate for heile landet, og ikkje berre for området kring Belfast (Beckett, op.cit.: 415-16). Sinn Féin skifta med andre ord fokus frå retten til jord til retten til industri og handel.

I Sinn Féin sitt prinsippprogram ("constitution") frå 1918 vart det framsett krav om internasjonal godkjenning av Irland som ein uavhengig republikk (del I, §2), samankalling av ei folkevald forsamling (del I, §4), eit sømeleg utcome for arbeidarklassa og jamstilling mellom kvinner og menn (del III) (McCardle 1966: 915-16). Med det vart kampen for nasjonal frigjerung kopla i hop med kampen for sosiale og økonomiske rettar. Det var fyrst ved parlamentsvalet i 1918 at partiet fekk eit gjennombrøt i veljartilslutnad. Partiet gjekk til val på eit firepunktprogram som kravde tilbaketrekking av dei irske representantane frå Westminster-parlamentet, uskadeleggjering av den britiske militære slagkrafta i Irland, skiping av ei konstituerande forsamling som det øvste autoritative organet i Irland og appell til fredskonferansen i Versailles om å godkjenne nasjonalt sjølvstende for Irland (Lyons, op.cit.: 395, 396). Ved valet fekk partiet 73 (mot før 7) av dei 105 irske plassane i Underhuset, Heimestyrepartiet 6 (mot før 78) og Unionistpartiet 26 (mot før 18) (ibid.: 396).¹¹⁰ Fire faktorar kan forklåre dette valskredet: For det fyrste Heimestyrepartiet si svikt når det galdt å få til ei ordning med heimestyre som var akseptabel for fleirtalet av folket (det vil seia utan eksklusjon av 6 grevskap) (Lyons 1973b: 205-06). For det andre sympatien med dei som hadde teki del i "Påskeopprøret" i 1916 (sjå pkt. 9).¹¹¹ For det tredje regjeringa sine planar om å utvide ordninga med verneplikt til Irland.¹¹² For det fjerde den nye valordninga, som innførte ålmann røysterett, avskaffa systemet med "fleirtalsval" ("plural voting"), og gav kvinner røysterett.¹¹³ Desse endringane gjorde at heile 2/3 av veljarane i 1918 var fyrstegongsveljarar (Farrell 1971: 5, 45-46; Miller 1973: 406).¹¹⁴

5. *Irsk unionisme tek form*

Framvoksteren av den politiske unionismen kan forklårast ut frå dei økonomiske og ideologiske endringane som fann stad i den nord-austlege delen av Ulster under unionen. Medan resten av Irland gjekk inn i ein økonomisk stagnasjon då unionen vart innført, opplevde dette området ein makelaus økonomisk vokster.¹¹⁵ På den visen vart området til ein økonomisk enklave tufta på eksport og avhengig av eit tett teknologisk og finansielt samarbeid med Storbritannia (Pringle 1985: 193-98).

Den industrielle voksteren gjorde samstundes at det voks fram eit industriproletariat, for det meste av innflyttarar frå andre delar av Ulster. Det kom til å spegle av den religiøse kløyvinga som prega resten av provinsen. Medan berre 6,5% av folketalet i Belfast var katolikkar midt på 1700-talet, hadde talet stigi til 43% i 1848. Emrys **Jones** (1967: 118-19) forklårar omslaget frå den toleransen som hadde prega dei protestantiske haldningane andsynes katolikkane på slutten av 1700-talet til mistillit og fiendskap på 1800-talet med denne endringa i styrketilhøve og med den auka konkurransen om arbeidsplassane.¹¹⁶ Det førte til stendige valdsutbrot, noko som i sin tur førte til segregering av arbeidarkvartera etter religion. Partipolitisk lét endringane seg registrera som framgang for det konservative partiet (McCracken 1967: 95).

I takt med industrialiseringa fekk religionen ein viktigare plass i livet åt folk flest. Det tykkjest stri mot moderniseringsteorien sin tese om at modernisering vert fylgd av sekularisering. Religionen verka likevel ikkje her fyrst og fremst som eit middel til sosial integrasjon, men som markør av etnisk identitet. Då vart det etiske innhaldet i religionen mindre viktig enn religionen sin symbolfunksjon. Det førte til politisk organisering etter religiøse skiljelinjer på tvers av klasseskilja i staden for sosial mobilisering for "politiske og administrative reformer" (Deutsch 1961: 499). Religionen fekk på den visen den same funksjonen som "nasjonalitet" hjå Deutsch, nemleg å hindre horisontal mobilitet mellom gruppene og fremja vertikal mobilitet innan kvar gruppe. Truleg vil Staf Hellemans sitt omgrep "søyle", definert som "eit ideologisk integrert nettverk av områdespesifikke foreiningar som veks fram innanfor ei sosial rørsle, alliert med eit politisk parti som søyla sitt politiske artikuleringorgan" best fange opp utviklinga i dette området (kap. 2, pkt. 2.1.3 og 2.1.4.). Kjernen i foreiningsnettverket var Oransjeordenen¹¹⁷ og dei protestantiske kyrkjene. Det politiske artikuleringorganet var Unionistpartiet.

5.1. Oransjeordenen

Oransjeordenen står for ei eksklusiv dyrking av eigenarten og interessene til den protestantiske folkesetnaden, definert i motsetnad til den katolske. I motsetnad til det republikanske idealet om nasjonal einskap på tvers av dei religiøse skiljelinene, var målet her å halde oppe desse skiljelinene ved å streka under den religiøse einskapen på tvers av klasseskilja. Den britiske statsmakta og det anglikanske godseigararistokratiet vart framheva som protestantane sine naturlege allierte. I utgangspunktet var Oransjeordenen ein eksklusivt anglikansk organisasjon, men han opna for presbyteriansk medlemskap i 1834, då presbyterianarane i Ulster byrja slutte opp om unionen.¹¹⁸ Ordenen er hierarkisk oppbygd, med ei sentral leiding, med losjar på distrikts-, fylkes- og provinsnivå og med ei rad lokallag. Det gjer det mogleg for leidarane å halde ein stram kontroll med medlemene. Kvar losje har ein prest, og organisasjonen nyttar medvite religion og avstamming (settlarar mot innfødde) i bygginga av ein protestantisk identitet, på ein måte som har styrkt segmenteringa av samfunnet i Ulster (Andresen 1998: 38).

5.2. "The Ulster Unionist Council" (UUC)

I byrjinga overlét unionistane kampen mot heimestyret til Det konservative partiet, men i 1905, då tankar om desentralisering av makt òg byrja verte lufta i dette partiet,¹¹⁹ vart "the Ulster Unionist Council"¹²⁰ skipa. Rådet hadde 200 medlemmer, der 100 representerte lokale unionistklubbar, 50 Oransjeordenen og 50 parlamentsmedlemene frå Ulster.¹²¹ Det verka gjennom ein eksekutivkomité som vart vald ein gong i året (Wallace 1971: 63-65).¹²² Rådet vart skipa som eit politisk uttrykk for Oransjeordenen sine mål. Difor var det frå fyrste stund eit nært samarbeid mellom dei to organisasjonane, både ideologisk og organisatorisk: Alle dei leidande politikarane i partiet var med i Oransjeordenen. Liksom ordenen, tok rådet sikte på å femne om protestantar frå alle samfunnsklasser og religiøse samfunn. Det sette grenser for kor klårt ein kunne formulera det politiske programmet. Det gjorde det òg naudsynt med ein monolittisk organisasjon (Fitzgibbon 1971: 296).¹²³

Like lite som Heimestyrepartiet greidde å få stønad frå den protestantiske folkesetnaden som heilskap, greidde UUC å få stønad frå den katolske. Det gjorde at dei to partia ikkje ein gong freista å stille liste i krinsar der tilhengjarar av den motsette religionen var i klårt fleirtal. I krinsar med eit meir jamvektig tilhøve mellom protestantar og katolikkar kunne bae partia stille kandidatar, men utan å freiste å overtala motparten sine veljarar til å røyste på seg (Beckett 1981

[gjesteforelesing]). På det viset ter desse partia seg heilt i samsvar med forventingane i eit segmentert samfunn (kap. 2, punkt 2.1.2.).

5.3. "The Ulster Volunteer Force" (UVF)

UVF vart stifta på årsmøtet til UUC i 1913, som ei samanslutning av dei militære gruppene som hadde oppstått på initiativ av Oransjeordenen kring om i Ulster under kampen mot heimestyret. Det var på det tidspunktet klart at berre ukonstitusjonelle middel kunne hindre heimestyre frå å verte røyndom.¹²⁴ Organisasjonen var militært oppbygd, med ein divisjon i kvart av dei 9 grevskapa i provinsen. Som instruktørar fungerte i stor mon pensjonerte og vernepliktige britiske offiserar. I februar 1914 talde UVF-heren heile 90 000 mann (Stewart 1967: 122-23, 128). Lord Edward Gleichen, som var sjef for den 15. britiske infanteribrigaden i Belfast sidan 1911, gjev i biografien sin eit interessant innsyn i den viktige rolla landeigeraristokratiet spela for denne aktiviteten:

Dei store landeigarane, mest alle som éin unionistar, og mange av dei tidlegare offiserar i dei regulære væpna styrkane eller Militsen, adel og borgarar, rikfolk og velstående bønder, heldt møte på lokalplanet og innrullerte mest alle mennene sine i UVF Dei gjekk rundt på eigedomane sine kveld etter kveld, heldt oppsyn med organisasjonen og var til stades i treningshallane for å sjå til at alt gjekk bra. Nokre hadde utlevert parkane sine til flokkar av menn som kunne trenast ei veke eller meir i trekk (Gleichen 1932: 367, hjå Stewart, *ibid.*: 72).

Økonomisk var det likevel fyrst og fremst forretningsfolk som sytte for å halde organisasjonen oppe.¹²⁵

Pakta "the Ulster Covenant",¹²⁶ som batt alle underskrivarane til å verne den britiske statsborgarskapen med "alle dei midla vi finn naudsynt", og som samstundes svor truskap til den britiske kongen, fekk mest 1/2 million underskrifter då ho vart utlagd for signering i september 1912, og dessutan full tilslutnad frå dei protestantiske kyrkjene.¹²⁷ Politisk vart initiativet oppfylgt av eit grunnlovsutkast, framlagt av ein femmannskommisjon ("the Commission of Five"), nedsett på initiativ av Sir Edward **Carson** og Captain James **Craig**, samstundes som det vart skipa ei provisorisk regjering leida av Carson, som skulle ta over styringa av Ulster dersom lova om heimestyre fekk fleirtal i parlamentet. Utkastet vart vedteki av UUC i september 1913. Ein komité underordna den provisoriske regjeringa skulle ordne med våpenkjøp til UVF. I røynda var dette ei einssidig sjølvstendefråsegn: Den provisoriske regjeringa ville få meir makt enn eit eige irsk parlament nokon gong hadde vorti tiltenkt under Heimestyrelova (Kennedy 1969: 64, 68, 76-79, 98). Alle rådgjerder for ei maktovertaking hadde vorti tekne i juli 1914, då 1. verdskrigen braut ut (Stewart, *op. cit.*: 232-33).¹²⁸

6. Irsk nasjonalisme tek form

Den irske nasjonalismen som voks fram på 1900-talet, og som førte til skipinga av ein irsk nasjonalstat, hadde røter i den politiske utviklinga på 1800-talet, men fekk si organisatoriske utforming under inntrykk av den unionistiske mobiliseringa i Ulster.

6.1. "The Irish Volunteers" (IV)

IV vart stifta i 1913, som eit svar på den unionistiske mobiliseringa i Ulster. Organisasjonen definerte seg likevel ikkje fyrst og fremst i motsetnad til UVF, men til Det konservative partiet, i det ein syntte til partiet si oppmoding til valdeleg motstand mot heimestyre og det nære samarbeidet med militante unionistar i Ulster. På opningsmøtet vart det vedteki eit manifestet der den antisekteriske, republikanske tradisjonen vart understreka: Organisasjonen skulle vera "open for alle føre irar utan noko skilje i tru, politikk eller sosial status". Organisasjonen hadde minst like stort hell med rekrutteringa som UVF: Hausten 1914 hadde organisasjonen 180 000 mann under våpen (Martin 1963: 100). Ein satsa på ein desentralisert struktur med utstrekt sjølvforsyning nedover i rekkjene, og la stor vekt på soldatane si motivering. Organisasjonen vart leida av ein stab på 8 mann, med ein stabsjef utnemnd av eit generalråd (Martin, op. cit.: 128-29, 134, 171, 188, 190).¹²⁹

Tilhøvet til Heimestyrepartiet var komplisert: Av di partiet var inne i ein oppgangsperiode under den nye alliansen med Dei liberale, og med nye sjansar for å få gjennomført heimestyre, vedtok den provisoriske komitéen, som skulle førebu IV sin nasjonalkongress i 1914 å la dette partiet få 25 av dei 55 medlemene i komitéen (Hobson 1963a: 28, 30-31, 44-47, 49).¹³⁰ Men etter at Redmond, utan å rådføre seg med organisasjonen, hadde lova den britiske regjeringa IV sin stønad i krigen, vart folka hans ekskluderte frå komitéen. Redmond skipa då ein eigen styrke, "the National Volunteers" (NV), som drog med seg fleirtalet av medlemene i organisasjonen. Det attverande IV ekspanderte likevel snøgt i tida som fylgde, og i løpet av dei fyrste månadene av 1916 kom det til om lag 6 nye kompani i veka (Hobson 1963: 51, 53; Hutchinson 1987: 188-89).

IV fanga opp dei organiserte uttrykka for 3 viktige straumdrag i samtida: Den republikanske brorskapen, den organiserte arbeidarrørsla og den irske kulturrørsla (Beckett 1966: 430-31). IRB sin tilslutnad var mest prega av taktiske omsyn: Dei såg på IV meir som eit middel til opplæring og vernebuing enn som lekk i ein revolusjonær plan (Hobson 1963a: 23-24, 30).¹³¹ Eg har alt omtala IRB (pkt. 7.3.3.), og skal difor her berre gå nærare inn på dei to andre organisasjonane.

6.1.1. "The Irish Citizen Army" (ICA)

ICA vart skipa i Dublin i 1913 på initiativ av fagforeiningsleidarane James **Larkin** og James **Connolly**,¹³² som eit organisert uttrykk for den framveksande arbeidarklassa sine interesser i kjølvatnet av ein storstreik (Desmond Greaves 1976: 324-25).¹³³ I 1914 vart ICA offisielt godkjend av den irske fagorganisasjonen. Same året vart det nedsett eit militærråd ("Army Council") med 23 medlemmer som skulle syte for systematisk militær trening av kadrane, samstundes som det vart vedteki eit prinsippprogram, der klassekampen og kampen for nasjonalt sjølvstende vart sett på som to sider av same sak (O'Casey 1919: 14-17, 22-23; Boyle 1969: 56). Nasjonsomgrepet deira var ikkje-sekterisk og republikansk, og såg arbeidarklassa som den revolusjonære et revolusjonære krafta i irsk nasjonalisme. Det organisatoriske samarbeidet mellom ICA og IV kom fyrst i stand etter at IV hadde markert ei uavhengig line andsynes Heimestyrepartiet og James Connolly kom med i IV sitt generalråd (Boyle, op.cit.: 62-64). Connolly slutta seg til den mest militante fløya i organisasjonen, representert ved IRB, og var ein pådrivar for væpna opprør mot det britiske styret.¹³⁴

6.1.2. Den irske kulturrørsla

Den irske kulturrørsla gjorde seg serleg gjeldande i kampen for å atterreise irsk språk og idrett. Ho gav seg organisatorisk uttrykk i organisasjonane Conradh na Ghaeilge ("the Gaelic League") og "the Gaelic Athletic Association" (GAA). Båe desse organisasjonane voks fram mot slutten av 1800-talet for å demme opp mot presset frå engelsk språk og kultur. Sjølv om rørsla ikkje i utgangspunktet hadde eit revolusjonært siktemål, var ho kritisk til Heimestyrepartiet si einsidige vektlegging på politisk sjølvstende i staden for kulturell og etnisk identitet (Farrell 1971: 3-4).¹³⁵

6.1.2.1. Conradh na Ghaeilge

"The Young Irelanders" si otte for framtida åt det irske språket var ikkje grunnlaus. Folketeljinga i 1851 synte ein irsktalande folkesetnad på 1 524 278 personar av ein total på 6552 386, det vil seia ikkje fullt 25% (Ó Murchú 1985: 27).¹³⁶ I 1891 hadde talet sunki til 700 000, medan det i 1926 var nede i 120 000 (18%) (Aodha 1972: 25).¹³⁷ Dei mentale føresetnadene for språkskifte vart lagde ved at mellomklassa meir og meir sette opp britiske kulturelle standardar, medan det irske språket vart knytt til naud og fatigdom (ibid.: 11-12;

Dudley Edwards 1977: 50-51). Conradh na Ghaeilge sitt mål var å snu denne utviklinga ved å gje dei irsktalende massane sjølvtilitt, då organisasjonen vart skipa i 1893. Verkemiddelet var ein desentralisert organisasjon med uavhengige lokallag, som arbeidde for kulturell frigjering i vidaste tyding, og skipa fråhaldslag, komitéar for lokal industrireising og jordbrukssamykke (Green 1972: 14-19; Hutchinson 1987: 159-61, 164, 178).¹³⁸ I 1915 vart kampen for politisk sjølvstende òg ein del av prinsippprogrammet, med den grunngevinga at ein nasjon, og difor òg ein kultur, berre kan overleva innanfor rammene av ein eigen stat. § 2 i føremålsparagrafen vart endra til: "Conradh na Ghaeilge shall be strictly non-political and non-sectarian, and shall devote itself to realising the ideal of a free Gaelic-speaking Ireland" (hjá Ó Cuív 1969: 24-25).¹³⁹

6.1.2.2. "The Gaelic Athletic Association" (GAA)

Tanken om å bruke gælisk idrett¹⁴⁰ som "motgift" mot engelsk kulturell dominans vart alt fremja av "the Young Irelanders" på 1840-talet og ført vidare av IRB i andre halvdel av 1800-talet. Tanken vart no òg stødd av Den katolske kyrkja, som såg med motvilje på utbreidinga av engelske fritidssyslar i Irland. Michael **Cusack** kunne difor så i pløgd jord då han skipa GAA i 1884. Han argumenterte ikkje berre nasjonalt, men òg sosialt då han peika på elitekarakteren til den engelske idrotten (Sugden & Bairner 1993: 26-28).

Det var ein høg grad av samanfall både i medlemskap og interesser mellom GAA og Conradh na Gaeilge. Båe organisasjonane verka som rekrutteringsgrunn for IRB, og seinare for IV (Nowlan 1972: 43). Det nære sambandet mellom desse organisasjonane kjem klårt fram hjå Bulmer **Hobson**, som sjølv hadde spela ei viktig rolle i IRB:

The Gaelic League and the Gaelic Athletic Association both owed much to men who were devoted members of the secret Republican Movement, and these two organisations in turn became the chief recruiting ground for the IRB. The Gaelic League in its early years generated an intense enthusiasm for the national cause. The result was a great accession of strength to the secret movement (Hobson 1963.: 14).

Dette syner ei utvikling i irsk nasjonalisme frå den politiske nasjonalismen hjå "the United Irishmen", der irsk språk og kultur hadde ein instrumentell funksjon, over "the Young Irelanders", som såg ein kulturell identitet som føresetnad for nasjonal frigjering, til den organiserte irske kulturrørsla ved hundreårsskiftet, der irsk språk og kultur vart sedde på som verde i seg sjøve. Det alle dei tri rørsleane har sams er at dei tek fråstand frå er å bruke religion som kjenneteikn på nasjonal identitet,¹⁴¹ og at dei ser religiøs sekterisme som ein serhått ved motmennene innanfor unionismen. I den mon presteskapat i Den katolske kyrkja engasjerte seg i dei

kulturnasjonalistiske institusjonane, var det på desse institusjonane og ikkje på Kyrkja sine premisser. Den irske kulturrørsla ved hundreårsskiftet vil ein soleis kunne tolke som eit døme på Anthony Smith sin primordialisme (kap. 1, pkt. 2.2.2.).¹⁴²

Conradh na Ghaeilge og GAA var berre to, om enn viktige, delar av eit organisasjonsnettverk som voks fram i samband med den irske kulturrørsla, med eit nært hopehav mellom dei ulike delane. Denne utviklinga stettar Staf **Hellemans** sine sosiologiske kriterium for søyledaning. Hellemans sitt krav om artikulering gjennom eit moderne politisk masseparti vart stetta med Sinn Féin som det samla politiske uttrykket for sosial mobilisering av motkultur og republikansk nasjonalisme fram mot frigjeringskrigen 1918-21 (pkt. 7.3.4.). Heimestyrepartiet lukkast aldri i å mobilisera det same engasjementet i breide lag av folket, trass i folkeleg oppslutning om kravet om heimestyre og mobilisering av leiglendingane på eit sosialt og økonomisk grunnlag. Den utviklinga eg her har omtala føresette ein ”massificatie” av det irske samfunnet, med skulegang for alle, ålmenn røysterett og ein medieindustri i emning.

6.2. "Påskeopprøret"

Innanfor IV utvikla det seg to liner i synet på kva for strategi ein skulle velja i kampen for nasjonalt sjølvstende: Ei defensiv line under leiding av Eoin MacNeill og Bulmer Hobson og ei offensiv under leiding av Patrick Pearse og James Connolly, med stønad frå IRB og ICA. Medan dei fyrste hevda massane enno ikkje var budde på ein væpna oppreist, ynskte dei siste å gå i gang med planlegginga av ein væpna oppreist medan den britiske krigsmakta var engasjert i krigen ute i Europa (Wall 1969a: 159-60, 163). Denne usemja i strategi hekk i hop med ei usemje om dei politiske måla: Medan dei fyrste såg seg nøgde med ein utstrekt grad av heimestyre, ynskte dei siste ein sjølvstendig irsk republikk. Dette fekk òg konsekvensar for den praktiske politikken: Pearse-Connolly-fløya sette ned eit militærråd som gjekk i gang med førebuingane til væpna oppreist i samarbeid med IRB, men utan å konsultera Eóin MacNeill, som var IV sin stabsjef. Då britane greidde å koma eit våpensending frå Tyskland i forkjøpet var utfallet gjevi. Når militærrådet likevel valde å setja i gang med oppreisten, var det meir for å vinne ein moralsk enn ein militær siger (Bowyer Bell 1970: 3-6).¹⁴³ 2. Påskedag 1916 skipa dei hovudkvarteret sitt i hovudpostkontoret i sentrum av Dublin og hersette alle strategisk viktige stader i byen.¹⁴⁴ Dei heldt ut ei heil veke før dei laut gje seg for overmakta (Wall 1969b: 213, 214, 216).

Sjølv om oppreisten var militært mislukka, hadde han ein viktig politisk propagandaeffekt, av di ein greidde å skipe ei provisorisk regjering for ein sjølvstendig irsk republikk.¹⁴⁵ I fråsegna ho sende ut til det irske folket heitte det mellom anna:

The Irish Republic is entitled to, and hereby claims, the allegiance of every Irishman and Irishwoman. The Republic guarantees religious and civil liberty, equal rights and equal opportunities to all its citizens, and declares its resolve to pursue the happiness and prosperity of the whole nation and of all its parts, cherishing all the children of the nation equally, and oblivious of the differences carefully fostered by an alien Government, which have divided a minority from the majority in the past (hjá Dudley Edwards 1977: 280-81).

Prinsippet om folkesuverenitet, religiøs og statsborgarleg fridom og antisekterisme plasserer han i tradisjonen at den statsborgarlege nasjonalismen frå "the United Irishmen", medan prinsippet om sosial og rettsleg likskap er klårt inspirert av Connolly sin sosialisme.

Oppreisten fekk den tilsikta verknaden: Stemninga i folket vende seg frå uvisse til sympati med opprørera og fiendskap andsynes britane, serleg då dei harde straffereaksjonane sette inn.¹⁴⁶ Opinionsen la dessutan ansvaret for dei store materielle øydeleggingene og sivile tapa på britane. Det gav seg utslag i auka tilstrøyming av friviljuge til IV, auka pengehjelp til IV sitt hjelpefond og tilslutnad til IV sine arrangement (Bowyer Bell, op.cit.: 12-14). Dei avretta martyrane sin strategi om å gå føre med dømet si makt synte seg å bera frukter snøggare enn nokon av dei sjølvne hadde tenkt seg. På den måten reidde Påskeopprøret grunnen for den politiske utviklinga som førte fram til Sinn Féin sin valsiger i 1918 og til frigjeringskrigen som fylgde.

7. "The War of Independence"

Den irske fridomskrigen¹⁴⁷ var ein beinveges konsekvens av Sinn Féin sin valsiger i 1918 (pkt. 7.3.4.).

7.1. An Dáil Éireann

Dei 73 valde representantane frå Sinn Féin gjorde alvor av lovnadene om å skipe eit eige parlament i Dublin, An Dáil Éireann. Det kom for fyrste gong saman i januar 1919,¹⁴⁸ der det vedtok ei grunnlov for ein uavhengig irsk republikk og valde utsendingar til fredskonferansen i Versailles.¹⁴⁹ I april 1919 vart Eamon **de Valera** vald til republikkens president¹⁵⁰ i lag med ei regjering på 8 medlemmer, som gjorde krav på legitim makt i Irland. An Dáil bygde ut ein alternativ administrasjon, dels gjennom dei vanlege kommunestyra, der Sinn Féin for ein stor del sat med fleirtalet, og dels gjennom etablering av eigne voldgiftsdomstolar, som i røynda tok over

funksjonane til dei offisielle domstolane (Beckett 1966: 445-46). An Dáil hadde parlamentarisme som berande prinsipp: Regjeringa skulle godkjennast og stå ansvarleg andsynes parlamentet. Det vedtok dessutan eit "demokratisk program", der ei rad sosiale rettar og retten til utdanning for alle vart fastslegne. Ein nasjonal helseplan skulle avløyse "fatiglovene" (Farrell 1971: 86-87). "The Irish Volunteers" vart gjorde til regjeringa si væpna grein under namnet "the Irish Republican Army" (IRA).

Dei britiske institusjonane synt seg å vante legitimitet og slutta å verke i løpet av 1919. Den britiske regjeringa svara med eit lovframlegg om deling av Irland, med "heimestyre" for kvar av dei to delane. Framlegget vart vedteki i 1920 under namnet "the Government of Ireland Act". Det gjekk ut på at kvar av dei to delane skulle ha sitt eige parlament og si eiga regjering, men med sers avgrensa makt (Farrell 1973: 214).¹⁵¹ Samstundes fekk politistyrken RIC ("the Royal Irish Constabulary") utvida makt til å fengsle utan lov og dom. Den irske regjeringa mobiliserte på hi sida IRA og forbaud alle irar å slutte seg til RIC. Resultatet var eit katastrofalt fråfall i rekkjene til RIC, noko som i sin tur gjorde at britane måtte setja inn militære forsterkingar.¹⁵² Vi fekk på den måten ein valdsspiral som skapte polarisering av frontane og auka oppslutning om IRA (Bowyer Bell 1970: 20-25).

I mai 1921 vart det utskrivi val til kvart av dei to parlamenta. Både An Dáil Éireann og Sinn Féin vart i mellomtida lyste ulovlege. Det vart vidare kunngjort at den delen av Irland der over 50% av representantane lét vera å ta plassane sine i Underhuset, skulle styrast som ein britisk kronkoloni. Valresultatet vart det same som i 1918: Sinn Féin fekk alle mandata i 26 av grevskapa, medan Unionistpartiet fekk 40 av mandata i dei 6 nord-austlege grevskapa i Ulster. Dei 40 unionistane konstituerte seg som eige parlament i Belfast og utnemnde ei regjering under leiding av James Craig. UVF, som no var på 100 000 mann, vart stild i denne nord-irske staten si teneste (Bowyer Bell 1970: 25; 30 Farrell 1980: 69). I sør konstituerte Sinn Féin sine parlamentsmedlemer seg som An Dáil Éireann 2 ("the Second Dáil").

7.2. "The Treaty"

Dei militære operasjonane auka frå baa sider. I juni 1921 var dei regulære britiske troppane i Irland oppe i 35-40 000 mann. I tillegg kom RIC på 12 500¹⁵³ og hjelpetroppar på 1500 mann. Mot desse stod eit veltrent IRA på mellom 100 000 og 200 000 mann (Bowyer Bell: 26). Sjølv om britane var overlegne i våpenteknologi, var IRA veltrent i geriljakrig. Sannkjenninga av at ho ikkje kunne vinne, fekk den britiske regjeringa til å gå inn for våpenkvild og tingingar i juli 1921.¹⁵⁴ Tingingane vart avslutta i desember 1921 med at partane skreiv under ei avtale som

gjekk inn i historia under namnet "the Treaty". Den irske delegasjonen gjekk med på at Irland skulle gje opp republikken som styreform og godta status som "dominion" under den britiske Krona. Britane skulle dessutan få flåtebasar på irsk jord. Den britiske regjeringa sine lovnader var mindre bindande: Ho skulle få unionistane i Ulster til å godta irsk samling, samstundes som det skulle setjast ned ein "grensekommisjon" som skulle trekkje opp dei endelege grensene mellom dei to statane i Irland.¹⁵⁵ Den irske delegasjonen, som vart leida av Arthur Griffith og Michael Collins, valde å godta avtala utan å ha konsultert si eiga regjering, av di britane gav han valet mellom å velja mellom "the Treaty" og "ein nådelaus krig innan tri dagar" (Farrell 1973: 242-44).

Avtala vart soleis framlagd for det irske parlamentet som ei fullført kjensgjerning og vedteken med knappast mogleg fleirtal i januar 1922: 64 for og 57 mot (Bowyer Bell 1970: 30-31). At ei avrøysting med eit so knapt simpelt fleirtal på den visen fekk bindande verknad for den konstitusjonelle ordninga til staten, var uvanleg i konstitusjonell rett og difor ei oppskrift på borgarkrig.

7.3. "The Civil War"

Etter avrøystinga laut regjeringa skiftast ut og de Valera gå av som president. I staden vart den engelske kongen godkjend som statsoverhovud, og Republikken Irland skifta namn til "Fristaten Irland" ("the Irish Free State"). Samstundes vart det bygt opp eit eige forsvar uavhengig av IRA. IRA var likevel framleis intakt og fiendsleg til avtala. Ein kongress i organisasjonen i mars 1922 staka difor ut ei politisk line uavhengig av parlamentet. Vi hadde med det på ny fått to arméar som kravde legitimitet i den same staten. Det var fristatsregjeringa som løyste det fyrste skotet då styrkane hennar gjekk til åtak på IRA-hovudkvarteret i juni 1922 og på det viset innleidde ein borgarkrig som varte fram til mai 1923, då de Valera på vegner av IRA sende ut eit dekret om einsidig våpenkvild.

Den offensive lina fristatsregjeringa la seg på i denne konflikten skuldast for det fyrste press frå den britiske regjeringa, som kravde effektive tiltak for å knekkje IRA, og for det andre at ein rekna tidspunktet som gunstig på grunn av usemje om strategi i IRA. På det siste punktet fekk offensiven motsett verknad. Det som avgjorde utfallet av krigen var ikkje styrke i tal,¹⁵⁶ men militær og økonomisk stønad frå britane, ein terrorkampanje med daglege avrettinger utan lov og dom, og Den katolske kyrkja si opne fordøming av IRA (Bowyer Bell 1970: 31-38).

Eit steg i retning av normalisering og lækjing av dei såra borgarkrigen hadde skapt var det då de Valera fekk stille til val i Fristaten som leidar for eit nytt parti, Fianna Fáil, i 1926. Med det vart noko av den republikanske motstanden frå borgarkrigen kanalisert inn i politisk arbeid. De

Valera vann parlamentsvalet i 1932, og i 1937 godkjende ei folkerøysting ei ny grunnlov for Fristaten, der artikkane 2 og 3 fastslog den territoriale einskapen til Irland og det irske parlamentet sin lovgjevingsrett i Nord-Irland. I 1948 fekk landet på ny status som ”republikk”.¹⁵⁷

Dette endra likevel ikkje den kjensgjeringa at "the Treaty" framleis var grunnlaget for dei irsk-britiske relasjonane. I åra som fylgde flytta fokus for det konstitusjonelle spørsmålet seg til Nord-Irland, der delinga av Irland gav opphavet til 50 år med unionistisk maktmonopol og marginalisering av den nasjonalistiske folkesetnaden.

8. Konklusjon

Eg har i dette kapittelet synt korleis irsk nasjonalisme, og det unionistiske motstykket, utvikla seg historisk, og korleis vi etter kvart fekk to ulike samfunn oppbygde kring eit nettverk av organisasjonar som alle identifiserte seg ut frå kva for stilling dei tok til spørsmålet om nasjonalt sjølvstyre. Kring hundreårsskiftet vart desse organisasjonane knytte til politiske parti som arbeidde anten for nasjonalt sjølvstende eller for å halde på unionen med Storbritannia. Både mellom nasjonalistane og unionistane vart på den måten grunnlaget lagt for eit segmentert samfunn, der religion spela ei viktig rolle som kjenneteikn på segmentær tilknytning.

Eg har òg synt at det er umogleg å forstå denne utviklinga utan å relatera ho til dei framstøytane som har vori gjorde for å kolonisera Irland frå grannelandet i aust gjennom ei 800 år lang soge. Utviklinga av irsk nasjonalisme kan sjåast som strategiar i motstanden mot desse framstøytane, og framvoksteren av unionismen igjen som svar på denne motstandskampen. Dei motsetnadene som voks fram fekk ein religiøs dimensjon med reformasjonen og den settlarkoloniseringa som fylgde i Ulster. Mot slutten av 1700-talet voks det fram ein politisk nasjonalisme som tona ned den religiøse dimensjonen og søkte å mobilisera både protestantar og katolikkar i kampen for nasjonalt sjølvstende. Denne utviklinga kulminerte med oppreisten til ”the United Irishmen” i 1798, inspirert av idéane frå Den franske revolusjonen. Det la grunnlaget for ein sekulær, republikansk nasjonalisme, der irsk nasjonalitet vart definert ut frå statsborgarskap og territorium heller enn religion.

Etter at ”the Act of Union” vart driven igjennom i 1801, kløyvde irsk nasjonalisme seg i to fløyer: Ei konstitusjonell fløy, som tok til med O’Connell sin ”Repeal Association” på 1830-talet og heldt fram med Heimestyrepartiet i siste halvdel av 1800-talet, og ei revolusjonær fløy, som tok til med ”the Young Irelanders” og heldt fram som ein understraum i sjølvstendekampen gjennom resten av 1800-talet, målboren av ”the Irish Republican Brotherhood” (IRB).

Kulturnasjonale straumdrag, der kampen for irsk språk og kultur var viktig, gjorde seg stendig meir gjeldande mot slutten av 1800-talet, og kom til å prega den militante nasjonalismen som voks fram på byrjinga av 1900-talet, dels som ei fylgd av vonbrotet over dei uoppfylte lovnadene om heimestyre og dels som eit svar på den unionistiske styrkeoppbygginga i Ulster. Saman med mobiliseringa av den organiserte arbeidarrørsla førte det til Påskeopprøret i 1916, som, trass i det militære nederlaget, førte Sinn Féin fram til ein overveldande valsiger i 1918. I tråd med Sinn Féin sitt program skipa partiet sine parlamentsmedlemer eit eige parlament i Dublin. Men i staden for ein irsk nasjonalstat, fekk vi ein tri år lang frigjeringskrig som munna ut i ei avtale om deling av landet, der 26 av dei 32 fylka fekk "dominion"-status under den britiske Krona, medan dei 6 attverande fylka i nord-aust fekk heimestyre, som tydde eit unionistisk maktnomopol og systematisk diskriminering av den nasjonalistiske tridelen av folket dei neste 50 åra. Det vert tema for neste kapittel.

KAPITTEL 4: NORD-IRLAND UNDER HEIMESTYRE 1921-72

1. Innleiding

Den nord-irske staten fekk nyte godt av det heimestyret som vart nedfelt i "the Government of Ireland Act" av 1920 fram til beinveges styre frå London vart innført i 1972. Maktgrunnlaget for det nord-irske regimet var det nord-irske parlamentet, som fekk sete i Stormont utanfor Belfast. Av di grensene for den nord-irske staten vart oppdregne slik at dei skulle sikre parlamentet ein trygg majoritet av unionistar på eit so stort område som råd, vart resultatet av majoritetsstyret etter Westminster-modellen at Unionistpartiet ("the Ulster Unionist Party", UUP), kunne sitja med uavgrensa makt i heile denne perioden. Dette maktmonopolet vart sementert gjennom samarbeidet mellom Unionistpartiet og Oransjeordenen, der protestanisk religion spela ei viktig rolle som samanbindande faktor. Dette styrkte òg segmenteringa av det nord-irske samfunnet etter religiøse skiljelinjer.

2. Oppbygginga av den nord-irske staten

Det fyrste valet til det nord-irske parlamentet vart haldi i 1921. Av dei 52 plassane gjekk 40 til Unionistpartiet. Nasjonalistpartiet (det gamle Heimestyrepartiet) og Sinn Féin fekk 6 plassar kvar, men dei boikotta baa parlamentet (Mansergh 1936: 110, fn. 1). "The Independent Labour Party",

som gjekk til val på eit sosialt reformprogram, fekk ingen representantar, sjølv om det hadde hatt stor tilslutnad ved lokalvala i 1920 (Farrell 1980: 67). Det syner at klassekampen vart nedtona til føremon for det konstitusjonelle spørsmålet, der standpunktet til unionen var avgjerande for røystgjevinga. Det regjerande unionistpartiet greidde på det grunnlaget å innføre eit de facto eitpartistyre .

Einaste måten opposisjonen kunne koma til orde på var ved å endre konstitusjonen til føremon for eit sameint Irland. Det gav igjen styresmaktene grunn til å stemple han som illojal andsynes staten, og setja i verk systematisk diskriminering av nasjonalistane, der religion vart nytta som kriterium. Dessutan vart det innført eit sett med unnatakslover, ”the Civil Authorities (Special Powers) Act”, som vart vedtekne i 1922. Dei gav staten, gjennom det nord-irske politiet, ”the Royal Ulster Constabulary” (RUC), der 5/6 av medlemene var protestantar, og det halvmilitære ”the Ulster Special Constabulary” (USC) (òg kalla ”B Specials”), som var reint protestantisk, rett til å gripe inn i innbyggjarane sitt privatliv og innanriksministeren rett til å innføre nye lover utan parlamentet sitt samtykke og utan å gå vegen om domstolane (ibid.: 93-96).¹⁵⁸

2. 1. Politisk diskriminering

Problemet med grevskap og kommunestyre som fekk nasjonalistisk fleirtal ved valet vart i fyrste omgang løyst gjennom ”the Local Government (Emergency Powers) Bill” av 1921, som gav regjeringa fullmakt til å setja lokale styresmakter under administrasjon. Denne lova råka grevskapa Fermanagh og Tyrone, som hadde sagt seg lojale andsynes An Dáil Eireann, og alle dei kommunestyra som hadde nasjonalistisk fleirtal (25 av 80) (Farrell 1980: 82). I neste omgang endra ein valordninga, slik at proporsjonal representasjon, som var nedfelt i ”the Government of Ireland Bill”, vart avskaffa til føremon for det engelske systemet med fleirtalsval i einmannskrinsar. Ved lokalval skjedde dette alt i 1922, ved parlamentsval i 1929 (Boyce & O’Day: 2000: 214-15).

Ei omfattande kommunesamanslåing gjorde at talet på kommunar med nasjonalistisk fleirtal sokk frå 25 til 2. Denne ordninga, som gjekk under namnet ”gerrymandering”, vart stendig meir omfattande. Etter valet i 1924 fekk til dømes dei to grevskapa Tyrone og Fermanagh unionistisk fleirtal i fylkesstyra, sjølv om dei hadde eit klårt nasjonalistisk fleirtal i folket. Byen Derry, som hadde eit nasjonalistisk fleirtal på 64%, sende 12 unionistar og 8 nasjonalistar til det nord-irske parlamentet. Resultatet av denne ordninga var at nasjonalistane

gav opp å stille kandidatar, noko som igjen førte til liten politisk konkurranse (Farrell, op.cit.: 84-85).¹⁵⁹

Ei anna ordning som var med å tryggje det unionistiske fleirtalet var systemet med ”vegen røysterett”: Medan innbyggjarar som tok i mot fatighjelp, og leigebuarar som ikkje betalte skatt, ikkje hadde røysterett, kunne fabrikkengarar ha fleire røyster, avhengig av kor stor skatteinntekt føretaka deira gav.¹⁶⁰ Denne ordninga råka i serleg grad katolikkane, av di dei høyrde til den fatigaste delen av folket, men òg ein del protestantar vart råka (ibid.: 84).¹⁶¹

2. 2. Sosial diskriminering

Det skjedde ei systematisk tilsidesetjing av katolikkane når det galdt grunnleggjande sosiale gode, som bustad og arbeid. Det hekk i hop med at det var dei unionistisk dominerte kommunestyra som stod for tildelinga av offentlege bygg og som i mange høve sytte for å skaffe folk arbeid. Ofte vart formidlinga av arbeid og bustad overlati til lokale leidarar i Unionistpartiet og Oransjeordenen, som favoriserte protestantar for å skaffe partiet og ordenen tilhengjarar i den protestantiske arbeidarklassen (Farrell 1976: 86).¹⁶² Systemet stødde samstundes opp under segregering ut frå religion både på arbeids- og bustadmarknaden.

Den medvitne diskrimineringa når det galdt tildeling av arbeid gav seg utslag i skilnader i arbeidsløyssetala mellom protestantar og katolikkar. I 1971 var 13,9 % av katolikkane og 5,6 % av protestantane utan arbeid (Cormack et al.1979: 19). Korrigerer vi for utvandring vert skeivfordelinga monaleg større: I perioden 1951-61 emigrerte heile 30 % av katolikkane, men berre 15 % av protestantane i alderen 15-30 år (Farrell 1980: 92, fn. 5).

Ei etterrøking gjord av den nord-irske regjeringa i 1944 synte at 30 % av alle bustadene i Nord-Irland var saneringsferdige. I grevskapet Fermanagh, der katolikkane er i fleirtal, var over 50% av alle husa i landdistrikta saneringsferdige. Det skuldast at det ikkje hadde vorti bygt eit einaste hus der sidan den nord-irske staten vart skipa. I perioden 1945-67 gjekk 82 % av dei bustadene som vart bygde i Fermanagh til protestantar, sjølv om talet på saneringsferdige hus var langt større mellom katolikkane (Farrell 1980: 87, fn. 4). Ei etterrøking frå 1976 synte at medan 40-45 % av alle hus var ”uskikka” i Fermanagh, var berre 10-20 % ”uskikka” i grevskap der protestantane er i klårt fleirtal (Evason 1976: 14-15, hjå RCG 1978). Det syner at betringa for katolikkane på bustadmarknaden generelt i Nord-Irland i perioden 1944-76 var minimal.

2.3. Segregert utdanning

Etter den skulelova som vart vedteken på initiativ av det protestantiske presteskapet og Oransjeordenen i 1925 vart det skipa to skulesystem. Det eine, som var offentleg, vart kontrollert av dei lokale, men finansiert av både dei lokale og dei sentrale styresmaktene. Der var protestantisk bibelopplæring obligatorisk. Det andre var privat, og berre delvis finansiert av styresmaktene. Det omfatta både protestantiske og katolske skular, men katolikkane var tilviste til det private systemet, av di dei ikkje godtok den protestantiske bibelopplæringa. I 1936 fekk dei kyrkjesamfunna som overlét skulane sine til det lokale skulevesenet permanent representasjon i skulestyra. I praksis galdt det berre dei protestantiske skulane, av di Den katolske kyrkja nekta å gje frå seg kontrollen over sine skular. På den visen fekk vi eit segregert skulevesen som fanga opp heile 98 % av all skuleungdom i Nord-Irland (Fraser 1973: 131; Boyce & O'Day 2000: 215).

Saman med segregeringa på bustad-og arbeidsmarknaden styrkte dette systemet segmenteringa av det nord-irske samfunnet, av di det var med på å skipe to ulike fellesskap med kvar sine subkulturar og med kvar sine nettverk av organisasjonar som vart ihopbundne av ein sams ideologi (Hellemans 1985: 236). Morris **Fraser** peikar på dei fylgdene dette fekk for utviklinga av skilde referansegrupper for protestantar og katolikkar, og med det for utviklinga av kulturell identitet innanfor kvar av gruppene, med tilsvarande stereotypisering av motparten (Fraser 1973: 88-91, 99). Eiterrøkingar syner likevel svært liten samanheng mellom integrert skulegang og redusert ekstremisme eller truskap andsynes regimet. Det tyder at konflikten ikkje kan løysast ved å satse på sams skular for protestantar og katolikkar (Rose 1971 336, fn. 3). Samstundes styrkar segregert skulegang den segmentære isolasjonen som er eit av Lijphart sine gunstige vilkår for konsosiert demokrati.

3. Politisk utvikling

Diskriminering og religiøs segregering var ein føresetnad for å halde oppe Unionistpartiet og Oransjeordenen sitt politiske hegemoni. Samstundes vart dei religiøse skiljelinene framheva i høve til andre konfliktliner.

3.1. Mellomkrigstida

Medan Uninistpartiet var det statsberande partiet i heile denne perioden, representerte Nasjonalistpartiet interessene til den fåtalige katolske mellomklassa og Den katolske kyrkja

(Farrell 1980: 101).¹⁶³ Det som skil nord-irsk politikk frå dei politiske systema i andre vest-européiske land er vanten på representasjon av parti som representerer interessene til arbeidarklassa. Ved valet i 1921 stilte 3 kandidatar frå "the Irish Labour Party" (ILP). Dei var alle protestantar, men tok eit klårt standpunkt mot delinga av Irland. Ingen av dei vart valde. Men ved det nord-irske parlamentsvalet i 1925 fekk ILP alle dei 3 kandidatane sine innvalde, både i dei protestantiske og de katolske bydelane i Belfast (ibid.: 100, 103-04). Årsaka til dette skiftet i veljarane sine partipreferansar var den stigande arbeidsløysa, som for ei tid gjorde at det konstitusjonelle spørsmålet vart nedprioritert i arbeidarklassa.

Det var ynsket om å koma denne utviklinga til livs som var regjeringa sitt hovudmotiv for å avskaffe "proporsjonal representasjon" ved parlamentsval i 1929 (Boserup 1970: 10).¹⁶⁴ Ordninga fekk den tilsikta verknaden: Ved valet i 1929 vart berre 1 av dei 5 ILP-kandidatane og 2 av 10 "uavhengige unionistar" innvalde, sjølv om dei heldt stillinga og jamvel gjekk fram i røystetal. Nasjonalistpartiet heldt stort sett stillinga: Dei fekk innvalde alle dei 11 kandidatane dei stilte i sikre katolske krinsar (Farrell, op.cit.: 114).¹⁶⁵ Ordninga med fleirtalsval i einmannskrinsar styrkte topartisystemet, og med det òg segmenteringa av det nord-irske samfunnet.¹⁶⁶ Kombinert med majoritetsstyre, der Unionistpartiet var i permanent fleirtal, gav dette lite spelrom for parti som ynskte å mobilisera veljarane etter sosioøkonomiske skiljelinjer. I ein situasjon med dramatisk auke i arbeidsløysa,¹⁶⁷ vart dette lagnadstungt for arbeidarklassa. Det vart no Nasjonalistpartiet som stod fram som viktigaste talsmann for dei arbeidslause sine interesser (ibid.: 117-19).¹⁶⁸

Då den økonomiske krise spissa seg til i byrjinga av 1930-talet, var det tillaup til organisering på tvers av dei segmentære skiljelinene, etter at dei protestantiske arbeidarane vart råka i ein slik mon at privilegia deira som betre løna faglært arbeidskraft vart overskugga av motsetnaden mellom arbeid og kapital (Isles & Cuthbert 1957: 594, hjå Marlowe & Palmer 1978: 15).¹⁶⁹ Det politiske systemet gav likevel ikkje kveik til veljaroppslutning om ikkje-sekteriske parti som ILP.¹⁷⁰

Samstundes som Unionistregimet gjorde alt for å motarbeide ikkje-sekteriske parti, gjorde det òg alt for å halde oppe den religiøse konfliktdimensjonen gjennom sekteriske organisasjonar, som "the Ulster Protestant League" (UPL). UPL si fremste målsetjing var å "sikre protestantar arbeid" og halde ute katolikkar frå arbeidsplassane. Soleis oppmoda dåverande landbruksminister Sir Basil Brooke (sjå sn. 162) protestantiske arbeidsgjevarar å berre tilsetja protestantar ved føretaka sine.¹⁷¹ Han fekk full stønad for denne utsegna frå statsministeren, Lord Craigavon. Frå 1934 og utover var det stendig oftare mord på katolikkar og

plyndringar av katolske heimar, ofte i kjølvatnet av UPL sine møte. Parallelt med dette skjedde det ei territorial segregering: På slutten av 1930-talet var alle katolikkar drivne frå heimane sine i "blanda område" og "grenseområde" (Farrell 1980: 136-37, 139-40, 146-47).

3.2. Etterkrigstida

Etterkrigstida var prega av dei same konfliktlinene som mellomkrigstida, men den økonomiske krisa som no låg til grunn var av ein annan art: Nedgangen for dei tradisjonelle næringane, lin og skipsbygging, skuldast strukturelle endringar i økonomien og ikkje lenger berre svingingar i den internasjonale etterspurnaden. Talet på sysselsette i linindustrien sakk soleis frå 61 214 til 18 019 i perioden 1950-72 (Marlowe & Palmer 1978: 15). I skipsbyggingsindustrien sakk sysselsetjinga med heile 42 % i perioden 1956-65 (Blades & Scott 1970: 6, hjå Marlowe & Palmer, *ibid.*). I perioden 1949-58 sakk lønsnivået i høve til det britiske med 5,2 % (frå 73,2 % til 68 % av det britiske nivået) (Isles & Cuthbert 1957: 265, hjå Marlowe & Palmer, *ibid.*).¹⁷²

3.2.1. Reformunionisme

Den økonomiske krisa spegla seg av politisk: Partiet "the Northern Ireland Labour Party" (NILP) auka i tilslutnad frå 7,2 % til 26 % av røystene i perioden 1949-62.¹⁷³

Valordninga gjorde likevel at partiet aldri fekk meir enn 4 plassar i Stormont-parlamentet (Elliott 1973: 116). Partiet fekk i stor mon røystene sine frå den protestantiske arbeidarklassa, som tidlegare hadde vori Unionistpartiet sine mest trugne veljarar. Dels på grunn av dette røystetapet og dels på grunn av ei reformrørsle kalla "the New Ulster Movement" innanfor Unionistpartiet sjølv, la partiet seg på ei reformline, som førte til at Terence **O'Neill** avløyste Lord Brookeborough som statsminister i 1962.

3.2.1.1. Økonomiske reformer

Siktemålet med reformene var å minske misnøyet i arbeidarklassa ved å få ned arbeidsløysa. Men det føresette ein meir produktiv økonomi, noko regjeringa freista å få til gjennom rause statlege låne- og stønadsordningar til nytt utstyr i den etablerte industrien på den eine sida og ved å by fram gunstige vilkår for nyetableringar på hi.¹⁷⁴ Soleis vart talet på statssubsidierte industrietableringar dobla i perioden 1965-69 (Ministry of Commerce 1973, hjå Marlowe & Palmer 1978: 18). I perioden 1966-69 var det i gjennomsnitt 25 nye industrietableringar i året,

medan talet på arbeidsplassar i den statsfinansierte industrien steig frå 22,5 % i 1961 til 43,2 % i 1971 (ibid.). På grunn av lokaliseringspolitikken kom denne utviklinga likevel for det meste den protestantiske folkesetnaden til godes. Samstundes slutta den protestantiske arbeidarklassa på ny rekkjene attom Unionistpartiet, noko som mellom anna gav seg uttrykk i at NILP gjekk attende ved vala etter 1962 (Elliot 1973: 116).¹⁷⁵ O'Neill greidde med andre ord å stogge den politiske organiseringa av arbeidarklassa, men dei segmentære skiljelinene mellom protestantar og katolikkar vart utdjupa.

Av di det økonomiske grunnlaget for nyetableringar i det naudsynte omfanget ikkje var til stades i Nord-Irland sjølv, laut ein satse på utanlandske investeringar i stor stil. I perioden 1945-72 var 55,5 % av alle nyinvesteringane i Nord-Irland utanlandske. Dei tilsette 73,5 % av arbeidsstokken.¹⁷⁶ Til samanlikning stod nord-irsk kapital for 40,7 % av investeringane, men berre 12,8 av arbeidsstokken (Ministry of Commerce, op.cit.: 12). Dette speglar av den høge arbeidskraftsintensiteten i den utanlandske industrien samanlikna med den nord-irske: Medan den fyrste auka produktiviteten gjennom automatisering av drifta, gjorde den siste det ved å halde lønene og ferietida nede (Marlowe & Palmer, op.cit.: 21).¹⁷⁷

3.2.1.2. Politiske reformer

Den nye industrien var mindre avhengig av å halde lønene nede gjennom religiøs diskriminering, av di han hadde høgare produktivitet. Men han trong òg nye marknader, noko som kravde eit nærare samarbeid med Den irske republikken. Som motyting laut regjeringa gje Nasjonalistpartiet betre spelerom for opposisjonspolitik. Richard **Rose** hevdar at det ideologiske grunnlaget for O'Neill sin reformpolitikk var ein økonomisk determinisme, der ein gjekk ut frå at økonomisk utvikling ville føre til auka velstand for alle, noko som igjen ville auke regimet sin legitimitet og fjerne grunnlaget for dei religiøse motsetnadene. Politiske reformer og borgarrettar kom difor i andre rekkje (Rose 1971: 275-300). Men Rose si undersøking frå 1971 synte sers små utslag for klasse når det galdt haldningane til regimet.¹⁷⁸ Dei verkelege skilnadene var *innanfor* kvar klasse (ibid.: 281).¹⁷⁹ På dette punktet grev soleis empirien grunnen vekk frå O'Neill sin ideologi. Den økonomiske determinismen gjekk ut frå at regimet kunne kjøpe seg legitimitet frå katolikkane gjennom velferdspolitik. Han føresette at menneska er egoistiske av natur, og såg bort frå at dei òg solidariserer seg med andre i den gruppa dei identifiserer seg med. Meir velferd for større grupper vil korkje styrkje klasseidentiteten eller svekkje dei segmentære skiljelinene.

På hi sida syner oppgåver frå "the Fair Employment Agency" at heller ikkje den materielle ulikskapen mellom segmenta vart borte under O'Neill sitt styre. Ulikskapen vart berre mindre formell, og det vart framsett eit reformprogram med lovnader om slutt på all religiøs diskriminering på bustad- og arbeidsmarknaden. Denne vanten på samsvar mellom ord og handling auka frustrasjonen enno meir, både mellom den katolske intelligentsiaen, som hadde vaksi i styrke på grunn av utdanningsekspløsjonen, og mellom reformvenlege protestantar, som såg dei religiøse motsetnadene som det viktigaste hinderet for eige politisk arbeid (Farrell 1980: 238, 242).

Press både frå folket i Nord-Irland, som hadde vorti stendig meir politisert av ei veksande borgarrettsrørsle, og frå den nytnemnde arbeidarpartiregjeringa i London, fekk O'Neill til å kunngjera eit reformprogram i 1968, der det vart lova å oppnemne ein regjeringskommisjon til å ta seg av bustadformidlinga, å utnemne ein ombodsmann, å ta i bruk eit poengsystem ved tildeling av bustader, å avskaffe "vegen røysterett" og å revurdera delar av "the Special Powers Act". Dette var likevel for lite i ei tid då borgarrettsrørsla alt var i siget (ibid.: 248).

3.2.2. Kampen for borgarrettar

I januar 1964 skipa ei gruppe personar frå den katolske mellomklassa organisasjonen "the Campaign for Social Justice" (CSJ), med sikte på å kjempe mot politisk diskriminering i form av "gerrymandering" og "vegen røysterett" og for å få attende ei valordning med "proporsjonal representasjon". Kampanjen vart stødd av Nasjonalistpartiet, NILP og ei gruppe parlamentsmedlemer i Det britiske arbeidarpartiet (Farrell 1980: 244-45).

3.2.2.1. "The Northern Ireland Civil Rights Association" (NICRA)

Borgarrettsorganisasjonen "the Northern Ireland Civil Rights Association" (NICRA) vart skipa i februar 1967 av CSJ og "the Wolfe Tone Society", som var eit debattforum for tidlegare IRA-medlemer,¹⁸⁰ sosialistar, kommunistar og andre radikale for å finne nye strategiar for mobilisering av dei katolske massane. NICRA fekk på den visen eit breidare politisk grunnlag å arbeide på enn CSJ hadde hatt. Organisasjonen retta søkjeljoset både mot politisk og sosial diskriminering, og arbeidde medvite gjennom utanomparlamentariske aksjonar, som massemøte, demonstrasjonsmarsjar, streikar og "sitt ned"-aksjonar (Farrell 1980: 245-46). Eit viktig motiv var å gjera regimet si undertrykking synleg gjennom nye massemedium som fjernsynet. Den fyrste store aksjonen var ein protestmarsj i august 1968 for å stø ein husokkupasjon i den unioniststyrte

byen Dungannon.¹⁸¹ 2 500 menneske hadde møtt opp for å vera med på marsjen, men NICRA lét seg denne gongen overtala av politiet til å avlyse marsjen, av di ein organisasjon kalla "the Ulster Protestant Volunteers" (UPV), leida av den protestantiske pastoren Ian Paisley, hadde tillyst ein motdemonstrasjon på same tid og stad (ibid.). Denne måten å skiple borgarrettsrørsla sine tilskipingar på vart etter kvart eit varemerke på Paisley si politiske verksemd.

3.2.2.2. "People's Democracy" (PD)

Av di borgarrettsdemonstrasjonane vart utsette for stendig meir valdelege åtak, både frå politiet og Paisley sine tilhengarar, gjekk kampen no inn i ein ny fase. Borgarrettsrørsla vart radikalisert, samstundes som ho vann store moralske sigrar gjennom mediedekkinga. "People's Democracy" (PD) vart skipa som ei studentrørsla i Belfast hausten 1968 i protest mot politivaldet, men fekk snøgt forgreiningar i andre nord-irske byar.

PD førte ei meir pågåande line enn NICRA. Dei var bae samde om at O'Neill sitt reformprogram var utilstrekkeleg, men medan NICRA, stødd av Nasjonalistpartiet, ville stogge aksjonane 1 måned for å sjå resultata av O'Neill sin politikk, stod PD på ei konsekvent aksjonsline (Devlin 1970: 110, 112-13). 1. januar 1969 la dei ut på "den lange marsjen" frå Belfast til Derry. Paisley mobiliserte aktivt mot marsjen, og ved Burntollet-brua i utkanten av Derry vart marsjdeltakarane utsette for valdelege åtak, med både passiv og aktiv stønad frå politiet (RUC). Etter marsjen gjekk reservestyrkar frå RUC til åtak på katolske bustadområde i Derry. Desse heldt fram utover våren, og innbyggjarane der bygde til slutt barrikadar for å halde politiet ute.

På den visen vart "Free Derry" skipa: Folket i Derry innleidde ein periode på 3 år med ikkje-samarbeid med dei nord-irske styresmaktene (Farrell 1980: 250-51, 155). Motstanden var framleis ikkje-valdeleg, men politiet sin brutalitet og sekterisme overtydde mange om at ikkje-valdelege middel var utilstrekkelege for å kjempe gjennom reformer. Samanstøytane auka i styrke utover våren og sumaren 1969, då regulære britiske troppar for fyrste gong intervenerte i konflikten. Det tydde samstundes at den nord-irske regjeringa vart gjord irrelevant som utøvar av legitim valdsmakt.

I august 1969 skaut denne utviklinga fart etter at "B Specials" storma og brann ned katolske bustadområde i Belfast, samstundes som folk vart nedskotne i heimane sine. Med det vart folket meir opptekne av væpna forsvar enn borgarrettskamp, og borgarrettsrørsla laut vike

grunnen for IRA. Samstundes laut den britiske regjeringa ta over leidinga av reformprosessen (ibid.).¹⁸²

Borgarrettsrørsla hadde freista å mobilisera på tvers av dei segmentære skiljelinene ved å artikulera nokre ålmenne politiske og sosiale krav: Ein latent interessekonflikt vart med det omgjord til ein manifest målkonflikt med ein organisasjon som skulle fremja desse krava på det politiske planet.¹⁸³ Men i staden for leggja grunnlaget for tingingar, slik det var meint, kom ein inn i ein spiral med stendig hardare konfrontasjonar, der til slutt ikkje-vald som kampform vart avløyst av vald, samstundes som makta gleid ut av hendene på dei lokale styresmaktene og over til regjeringa i London.

3.2.3. Unionistisk reaksjon

Reformene førte til ei høgredreining mellom unionistane. Medan Ian Paisley braut ut og skipa sitt eige parti, "the Protestant Unionist Party", som vann fleire suppleringsval i fyrste halvdel av 1970, vedtok Unionistpartiet sitt årsmøte i april 1969 ein resolusjon mot regjeringa sine bustadreformar, samstundes som O'Neill vart tvinga til å gå av som statsminister (Farrell 1980: 255-56, 272).

"The Ulster Protestant Volunteers" (UPV) hadde vorti skipa av Paisley alt i 1968 for å skiple borgarrettsrørsla sine tilskipingar. Paisley representerte ei ekstrem retning innanfor Unionistpartiet, som legitimerte det protestantiske herredømet i Nord-Irland både ut frå historiske mytar og antikatolsk teologi. Som unionistpolitikar gjekk han ope inn for å diskriminera mot katolikkar på arbeids -og bustadmarknaden, og som kyrkjemann gjekk han i brodden for mønstringar mot økumeniske møte og liberal protestantisk teologi. Som protest mot at den presbyterianske kyrkja tok del i økumeniske samlingar, braut han ut og skipa "the Free Presbyterian Church" i 1951. Denne kyrkja, som med 12 000 medlemmer i dag er det fjerde største protestantiske kyrkjesamfunnet i Nord-Irland, har vori grunnlaget for Paisley si politiske styrkeoppbygging (Bruce 1994: 19). "The Free Presbyterian Church" verka både som informasjonssentral og rekrutteringsgrunn for "the Democratic Unionist Party" (DUP), som vart skipa av Paisley i 1971 (Taylor 1982: 62-63) (sjå nedanfor, kap. 6, punkt 7).

3.2.4. Internering utan rettargang

Då det konservative partiet kom til makta i Storbritannia i 1970, fekk den nord-irske unionistregjeringa britane med seg på å bruke heren som hjelpemiddel ved politiaksjonar mot den

katolske folkesetnaden (Farrell 1980: 273). I august 1971 vart internering av terrormistenkte utan rettargang, der den britiske heren stod for arrestasjonane, innført. Det reiv grunnen vekk frå det den nasjonalistiske folkesetnaden laut ha att av tiltru både til det nord-irske regimet og dei britiske styresmaktene,¹⁸⁴ noko som gav seg uttrykk i arbeidsnedleggingar og i at katolikkar trekte seg frå offentlege verv i stor stil.¹⁸⁵ Samstundes tok 26 000 familiar del i ein skatte- og avgiftsstreik, som vart stødd av heile opposisjonen i det nord-irske parlamentet. I oktober 1971 vart Den nord-irske motstandsørsla ("the Northern Resistance Movement", NRM) formelt skipa for å organisera motstanden. Krava var dei same som i 1969, men forma den sivile ulydnaden hadde teki var ei anna.¹⁸⁶ John **McGuffin** hevdar det var dette som førte til samanbrotet for det nord-irske regimet og til at regjeringa i London tok over det beinveges styret av provinsen 24. mars 1972.¹⁸⁷ Med det hadde NRM fått stetta det fremste av reformkrava sine: Avskaffing av Stormont-parlamentet (McGuffin 1973: 109).

4. Konklusjon

Eg har i dette kapittelet synt korleis den nord-irske staten under det "heimestyret" som vart nedfelt i "the Government of Ireland Act" av 1920 utvikla eit majoritetsstyre etter Westminster-modellen, som i røynda var eit eitpartistyre, av di Unionistpartiet sat med regjeringsmakta åleine frå staten vart skipa til heimestyret vart avskaffa i 1972. Partiet nytta dette maktmonopolet til systematisk diskriminering mot den nasjonalistiske folkesetnaden på religiøst grunnlag. Dei segmentære skiljhelinene vart på den måten utdjupa, medan tillaupta til organisering ut frå klasseinteresser under dei økonomiske krisene på 1930-og 1960-talet vart aktivt kyvde av regjeringa. Skilnaden låg i at medan metoden var aktiv kveiking av religiøs sekterisme på 1930-talet, var han reformpolitikk på 1960-talet. På slutten av 1960-talet voks det fram ei borgarrettsørsla på grunn av vanten på resultat av dei lova reformene. Ho artikulerte dei politiske og sosiale reformkrava med sikte på å føre reformpolitikken inn på rett spor. Men i staden for å vinne atterklang for reformkrava, vart borgarrettsørsla utsett for stendig meir valdelege åtak, og kampen for borgarrettar vart difor meir og meir avløynt av militær konfrontasjon mellom den britiske heren og IRA. Etter at internering utan rettargang vart innført i 1971, og nasjonalistane sette i gang ein skatte-og avgiftsstreik som råka regimet i mellomgolvet, laut den britiske regjeringa innføre beinveges styre frå London i 1972.

KAPITTEL 5: NORD-IRLAND UNDER BEINVEGES BRITISK STYRE 1972-98

1. Innleiing

Beinveges styre frå London tydde at det nord-irske parlamentet vart sett ut av funksjon og at den britiske regjeringa tok over styret av provinsen ved å peike ut ein "Nord-Irland-minister" ("Secretary of State"), som sat i den britiske regjeringa og styrte ved hjelp av 3 "underministrar" ("junior ministers") og eit "Råd" ("Advisory Commission") på 11 nord-irar utpeika av den britiske regjeringa (Haugland 1973: 117-18). Alle nord-irske lover vart vedtekne av Westminster-parlamentet omtrent utan debatt, gjennom "Order in Council" (Hennessey 2000: 10). På den visen vart det sett ein strek over "the Government of Ireland Act" av 1920, slik at berre "the Act of Union" av 1801 regulerte tilhøvet mellom Storbritannia og Nord-Irland.¹⁸⁸ At det udemokratiske Stormont-parlamentet vart avskaffa løyste ikkje demokratiproblemet. Beinveges styre frå London tydde at provinsen ikkje lenger hadde noka folkevald forsamling styresmaktene kunne stillast til ansvar for.

I denne perioden vart borgarrettskampanjen meir og meir avløyst av ein beinveges militær konfrontasjon mellom den britiske heren og IRA. Tingingar for å få i stand ei fredsavtale i 1972 og 1974-75 førte ikkje fram. I 1976 skifta IRA taktikk frå ein offensiv bombekampanje mot militære og industrielle mål til ein lågintensiv utmattingskrig. Samstundes som internering utan rettargang vart avskaffa i 1975, slutta britane å gje internerte status som "politiske fangar", og innleidde i staden ein politikk med kriminalisering av fangane, sjølv om dei hadde vorti dømde etter summariske rettargangar ved juryause domstolar, der det òg vart påvist bruk av tortur for å tvinge fram tilståingar.¹⁸⁹ Fangane svara med å krevja politisk status, og det heile toppa seg med sveltestreiken som kravde 10 fangar livet i 1981. Denne kampen skaffa fangane stor sympati i folket.¹⁹⁰ Sinn Féin, som tala fangane si sak, hadde ein eksplosjonsarta framgang ved vala i tida som fylgde. Det bana vegen for utviklinga fram mot "Langfredagsavtala" i 1998, tufta på prinsippet om maktdeling. Det vart gjort fleire mislukka freistnader på å gjennomføre styreformer som inneheldt element av "konsosiert demokrati"-modellen før Langfredagsavtala vart underteikna.

2. Sunningdale-avtala

Eg skal her berre omtala det fyrste av dei freistnadene som vart gjorde på å gjennomføre konsosiert demokrati i Nord-Irland, nemleg Sunningdale-avtala, av di det var ho som kom nærmast Lijphart sin modell av dei institusjonane som vart sette opp fram til Langfredagsavtala vart underteikna.

”The Northern Ireland Constitution Act”, som vart vedteken av Westminster-parlamentet i juli 1973, inneheldt tre prinsipp for den politiske konstitueringa av provinsen. For det fyrste vart det sokalla ”konsensusprinsippet” fasthaldi. Det tydde at ei endring av Nord-Irland sin konstitusjonelle status berre kunne skje etter samtykke frå fleirtalet av folket der, men fullmakta til å uttala seg på vegner av folkefleirtalet vart no flytt frå Stormont-parlamentet til dei nord-irske veljarane gjennom folkerøysting. So lenge protestantane var i fleirtal tydde det at dei hadde det siste ordet her. Det ligg likevel eit latent trugsmål i den demografiske styrkeforskyvinga, som i dei seinare åra har vori til bate for katolikkane. For det andre skulle det indre styret først inn att gjennom ei ordning som hadde i seg element av konsosiert demokrati. For det tredje skulle ein allirsk dimensjon institusjonaliserast gjennom eit råd, der både regjeringane og parlamenta i Nord-Irland og Republikken Irland var representerte (Hennessey 2000: 11).

2.1. Forsamlinga (“the Assembly”)

Forsamlinga skulle ha 78 medlemer, som skulle veljast av folket gjennom ei ordning med ”single transferable vote” (STV),¹⁹¹ og ho skulle velja ei regjering etter prinsippet om proporsjonalitet. Forsamlinga skulle ha mindre makt enn det gamle Stormont-parlamentet, av di ansvaret for lov og orden skulle liggja hjå den britiske regjeringa (Bratt 1975: 22). Hovudoppgåvene til forsamlinga skulle vera å vedta ei menneskerettsfråsegn, som skulle fylgjast opp gjennom konkrete tiltak mot diskriminering, sikre at Nord-Irland sin konstitusjonelle status som ein del av Storbritannia vart godteken, og skipe eit grunnlag for tiltak mot ”terrororganisasjonar”. Siktemålet var med andre ord å kjøpe legitimitet for den konstitusjonelle ordninga ved hjelp av borgarrettar (Farrell 1980: 306).

72,3% av det nord-irske folket røysta ved valet til Forsamlinga i juni 1973.¹⁹² Sjølv om Sinn Féin ikkje var med, synte resultatet ei klår polarisering av veljarane: UUP under leiding av Brian Faulkner fekk 26,5% av røystene og 22 mandat, medan høgrefløya i UUP under leiding av Harry West, Paisley sitt DUP og William Craig sitt ”Ulster Vanguard Party” (UVP) i alt fekk 35,4% og 25 mandat. Det gav eit samla unionistisk fleirtal på 61,9%. På hi sida fekk SDLP,¹⁹³

som var åleine om å representera det nasjonalistiske segmentet, 22,1% og 19 mandat.

Alliansepartiet (AP) og NILP, som såg seg sjølve som ikkje-segmentære sentrumsalternativ, var dei klåre taparane, med høvesvis 9,2% og 4,4% av røystene, som gav 8 og 1 mandat (ibid.: 308).

2.2. Regjeringa ("the Executive")

I november 1973 vart UUP, SDLP og AP samde om å skipe regjering med 7 medlemmer frå UUP, 6 frå SDLP og 2 frå AP, med Faulkner som statsminister og SDLP-leidaren Gerry Fitt som visestatsminister (Hennessey 2000: 12). Ho fekk med det eit parlamentarisk fleirtal på 29 mandat. Fleirtalet av regjeringsmedlemer kom soleis frå parti som representerte kvart av dei to segmenta, med ei lita overvekt for det unionistiske segmentet og med AP som tunga på vektskåla.

Regjeringa stetta soleis Lijphart sitt krav om storkoalisjon, men ho stetta ikkje kravet om proporsjonalitet, av di tri parti, som saman hadde eit fleirtal av både veljarane og mandata frå det unionistiske segmentet attom seg, ikkje tok del i regjeringssamarbeidet. Med det vart heller ikkje Lijphart sitt krav om at dei politiske leidarane lyt ha tilslutnad frå veljarane i sitt eige segment stetta. Vidare var prinsippet om gjensidig veto ikkje gjennomført, slik at unionistane kunne votera ut nasjonalistane både i regjeringa og forsamlinga. "The Executive" var med andre ord tufta på ei sers skøyr blanding av konsosiert demokrati og majoritetsdemokrati. Det var òg eit problem at ein viktig del av det nasjonalistiske segmentet ikkje var representert i Forsamlinga i det heile, av di Sinn Féin hadde boikotta valet.

2.3. Rådet ("the Council of Ireland")

På Sunningdale-konferansen i desember 1973 vart dei tri koalisjonspartia samde med den britiske og irske regjeringa om eit allirsk råd ("the Council of Ireland"), samansett av eit ministerråd ("the Council of Ministers") på 7 medlemmer med både rådgjevande og utøvande funksjonar frå den irske og den nord-irske regjeringa, og ei rådgjevande forsamling ("the Consultative Assembly") med 60 medlemmer frå dei folkevalde forsamlingane i kvar av dei to delane av Irland. Alle vedtak i rådet laut vera samrøystes. Her vart soleis prinsippet om gjensidig veto gjennomført. Rådet skulle fyrst og fremst ta seg av samarbeid i økonomiske og sosiale spørsmål, men det skulle òg konsulterast ved tilsetjingar i politietaten til dei to statane. Som motyting laut den irske regjeringa intensivera tryggingstiltaka mot IRA og godta konsensusprinsippet for Nord-Irland. Det tydde ei de facto godkjenning av delinga av Irland (Farrell 1980: 311).

For unionistane var den største støytasteinen at rådet kunne få utvida utøvande funksjonar gjennom vedtak med simpelt fleirtal i forsamlinga, noko dei såg som kimen til ei allirsk regjering (Hennessey 2000: 13-15). Avtala førte til kløyving av UUP, då eit partimøte røysta ho ned i januar 1974, samstundes som Faulkner vart kasta som partileidar til føremon for den meir ytarleggåande Harry West. Dette var samstundes eit mistillitsvotum til koalisjonsregjeringa, som hadde trådt i funksjon 1. januar. Faulkner, som framleis var statsminister og leidar for UUP si gruppe i Forsamlinga, braut då ut og skipa "the Unionist Party of Northern Ireland" (UPNI), som ville halde fram med regjeringssamarbeidet. På hi sida gjekk UUP saman med UVP og DUP i ei blokk under namnet "the United Ulster Unionist Council" (UUUC), som sette seg som mål å styrte koalisjonen. UUUC kom på offensiven ved at dei fekk 11 av dei 12 nord-irske plassane ved valet til Westminster-parlamentet i februar. I april fremja dei krav om at den britiske regjeringa skulle kaste både koalisjonsregjeringa og det allirske rådet og skrive ut nyval (Farrell, op.cit.: 315-17).

2.4. UWC-streiken

"The Ulster Workers' Council" (UWC), som var ei samanslutning av fagforeiningar i den lojalistisk¹⁹⁴ dominerte nykelindustrien sette i gang generalstreik 13. mai 1974, av di Forsamlinga vraka kravet frå UUUC. UWC skipa ein samordningskomité i lag med dei tri UUUP-leidarane Craig, Paisley og West, og dei lojalistiske paramilitære gruppene. Det som gjorde streiken effektiv var nettopp denne koordineringa mellom UWC, som tok seg av dei administrative oppgåvene, og dei paramilitære, som sytte for at streiken vart effektiv på gatenivå (Farrell 1980: 317-18).¹⁹⁵ Vidare var det avgjerande at lojalistane lett kunne setja livsviktige samfunnsområde ut av funksjon ved at dei var i fleirtal mellom dei faglærte arbeidarane (Fisk 1974: 55-63, 73-74).¹⁹⁶ Den offisielle fagrørsla sin freistnad på koma regjeringa til hjelp gjennom ein demonstrasjonsmarsj under slagordet "Back to work!" mislukkast (ibid.: 14-15).¹⁹⁷ Krysspresset som fylgd av dei kryssande konfliktlinene mellom krava frå fagrørsla, som dei fleste av dei lojalistiske arbeidarane høyrde til, og den segmentære gruppesolidariteten greidde soleis ikkje å nøytralisera effekten av streiken. Eit av Lijphart sine gunstige vilkår for konsosiert demokrati var med det ikkje til stades (sjå ovanfor, kap. 2, pkt. 4.4)

Regjeringssamarbeidet braut i hop etter 14 dagar med streik, og med det òg den fyrste freistnaden på maktdeling i Nord-Irland (ibid.: 222). UWC fekk stetta kravet om vraking av Sunningdale-avtala, men ikkje kravet om nyval. I staden vart det beinveges styret frå London innført att, samstundes som RUC og UDR tok over ein stor del av tryggingsoppgåvene frå den britiske heren. På den visen fekk likevel UUUC eit av dei viktigaste krava stetta (ibid.:280-30).¹⁹⁸

3. Den anglo-irske avtala ("the Anglo-Irish Agreement", AIA)

Vanten på framgang i arbeidet med å få til ei ordning med maktdeling kombinert med ein "irsk dimensjon" gjorde at SDLP-leidaren John Hume¹⁹⁹ vende seg til regjeringa i Den irske republikken med sikte på å få til ei ordning utan å gå vegen om dei nord-irske partia. Den irske statsministeren Charles Haughey tok spørsmålet opp med Margaret Thatcher, og i 1981 vart dei to statsministrane samde om å skipe "the Anglo-Irish Intergovernmental Council" (AIIC), som skulle møtast regelbunde på ministerplan (Arthur: 143-44).

I 1984 skipa SDLP og dei tri største partia i Republikken²⁰⁰ "the New Ireland Forum", som skulle arbeide for eit sameint Irland med demokratiske middel. Forumet kom med tri framlegg om løysing av konflikten. Det var framlegget om delt styre mellom den irske og den britiske regjeringa, der den utøvande makta skulle liggja hjå ein kommisjon utnemnd av dei to regjeringane, som låg til grunn for AIA (Hennessey 2000: 24-25).²⁰¹

Avtala vart underteikna av den irske og den britiske regjeringa etter Hillsborough-tingingane i 1985. Ho hadde som føremål å "minske kløyvinga der [i Nord-Irland] og nå fram til varig fred og stabilitet", samstundes som "rettane til dei to hovudtradisjonane i Irland" vart godkjende (Stationary Office 1985: 1).

Artikkel 1 slog fast konsensusprinsippet, men òg at dei to regjeringane ville "leggja fram og stø den lovgjevinga som set dette ynskjet ut i livet" [...] dersom ein majoritet av folket i Nord-Irland i framtida klårt ynskjer og gjev samtykke til skipinga av eit sameint Irland" (1c) (ibid.: 3).²⁰² Dette punktet vekte serleg sterke reaksjonar mellom unionistane.

Artikkel 2 institusjonaliserte AIIC, ved at rådet no skulle koma saman regelbunde for å handsama spørsmål som har å gjera med "Nord-Irland og tilhøva mellom dei to delane av øya Irland" innanfor områda politikk, tryggleik, rettsvesen og samarbeid over grensa (2a). Artikkelen ekspliserte jamvel at "den irske regjeringa kan leggja fram synspunkt og framlegg når det gjeld spørsmål som vedkjem Nord-Irland innanfor konferansen sitt verkeområde [...]" (2b) (ibid.:4).

Artikkel 3 slog fast at regelbundne møte skulle haldast på ministerplan og at det skulle skipast eit sekretariat til å setja konferansen sine vedtak ut i livet (ibid.: 5). Det tydde at eit iverksetjingsorgan, der den irske regjeringa kunne påverke dei politiske vedtaka, vart institusjonalisert. Eit av dei punkta unionistane hadde reagert mest mot i Sunningdale-avtala, vart på den visen innført bakvegen.

Artikkel 4 opna for maktdeling som grunnlag for representative politiske institusjonar i Nord-Irland når det heitte at institusjonane laut vera tufta på ”samarbeid mellom dei konstitusjonelle representantane for både tradisjonane i Nord-Irland”, men han gjekk enno eit steg lenger og gav den irske regjeringa rådgjevande status i spørsmål som galdt den katolske minoriteten sine interesser i slike institusjonar (4c) (ibid.: 6). Unionistane reagerte mot at den irske regjeringa på denne måten fekk avtalefesta rett til å blande seg inn i nord-irske tilhøve.²⁰³

Initiativet som førte fram til avtala var fyrst og fremst motivert av frykta for den sterke framgangen Sinn Féin hadde hatt ved dei siste vala.²⁰⁴ For både SDLP og dei to regjeringane var det om å gjera å kunne syne til resultat når det galdt arbeidet med å få den fastlæste stoda ut av daudvatnet. Strategien var vellukka, av di SDLP kunne syne til ein jamn valframgang på Sinn Féin sin kostnad etter at avtala vart underteikna.²⁰⁵ SDLP var òg det partiet som stødde avtala mest vilkårslaust. Sinn Féin-leidaren Gerry Adams omtalar på si side avtala som ”ein historisk freistnad frå dei etablerte regima i Irland og Storbritannia på å kyve den irske republikanske rørsla” (Adams 1995: 194). Likevel gjorde Sinn Féin lite for å skiple avtala. Dei unionistiske partia fordømde avtala, boikotta dei lokale politiske organa og oppmoda til sivil ulydnad, samstundes som representantane deira drog seg attende frå Westminster-parlamentet (Arthur 1987: 563). Det kom likevel ikkje til nokon streikeaksjon av det slaget ein hadde i 1974.

Dei allirske institusjonane AIA stipulerte var mindre forpliktande enn det allirske rådet i Sunningdale-avtala.²⁰⁶ På hi sida opna avtala for indre sjølvstyre i Nord-Irland dersom det vart godteki av folket. På den måten kom ho til å verke som eit press på unionistane for å nå fram til semje med nasjonalistane om maktdeling. Med det vart òg grunnlaget lagt for den prosessen som skulle føre fram til Langfredagsavtala i 1998.

4. Fredsprosessen

Det som sermerkte den politiske utviklinga i Nord-Irland etter Den anglo-irske avtala var for det fyrste at unionistane jamt over var prega av meir realistiske haldningar når det galdt maktdeling som føresetnad for indre sjølvstyre, og for det andre at Sinn Féin sa seg interessert i å vera med i ei slik ordning. Motsetnadene har fyrst og fremst dreidd seg om kva for vilkår som skulle knyte seg til Sinn Féin si deltaking.

Initiativet til å få Sinn Féin med i den politiske prosessen vart teki i 1988, då SDLP-leidaren John Hume opna for beinveges samtaler med Sinn Féin. Sinn Féin-leidaren Gerry Adams svara med idéen om ein ”nasjonal konsensus”, det vil seia ein sams strategi mellom

Sinn Féin, SDLP og Fianna Fáil for eit sameint Irland. I tingingane som fylgde kom det fram meiningsmotsetnader mellom Sinn Féin og dei to andre partia når det galdt konsensusprinsippet. For Sinn Féin var dette prinsippet det same som å godta eit unionistisk veto over Nord-Irland sin konstitusjonelle status. I staden kravde dei at britane skulle setja ein dato for når dei ville dra seg attende frå Nord-Irland. Sinn Féin ynskte å skipe ein nasjonal front som grunnlag for ein antiimperialistisk kampanje. Til grunn for denne meiningsskilnaden låg ulikt syn på om den britiske regjeringa hadde interesser i Irland. Medan Sinn Féin meinte ho hadde slike interesser, meinte SDLP at AIA synte det motsette (Hennessey 2000: 40-47).

Unionistane kjende seg maktlause etter at AIA hadde skipa politiske organ dei korkje kunne ta del i eller aksjonera mot. Dette vart sannkjent i eit sams utkast til irsk-britisk avtale frå UUP og DUP, som gjekk inn for desentralisering av makt og ei betring av tilhøvet mellom Nord-Irland og Republikken. Dei sette likevel som vilkår for ei tilnærming at artikkane 2 og 3 i den irske grunnlova (kap. 3, pkt. 10.5) vart endra. Denne aktiviteten mellom nord-irske politikarar fekk dei britiske Nord-Irland-ministrane Peter Brooke og Patrick Mayhew til å ta initiativet til nye tingingar, der både dei nord-irske partia og den irske regjeringa tok del (Hennessey 2000: 55-59; 64-65).

4.1. Hume-Adams-fråsegna

I 1992 gav Sinn Féin ut dokumentet "Towards a Lasting Peace in Ireland", der partiet bad den britiske regjeringa godkjenne sjølvråderetten til det irske folket, gjera ende på delinga av Irland, føre over makt til ei demokratisk vald allirsk regjering, øve innverknad på unionistane for å få dei til å godta dette målet og søkje å nå fram til semje med den irske regjeringa om å avslutte delinga av Irland (Adams 1995: 209).²⁰⁷ Det la igjen grunnen for ei sams fråsegn frå dei to partileidarane Hume og Adams i april 1993, der dei framheva prinsippet om nasjonal sjølvråderett for det irske folket, samstundes som dei godtok at denne retten berre kunne setjast i verk dersom det var semje om det i heile det irske folket (Adams 1995: 215). Etter Hennessey tydde dette i røynda at Sinn Féin godtok håtten i SDLP sitt program. Likevel var definisjonen dei to partia hadde av omgrepet "nasjonal sjølvråderett" ulik: Medan Hume tala om den irske nasjonen som eit kløyvd *folk*, tala Adams om han som eit kløyvd *territorium* (Hennessey 2000: 77-78).

4.2. "Downing Street"-fråsegna

"Downing-Street"-fråsegna,²⁰⁸ som vart undertiekna av den irske og britiske statsministeren (Albert Reynolds og John Major) i desember 1993, var ein freistnad på å ta att initiativet frå Hume og Adams. Den britiske regjeringa sa frå at ho ikkje hadde noka strategisk eller økonomisk interesse av å vera i Nord-Irland, men heldt likevel fast på at ho hadde ei politisk interesse i å halde på unionen. I staden for å freiste å overtala unionistane til å godta eit sameint Irland, ville ho "gje kveik til, lette og gjera mogleg ei semje over tid gjennom ein prosess med dialog og samarbeid tufta på full vyrdnad for rettane og identitetane til bae dei to tradisjonane i Irland." Samstundes sannkjende ho at ei slik semje kunne føre til "strukturar dei vart samde om for heile øya, medrekna eit sameint Irland, oppnådd med fredelege middel. Den britiske regjeringa godkjende vidare "Irland sin rett til å setja sjølvråderetten ut i livet på grunnlag av konsensus" dersom det skjer "gjennom avtale mellom dei to delane" (HMSO 1993: 3). Med det gjekk den britiske regjeringa langt i å sannkjenne sjølvråderetten til det irske folket, samstundes som konsensusprinsippet vart understreka. Den irske regjeringa godtok konsensusprinsippet ved å seia at "den demokratiske sjølvråderetten for det irske folket i sin heilskap lyt vinnast og praktiserast med semje og samtykke frå fleirtalet av folket i Nord-Irland" og lova samstundes å gjera framlegg om å endre artikkane 2 og 3 i den irske grunnlova (ibid.: 4-5).²⁰⁹ Bae regjeringane ville freiste "i lag med dei konstitusjonelle partia i Nord-Irland, gjennom ein prosess med politisk dialog, å skipe institusjonar og strukturar som [...] vil setja dei i stand til å samarbeide på alle område av sams interesse." Slike strukturar skulle òg "omfatte institusjonell godkjenning av dei serskilde banda mellom folka i Storbritannia og Irland" (ibid.). Her vart det soleis opna både for nord-irske institusjonar tufta på maktdeling og for eit institusjonalisert anglo-irsk samarbeid.

Sinn Féin helsa "Downing Street"-fråsegna velkomen som "eit steg vidare i fredsprosessen". Gerry Adams peika på det positive ved at fråsegna sette sjølvråderetten på dagsordenen. I august 1994 sende Hume og Adams ut ei sams fråsegn der dei uttala seg optimistisk på vegner av fredsprosessen, samstundes som dei streka under den britiske regjeringa sitt ansvar "både når det galdt demilitarisering og hjelp til arbeidet for eit samd Irland ved å skuve på den nasjonale forsoningsprosessen". Dette fekk den irske statsministeren Albert Reynolds til å koma med framlegg om "full demilitarisering og full deltaking frå alle parti på like vilkår i samtaler som fører til ei omfattande politisk løysing" (Adams 1995: 220-222). To dagar etter kunngjorde IRA våpenkvild etter oppmoding frå Sinn Féin. Målet var å nå fram til ein "nasjonal konsensus" med den irske regjeringa og SDLP om ei sams politisk

plattform.²¹⁰ I tida som fylgde vart det den nye lina til Sinn Féin som gav opphavet til den fyrste alvorlege meiningsmotsetnaden mellom den britiske regjeringa og unionistane på den eine sida og den irske regjeringa og SDLP på hi: Medan dei fyrste ikkje ville la Sinn Féin ta del i dei politiske tingingane før IRA hadde byrja å levera inn våpna, meinte dei siste at IRA si våpenkvild ville bli varig berre Sinn Féin kom med i tingingane (Hennessey 2000: 87).

Mellom unionistane stødde UUP "Downing Street"-fråsegna, men dei ynskte ei nord-irsk forsamling fast etablert før tingingar vart igangsette om samarbeid med Republikken. På hi sida vart fråsegna fordømd av DUP (Hennessey 2000: 90-92).²¹¹

4.3. "Frameworks for the future"

I februar 1995 offentliggjorde den britiske og den irske regjeringa to dokument med namnet "Frameworks for the Future". I innleiinga vart det presisert at målet for Nord-Irland-politikken var å få til ei ordning som omfatta tri dimensjonar: Indre sjølvstyre for Nord-Irland, Nord/Sør-samarbeid mellom Nord-Irland og Republikken og Aust/Vest-samarbeid mellom Storbritannia og Republikken. Ei slik ordning skulle koma i stand på grunnlag av dei prinsippa som vart nedfelte i "Downing Street"-fråsegna og ut frå vidare tingingar med dei politiske partia i Nord-Irland og den irske regjeringa. For å sikre at resultatet vart stødd av eit fleirtal i folket, skulle det leggjast fram til folkerøysting i Nord-Irland og Republikken (GUK 1995: v).

Dokumenta gjorde framlegg om ei rad institusjonar sydde etter lesten til Lijphart sin "konsosiert demokrati"-modell. Ei lovgjevande folkevald forsamling på 90 medlemmer skulle skulle supplerast av eit folkevalt panel på 3 personar, som òg skulle nominera komitéformennene på ein slik måte at det spegla av partifordelinga i forsamlinga.

Proporsjonalitetsprinsippet vart teki vare på gjennom partifordelinga i komitéane og samansetjinga av kabinettet, prinsippet om storkoalisjon gjennom dei utøvande organa og prinsippet om gjensidig veto, ved at nominasjonane av komitéformennene skulle skje ved samrøystes vedtak i panelet og kvalifisert fleirtal i forsamlinga (Lijphart 1996: 270-72).

Det skulle skipast to Nord/Sør-organ, eit for regjeringane og eit for parlamentsmedlemene i dei to statane. Regjeringsorganet skulle møtast reglebunde og ha både rådgevande, harmoniserande²¹² og utøvande²¹³ funksjonar. Organa skulle ein administrativ stab, og ha i seg ein indre dynamikk som gjorde det mogleg å utvide funksjonane til stendig nye område. Det skulle òg skipast eit Aust/Vest-organ i form av ein fast konferanse mellom den britiske og den irske regjeringa, som skulle handsame dei saksområda som ikkje hadde vorti overførte til dei nord-irske sjølvstyreorganane. Dersom det nord-irske sjølvstyret braut

saman, skulle konferansen halde fram og stendig utvide mandatet sitt (GUK 1995: 32-34). Dette laut oppfattast som eit press på unionistane for å samarbeide i maktdelingsorgana og Nord/Sør-samarbeidet, og dokumentet vart som venta skarpt kritisert av UUP. Partiet kritiserte serleg dei sterke Nord/Sør-organa og at dokumenta ikkje nemnde noko om artikkane 2 og 3 i den irske grunnlova (UUP 1995.: 1-2). Sinn Féin ynskte på si side å gå i gang med dei allirske organa straks, og kravde ei aktiv haldning frå den britiske regjeringa for å fjerne det unionistiske vetoet i nord-irsk politikk (Hennessey 2000: 98-99).²¹⁴

4.4. Mitchell-tingingane

”Framework”-dokumenta la grunnlaget for nye tingingar mellom dei politiske partia i Nord-Irland, men ein laut søkje amerikansk hjelp for å få koma ut av dei fastlåste posisjonane i spørsmålet om innleveringa av IRA sine våpen. I januar 1996 la den amerikanske senatoren George Mitchell fram ein rapport som konkluderte med at ein heller skulle krevja at våpeninnleveringa frå IRA skjedde medan tingingane gjekk føre seg enn før dei kom i gang. I staden skulle ein krevja at partane tok fråstand frå vald som middel til å løyse politiske spørsmål og avvæpning av alle paramilitære organisasjonar under oppsyn av ein uavhengig kommisjon (Hennessey 2000: 100-01).

I 1996 kom ei folkevald forsamling på 110 medlemer, det sokalla ”dialogforumet”, saman for å velja delegatar til tingingar om ei politisk avtale, men Sinn Féin fekk berre ta plassane sine i forumet dersom IRA kunngjorde ny våpenkvild (Hennessey 2000: 101-02). Sinn Féin vart det nest største partiet i den nasjonalistiske blokka ved valet til forumet med 17 plassar (21 til SDLP) (Elliott & Flackes 1999: 575, 579-80).²¹⁵ Det var fyrst då Tony Blair hadde avløyst John Major som britisk statsminister i mai 1997 at IRA kunngjorde våpenkvild,²¹⁶ og i september slutta Sinn Féin seg til prinsippa i Mitchell-rapporten. Om lag samstundes sende den britiske og irske statsministeren ut ei sams fråsegn der dei baud inn partia i dialogforumet til samtaler, der siktemålet var å ”nå fram til ei ny og varig avtale som tok føre seg heilskapen av tilhøve som krev samtykke frå både unionistar og nasjonalistar” (Hennessey 2000: 109). Tingingane tok til i januar 1998 under leiding av George Mitchell. DUP heldt seg unna, av di dei synte til ”Frameworks”-dokumenta som prov på at tingingane hadde eit sameint Irland som planlagt utgang (ibid.: 113-14). Tingingane tok opp dei tri dimensjonane som vart staka ut i ”Frameworks”-dokumenta, forutan konstitusjonelle spørsmål, som artikkane 2 og 3 i den irske grunnlova.²¹⁷ Mitchell sette fristen for å verte ferdig til 9. april (ibid.: 160). Det var desse tingingane som førte fram til Langfredagsavtala av 1998.

4.5. "Langfredagsavtala" ("the Belfast Agreement")

Langfredagsavtala vart formelt inngått mellom den irske og den britiske regjeringa 10. april 1998 og underteikna av alle som hadde teki del i dialogforumet. Dei to regjeringane forplikta seg til å leggja fram avtala til folkerøysting i både Nord-Irland og Republikken, dersom ho vart sanksjonert av parlamenta der. Ho kom då i staden for Den anglo-irske avtala av 1985 (Art. 3 (1)) (GUK & GI 1998: 25-26, 28-29). Det skulle haldast serskild folkerøysting i Republikken om endring av artikkane 2 og 3 i den irske grunnlova (Art. 4 (1a)). Avtala var oppbygd kring 6 tema: Konstitusjonelle prinsipp, politiske institusjonar, rettar, garantiar og like sjansar, våpeninnlevering, tryggleik, politi- og rettsvesen og fangar. Dei politiske institusjonane er oppbygde kring dei 3 dimensjonane som vart drøfta i tingingane: Nord-irske organ, allirske organ (Nord/Sør-organ) og britisk-irske organ (Aust/Vest-organ). Av di det er haldningane til dei nord-irske organa, og den maktdelingsordninga dei institusjonaliserer, som er den avhengige variabelen i analysemodellen, skal eg leggja hovudvekta på desse organa i presentasjonen av avtala.

4.5.1. Konstitusjonelle prinsipp

Avtala kneset konsensusprinsippet, som gjer spørsmålet om nasjonal tilknytning avhengig av folkefleirtalet. Med det vert dette spørsmålet ikkje lenger eit konstitusjonelt prinsipp. Sjølvråderetten til det irske folket vert sannkjend, og det vert stadfest at heile folket på den irske øya kan nyte godt av han. Denne retten gjeld likevel ikkje fullt ut, av di dette berre kan skje med samtykke frå fleirtalet av folket i Nord-Irland (1(ii)), samstundes som det vert fastslegi at fleirtalet av folket i Nord-Irland i dag ynskjer å halde oppe unionen med Storbritannia (1(iii)). Avtala søker likevel å vega opp dette ved å slå fast prinsippa om likskap når det gjeld politiske, sosiale og kulturelle rettar, fridom frå diskriminering og lik og rettviss handsaming av identiteten, livssynet og aspirasjonane til baa dei to samfunna (1(v)). Folket i Nord-Irland vert dessutan tilkjent retten til å identifisera seg som, og verte godkjent som, irar eller britar, og fritt å halde både britisk og irsk statsborgarskap (1(vi)) (GUK & GI 1998: 2).

I eit tillegg vert det gjort framlegg til lovendringar der konsensusprinsippet vert innlemma i det britiske lovverket, samstundes som "the Government of Ireland Act 1920" vert oppheva (Annex A). Samstundes seier den irske regjeringa seg viljug til å endre artikkane 2 og 3 i grunnlova, slik at artikkel 2 ikkje lenger uttrykkjer eit territorialkrav, men i staden retten til

alle som er fødte på den irske øya til å velja irsk statsborgarskap, medan artikkel 3 uttrykkjer viljen til sameining av alle som deler det irske territoriet, samstundes som konsensusprinsippet vert stadfest (Annex B) (ibid.: 3-4). Med det vert skiljet mellom stat og nasjon nedfelt i den irske grunnlova (Hennessey 2000: 174).

4.5.2. Nord-irske institusjonar

Avtala set opp institusjonar med både lovgjevande og utøvande funksjonar. Den lovgjevande makta ligg hjå Forsamlinga ("the Assembly") på 108 medlemmer, som vert vald av folket med STV (1-3). Lijphart sitt prinsipp om gjensidig veto vert teki vare på ved at viktige vedtak lyt ha tilslutnad frå baa segmenta, anten gjennom parallell konsensus²¹⁸ eller eit kvalifisert fleirtal på 60%, forutan minst 40% tilslutnad frå unionistane og nasjonalistane kvar for seg (5d (i) og (ii)). På hi sida kan forsamlinga vedta lover med simpelt fleirtal i mindre viktige saker (26b) (GUK&GI: 1998: 5-6).

Ei regjering ("the Executive Committee") på 10 ministrar har ansvaret for dei utøvande funksjonane på vegner av Forsamlinga. Kvar minister leier eit departement, medan regjeringa vert leida av ein statsminister ("First Minister") og ein visestatsminister ("Deputy First Minister") som skal koma frå kvart segment og dela det politiske ansvaret (14-17) (GUK & GI 1998: 25-26). Både prinsippet om storkoalisjon og proporsjonalitetsprinsippet ligg til grunn for samansetjinga av regjeringa, det vil seia at baa segmenta skal vera representerte etter partistyrken i Forsamlinga. Til departementa skal det dessutan knytast komitéar med overvakande, politikktviklande og rådgjevande funksjonar (8-9). Budsjetframlegga frå regjeringa skal gjennomgåast av komitéane på eit tverrsegmentært grunnlag før dei vert framlagde for Forsamlinga (20) (ibid.: 6-7).

3 av Lijphart sine 4 kjenneteikn på konsosiert demokrati er soleis til stades i avtala, nemleg storkoalisjon, gjensidig veto og proporsjonalitet. Likevel vert prinsippet om gjensidig veto utvatna ved at det berre skal gjelde i "viktige saker", som ikkje vert nærare definerte. Det gjev det unionistiske fleirtalet veto ved vanlege avrøystingar. For å stette kravet om proporsjonalitet lyt alle medlemene av forsamlinga gje opp ein av dei tri identitetane "nasjonalistisk", "unionistisk", eller "annan" (6) (ibid.: 6). På den måten gjer avtala at segmenteringa av det nord-irske samfunnet vert styrkt: Segmentær tilknytning vert viktigare enn partitilknytning, medan politiske alliansar på tvers av segmenta vert vanskelegare. Prinsippet om segmentær autonomi er på hi sida ikkje med i avtala. Lijphart (1996: 272) hevdar dette ikkje

spelar noka rolle, av di prinsippet langt på veg er gjennomført gjennom segregeringa i det nord-irske skuleverket. Det vi kan slå fast er at ”konsosiert demokrati”-modellen er sterkare til stades i Langfredagsavtala enn i Sunningdale-avtala av 1973, og langt sterkare enn i nokon av dei andre andre institusjonane som har vori skipa i Nord-Irland i ettertida. Ho gjev difor det beste utgangspunktet for ein valid test av modellen.

4.5.3. Nord/Sør-institusjonar

Den allirske dimensjonen er nedfelt i eit råd (”North/South Ministerial Council”) som er samansett av regjeringsmedlemer frå Nord-Irland og Republikken, og skal møtast i plenum to gonger i året. Rådet skal i fyrste rekkje vera rådgjevande, men det fær utøvande funksjonar i saker av sams interesse for dei to statane (1, 3 i, ii).²¹⁹ Rådsmedlemene skal stå til ansvar for sine eigne parlament, som òg lyt godkjenne vedtak som går ut over rådsmedlemene sine fullmakter (6) og ei eventuell vidareutvikling av Nord/Sør-samarbeidet (12). Det gjev i røynda den unionistiske majoriteten i den nord-irske forsamlinga vetorett mot avgjerder på allirsk grunnlag. Det allirske ministerrådet og den nord-irske forsamlinga føreset einannan (13). Rådet skal ha eit fast sekretariat av folk frå embetsverket i dei to statane (16) (GUK & GI 1998: 11-13). Dette kunne tolkast som eit iverksetjingsorgan av same slaget som vart nedfelt i artikkel 3 i Den anglo-irske avtala, og som var mellom dei punkta unionistane reagerte sterkast mot ved denne avtala. Det som mildna reaksjonane denne gongen var truleg det unionistiske vetoet i Rådet. Det vert heller ikkje institusjonalisert noka allirsk forsamling, som i Sunningdale-avtala.²²⁰ Alt i alt er difor den allirske dimensjonen veikare enn i Sunningdale-avtala.

4.5.4. Britisk-irske institusjonar

Aust/Vest-dimensjonen vert teken vare på gjennom eit britisk-irsk råd og ein britisk-irsk regjeringskonferanse. Det britisk-irske rådet (”the British-Irish Council”) vert ihopsett av målsmenn for regjeringane i dei to landa og for dei regionale styresmaktene i Nord-Irland, Skottland, Wales, Man og Kanaløyane (1, 2)). Prinsippet om gjensidig veto gjeld for avgjerder om sams politikk og måten han vert gjennomført på (7). Rådet skal ha eit sekretariat av målsmenn frå dei to regjeringane og kvar av dei regionale styresmaktene (10) (GUK & GI 1998: 14). Den britisk-irske regjeringskonferansen (”the British-Irish Intergovernmental Conference) kjem i staden for dei institusjonane som vart skipa i Den anglo-irske avtala i 1985 (1). Han er samansett av regjeringsmedlemer frå dei to landa og har til føremål å fremja irsk-britisk samarbeid på alle

nivå i saker av sams interesse (2, 3). Prinsippet om gjensidig veto gjeld på regjeringsplan, ved at avgjerder berre kan fattast med samtykke frå båe regjeringane (4). Den irske regjeringa si spesielle interesse i Nord-Irland vert sannkjend ved at det skal haldast regelbundne møte der den irske regjeringa kan koma med synspunkt og framlegg i nord-irske saker (5) (ibid.: 15).²²¹

4.5.5. Andre punkt i avtala

Avtala garanterer politiske, sosiale og økonomiske rettar. Retten til fridom frå sekterisk trakassering vert spesielt nemnd (1). Den européiske menneskerettskonvensjonen skal innlemast i det nord-irske lovverket, og domstolane sjå til at lovene Forsamlinga vedtek er i samsvar med konvensjonen (2) (GUK & GI 1998: 16-18).²²² På det viset vert ein del grunnleggjande rettar heva over parlamentsvedtak. Avtala sannkjenner vidare verdet av språkleg mangfald, og nemner serskilt irsk og ulsterskotsk (3). Tiltak som vert nemnde er økonomisk stønad til film- og fjernsynsproduksjon på irsk mål (4).²²³ Avtala sannkjenner òg dei kjenslene som er tilknytte bruken av symbol og emblem til offentlege føremål, og lovar ”å skipe nye institusjonar som skal sikre at slike symbol og emblem fremjar gjensidig vyrdnad i staden for kløyving” (5) (GUK & GI 1998: 19-20). Her vert det tydeleg sikta til den årlege striden om Oransjeordenen sine paradar gjennom katolske bustadområde.

Dei siste avsnitta tek føre seg våpeninnlevering (”decommissioning”), tryggingsspolitikk, politi og rettsvesen og lauslating av fangar. I avtala forpliktar partane seg til full avvæpning av alle paramilitære organisasjonar (1),²²⁴ samstundes som dei stadfester viljen til å halde fram å samarbeide med Den uavhengige våpeninnleveringskommisjonen (3) (jrf. pkt. 4.4.) (GUK & GI 1998: 20).²²⁵ Den britiske regjeringa lovar på si side å trappe ned tryggingstiltaka ettet kvart som trugsmåla minskar (2) (GUK & GI 1998: 21). Det var dette punktet som skulle syne seg å skapa dei største problema etter at makt-delingsorgana var på plass. Dei unionistiske regjeringsmedlemene trekte seg fleire gonger frå samarbeidet av di dei skulda IRA for å trenera våpeninnleveringa.

I ljøs av Nord-Irland si nære historie og politiet si rolle som part i konflikten under kampane om borgarrettar og domstolane si tvilsame rolle på 1960-70-talet, låg det i korta at det kapitlet som omhandlar politi og rettsvesen ville føre til mykje debatt. Avtala legg vekt på at ”politiet må ha tilslutnad frå heile samfunnet” (1), og går inn for at det vert skipa ein uavhengig kommisjon som skal finne ordningar som gjer det mogleg for politiet å vinne breid stønad i lokalsamfunnet (3). Rettsvesenet skal vera upartisk og ha tillit frå alle delar av samfunnet (4) (GUK & GI 1998: 22-23). Dei to regjeringane sin lovnad om ein tidsplan for frigjeving av

fangar dømde for paramilitær verksemd innan to år (3) var eit av dei mest omstridde punkta i avtala, men han vog sers tungt for Sinn Féin og dei lojalistiske partia UDP og PUP når det galdt å slutte seg til avtala. Det vart likevel understreka at avtala berre omfatta fangar frå paramilitære organisasjonar som hadde gått til full våpenkvild (2) (GUK & GI 1998: 25).

4.5.6. Reaksjonar på Langfredagsavtala

Det avgjerande for Langfredagsavtala sin lagnad var korleis dei politiske partia i dei to segmenta stilte seg til ho. På nasjonalistisk side var SDLP sin tilslutnad gjeven ut frå partiet si rolle som initiativtakar til fredsprosessen. Sinn Féin vedtok å stø avtala med det naudsynte 2/3 fleirtal på eit omframt årsmøte i mai 1998 (Adams 2003: 373).²²⁶ Partileidinga argumenterte med at konsensusprinsippet svekte unionen ved at det gjorde Nord-Irland sin status avhengig av folkefleirtalet.²²⁷ Dei kritiserte at avtala tok utgangspunkt i eit etnisk i staden for eit territorielt nasjonsomgrep, men peika samstundes på at Nord/Sør-organa svekte unionen (Hennessey 2000: 188-89). Gerry **Adams** (op.cit.) hevdar det likevel var endringane av artiklane 2 og 3 i den irske grunnlova som møtte størst motstand på møtet.²²⁸ Partileidinga argumenterte pragmatisk: Artiklane var utan praktisk verdi, i motsetnad til dei allirske organa. Det kan her tykkjast paradoksalt at dei allirske organa var sterkare i Sunningdale-avtala, som Sinn Féin vraka i 1973 (pkt. 2.1.4.).²²⁹ Dei maktdelingsorganavtala sette opp vart sedde på som ei overgangsordning på vegen mot eit sameint Irland:

Our view was that it [the Agreement] was transitional. We were seeking fundamental, political and constitutional change. We knew from the parameters of the talks laid down by the two governments that Irish unity would not come out of this phase of negotioations, but we set ourselves the task of weakening the British link while defending Irish national rights (ibid.: 367-68).

Mellom unionistane var reaksjonane meir blanda. Leidinga i UUP stødde avtala, i det ho synte til endringane av artiklane 2 og 3 i den irske grunnlova og at ”den territoriale integriteten til Storbritannia vart sannkjend”. Ho skilde mellom dei institusjonane avtala sette opp, som var ”so bra som dei kunne verte” og den politikken den britiske regjeringa førte når det galdt likskap, politi og lauslating av fangar, som ikkje var bra. På hi sida gjekk DUP, UKUP (”the United Kingdom Unionist Party”) og dissidentar i UUP saman i ein kampanje mot avtala under namnet ”the United Unionists” (UU), som hadde som siktemål å skaffe eit fleirtal av nei-røyster mot avtala ved folkerøystinga og å få so mange motstandarar dei greidde innvalde i Forsamlinga, slik at dei kunne skiple fredsprosessen (Hennessey, op.cit.: 190-91). Dei lojalistiske partia, ”the Progressive Unionist Party” (PUP) og ”the Ulster Democratic

Party” (UDP), som hadde tilknytning til dei paramilitære organisasjonane UVF og UDA, stødde på hi sida avtala. Denne tilslutnaden frå lojalistane var ein viktig skilnad frå 1974.²³⁰

4.5.7. Folkerøystingane og ”Assembly”-valet

Folkerøystinga om Langfredagsavtala vart halden både i Nord-Irland og Republikken 22. mai 1998. I Republikken røysta 94,4% for å endre artikkane 2 og 3 i grunnlova, men frammøteprosenten var berre 55,6%. I Nord-Irland røysta 71,1% for avtala med ein frammøteprosent på heile 81,1%.²³¹ Men medan heile 96 % av katolikkane røysta for avtala, var ja-prosenten berre 55 mellom protestantane (Elliot & Flackes 1999: 596). Opinionsmålingar gjorde av avisa Irish Times i midten av mai synte at 52% av UUP, men berre 3% av DUP sine veljarar stødde avtala. 45% av dei som røysta ”nei” grunngav det med punktet om fangelauslating, medan 18% grunngav det med at avtala opna for eit sameint Irland (Hennessey 2000: 192, 19).

Ved valet til Forsamlinga 25. juni stilte i alt 17 politiske parti og 3 grupper med uavhengige lister. SDLP vart for fyrste gong det største partiet i Nord-Irland med 22% av røystene og 24 plassar i forsamlinga. Det var ein framgang på 0,6% frå valet til dialogforumet i 1996. UUP vart det nest største partiet med 21,3% av røystene, som var ein attendegang på 2,9%. Partiet vart likevel det største i Forsamlinga, med 28 plassar. På tridjeplass kom DUP med 18,1% av røystene og 20 plassar (attende 0,7%) og på fjerdeplass Sinn Féin med 17,6% av røystene og 18 plassar (fram 2,1%). UKUP fekk 4,5% og 5 plassar²³² (fram 0,9%), PUP fekk 2,6 % av røystene og 2 plassar (attende 0,9%), medan ”the Workers’ Party” heldt seg på 0,2%, som ikkje gav utteljing i mandat (Elliot & Flackes 1999: 579-80, 596-98).²³³

”The United Unionists” ville gjera valet til ei ny folkerøysting om Langfredagsavtala, men av dei 108 representantane som vart innvalde i Forsamlinga var berre 28 mot avtala. Motstandarane var soleis i mindretal, sjølv mellom unionistane. Dei partia som var for avtala fekk i alt 75% av røystene, det vil seia 4% meir enn dei samla ja-røystene ved folkerøystinga (ibid.: 597). Ein kan difor trygt seia at det parlamentariske grunnlaget for maktdeling var mykje meir solid i 1998 enn i 1974.

4.5.8. ”The Northern Ireland Constitution Act 1998”

Etter det klåre ”ja”-fleirtalet ved folkerøystinga vedtok det britiske parlamentet ”the Northern Ireland Constitution Act 1998”, der Langfredagsavtala vart nedfelt i form av lov. Samstundes

vart “the Government of Ireland Act 1920”, der delinga av Irland vart lovfest, oppheva: Lova kom i staden for “annan tidlegare lovgjeving” (“other previous enactments”) (section 2).²³⁴

Lova gjer det klårt at den formelle makta framleis ligg hjå den britiske regjeringa og det britiske parlamentet, både når det gjeld den utøvande makta og lovgjevingsmakta. Det britiske parlamentet si overhøgd som lovgjevar i Nord-Irland vert stadfest (section 5). Den britiske regjeringa si overhøgd syner seg ved at Nord-Irland-ministeren vert tilkjend mykje skjøn i avgjerdene. Soleis er det han som skal skipe til folkerøysting når ”han finn det sannsynleg” at stemninga i folket har endra seg i unionsspørsmålet (section 1, schedule 1). Det er òg han som skal fremja lover for sanksjonering hjå Dronninga, og som det krevst samtykke frå når visse lover skal verte vedtekne (sections 8, 4). Han kan vidare ta dei rådgjerdene han finn ”naudsynle eller tenlege” dersom han finn at forsamlinga vedtek lover som ligg utanfor kompetanseområdet hennar, eller dersom ein nord-irsk minister ikkje utfører oppgåvene sine ”på gyldig vis” (section 80).²³⁵ Han kan av same grunn gje departementa påbod om tiltak, utan at dei har gått vegen om Forsamlinga (26(1, 2, 4)). Den britiske overhøgda syner seg òg ved at den britiske dronninga har fullmakt til å overføre funksjonar frå dei nord-irske til dei britiske styresmaktene og omvendt, til å diskvalifisera folk frå å vera med i Forsamlinga og fjerne privilegium, fullmakter og immunitetar frå Forsamlingsmedlemene (86(8)). Like eins er ho suveren når det gjeld kriminallovgjeving og straffeforfylging (9), trygging av lov og orden og organisering av politi og rettsvesen (10, 11, 15). Ho kan òg delegera funksjonar og endre eller oppheva rådgjerder tekne av den nord-irske forsamlinga (85 (1)).

4.5.9. Iverksetjinga av Langfredagsavtala

Dei politiske partia kom fram til semje om den praktiske gjennomføringa av avtala i desember 1998, og i 1999 vart makta formelt overført til det lovgjevande og utøvande organet. Samstundes trådde det allirske og det britisk-irske rådet i funksjon (ECNI 2000).

Den nord-irske regjeringa (“the Executive Committee”) fekk 11 departement leida av kvar sin minister, medrekna statsministeren (“the First Minister”) og visestatsministeren (“the Deputy First Minister”). Av di statsministeren naudsynleg laut koma frå majoritetssegmentet og visestatsministeren frå minoritetssegmentet, var det viktig at dei hadde sams ansvar for regjeringa. Elles skjedde fordelinga av ministrar etter proporsjonalitetsprinsippet, det vil seia ut frå styrketilhøvet mellom dei i Forsamlinga: Statsminister vart David **Trimble** frå UUP, og visestatsminister Séamus **Mallon** frå SDLP. UUP og SDLP fekk i tillegg 3 ministrar kvar,²³⁶

medan Sinn Féin og DUP fekk 2 kvar.²³⁷ Det vart samstundes skipa 10 departementskomitéar etter proporsjonalitetsprinsippet, som hadde overvakande, politikktviklande og rådgjevande oppgåver i høve til departementa. I tillegg vart det skipa eit ”borgarforum” (”the Civic Forum”) på 60 medlemmer som skulle representera forretningsliv, fagforeiningar og friviljuge organisasjonar, og ha rådgjevande status i sosiale, økonomiske og kulturelle spørsmål (ECNI 2000).

Det allirske ministerrådet (”the North/South Ministerial Council”) vart ihopsett av ministrarar frå Nord-Irland og Den irske republikken. Samstundes vart det skipa 6 iverksetjingsorgan for tiltak ministrane vart samde om, mellom dei eit for utvikling av industri og handel og eit for irsk og ulsterskotsk språkrøkt. I tillegg vart ein samde om 6 område for samarbeid mellom departement og andre organ i Nord-Irland og Republikken (ECNI 2000).²³⁸

Det britisk-irske rådet vart skipa som eit diskusjonsforum for saker av sams interesse for dei to regjeringane og for dei regionale styresmaktene på dei britiske øyane. Det var på den visen ein integrert del av den britiske arbeidarpregjeringa sin regionalpolitikk. Det vart òg skipa ein britisk-irsk regjeringskonferanse som kom i staden for den Den anglo-irske avtala sine institusjonar (ECNI 2000).

4.5.10. Langfredagsavtala sin lagnad

Langfredagsavtala sine institusjona freista eit uvisst tilvære. Det skuldast serleg at UUP og DUP kopla regjeringssamarbeidet med Sinn Féin i hop med IRA sin vilje til å levera inn våpna. I april 1999 vart den britiske og irske statsministeren samde om å byrja skipinga av dei allirske og britisk-irske organa før våpeninnleveringa byrja, og i juli same år offentleggjorde dei dokumentet ”the Way Forward”, der dei vart samde om å byrja maktoverføringa til den nord-irske forsamlinga, samstundes som ein kommisjon leida av den kanadiske generalen de Chastelain skulle overvaka og melde frå om IRA si våpeninnlevering etter kvart som Langfredagsavtala vart sett ut i livet. Det vart då føresett at ”Langfredagsinstitusjonane” skulle setjast ut av kraft dersom våpeninnleveringa ikkje gjekk etter planen. På dette grunnlaget sette den britiske Nord-Irlandministeren avtala ut av kraft frå februar til mai 2000 med heimel i ”the Northern Ireland Constitution Act”. Dette vart skarpt kritisert av Sinn Féin, SDLP og den irske regjeringa (Hennessey 2000: 199-202; 208, 215).

Avtala vart på ny sett ut av kraft i oktober 2002, etter at dei unionistiske partia hadde truga med å trekkje seg frå samarbeidet (NIO 2007). I oktober 2006 kom partane saman til ein konferanse i den skotske byen St. Andrews, der dei vart samde om ”the St. Andrews Agreement”,

som la grunnlaget for "the Northern Ireland (St Andrews Agreement) Act 2006". Denne lova gjorde nokre justeringar i "the Northern Ireland Act 1998" og sette opp ei "overgangsforsamling" ("Transitional Assembly") i november 2006, ihopsett av medlemene i den oppløyste Forsamlinga. Ho møttest regelbunde fram til 8. mai 2007, då den nye forsamlinga kom saman, for å førebu skipinga av nye nord-irske institusjonar. Det var val til den nye forsamlinga 7. mars 2007 (NIA 2007). Valet synte ei klår polarisering av veljarmassen, av di Sinn Féin vart det største partiet innanfor det nasjonalistiske segmentet og DUP innanfor det unionistiske.²³⁹

Etter St. Andrews-avtala kunne den britiske Nord-Irland-ministeren løyse opp forsamlinga utan å setja nokon dato for nyval dersom ikkje ny regjering hadde vorti skipa innan 25. mars (ibid.). Det var i røynda eit ultimatum til partia om å verte samde om ein ny storkoalisjon eller vende attende til beinveges styre frå London, med Den anglo-irske avtala som retningsgjevande for nord-irsk politikk. På den visen vart alternativet til maktdeling den dårlegaste løysinga for baa partar. Ein stod med andre ord andsynes eit ytre trugsmål som vart oppfatta ulikt av dei ulike partane, men som likevel letta arbeidet med å få til ei ordning med maktdeling. Det er på dette grunnlaget ein må sjå semja mellom Sinn Féin og DUP om ein ny storkoalisjon med Ian Paisley som statsminister og Martin McGuinness som visestatsminister, som skal ta over styret av Nord-Irland 8. mai 2007. Samstundes gjev den britiske Nord-Irland-ministeren avkall på ein del av den formelle makta si ved at han seier frå seg retten til å setja dei nord-irske institusjonane ut av kraft (ibid.).²⁴⁰

5. Konklusjon

Langfredagsavtala var sluttpunktet for ei lang utvikling med prøving og feiling for å få i stand ei politisk ordning med legitimitet i baa dei to segmenta. Her har Lijphart sin "konsosiert demokrati"-modell stått sentralt som konfliktløysingsmekanisme. Den segmentære ubalansen mellom segmenta var like fullt eit problem, av di nasjonalistane alltid ville koma i mindretal i ei ordning med maktdeling tufta på proporsjonalitetsprinsippet. Det er i dette ljuset ein må sjå nasjonalistane si insistering på ein allirsk dimensjon for å vega opp for denne ulempa. Men her låg òg det sterkaste motivet for å setja seg i mot ei slik ordning frå unionistisk side. Difor mislukkast Sunningdale-avtala i 1974. Likevel kan det reisast tvil om vilkåra for konsosiert demokrati i det heile var til stades når dei politiske leidarane so tydeleg synte at dei vanta tilslutnad frå store delar av sine eigne segment. At Langfredagsavtala, som hadde sterkare konsosierte trekk, men ein veikare allirsk dimensjon enn Sunningdale-avtala, lukkast i 1998, kan ein forklåra ut frå ein større tilslutnad til dei politiske leidarane innanfor baa segmenta: Sinn Féin hadde ein stendig aukande

veljartilslutnad, medan Den anglo-irske avtala gjorde at fleire og fleire unionistar såg det beinveges styret frå London som eit dårlegare alternativ enn maktdeling. Tidsfaktoren gjorde truleg òg at dei ikkje lenger såg attende til majoritetsstyret som eit realistisk alternativ. For unionistane spela det nok òg ei rolle at Langfredagsavtala hadde med ein Aust/Vest-dimensjon.

Avtala styrkte likevel segmenteringa av det nord-irske samfunnet, av di medlemene av Forsamlinga laut registrera seg som ”nasjonalistar”, ”unionistar” eller ”andre”. Det vart på den måten vanskelegare for partia å føre ein politikk uavhengig av dei segmentære skiljelinene, samstundes som Sinn Féin i røynda laut gje opp definisjonen av den irske nasjonen som ei territorial til føremon for ei etnisk eining. Saman med endringane i den irske grunnlova, der Den irske republikken gav avkall på lovgjevingsretten i Nord-Irland, var dette UUP-leidinga sitt viktigaste motiv for å stø avtala.

Langfredagsavtala stadfeste konsensusprinsippet, men gjorde samstundes Nord-Irland sin konstitusjonelle status avhengig av folkefleirtalet. Ho sannkjende òg eit stykke på veg sjølvråderetten til det irske folket som heilskap. Likevel vart overhøgda til den britiske regjeringa og det britiske parlamentet andsynes den nord-irske forsamlinga klårt fastslegen i ”the Northern Ireland Act 1998”, som nedfelte avtala i form av lov. Den britiske regjeringa gjorde bruk av denne lova til å løyse opp Forsamlinga to gonger, trass i protestar frå dei nasjonalistiske partia, men gav frå seg oppløysingsretten i St.Andrews-avtala av 2006. Valet som fylgde St.Andrews-avtala i mars 2007 gjorde dei to ytarpartia Sinn Féin og DUP til dei største partia i Forsamlinga, og frå 8. mai 2007 har desse partia skipa regjering ut frå eit sams ynskje om å setja det beinveges styret frå London ut av kraft. Det er likevel partia sine haldningar til dei maktdelingsinstitusjonane som var nedfelte i Langfredagsavtala av 1998 som er temaet for analysen i denne oppgåva.

KAPITTEL 6: ANALYSE AV POLITISKE PARTI I NORD-IRLAND

1. Innleiðing

Eg skal i dette kapitlet presentera det empiriske materialet frå dei intervjuja eg hadde med målsmenn for 10 politiske parti i Nord-Irland. Intervjuja vart gjorde i perioden desember-januar 2000-2001, det vil seia om lag 2 ½ år etter at Langfredagsavtala vart underteikna. Ordninga med maktdeling hadde med andre ord vori i funksjon lenge nok til å gje respondentane ein bakgrunn for å kunne uttala seg om røynslene med avtala. Grunnen til at eg valde ut politiske parti som analyseiningar var at eg gjekk ut frå at dei hadde dei mest gjennomdrøfta og klårast formulerte standpunkta til Langfredagsavtala, til det konstitusjonelle spørsmålet, der spørsmålet om nasjonalisme versus unionisme står sentralt, til det ideologiske innhaldet i nasjonsomgrepet og til den rolla religion spelar for partiet sin politikk, det vil seia sekterismen i partiet. Partia som vart utvalde hadde alle utspring i den tradisjonelle konflikten mellom nasjonalisme og unionisme, og alle lét seg gruppera i eit av dei to segmenta som relaterer seg til denne konfliktlina. Det tyder at eg har utelati britiske parti som har organisert seg i Nord-Irland (som til dømes "the Conservative Party" og "Labour"), parti som relaterer seg til nyare konfliktliner (som til dømes "the Green Party"), parti som har utspring i einskildinteresser (som til dømes "the Women's Coalition") og parti som relaterer seg til dei segmentære konfliktlinene, men som ikkje reknar seg som del av eit segment eller sver truskap til ein nasjon, som "the Alliance Party".

Heller ikkje alle dei partia eg ynskte å ta med i utvalet var like lette å få i tale. Nokre var det ikkje råd å få tak på i det heile,²⁴¹ medan andre stilte mindre tid til rådvelde enn eg bad om. I slike høve har eg henta inn dei opplysningane eg trong gjennom partiprogram, valmanifest, partifråsegner eller bøker og pamflettar skrivne av leidande folk i partiet. Andre parti gav meg all den tida eg trong, og lét meg jamvel få intervjuje to personar for å kunne kryssjekke og på den visen auke reliabiliteten i materialet. Eg la vinn på å få i tale personar som hadde ei sentral stilling i partia og god innsikt i partia sin politikk. Dei vart dessutan eksplisitt bedne om å uttala seg på vegner av partiet.

Dei partia eg tek med i analysen frå det nasjonalistiske segmentet er "the Social Democratic and Labour Party" (SDLP), "Sinn Féin" (SF), "the Republican Sinn Féin" (RSF) og "the Workers' Party" (WP), og frå det unionistiske "the Ulster Unionist Party" (UUP), "the Democratic Unionist Party" (DUP), "the United Kingdom Unionist Party" (UKUP), "the Northern Ireland Unionist Party" (NIUP) og "the Progressive Unionist Party" (PUP). "The Workers' Party" tok òg sterke atterhald mot å verte kalla "eit segmentært parti", men her var

spørsmålet om gruppering i ei av blokkene i Forsamlinga mindre aktuelt, av di partiet ikkje er representert der. Eg reknar partiet likevel med til det nasjonalistiske segmentet, av di partiet klårt både har utspringet og organisasjonsgrunnlaget sitt i den nasjonalistiske delen av folkesetnaden.

Eg stilte dei same spørsmåla til alle partia. Det føresette at unionismen vart rekna som ein type nasjonalisme. Det som skil han frå den irske nasjonalismen er at han sver truskap til den britiske og ikkje den irske nasjonen (med eit lite atterhald for "the Progressive Unionist Party"), men eg føreset elles at ein kan bruke den same typologien på dei baa.

For kvart av partia søkjer eg å identifisera dei to uavhengige og den avhengige variabelen gjennom indikatorar fastsette ut frå svara på intervju spørsmåla saman med eventuelle tilleggsopplysningar. For den uavhengige variabelen "nasjonalismetype", bruka eg indikatorane "kultur", "språk", "rase",²⁴² "religion" og "historie" for den etniske dimensjonen og "politisk tilknytning", "statsborgarskap" og "territorium" for den politiske. Eg bad respondentane velja ut ein eller fleire av desse indikatorane som kjenneteikn på den nasjonen partiet deira svor truskap til, eventuelt leggja til nye dersom det høvde betre. Bruken av faste svaralternativ gjorde det enklare å plassera partia i ein av dei to dimensjonane og gav på den visen auka reliabilitet. Men av di respondentar frå eit og same parti kunne gje opp både etniske og politiske indikatorar på nasjonalisme, samstundes som det kunne slutte seg til éin indikator, men ta fråstand frå ein annan innanfor same dimensjon, fann eg det naudsynt å skilje mellom gradar av etnisk og politisk nasjonalisme i eit parti. Den uavhengige variabelen "sekterisme" vart for det meste identifisert gjennom "ja/nei-svar", med eit par opne spørsmål og eit med faste svaralternativ (om synet på intergrerte skular). Svara her indikerte kva rolle religion spelar for partia sin politikk. Ofte vil indikatorane peike i ulik leid. Graden av sekterisme i partiet vert avgjort ved å samanlikne svara på dei 9 spørsmåla.

1.1. Dei uavhengige variablane

Den uavhengige variabelen vi i fyrste rekkje er interesserte i å finne ut noko om er nasjonalisme som ideologi, det vil seia korleis partiet oppfattar den nasjonen det sver truskap til. Før eg tok fatt på spørjeskjemaet bad eg difor respondenten å identifisera denne nasjonen. Det gav grunnlag for å kategorisera partiet som "nasjonalistisk" eller "unionistisk". Variabelen "nasjonalismetype" har to dimensjonar: "Etnisk nasjonalisme" og "politisk nasjonalisme". Innanfor den etniske nasjonalismen skil eg dessutan mellom ein språkleg-kulturell dimensjon ("kulturnasjonalismen") og ein religiøs dimensjon ("kommunalismen"). Eg har òg skilt ut "sekterisme", som er den rolla religion spelar for partiet sin politikk, som eigen uavhengig variabel med både ein direkte og ein

indirekte effekt på den avhengige variabelen. Som kontrollvariablar for den uavhengige variabelen vil eg likevel ikkje nytte ”sektarisme”, men ”segmentær tilhøyrse”, ”endringar i veljartilslutnad 1996-98”, ”oppfatning av alternativ tilavtala” og ”haldning til avtala som heilskap”. Verda på dei to siste set eg ut frå intervjudata.

Eg skal fyrst gå igjennom dei intervju spørsmåla eg bruka til å identifisera dei indikatorane eg trong for å kunne operasjonalisera variablane ”nasjonalismetype” og ”sektarisme”. Partia fekk med det eit verde som gjorde det mogleg å samanlikne dei med omsyn på dei to variablane. Eg gav variablane dei fem verda ”sers låg”, ”låg”, ”medels” (”moderat”), ”høg” og ”sers høg”, noko som gjorde det mogleg å rangordne dei ut frå dei verda dei fekk på variablane, men ikkje å samanlikne dei ut frå noka måleining. Vi opererer soleis med variablar på ordinalnivå (Hellevik 1977: 150-52).

1.1.1. Nasjonalismetype

1) *Kva for eit av desse kjenneteikna vil De nytte for å karakterisera den irske/britiske²⁴³ nasjonen: Ein sams kultur, eit sams språk, ein sams rase, ein sams religion, ei sams søge, ei sams politisk tilknytning, ein sams statsborgarskap eller eit sams territorium? Skulle noko verte lagt til eller endra når det gjeld denne måten å karakterisera nasjonar på?*

Spørsmålet byr respondenten å karakterisera den nasjonen partiet sver truskap til gjennom eit av dei kjenneteikna som vert oppgjevi. Faste svaralternativ vert bruka for å auke reliabiliteten.

2) *Kva for personar vert ekskluderte frå Dykkar nasjon, dersom det er nokon?* Dette spørsmålet vert stilt for å teste reliabiliteten i svara på spørsmål 1. Av di etnisk nasjonalisme vert rekna som ekskluderande (i høve til folk med ein annan etnisk bakgrunn enn den nasjonen høyrer til) og politisk nasjonalisme som inkluderande, tyder det på låg stabilitet dersom ein respondent som sluttar seg til ein statsborgarleg eller territorial nasjonalisme vil stenge ute personar frå nasjonen på etnisk grunnlag (Hellevik 1977: 160).

3) a) *Vil De kjenneteikne Irland som ”ein katolsk nasjon”?*

Dette spørsmålet vert stilt til parti som sver truskap til den irske nasjonen.

b) *Vil De kjenneteikne Storbritannia som ”ein protestantisk nasjon”?*

Dette spørsmålet vert stilt til parti som sver truskap til den britiske nasjonen

”Ja” som svar på desse spørsmåla indikerer ein høg grad av kommunalisme og ”nei” ein låg, dersom desse svara gjev uttrykk for partiet sitt ideal, og ikkje berre er ei skildring av stoda slik respondenten oppfattar ho. Dette lyt klårleggjast gjennom tilleggsspørsmål.

4) *Vil De karakterisera konflikten i Nord-Irland som ein nasjonal konflikt, ein religiøs konflikt, ein kulturell konflikt, ein rasekonflikt, ein språkkonflikt eller som ein klassekonflikt, eller som ingen av delane, eller som ein kombinasjon av to eller fleire av desse konflikttypane?*

Dette spørsmålet gjev respondenten høve til å presisera svara på spørsmål 1 ved å relatera indikatorane på "nasjonalisme" til dei ulike konflikttypane respondenten meiner gjer seg gjeldande i Nord-Irland. Det er viktig her å få klårlagt om respondenten oppfattar partiet sitt som ein part i konflikten eller om han berre gjev ein karakteristik frå ein ståstad utanfor konflikten. Dersom det siste er tilfellet kan til dømes svaret "religiøs konflikt" ikkje takast som ein indikator på kommunalisme i partiet. Dersom det fyrste er tilfellet vil kategoriseringa av konflikten som "nasjonal", kombinert med "religiøs", "kulturell", "rase-" og/eller "språk-" indikera etnisk nasjonalisme av det eine eller andre slaget, medan kategoriseringa "nasjonal" åleine eller kombinert med "klasse-" vil indikera ein politisk nasjonalisme.

5) *Kva for hending(ar) i den irske eller britiske saga vil De streka under dersom De skal finne opphavet til den ideologien partiet dykkar sluttar seg til?*

Dette spørsmålet søkjer å teste reliabiliteten i svara på spørsmål 1 ved å klårleggja kva for type nasjonalisme partiet sluttar seg til ut frå partiet si haldning til skilsetjande hendingar i den irske eller britiske saga. Til dømes vil eit parti innanfor det nasjonalistiske segmentet, som utvitydig sporar dei ideologiske røtene attende til "the United Irishmen" sin oppreist i 1798, med gode grunnar kunne klassifiserast som "republikansk" og som berar av ein politisk nasjonalisme. Dersom det same partiet har ei kommunalistisk forståing av den nasjonen det sver truskap til, tyder det at stabiliteten i svarmaterialet er låg.

1.1.2. Sekterisme

Dei 6 neste spørsmåla tek sikte på å kartleggje den rolla religion spelar for partia sin politikk. Dei fyrste tri tek opp partia sine haldningar til sentrale spørsmål i integrasjonspolitikken, det fjerde tek opp partimedlemene sin motivasjon og dei to siste tek opp partia og partimedleme si åtferd i høve til sekteriske organisasjonar.

1) *Tykkjer De det er ein føremon eller ei ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljeliner?*

Dersom svaret er "føremon" indikerer det høg sekterisme, dersom det er "ulempe" indikerer det låg sekterisme, soframt ikkje partiet har reint praktiske grunnar for å vera i mot slik organisering.

2) *Kva for skulesystem vil De ha i Nord-Irland? A) Skilde katolske og protestantiske skular leida av kyrkjene, eller B) integrerte statsskular?*

Her vil eit "ja" på spørsmål A indikera religiøs sekterisme, soframt svaret ikkje uttrykkjer eit ynskje om ei pragmatisk tilpassing til "realitetane". På same visen treng ikkje eit "nei" på spørsmål B indikera sekterisme. Det kan òg indikera mistru til eit skulesystem sett opp av den britiske staten (til dømes er dei fleste protestantiske skulane i Nord-Irland òg statsskular). Eg har difor, der eg har hatt grunn til å tru at slike motiv har spela inn, fylgt opp med tilleggsspørsmål.

3) *Tykkjer De katolikkar og protestantar skal bu i kvar sine område?*

Eit "ja" som svar her tykkjest vera ein indikator på sers høg grad av sekterisme. Men her lyt ein òg fylgje opp med tilleggsspørsmål for å finne ut om svaret er uttrykk for eit ynskje eller om det berre uttrykkjer resignasjon andsynes tilhøva slik dei er.

4) *Spelar religion ei viktig rolle når det gjeld å motivera partimedlemene Dykkar til politisk innsats? Tykkjer De det er ein god eller dårleg ting dersom det er tilfellet?*

Eit "ja" på dette spørsmålet indikerer ein høg grad av sekterisme mellom partimedlemene. Vert dette jamvel sett på som ein god ting av partiet, tyder det at sekterismen òg er ein viktig del av partiet sin politikk.

5) *Har partiet Dykkar noka formell tilknytning til Oransjeordenen eller "the Ancient Order of Hibernians"? I kva grad er partimedlemene Dykkar òg medlemmer av desse organisasjonane?*

6) *Kor viktig er det for partiet Dykkar at nokon av desse organisasjonane fær løyve til, eller vert hindra i, å halde paradar gjennom område busette av folk frå den andre sida i konflikten?*

I kapittel 3 og 4 omtala eg Oransjeordenen og den rolla denne organisasjonen har spela for den sekteriske oppbygginga av den nord-irske staten . Organisasjonen er klårt sekterisk, av di berre protestantar kan verte medlemmer. Organisasjonen legg stor vekt på spektakulære maktdemonstrasjonar andsynes katolikkane, der den årlege paraden gjennom katolske område for å feire Vilhelm av Orania sin siger i slaget ved Boyne i 1690 (kap. 3, pkt. 2.3) spelar ei viktig rolle. Sterke band til denne organisasjonen og stønad til organisasjonen sine aktivitetar er difor ein indikator på ein sers høg grad av sekterisme. "The Ancient Order of Hibernians" (AOH) vart skipa som eit motstykke til Oransjeordenen på katolsk side, og var i byrjinga nær tilknytt Nasjonalistpartiet. Organisasjonen er eksklusivt katolsk, men har ingen formelle band til noko av dei nasjonalistiske partia og har sers liten tilslutnad i den nasjonalistiske folkesetnaden (Rose 1971: 260).²⁴⁴

1.1.3. Kontrollvariablar

I tillegg til "sektisme" har eg med tri kontrollvariablar: "Segmentær tilhøyrse" har berre to verda på nominalnivå, ettersom det berre er spørsmål om partiet høyrer til eit segment som er i fleirtal eller mindretal. "Endring i veljartilslutnad" er på ordinalnivå. Verda på variabelen kjem frå statistiske opplysningar om prosentdifferansen mellom tilslutnaden til valet på forsamlinga i 1998 og valet på dialogforumet i 1996. Er differansen over 1,5% er endringa "sterkt aukande", er ho mellom 1,5% og 0% er ho "aukande", er ho 0% er ho stabil, er ho mellom 0% og -1,5% er ho "minkande" og er ho under -1,5% er ho "sterkt minkande". "Haldning til avtala som heilskap" er på ordinalnivå med verda "sers positiv", "positiv", "likesæl", "negativ" og "sers negativ". Det som avgjer kvalifiseringa av "positiv" med "sers" er at partiet ser på heile avtala som udelt positiv. "Negativ" tyder at partiet er mot avtala, men likevel tek del i dei institusjonane avtala set opp, medan "sers negativ" tyder at det heller ikkje vil la seg representera i desse institusjonane. Verda kjem frå indikatorar frå desse spørsmåla:

1) *Stør Langfredagsavtala opp under den politikken partiet Dykkar fører?*

2) *Strir Langfredagsavtala mot nokre av dei prinsippa partiet Dykkar står for?*

3) *Fær Langfredagsavtala konsekvensar for den nasjonale identiteten Dykkar?*

Desse spørsmåla gjev respondenten høve til å finne politiske og ideologiske argument for eller mot Langfredagsavtala som heilskap ut frå partiet sin ståstad.

4) *Fær Langfredagsavtala skadeverknader for nokre av partane i konflikten, eller fær ho ingen verknader i det heile?*

Dette spørsmålet gjev respondenten høve til å djupe ut argumentasjonen for eller mot avtala ut frå korleis han oppfattar føremoner eller ulemper ved avtala hjå andre partar i konflikten.

5) *Korleis hadde De helst sett at konflikten vart løyst?*

Dette spørsmålet gjev respondenten høve til å koma med framlegg til konfliktløysing som alternativ til maktdeling. Det gjev med andre ord ein indikator på i kva grad partiet berre ser maktdeling som det beste av fleire dårlege alternativ eller om det har alternativ det tykkjer er betre. Eg finn ikkje grunn til å operere med noko meir presist målenivå på denne variabelen enn nominalnivå, der verda vert tilordna partia, alt etter som dei ser betre eller berre dårlegare alternativ til avtala.

1.2. Den avhengige variabelen

Den avhengige variabelen dreier seg om partia sine haldningar til dei maktdelingsorgana Langfredagsavtala set opp. Eg vel å ha denne variabelen på same målenivå som dei fleste av dei uavhengige variablane, det vil seia på ordinalnivå. Verda på variabelen blir då ”sers positiv”, ”positiv”, ”likesæl”, ”negativ” og ”sers negativ”. Det som avgjer kvalifiseringa av ”positiv” med ”sers” er at partiet ser på maktdelingsordninga som eit verde i seg sjølv, og ikkje berre som det beste av fleire dårlege alternativ. ”Negativ” tyder at partiet er mot maktdeling, men likevel tek del i maktdelingsorgana, medan ”sers negativ” tyder at det heller ikkje vil la seg representera i desse organa.

1) *Meiner De den ordninga med maktdeling som vert nedfelt i Langfredagsavtala vil djupe ut, viske ut eller halde oppe som dei er dei religiøse skiljelinene i Nord-Irland, eller vil avtala føre til ei anna utvikling?*

Dersom parti som som syner ein låg grad av sekterisme, og samstundes har eit politisk nasjonsomgrep, seier ordninga med maktdeling vil djupe ut dei religiøse skiljelinene, er dette heilt klårt eit sterkt argument mot ordninga. Dersom eit parti som syner ein høg grad av sekterisme, og samstundes har eit etnisk nasjonsomgrep, svarar det same lyt vi trekkje inn kontrollvariablane for å sjå om dei kan forklåre noko av partiet si haldning til avtala.

2) *Kvifor har Langfredagsavtala so langt vori meir vellukka i gjennomføringa enn Sunningdale-avtala i 1974?*

Dette spørsmålet kan kaste ljøs over endringar som har funni stad i partia sine haldningar til maktdeling over tid og identifisera endringar i det politiske miljøet, som til dømes endringar i veljartilslutnaden til partiet, som eg òg reknar som ein kontrollvariabel i høve til haldningane til maktdeling.

3) *I kva grad har Langfredagsavtala endra karakteren av konflikten?*

Dette spørsmålet gjev respondenten høve til å gje uttrykk for oppfatningane hans av avtala sine verknader på konflikten, og relaterer på det viset Langfredagsavtala til spørsmål 4 under den uavhengige variabelen ”nasjonalismetype”.

2. Social Democratic and Labour Party (SDLP)

SDLP reknar seg som eit sosialdemokratisk parti.²⁴⁵ Det vart skipa i 1970, inspirert av borgarrettsrørsla, og har konsekvent stått for ei ikkje-valdsline i kampen for politiske og sosiale rettar (SDLP 2007). SDLP er òg det partiet som har vori fremste pådrivaren i den prosessen som

førte fram til Langfredagsavtala, og som i dag er det partiet som mest hugheilt sluttar opp om ho. Partiet reknar Langfredagsavtala som eit steg på vegen mot eit sameint Irland, og ser den irske dimensjonen som ein integrert del av avtala. Under tingingane som førte fram til avtala sette partiet eit institusjonalisert Nord/Sør-samarbeid som eit absolutt vilkår for å skrive under. SDLP kallar seg eksplisitt eit ”nasjonalistisk parti” og ser på ordninga med maktdeling som varig. I pamfletten *A United Ireland and The Agreement*, seier partiet

The Good Friday Agreement realised the SDLP’s vision of an Agreed Ireland. But, as a nationalist party, the SDLP’s goal has not only been to secure an Agreed Ireland, but also to go further and achieve a United Ireland.

Our vision of a United Ireland respects the same commitments that lie at the heart of the Good Friday Agreement. In the United Ireland to which we are committed, all the Agreement’s principles and protections would endure.

That is why, uniquely among parties in the North, the SDLP is 100 % for the Good Friday Agreement and 100 % for a United Ireland (SDLP 2007).

Partiet sluttar seg til konsensusprinsippet og vil at den nord-irske forsamlinga, tufta på maktdeling, skal halde fram som eit regionalt parlament, dersom konsensusprinsippet skulle verke til føremon for eit sameint Irland ein gong i framtida (ibid.: 4-5).

Partiet fekk 22 % av røystene og 24 plassar ved valet til Forsamlinga i 1998, og vart med det det partiet som fekk flest røyster ved valet. Ved valet i 2007 vart talet på plassar redusert til 16, og partiet laut sjå seg uttevla av Sinn Féin som det største i det nasjonalistiske segmentet.

Til å svara på intervju spørsmåla fekk eg Tim **Atwood**, som var ”Director of Development”, og Patricia **Lewsley**, som var medlem av Forsamlinga i 2001. Eg handsamar både respondentane under eitt, men utelèt han/ho som anten ikkje svarar på spørsmålet eller gjev uttrykk for vankunne i det emnet spørsmålet tek opp.

2.1. Dei uavhengige variablane

2.1.1. Nasjonalismetype

(1) SDLP sitt nasjonsomgrep har eit *kulturelt* innhald, men Atwood strekar samstundes under mangfaldet i den irske kulturen. Språk, rase og historie høyrer òg med til nasjonsomgrepet men Atwood legg mindre vekt på religion. ”Statsborgarskap” er på hi sida eit dårleg kriterium, av di folk i Nord-Irland med britisk statsborgarskap òg høyrer med til den irske nasjonen. Ein irsk nasjonalstat i framtida lyt opne for at innbyggjarane kan ha både irsk og britisk statsborgarskap.²⁴⁶ ”Territorium” vert òg synt attende som kriterium, av di det finst mange med irsk nasjonalitet som lever i diaspora kring i verda. SDLP skil soleis skarpt mellom stat og nasjon: Ein kan vera irsk utan å kjenne lojalitet til den irske staten. Dette indikerer eit etnisk, om enn i mindre grad

kommunalistisk, nasjonsomgrep (2) SDLP sitt nasjonsomgrep er *inkluderande*: Det femnar òg om folk som ikkje godkjenner den irske staten, av di nasjonsomgrepet ikkje er statsborgarleg (Atwood). Samstundes har partiet eit inkluderande kulturomgrep (Lewsley).

(4) SDLP har eit tridimensjonalt bilete av konflikten: Dei tri dimensjonane er den *religiøse*, mellom katolikkane og protestantane i Nord-Irland, den *nasjonale*, mellom Nord og Sør og mellom Storbritannia og Irland, og den *kulturelle*, mellom britisk og irsk kultur (Atwood). Det dreier seg soleis om ein nasjonal konflikt med kulturelle og religiøse kjenneteikn. Dette strekar under partiet sitt etniske nasjonsomgrep. At religion òg vert nemnd som kjenneteikn, syner at kommunalismen òg spelar inn.

(5) *Borgarrettsrørsla* på slutten av 1960-talet er den politiske hendinga som både Atwood og Lewsley framhevar som den ideologiske kveiken for partiet. Atwood dreg òg linene attende til Wolfe Tone og "the United Irishmen" på 1790-talet, men han karakteriserer Tone som ein "sentrumspolitkar", og nemner han i same andedraget som konstitusjonalisten Grattan, som var ansvarleg for den liberale grunnlova av 1782 (kap. 3, pkt. 3.1 og 3.2.2.). Dette indikerer ei nedtoning av den republikanske arven frå 1798 til føremon for ein meir konstitusjonelt definert nasjonalisme.

Alt i alt indikerer desse svara ein sers låg grad av politisk og ein høg grad av etnisk nasjonalisme, der "språk", "kultur", "rase" og "historie", men i mindre grad "religion", spelar inn.

2.1.2. Sekterisme

(1) Det er ei stor ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljeliner. (2) Både Atwood og Lewsley ser ein kombinasjon av integrerte statsskular og skular leidde av kyrkjene som det beste alternativet, slik at foreldra sjølve kan velja kvar dei vil sende borna sine. Likevel trur og vonar dei at vi vil få ei naturleg utvikling i retning av integrerte skular på friviljug grunnlag. "Naturleg utvikling" kjem soleis i staden for ein aktiv politikk på dette området (3) Segregerte bustadområde for protestantar og katolikkar er ein uting. Partiet vil arbeide aktivt for å snu den utviklinga ein har sett i retning av større segregasjon som ei fylgd av konflikten (Lewsley). (4) Religion spelar inga viktig rolle når det gjeld å motivera partimedlemene i det politiske arbeidet, og det tykkjer Lewsley er bra.

(5) Partiet ser langt meir negativt på Oransjeordenen enn på AOH si verksemd i nord-irsk politikk,²⁴⁷ men det er ingen formelle band mellom partiet og AOH. (6) Konfliktane som har vori i spørsmålet om paradar gjennom område busette av folk frå den andre sida i konflikten kan anten

løysast gjennom dialog mellom partane (Atwood) eller forbod mot serleg omstridde marsjar (Lewsley). Dette syner at SDLP tek fråstand frå all organisert sekterisme, samstundes som partiet motarbeider arrangement som held oppe sekterismen i Nord-Irland.

Den rolla ikkje-sekteriske haldningar spelar for partiet sitt syn på integrering og sekteriske organisasjonar og partimedlemene sin motivasjon for å drive politisk arbeid, vert noko svekt gjennom vanten på praktisk oppfylgning i skulepolitikken. Alt i alt lyt vi seia at sekterismen er låg i partiet.

2.1.3. Kontrollvariablane

SDLP høyrer til minoritetssegmentet og hadde ein aukande veljartilslutnad i perioden 1996-98 (0.6%). (1,2,3,4) Partiet kunne ynskt nokre punkt i Langfredagsavtala endra, men ser på avtala som eit kompromiss, der alle partar må gje noko for å få noko att. Haldninga til avtala som heilskap vert med det ”positiv”(Atwood). (5) Bortsett frå at partiet tykkjer maktdeling er ei bra ordning i seg sjølv, ser det ingen andre alternativ til avtala enn majoritetsstyre og framhald av konflikten, som for SDLP er langt dårlegare alternativ.

2.2. Den avhengige variabelen

(1) SDLP meiner ordninga med maktdeling gjer det mogleg for alle partar å arbeide saman mot sams mål. Det vil setja i gang ein prosess mot ei ikkje-valdeleg løysing av konflikten. Men det vil ta lang tid å heile dei djupe sår som konflikten har skapt. Det viktige her er at ordninga har fått tilslutnad frå eit fleirtal både i folket og mellom dei politiske partia (Atwood). Dei religiøse skiljelinene er ei kjensgjerning vi lyt godta, men ordninga med maktdeling vil vonleg gjera dei mindre (Lewsley). Som venta er SDLP sitt syn på maktdeling udelt positivt, og partiet ser på ordninga som varig.²⁴⁸ Likevel ser partiet ikkje på dei religiøse skiljelinene som ordninga føreset som ein god ting, men heller som ei kjensgjerning vi må godta. (2) Sjølv om Sunningdale-avtala var betre frå ein nasjonalistisk ståstad,²⁴⁹ hadde den republikanske rørsla enno ikkje nådd den graden av mogenskap som ho hadde i 1998, og unionistane var heller ikkje klåre til å godta avtala. Konfliktnivået i gatene var høgare på baa sider, og Sinn Féin og lojalistane låg i open i krig.²⁵⁰ (3) Langfredagsavtala har gjort det mogleg for dei politiske partia i Nord-Irland å ta politisk ansvar ved å samarbeide i Forsamlinga og Regjeringa. Politikken har komi i staden for valdet (Atwood). Avtala har gjevi det nord-irske folket høve til eigarskap og likskap gjennom dialog (Lewsley).

Av di maktdeling for SDLP har verde i seg sjølv, må vi kalle partiet si haldning ”sers positiv”. Dette er som vi hadde venta ut frå analysemodellen, av di partiet hadde ein høg grad av etnisk nasjonalisme. Kontrollvariablane verkar i same retning, av di partiet høyrer til minoritetssegmentet, har hatt aukande veljartilslutnad, er utan betre alternativ til avtala og har ei positiv haldning til avtala som heilskap. Det er likevel lite truleg at det ville ha snudd resultatet dersom effekten av kontrollvariablane vert fjerna, av di SDLP ser på maktdeling som ei varig ordning, jamvel i eit sameint Irland, der nasjonalistane ville koma i majoritet, samstundes som partiet ikkje har endra haldning etter den dramatiske nedgangen i røystetal ved valet i 2007.

3. Sinn Féin (SF)

SF var i utgangspunktet mot systemet med maktdeling, og boikotta dei institusjonane som Sunningdale-avtala sette opp i 1973. Den gongen trudde partiet på ein snøgg siger gjennom den væpna kampen Provisoriske IRA førte for å få britane ut or Nord-Irland, og som partiet stødde. Det var fyrst i dokumentet *Towards a Lasting Peace in Ireland* i 1992 at partiet opna for den fredsprosessen som enda med Langfredagsavtala i 1998. Ved valet til Forsamlinga fekk partiet 17,6 % av røystene og 18 plassar. Ved valet til den nye Forsamlinga i mars 2007 hadde partiet auka tilslutnaden til 26,14 % og 28 plassar, og vart med det største partiet i den nasjonalistiske blokka. Det delar no regjeringmakta med DUP. Partiet vert klassifisert som ”nasjonalistisk” i Forsamlinga, men det skil sjølv skarpt mellom ”nasjonalisme” og ”republikanisme”, og reknar seg sjølv til den siste kategorien. Partileidaren, Gerry Adams, summerte opp kva han la i dette omgrepet i tala si til Sinn Féin sitt årsmøte (”Ard Fhéis”) i 2007:

Irish republicanism, whose founders were mainly Protestant, is about people and their political, civil, religious, economic and social rights. Irish Republicanism is about citizenship. It's about uniting orange and green. It's about building upon our common needs and in the common good (Adams 2007).

Adams gjev her uttrykk for det SF legg i omgrepet “Irish republicanism”. Det svarar godt til den definisjonen vi har gjevi av “politisk” eller “statsborgarleg nasjonalisme”. I boka *Free Ireland: Towards a Lasting Peace* går Adams inn for eit sekulært og pluralistisk samfunn som skal ”spegle av ulike tradisjonar og som vert forma av vonene til alle borgarane” (Adams 1995: 121). Han ser ein sameint og uavhengig irsk republikk som vilkåret for at ”normal klassepolitikk” skal kunne koma i staden for den religiøse sekterismen som pregar det nord-irske samfunnet i dag (ibid.: 66), men han legg òg vekt på den språkleg-kulturelle sida ved den nasjonale reisinga. Han kjem her serleg inn på den renessansen for irsk mål vi har sett i kjølvatnet av frigjeringskampen i Nord-Irland (ibid.: 131, 143, 145).

SF ser seg som arvtakaren til det partiet Arthur Griffith stifta i 1905, og som fekk fleirtalet av dei irske parlamentsmedlemene ved valet i 1918, då dei etablerte seg som eit eige parlament i Dublin (kap. 3, pkt. 7.3.4.). Etter at Irland vart delt i 1921, stod partiet for ei konsekvent boykottline i høve til dei to parlamenta delingsavtala sette opp. I 1986 endra partiet politikk og byrja stille kandidatar til parlamentet i Dublin. I 1998 endra partiet òg politikk i høve til dei nord-irske politiske organa ved at partiet skreiv under på Langfredagsavtala. Når det gjeld Westminster-vala stiller partiet kandidatar, men dei tek ikkje plassane sine i parlamentet. Partiet proklamerer truskap til Den irske republikken som grunnlag for ein irsk nasjonalstat som omfattar alle dei 32 grevskapa i Irland, og ikkje berre dei 26 som i dag utgjer ”Republikken Irland”.

Til å svara på intervju spørsmåla fekk eg Mark **McClarnon**, som var partiet sin politiske organisator for Nord-Irland.

3.1. Dei uavhengige variablane

3.1.1. Nasjonalismetype

(1, 2) Sinn Féin har eit politisk nasjonsomgrep. Alle med irsk statsborgarskap høyrer til den irske republikken, og den irske republikken definerer den irske nasjonen. Alle borgarar av den irske republikken skal handsamast likt, ingen skal ekskluderast. Mc Clarnon utelukkar både religion, rase og kultur som grunnlag for irsk nasjonsbygging. Den irske nasjonen må tuftast på eit pluralistisk samfunn, der alle kulturar må ynskjast velkomen. På hi sida spelar det irske *språket* ei viktig rolle for den nasjonale rørsle i Irland. McClarnon syner til den språklege renessansen ein har hatt i Nord-Irland som ei fylgd av den nasjonale frigjeringskampen,²⁵¹ men legg samstundes vekt på at irsk målrøkt ikkje må verke ekskluderande. Irsk språk må tvert om dyrkast på ein måte som fører folk saman i staden for å skilja dei åt.

(5) SF ser konflikten som ein konflikt mellom det irske folket og den britiske staten. Partiet vil difor karakterisera han som ein nasjonal konflikt. Det var britane som opna ein annan front ved å stø dei lojalistiske dødsskvadronane som gjekk til åtak på folk på grunn av religionen deira. Konflikten kan difor ikkje kallast religiøs. Mc Clarnon forklårar den sosiale ulikskapen i Nord-Irland ut frå delinga av Irland, og ser på det viset den nasjonale konflikten som viktigare enn klassekonflikten. Den nasjonale konflikten vert likevel ikkje oppfatta etnisk eller religiøst. (6) Dei ideologiske røtene til partiet kan sporast attende til oppreisten til ”the United Irishmen” i 1798 og Den franske revolusjonen (kap. 3, pkt. 3.2.2.).

Desse svara indikerer ein sers høg grad av politisk nasjonalisme. Den viktige rolla ”språk” spelar som kjenneteikn for den irske nasjonen, gjer at vi må kalle partiet sin etniske nasjonalisme ”moderat”, sjølv om det tek fråstand frå ”religion”, ”rase” og ”kultur” som nasjonale kjenneteikn.

3.1.2. Sekterisme

(1) Partiet ser det som ei klår ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljeliner, og legg skulda for at det er slik i Nord-Irland på den sekteriske håtten i den nord-irske staten.

(2) SF ser eit integrert skulesystem som det ideelle, men har likevel ei pragmatisk innstilling til organiseringa av utdanninga. So lenge det store fleirtalet av foreldre i Irland ynskjer å sende borna sine til religiøse skular, vil partiet rette seg etter det, og heller syte for at kvaliteten i undervisninga held mål. Partiet sin antisekteriske ideologi fær soleis ingen viktige fylgder for den praktiske politikken på dette området. (3) Partiet er klårt i mot segregerte bustadområde, og ser segregasjonen som eit resultat av den sekteriske politikken til det gamle Stormontregimet. (4) Religion spelar inga rolle når det gjeld å motivera partimedlemene til politisk innsats.

(5) Partiet ser både Oransjeordenen og AHO som sekteriske organisasjonar, men held Oransjeordenen for å vera politisk mykje farlegare enn AHO, av di han var sjølv sementen i den nord-irske staten so lenge han fanst, der han hadde som mål å halde oppe ”ein protestantisk stat for eit protestantisk folk”. (6) SF stør Oransjeordenen sin rett til å marsjera, men berre dersom samtykke vert innhenta frå folket i dei områda han vil marsjera gjennom.

Partiet syner soleis om lag dei same haldningane til sekterisme som SDLP, og vi må difor kalle sekterismen i Sinn Féin låg.

3.1.3. Kontrollvariablane

Sinn Féin høyrer til minoritetssegmentet og hadde ein sterkt aukande veljartilslutnad i perioden 1996-98 (2,1%). (1, 2) Partiet ser ikkje på Langfredagsavtala som eit republikansk dokument, men heller som eit middel til konfliktløysing, der målet om eit sameint Irland kan artikulera gjennom dei institusjonane avtala set opp. Sinn Féin ser på avtala som ei pakkeløysing, der det institusjonaliserte Nord/Sør-samarbeidet er ein viktig del, og eit steg på vegen mot eit sameint Irland (McClarnon). Sinn Féin har difor ei positiv haldning til avtala som heilskap. (5) Einaste alternativa til avtala er majoritetsstyre og framhald av konflikten, og Sinn Féin ser difor ingen betre alternativ (McClarnon).

3.2. Den avhengige variabelen

(1) SF stør ordninga med maktdeling, slik ho vart sett opp i Langfredagsavtala, og trur ho vil hjelpe til med å viske ut dei religiøse skiljelinene over tid. Det føreset at ho vert sedd i samanheng med dei rettsgarantiane avtala gjev. (2) McClarnon ser som den viktigaste grunnen til at Langfredagsavtala har fungert betre enn Sunningdale-avtala at ho er inkluderande: Både republikanarane og lojalistane var med på avtala, medan dei i 1974 låg i krig. Samstundes låg IRA i krig med Den britiske heren, og den nasjonalistiske folkesetnaden var utsett for internering utan rettargang. SF hadde heller ikkje det same mandatet frå folket som i 1998.

SF si haldning til maktdeling er soleis positiv, og difor i strid med det vi hadde forventa ut frå analysemodellen på grunn av partiet sitt sers høge verde på ”politisk nasjonalisme” og låge på ”sektarisme”. Men her dreg kontrollvariablane i motsett leid, av di partiet, høyrer til minoritetssegmentet, hadde sterkt aukande veljartilslutnad i perioden 1996-98 og ei positiv haldning til avtala som heilskap. McClarnon gjorde det òg klårt at han ser på maktdeling som det beste av fleire dårlege alternativ Ein indikasjon på at partiet si haldning til maktdeling ikkje ville ha vori den same dersom vi hadde kontrollert for desse variablane, er at Sinn Féin berre ser på maktdelingsorgana som ei overgangsordning.

4. *Republican Sinn Féin (RSF)*

RSF vart skipa av det mindretalet som røysta mot at SF skulle sende representantar til den irske nasjonalforsamlinga på Sinn Féin sitt årsmøte i 1986. Å godkjenne eit parlament som vart skipa etter delingsavtala av 1921 vart sett på som eit brot med den republikanske arven. Til grunn for opplysningane om RSF ligg intervju med presidenten og visepresidenten i partiet, Ruairí Ó **Brádaigh**²⁵² og Geraldine **Taylor**.

Som alternativ både til regionalt sjølvstyre for Nord-Irland innanfor UK og ein irsk einskapsstat styrt frå Dublin, set RSF eit program partiet kallar ”Éire Nua”, som er ein føderasjon av dei fire tradisjonelle provinsane i Irland, Ulster, Leinster, Munster og Connacht, saman med eit omfattande sjølvstyre på regions-, distrikts- og kommunenivå. Provinsen Ulster vil med det femne om 3 grevskap meir enn dei 6 som i dag utgjer provinsen ”Nord-Irland”. Det vil gje meir jamvekt i styrketilhøvet mellom dei to folkegruppene der (RSF 2000: 19-25).²⁵³

Ideologisk står partiet for ein demokratisk sosialisme (Ó Brádaigh). I staden for representativt demokrati set partiet idéen om ”eit fullt deltakardemokrati”, som byggjer på ein sjølvbergingsøkonomi tufta på arbeidar-og produsentkooperativ (RSF 1993: 2). Soleis ligg RSF sitt økonomiske program nærare opp til Arthur Griffith sitt opphavlege program frå 1905 (kap. 3, pkt. 4.3.4.) enn programmet til dei andre republikanske partia. Programmet vil likevel fyrst kunne setjast ut i livet når den britiske regjeringa seier seg viljug til å dra styrkane attende frå Nord-Irland og ei grunnlovsforsamling vert vald på all-irsk grunnlag (RSF 1991). Det er denne forsamlinga som skal vedta eller vraka Éire Nua-programmet, som, dersom det vert vedteki, vert framlagt for folket til avrøysting (Ó Brádaigh).

RSF har i dag 4 provinsråd og over 100 avdelingar over heile Irland. Det boikottar parlamenta i Dublin, Belfast og London, men har fått folk innvalde i fleire lokale organ. I Nord-Irland stilte partiet kandidatar ved lokalvala fram til 1989, då britane kravde at dei skulle underteikne ein eid der dei skulle seia frå seg retten til væpna motstand (Ó Brádaigh).

4.1. Dei uavhengige variablane

4.1.1 Nasjonalismetype

(1, 2) RSF sitt nasjonsomgrep er i hovudsak statsborgarleg,²⁵⁴ territorielt, inkluderande og subjektivistisk: Alle som bur på den irske øya, har irsk statsborgarskap og kjenner seg som irar høyrer til den irske nasjonen. Partiet reknar òg sams språk, sams kultur, og ei sams søge som viktige kjenneteikn ved ein nasjon, men syner attende ”rase” og ”religion” som kriterium (Ó Brádaigh, Taylor). (3a) Ó Brádaigh vil ikkje karakterisera Irland som ein ”katolsk nasjon” (4) Både Ó Brádaigh og Taylor karakteriserer eintydig konflikten i Nord-Irland som ein ”nasjonal konflikt”. (5) Dei ideologiske røtene til partiet finn dei hjå ”the United Irishmen” på 1790-talet og i proklamasjonen frå mennene attom Påskeopprøret i 1916 (kap. 3, pkt. 6.2).

Desse svara indikerer ein sers høg grad av politisk nasjonalisme,²⁵⁵ og ein moderat grad av etnisk nasjonalisme på grunn av den rolla kultur nasjonalismen spelar for partiet.

4.1.2. Sekterisme

(1) RSF ser det som ei ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljelinjer. (2) Partiet er skeptisk til integrerte statsskular innanfor det noverande systemet, av di dei fryktar det vil gå ut

over undervisninga i irsk mål. Idealet er heller eit system med multikonfesjonelle skular drivne av lokalsamfunna (Ó Brádaigh). Innanfor det systemet vi har er det viktig at foreldra har fridomen til å velja kva for skule dei skal sende borna sine til, og at borna vert underviste i den religionen foreldra ynskjer (Taylor). (3) Partiet er klårt i mot at katolikkar og protestantar skal bu i skilde bustadområde, og forklårar den segregeringa som har funni stad i Nord-Irland med konflikten der og med ein medviten britisk politikk. (4) Religion spelar inga rolle når det gjeld å motivera partimedlemene til politisk innsats. (5) Partiet sitt prinsippprogram forbyr medlemene å vera medlemmer i løynde selskap. Det utelukkar medlemsskap i både Oransjeordenen og AOH. Men RSF ser på Oransjeordenen som ein langt farlegare organisasjon enn AOH av di han er langt sterkare og har formelle band til Unionistpartiet. (6) Det som skaper problem i Nord-Irland i dag er at Oransjeordenen sine paradar gjennom nasjonalistiske område er ein demonstrasjon av politisk makt. I eit fritt Irland ville ikkje slike paradar ha vori noko problem, av di dette maktaspektet ville vori borte. Då kunne ein berre sjå det som ein kulturtradisjon (Ó Brádaigh).²⁵⁶

Desse svara indikerer ein låg grad av sekterisme. Skepsisen til integrerte statsskular kan ein ikkje tolke som sekterisme, av di partiet sitt alternativ er multikonfesjonelle skular. Dette vil likevel fyrst kunne realiserast i eit sameint og desentralisert Irland.

4.1.3. Kontrollvariablane

RSF høyrer til minoritetssegmentet, men vi fær ikkje kontrollert for ”veljartilslutnad”, av di partiet ikkje godtek Langfredagsavtala, og difor korkje stilte lister ved valet til Forsamlinga i 1998 eller Dialogforumet i 1996. (1,2,3) RSF vrakar avtala i sin heilskap av di partiet meiner ho godtek det britiske styret i Nord-Irland. (4) RSF meiner avtala har skadd den republikanske sida i konflikten mest, av di ho har festna det britiske styret. Samstundes har Den irske republikken fjerna artikkane 2 og 3 i grunnlova, som kravde irsk overhøgde i Nord-Irland. Det har gjort kampen for ein fri og uavhengig irsk republikk vanskelegare (Ó Brádaigh, Taylor). RSF si haldning til Langfredagsavtala som heilskap er difor sers negativ. (5) Partiet har eit alternativ det tykkjer er betre enn avtala, nemleg at den britiske regjeringa dreg attende styrkane sine frå Irland på ordna vis, slik at det kan kallast saman ei grunnlovjevande forsamling og RSF sitt program, ”Éire Nua”, vert teki opp til folkerøysting (Ó Brádaigh).

4.2. Den avhengige variabelen

(1) RSF meiner ordninga med maktdeling som er nedfelt i Langfredagsavtala vil djupe ut dei religiøse skiljelinene i Nord-Irland, av di dei utøvande organa er tufta på ei sekterisk hovudteljing.

(2) Ó Brádaigh hevdar Sunningdale-avtala var betre sett frå republikansk ståstad enn Langfredagsavtala, av di ho knesette eit all-irsk råd med avgjerdsrett, samstundes som artiklane 2 og 3 i den irske grunnlova ikkje vart rokka. At Sinn Féin likevel gjekk med på Langfredagsavtala karakteriserer han som ein ”kontrarevolusjon”. (3) På den visen har Langfredagsavtala òg endra karakteren av konflikten ved å svekkje den republikanske rørsla og konsolidera det engelske styret. Ho har gjort det vanskelegare for dei som kjempar for irsk fridom, serleg når det gjeld tilhøvet til dei i det nasjonalistiske samfunnet som samarbeider med dei britiske styresmaktene (Taylor).

RFS har soleis ei sers negativ haldning både til Langfredagsavtala som heilskap og til maktdelingsinstitusjonane. På grunn av partiet sitt sers høge verdi på ”politisk nasjonalisme” og låge på ”sekterisme” ter partiet seg heilt i samsvar med forventingane frå analysemodellen. At partiet høyrer til minoritetssegmentet er ikkje nok til å endre på dette.

5. *The Workers' Party (WP)*

”The Workers' Party” sprang ut av den delen av Sinn Féin som vart att etter at Den provisoriske republikanske rørsla braut med partiet og skipa det noverande Sinn Féin i 1970. Brotet skuldast usemje om den defensive lina partiet la seg på etter 1962, der hovudvekta vart lagt på å stø den ikkje-valdelege kampen for borgarrettar gjennom NICRA (kap. 4, pkt. 3.2.2.1.). I tida etter brotet gjekk partiet under namnet ”Offisielle Sinn Féin”, for å skilja det frå utbrytarane i ”Provisoriske Sinn Féin”. Hovudankemålet frå Dei provisoriske var at ”Offisielle IRA” ikkje greidde å verja den nasjonalistiske folkesetnaden då pogromane sette inn i 1969.²⁵⁷

Etter 1977 har partiet vori mest oppteke av parlamentarisk politikk i Republikken, der det har gjort seg til talsmann for økonomisk modernisering og integrasjon innanfor ramma av EU.²⁵⁸ Det skjedde samstundes med at partiet godkjende konsensusprinsippet for Nord-Irland, gav avkall på væpna kamp som strategi og skifta namn til ”Sinn Féin – the Workers' Party”, som i 1982 vart til ”the Workers' Party” (Rooney 1982: 86-87). Partiet stør Langfredagsavtala, men ved valet til Forsamlinga i 1998 fekk partiet berre 0,2% av røystene, noko som ikkje gav utteljing i form av mandat.²⁵⁹ I 2001 hadde partiet ein medlemsstokk på 1250 i heile Irland, og

om lag 500 i Nord-Irland (O'Hagan 2001 [intervju]). Til å svara på intervju spørsmåla fekk eg Brendan Burns, som er partiet sin pressesekretær i Nord-Irland, og partiveteranen Des O'Hagan.²⁶⁰

5.1. Dei uavhengige variablane

5.1.1. Nasjonalismetype

(1, 2) WP sitt nasjonsomgrep er statsborgarleg, territorielt og inkluderande. Partiet sver truskap til den irske nasjonen, men ser det nasjonale spørsmålet som underordna klassekampen og den internasjonale solidariteten i arbeidarklassa. WP tek òg sterke atterhald mot å verte karakterisert som "nasjonalistisk", av di partiet ser både nasjonalismen og unionismen i Nord-Irland som ideologiske uttrykk for sekterisme. Opp mot dei bae set partiet den republikanske arven frå Den franske revolusjonen. Partiet er òg meir atterhaldsamt når det gjeld å stø kampen for irsk språk enn dei andre republikanske partia: WP går mot irsk målreising dersom ho skaper skilnader og fremjar katolsk elitisme, noko partiet hevdar det er røyndleg fare for i dag. Det ser likevel positivt på målreisinga dersom ho berre tek sikte på å fremja irsk identitet, og vil stø folk sin rett til å lære det språket dei ynskjer (Burns). (3a) WP vil ikkje karakterisera Irland som ein "katolsk nasjon" (O'Hagan). (4) Burns hevdar konflikten i Nord-Irland er ein religiøs konflikt. (5) Dei ideologiske røtene til partiet sporar han attende til "the United Irishmen" og deira program for eit sameint Irland, uavhengig av religion (kap. 3, pkt. 3.2.2.).

Desse svara indikerer ein sers høg grad av politisk nasjonalisme. Det kulturnasjonalistiske innslaget er svakare enn hjå dei andre republikanske partia. Ein lyt difor karakterisera den etniske nasjonalsimen til partiet som låg. At partiet ser på konflikten i Nord-Irland som ein religiøs konflikt, lyt ein heller tolke som ein kritisk karakteristikkk frå eit parti som ikkje reknar seg som part i konflikten.

5.1.2. Sekterisme

(1) WP ser det som ei stor ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljeliner (Burns). (2) Partiet ynskjer utan atterhald eit skulesystem med fullt integrerte statsskular,

og ser kyrkjene som det fremste hinderet for å få gjennomført ei slik ordning. Partiet ynskjer difor ein omfattande plan for integrerte statsskular, og er ikkje viljug til å godta noka form for kompromiss i høve til det rådande systemet (Burns). (3) Partiet er òg heilt i mot segregerte bustadområde, og legg skulda på ”Provisoriske IRA sin sekteriske bombekampanje” for den aukande segregeringa i Nord-Irland etter 1970 (O’Hagan). (4) Religion spelar inga viktig rolle når det gjeld å motivera WP sine medlemmer til politisk innsats (O’Hagan).

(5) Ingen av WP sine medlemmer er med i Oransjeordenen eller AOH, av di partiet reknar både desse organisasjonane som sekteriske. WP ser ingen viktig skilnad mellom dei to organisasjonane. (6) Av same grunn ser partiet dei paradane dei insisterer på å halde gjennom område busette av folk frå den andre sida i konflikten som problematiske. Retten til å marsjera må balanserast mot andre menneske sin rett til å nekte slike marsjar (Burns). Burns går inn for å løyse dette problemet på ein måte som tek vare på retten til å marsjera, utan at det fører til sekteriske konfrontasjonar. Det krev tingingar mellom alle partar.

Desse svara indikerer ein sers låg grad av sekterisme. WP er det einaste partiet på nasjonalistisk side som ynskjer ein aktiv politikk for å få slutt på segregeringa i skuleverket.

5.1.3. Kontrollvariablane

WP høyrer til minoritetssegmentet og hadde om lag det same røystetalet i 1998 som i 1996 (0,2%). (1) Partiet har ei positiv haldning til Langfredagsavtala som heilskap, (2) men det vil kjempe mot ”ei serskild utvikling” av den nord-irske staten, som partiet hevdar ligg innbygd i avtala, og som strir mot republikanske prinsipp (O’Hagan 1998: 15). (5) Partiet ser maktdeling som einaste alternativet til eit framhald av konflikten, av det beinveges styret frå London og til majoritetsstyre, og soleis som den beste av fleire dårlege løysingar.

5.4. Den avhengige variabelen

(1) WP tek sterke atterhald når det gjeld ordninga med maktdeling, som partiet hevdar vil kunne festne dei sekteriske skiljelinene. For å bøte på dei største ulempene med systemet, går partiet inn for vege majoritetsstyre i Forsamlinga i staden for det gjensidige vetoet (WP 2003: 3).

Samstundes ynskjer partiet å gruppera medlemene av Forsamlinga langs høgre/venstre-aksen, på

tvers av dei segmentære skiljelinene (Burns). (3) Langfredagsavtala har ikkje endra karakteren av konflikten i serleg grad, men ho har fjerna konflikten frå gatene og stogga valdet. I staden er konflikten flytta inn i Forsamlinga, der nasjonalistar og unionistar går til åtak på einannan verbalt. Det ser WP som ei positiv utvikling (Burns).

WP si positive haldning til maktdeling strir mot forventingane frå analysemodellen, av di partiet skårar sers høgt på ”politisk nasjonalisme” og sers lågt på ”sekterisme”. Men partiet tek sterke atterhald når det gjeld maktdelingsorgana, som det kallar ”institusjonalisert sekterisme”. At partiet høyrer til minoritetssegmentet, ikkje ser betre alternativ til avtala og har ei positiv haldning til avtala som heilskap, gjer at partiet likevel ser positivt på maktdeling.

6. Ulster Unionist Party (UUP)

Forløparen til UUP, ”the Ulster Unionist Council” (UUC) vart skipa i 1905 (kap. 3, pkt. 5.2). Partiet UUP oppstod fyrst etter at den nord-irske staten vart skipa i 1921. Det har vori nært tilknytt Det konservative partiet i britisk politikk, samstundes som det i nord-irsk politikk har stått fram som eit samlande uttrykk for alle som ynskjer å halde på Unionen, på tvers av klasseinteresser. Det var dette som gav partiet det maktmonopolet det hadde i nord-irsk politikk i perioden med ”majoritetsdemokrati”, 1921-72. Partiet hadde i 2001 4-5 000 medlemer.

UUP går inn for regionalt sjølvstyre for Nord-Irland innanfor rammene av UK. I manifestet framfor forsamlingsvalet i 2007 grunngjev partiet dette slik:

Devolution will empower Northern Ireland to move forward and widen access to power, which can be just as important as access to wealth and opportunity. Through accountable, devolved government, Ulster Unionists will bridge the gap between government and the people of Northern Ireland. [...] For over 3 decades the people of Northern Ireland have been governed through Direct Rule Minister – unaccountable to us, routinely ignoring our wishes, and remote from our hopes and aspirations (UUP 2007: 32)

Med 28 plassar og 21,3% av røystene vart partiet det største i Forsamlinga i 1998 (Elliott & Flackes 1999: 598).²⁶¹ Ved valet i 2007 fekk partiet berre 17 plassar, og vart med det uttevla av DUP som det største unionistpartiet.

UUP var det einaste nord-irske partiet som kløyvde seg på Langfredagsavtala. Medan leidinga, med stønad frå eit knapt fleirtal, godtok avtala, gjekk eit stort mindretal inn for å vraka ho. Dei organiserte seg som eiga blokk i Forsamlinga. Til å svara på intervju spørsmåla fekk eg John **Coulter**, som var politisk medarbeidar (”Political Research Assistant”) til

forsamlingsmedlemen Robert Coulter, og forsamlingsmedlemen Peter **Weir**.²⁶² Den fyrste var tilhengar, den andre motstandar av Langfredagsavtala. Diverre fekk eg ikkje fullført intervjuet med den fyrste. Der eg vantar opplysningar frå han må eg halde meg til Weir sine opplysningar, eller, i spørsmål om Langfredagsavtala, der dei to er usamde, hente opplysningane frå anna hald.

6.1. Dei uavhengige variablane

6.1.1. Nasjonalismetype

(1) Den nasjonen partiet sver truskap til, Storbritannia, vert definert både etnisk og statsborgarleg. Kva for eit av desse kjenneteikna som vert vektlagt varierer. Mellom dei etniske kriteria kjem både religion (Coulter), språk og rase (Weir) inn i biletet. (2) Det er likevel uklårt kven dette nasjonsomgrepet ekskluderer. (3b) Historisk vil Storbritannia kunne karakteriserast som ein ”protestanitsk nasjon” (Weir). (4) Konflikten i Nord-Irland vert oppfatta som ein nasjonal konflikt, av di han dreier seg om eit ynskje om å vera del av to konkurrerande nasjonar, Irland og Storbritannia (Weir).

(5) Partiet sporar dei ideologiske røtene sine attende til Vilhelm av Orania sin siger i slaget ved Boyne (Coulter), og til kampen mot heimestyre for Irland på 1900-talet (Weir). Den fyrste av desse hendingane vert kvart år feira av Oransjeordenen for å markera protestantane sitt etniske herredøme i Nord-Irland.²⁶³

Svara indikerer høge verde både av politisk og etnisk nasjonalisme. I den etniske nasjonalismen spelar både kommunalisme og raseideologi ei viktig rolle.

6.1.2. Sekterisme

(2) UUP ynskjer ein kombinasjon av religiøse skular og integrerte statsskular. Eit integrert skulesystem kan ikkje under noko omstende tvingast på folk (Weir). (3) Det er ein uting at protestantar og katolikkar bur i skilde område, men det har vori ei naudsynt fylgd av den spenninga som har vori i det nord-irske samfunnet, sjølv føre valdet tok til for alvor på slutten av 1960-talet (Weir). (4) Religion spelar for tida ei ”tolleg avgrensa” (”fairly limited”) rolle når det gjeld å motivera partimedlemene til politisk innsats (Weir).

(5) Det er formelle band mellom Oransjeordenen og UUP: ”The Grand Orange Lodge” har ei fast mengd målsmenn i partiet sitt sentralstyre. Over halvdelan av partimedlemene er

medlemer av Oransjeordenen. Ingen av dei er med i AOH. (6) Partiet forsvargar Oransjeordenen sin rett til å halde paradar gjennom katolske bustadområde ut frå prinsippet om religionsfridom. Partiet vil òg forsvare AOH si rett til å paradera gjennom protestantiske bustadområde, men avgrensar seg klårt i høve til Sinn Féin sine paradar (Weir).²⁶⁴

Desse svara indikerer samanlagt ein høg grad av sekterisme. Partiet har rett nok ei moderat line når det gjeld integrasjon i skuleverket, men både her og i bustadpolitikken ber partiet sine standpunkt preg av tilpassing til ein sekteristisk røyndom. Berre når det gjeld partimedlemene sin motivasjon tykkjast sekterismen vera ”tolleg avgrensa”. UUP sine formelle band til Oransjeordenen og stønaden til ordenen sine paradar indikerer på hi sida ein sers høg grad av sekterisme. At partiet òg forsvargar AOH sin rett til å paradera minskar ikkje dette inntrykket, av di AOH i dag mest aldri lèt høyre frå seg og har sers liten stønad mellom nasjonalistane. Det veg i denne samanhengen tyngre at partiet vil forby Sinn Féin sine paradar.

6.1.3. Kontrollvariablane

UUP høyrer til majoritetssegmentet og hadde ei sterkt minkande veljartilslutnad i perioden 1996-98 (-2,9%), (5) men det ser berre framhald av det beinveges styret frå London kombinert med institusjonane frå den anglo-irske avtala av 1985 som alternativ til maktdeling, noko partiet ser på som eit klårt dårlegare alternativ. I manifestet til forsamlingsvalet i 1998 omtala UUP offisielt ordninga med maktdeling som einaste måten eit regionalt sjølvstyre for Nord-Irland kan verte gjennomført på (UUP 1998: 1). Avtalemotstandaren Weir går på hi sida inn for ei mellomløysing mellom integrering i UK og indre sjølvstyre.²⁶⁵ (1,2,3) Offisielt er UUP positivt innstilt til Langfredagsavtala som heilskap, av di ho gjev unionistane vetorett i Nord/Sør-organa og godtek konsensusprinsippet, samstundes som artikkane 2 og 3 vert fjerna frå den irske grunnlova (ibid.).

6.2. Den avhengige variabelen

(1) Avtalemotstandaren Weir meiner ordninga med maktdeling vil halde oppe dei religiøse skiljelinene i Nord-Irland som dei er. Han argumenterer likevel ikkje fyrst og fremst mot ordninga frå ein prinsipiell ståstad, men med at ho ”slepp terroristar inn i regjeringa”.

(2) At Langfredagsavtala so langt har lukkast betre enn Sunningdale-avtala i 1974 forklårar Weir med at styresmaktene har vori meir varsame med å teste ho mot folkemeininga,²⁶⁶ og har sett seg nøgde med at ho greidde seg gjennom ei folkerøysting. Sjølv om Sinn Féin, som

fekk 15-16% av røystene, kom med i regjeringa, vart dei 25-30% av veljarane som røysta på parti som gjekk mot avtala på unionistisk side, ignorerte. I dette ligg ein kritikk av ordninga med maktdeling og eit forsvar for majoritetsstyre.

Ut frå UUP sine høge verde på dei uavhengige variablane ”etnisk nasjonalisme” og ”sekterisme” var den positive haldninga andsynes maktdeling som venta ut frå analysemodellen. At partiet òg hadde ei positiv haldning til avtala som heilskap, styrkte denne samanhengen. Likevel dreg to av kontrollvariablane i motsett leid, av di partiet høyrer til majoritetssegmentet, samstundes som det hadde ein sterkt minkande veljartilslutnad i perioden fram mot valet til maktdelingsinstitusjonane. Det er naturleg å forklåre den sterke opposisjonen i partiet mot leidinga sin stønad til maktdeling ut frå dette. Argumentet mot maktdeling frå opposisjonen var likevel ikkje fyrst og fremst at ho djupa ut dei sekteriske skiljelinene, men at ho ”slepp terroristar inn i regjeringa”. Ut frå analysemodellen kunne kløyvinga i partiet òg forklårast ut frå partiet sin ambivalens i høve til ”nasjonalismetype”, med høge skåringar på både politisk og etnisk nasjonalisme. Likevel finn vi ikkje noko enkelt tilhøve mellom kva for nasjonalismetype dei to respondentane sluttar seg til og haldningane deira til avtala. Avtaletilhengarane har stort sett argumentert med at alternativet, framhald av det beinveges styret frå London, var dårlegare, medan avtalemotstandarane har argumentert med at majoritetsstyre ville vori ei betre løysing.

7. Democratic Unionist Party (DUP)

DUP vart skipa på initiativ av Ian Paisley i 1971 som eit protestparti, både mot ”reformunionismen” til Terence O’Neill og borgarrettsrørsla (kap. 4, pkt. 3.2.1. og 3.2.2.). Dei historiske røtene til partiet ligg soleis i dei politiske hendingane i Nord-Irland si nære fortid. Partiet sin politikk vert i fyrste rekkje styrt av ynsket om å demme opp mot katolsk innverknad og halde oppe unionen. Partiet oppfattar seg som ein moralsk og politisk vaktar over det ”offisielle” unionistpartiet, UUP. Under mottoet ”No Surrender”, der mytane frå ”the Siege of Derry” i 1690 (kap. 3, pkt. 2.3.) vert flittig bruka, har partiet konsekvent gått mot alle tilnærmingar mellom Nord-Irland og Den irske republikken og mot å gje etter for borgarrettsrørsla sine krav.

Eg har tidlegare vori inne på det tette sambandet mellom DUP og ”the Free Presbyterian Church” (kap. 4, pkt. 3.2.3). Mest alle partilaga vert leidde av prestar frå denne kyrkja, som aktivt brukar preikestolen til partibyggjande arbeid. Men partiet har òg greidd å mobilisera store delar av den kyrkjeframande protestantiske arbeidarklassa gjennom ein intens antikatolsk propaganda og ei

kompromisslaus line i unionsspørsmålet (Taylor 1982: 66-69). Partiet sin økonomiske politikk er marknadsliberalistisk,²⁶⁷ og partiet ynskjer å redusera skattenivået for å fremja utanlandske investeringar (DUP 2007: 31).²⁶⁸ Under mottoet ”Cutting the Cost of Government” argumenterer partiet for kraftige nedskjeringar i dei institusjonane Langfredagsavtala sette opp (ibid.: 41).²⁶⁹

Til å svara på spørsmål på vegner av partiet fekk eg Sinclair **McAllister**, som var ”Director of Communications” i partiet i 2001. DUP hadde då om lag 3000 medlemmer. Dei fleste av dei hadde ei reformert protestantisk tru.²⁷⁰ Alle partimøta vert opna med bøn og bibellesing (Mc Allister).²⁷¹

Sjølv om DUP var mot Langfredagsavtala, stilte partiet lister ved valet til Forsamlinga i 1998, der partiet fekk 18,1 % av røystene og 20 plassar. Det vart med det 3. største partiet i Forsamlinga (Elliott & Flackes 1999: 598). Partiet hadde òg ministrar i regjeringa, men dei tok ikkje del i regjeringsmøta, av di dei ikkje ville sitja ved same bordet som ministrane frå Sinn Féin. Etter valet i 2007 fekk partiet heile 36 av plassane, og vart med det største i Forsamlinga (DUP: 2007). Etter det skipa DUP og Sinn Féin, som dei to største partia, regjering med Paisley som statsminister.

7.1. Dei uavhengige variablane.

7.1.1. Nasjonalismetype

(1) Partiet sver truskap til den britiske nasjonen. McAllister ser tilknytninga til den britiske kongemakta og det britiske parlamentet som det som i fyrste rekkje held det britiske folket saman som éin nasjon. Men kultur, språk, historie og rase kjem òg inn som kjenneteikn på denne nasjonen. Partileidaren, Ian Paisley, har fleire gonger understreka den viktige rolla religionen spelar for nasjonen. I ei tale han heldt på konferansen til ”the World Congress of Fundamentalists” i 1976, uttala han:

I pray that more fundamentalists will enter the political arena, raise the standard of Christ's righteousness, and use their influence and position to see that the law of God becomes the law of the nation (Paisley 1976, hjå Taylor 1982: 63).

DUP sin kulturnasjonalisme kjem fram i partiet sitt kulturprogram, der det under overskrifta ”**Pride** in who we are” går inn for å fremja unionistisk kultur, manifestert i den ulsterskotske tradisjonen, som partiet set opp mot den irsk-gæliske kulturen (DUP 2007: 60).²⁷² (2) McAllister

hevdar likevel at partiet ikkje ynskjer å ekskludera serskilde grupper frå statsborgarskapen, soframnt dei fyller dei krava britisk lov set for statsborgarskap.²⁷³

(3) McAllister karakteriserer konflikten i Nord-Irland som ein rasekonflikt, der ”rase” vert biologisk definert.²⁷⁴ Det gjev seg sekundært utslag som kulturelle og religiøse skilnader: På den irske øya går det eit klårt skilje mellom den gæliske kulturen i Sør og den britiske i Nord. ”Religion” fær på den visen meir karakter av ”kultur” og ”tradisjon” enn eit livssyn ein kan velja eller vraka:

It has to do with tradition and culture. Catholic people may not be the same in Germany and Norway as they are in Ireland, because there they are just “Catholics”. They are not involved in politics (McAllister 2001 [intervju]).

(6) McAllister ser DUP som den ideologiske arvtakaren til Carson og Craig og deira mobilisering mot den irske frigjeringsrørsla i 1920 (kap. 3, pkt. 5.3), men trekkjer linene òg attende til Oliver Cromwell (kap. 3, pkt. 2.1), som Ian Paisley har framhaldi som eit ideologisk førebilete.

Dette indikerer ein sers høg grad av etnisk nasjonalisme, der kommunalismen er viktigaste innslaget, men der det òg er innslag av kulturnasjonalisme og raseideologi. Den politiske nasjonalismen kjem likevel inn i tilknytninga til den britiske kongemakta, som spelar ei viktig rolle for partiet. Den må difor kunne kallast moderat.

7.1.2. Sekterisme

(1) McAllister vil ikkje uttala seg om den sekteriske kløyvinga i nord-irsk politikk er ein føremon eller ei ulempe. Partiet godtek soleis sekterismen som ei kjensgjerning:

You’ll have to deal with the realities on the ground: We have a split society in Northern Ireland, and people basically fall into different criteria. The majority of the people fall into the “Protestants” or “Catholics” categories, and adhere to a certain type or way of politics and life and standards (McAllister 2001 [intervju]).

(2) I ”Manifesto 2007” vert kampen mot irsk språk koplå i hop med kampen mot integrerte skular (DUP 2007: 45).²⁷⁵ McAllister legg fram denne politikken som eit vern om retten til frie val: Dei som ynskjer at kyrkjene skal ha hand om undervisninga av borna sine lyt få desse ynskjemåla stetta. Samstundes hevdar partiet at fleirtalet av folket ynskjer religiøse skular, og at brorparten av offentleg stønad difor lyt kanaliseraast den vegen.²⁷⁶

(3) McAllister tykkjer ikkje at katolikkar og protestantar skal bu i kvar sine område, og legg skulda på ”terrororganisasjonane” for at bustadområda har vorti segregerte. Partiet har likevel ingen målretta politikk for å motverke segregeringa, men ser ho som ein realitet ein lyt

rette seg etter. Av valmanifestet frå 2007 går det dessutan fram at partiet sin sosialpolitikk er einsidig retta inn mot det unionistiske segmentet (DUP 2007: 47).²⁷⁷

(5) DUP har inga formell tilknytning til Oransjeordenen. McAllister reknar likevel med at knapt 50% av DUP sine medlemmer er med i ordenen. (6) I ”Manifesto 2007” går det fram at partiet ser på ordenen og paradane hans som ein viktig del av den unionistiske kulturen (DUP 2007: 60).²⁷⁸ Dette indikerer ein sers høg grad av sekterisme. Det gjeld serleg synet på integrert skulegang og Oransjeordenen som kulturfaktor, men òg når det gjeld synet på den politiske organiseringa etter religiøse skiljeliner og segregasjonen på bustadmarknaden syner DUP ein større vilje til å tilpasse seg realitetane enn å få til ei politisk endring.

7.1.3. Kontrollvariablane

DUP høyrer til majoritetssegmentet og opplevde ein minkande veljartilslutnad (-0,7%) i perioden fram mot valet til Forsamlinga. (1, 2, 3, 4) DUP har ei negativ haldning til avtala som heilskap. McAllister grunnjev det med at ho har svekt sambandet med resten av Storbritannia og at unionistane difor kjem ut som den tapande parten. I ”Manifesto 2007” går det klårt fram at DUP ynskjer å redusera Nord/Sør-samarbeidet til eit minimum. I St. Andrews-avtala greidde partiet å få i gjennom at avgjerdsmakta i dei all-irske institusjonane skal liggja hjå den nord-irske regjeringa, der DUP kan stogge alle vedtak gjennom prinsippet om gjensidig veto. (5) Når partiet likevel tek del i maktdelingsorgana, er det av di det ser dei som einaste alternativet til eit framhald av det beinveges styret frå London, kombinert med institusjonane i Den anglo-irske avtala av 1985.

7.2. Den avhengige variabelen

(1) DUP høyrde til Langfredagsavtala sine skarpaste kritikarar, både når det galdt Nord/Sør-samarbeidet og maktdelingsorgana. Samstundes tek partiet på seg det meste av æra for at avtala vart tinga opp att i St. Andrews i 2006 (kap. 5, pkt. 4.5.10).²⁷⁹ Mellom anna fekk partiet gjennomslag for at dei einskilde ministrane berre kan setja ut i livet avgjerder heile regjeringa er samd om, at Forsamlinga kan sende avgjerder attende til regjeringa og at regjeringa skal handle i samsvar med Forsamlinga sine vedtak (DUP 2007: 17, 19). Det dreidde seg soleis om endringar i retning av majoritetsstyre i maktdelingsorgana. DUP ser ikkje på maktdeling som ei varig ordning: Partiet vil arbeide for eit system med ”friviljug koalisjon” og ”vegen majoritetsrøysting”, og fekk nedsett ein komité som ”skal greie ut alternative styringsmodellar for Nord-Irland på

lengre sikt” (ibid.: 20, 29). (2) McAllister ser Langfredagsavtala som eit dårlegare alternativ for unionistane enn Sunningdale-avtala,²⁸⁰ og hevdar avtala har polarisert konflikten.

Med sine sers høge verde på både etnisk nasjonalisme og sekterisme er DUP, med si negative haldning til maktdeling, det partiet som ter seg minst i samsvar med analysemodellen. Det er difor grunn til å tru at kontrollvariablane spelar ei viktig rolle: Partiet høyrer til majoritetssegmentet, og hadde minkande veljartilslutnad i perioden fram mot valet til Forsamlinga, samstundes som det hadde ei negativ innstilling til avtala som heilskap på grunn av Nord/Sør-organa. Partiet sin motstand mot maktdeling er heller ikkje sterkare enn at det tok del i regjeringssamarbeidet i 1998²⁸¹ og etter 8. mai 2007 har delt leidar plassane i regjeringa med Sinn Féin.

8. United Kingdom Unionist Party (UKUP)

UKUP vart skipa i 1997 på initiativ av Belfast-advokaten Robert **McCartney**, som eit alternativ for dei unionistane som delte DUP sin motstand mot Langfredagsavtala, men som samstundes reagerte mot sekterismen til partiet. I motsetnad til DUP, ynskjer UKUP full politisk integrasjon i Storbritannia.²⁸²

Ideologisk vedkjenner UKUP seg ein moderne konservatisme som er mindre klasseorientert enn den til Det konservative partiet i Storbritannia. Partiet ynskjer eit pluralistisk samfunn innanfor rammene av UK (McCartney). Den økonomiske politikken er marknadsliberalistisk, og i partiet sitt manifest vert det lagt vekt på å auke dei utanlandske investeringane i Nord-Irland. Eit av dei viktigaste midla for å få dette til er å styrkje lov og orden (UKUP 1998).

UKUP har om lag 300 medlemmer. Partiet stilte 10 kandidatar ved valet til Forsamlinga i 1998, der det fekk 4,5% av røystene og 5 plassar (Elliott & Flackes 1999: 598). Partiet vart seinare kløyvd, då 4 av forsamlingsmedlemene braut ut og skipa ”theNorthern Ireland Unionist Party”. UKUP kom ikkje med i forsamlinga som vart vald i 2007.

Til å svara på intervju spørsmåla fekk eg partileidaren, McCartney, som var medlem både av Forsamlinga og Westminster-parlamentet.

8.1. Dei uavhengige variablane

8.1.1. Nasjonalismetype

(1) McCartney reknar både sams kultur, historie, politisk tilknytning, statsborgarskap og territorium²⁸³ som brukande kjenneteikn på den britiske nasjonen, som UKUP sver truskap til, men syner attende ”religion” og ”rase”. (2) Dette nasjonsomgrepet ekskluderer ingen andre enn dei som sjølve vel å stå utanfor nasjonen. (4) McCartney oppfattar konflikten i hovudsak som ein nasjonal konflikt, av di han er ein maktkamp mellom nasjonalistar og unionistar. (5) Han sporar dei ideologiske røtene til partiet attende til Vilhelm av Orania si maktovertaking i 1690, og strekar serleg under det denne hendinga hadde å seia for parlamentarismen og religionsfridomen i landet.²⁸⁴

UKUP sin nasjonalisme er soleis både etnisk og politisk, der subjektiv tilhøyrslø er avgjerande for medlemskap i nasjonen. Kommunalisme og raseideologi spelar inga rolle for partiet. Det etniske innslaget er mindre framme enn i UUP og mykje mindre enn i DUP. Vi kan ut frå dette slutte at den etniske nasjonalismen er moderat og den politiske nasjonalismen høg i partiet.

8.1.2 Sekterisme

(1) McCartney vil ikkje uttala seg om det er ein føremon eller ei ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljeliner. (2) UKUP er for fullt integrerte skular, men det må skje på foreldra sitt initiativ og ikkje ut frå statlege påbod. (3) Partiet er heilt i mot segregerte bustadområde. Det stør gjerne aktivt initiativ for å gjera slutt på segregasjonen, men ser dei paramilitære organisasjonane si makt i ghettoområda som det fremste hinderet her. (4) Religion spelar inga rolle når det gjeld å motivera partimedlemene til politisk innsats. (5) UKUP har ikkje formelle band til Oransjeordenen, og McCartney trur sers få av partimedlemene er med der. Han meiner likevel at ordenen har verka modererande på dei protestantiske paramilitære organisasjonane. (6) Partiet stør Oransjeordenen sine paradar gjennom katolske bustadområde ut frå retten til å halde paradar på offentleg område og til å halde på sine tradisjonar. Det meiner den same retten skal gjelde for AOH og borgarrettsrørsla.

UKUP syner soleis ein moderat sekterisme når det gjeld spørsmålet om integrasjon i skulen og på bustadmarknaden: Det er i mot segregasjon, men det har heller ikkje noko program for å auke integrasjonen. At McCartney ikkje vil uttala seg i spørsmålet om politisk organisering etter

religiøse skiljelinjer, kan ein ikkje tolke som utslag av sekterisme, av di han òg ynskjer integrasjon i det britiske partisystemet, som ikkje er sekterisk organisert. Når det gjeld haldninga til Oransjeordenen syner partiet òg ein moderat grad av sekterisme: Partiet har ikkje formelle band til organisasjonen, men det stør retten hans til sekteriske manifestasjonar.²⁸⁵

8.1.3. Kontrollvariablane

UKUP høyrer til majoritetssegmentet og hadde ein aukande veljartilslutnad (0,9%) fram mot valet til Forsamlinga. (1, 2, 3, 4) UKUP har elles ei sers negativ haldning til Langfredagsavtala som heilskap, og grunngjev det med dei Nord/Sør-organa avtala set opp, som McCartney hevdar undergrev konsensusprinsippet ved røyntleg å gjennomføre eit økonomisk integrert Irland (McCartney). (5) Som eit betre alternativ til maktdeling ynskjer partiet å vende attende til det fleirtalsstyret ein hadde før 1972, men med ei menneskerettsfråsegn som tryggjer "like rettar, like høve, lik verdsetjing av einskildmenneska og fridom til kulturell utfalding" (McCartney 1998), samstundes som det ynskjer full integrering i Storbritannia.

8. 2. Den avhengige variabelen

(1) McCartney meiner dei maktdelingsorgana som vart sette opp etter Langfredagsavtala har utdjupa dei religiøse skiljelinene. Ein har fått ei polarisering mellom segmenta, og ghettoane på både sider har vorti etnisk reinska. Ordninga med maktdeling vert omtala som "a paralysed and ineffective Northern Ireland Assembly, incapable of expressing the democratic wishes of the majority" (McCartney 1995: 6). (2) McCartney hevdar Langfredagsavtala har lukkast betre enn Sunningdale-avtala på grunn av valdet,²⁸⁶ og av di den britiske regjeringa har tvinga unionistane til å godta institusjonar som vart skipa for å tekkjast nasjonalistane.²⁸⁷ (3) Etter McCartney har Langfredagsavtala ikkje endra karakteren av konflikten, ho har berre tilslørt han.

UKUP si negative haldning til maktdeling var som venta ut frå analysemodellen, av di partiet synte ein høgare grad av politisk enn etnisk nasjonalisme og sekterisme. Her drog alle kontrollvariablane i same leid. Ut frå analysemodellen legg soleis alle dei uavhengige variablane opp til ei sers negativ haldning til avtala, noko vi har fått prov for både gjennom intervjumaterialet og i den praktiske politikken: UKUP har konsekvent boikotta dei maktdelingsorgana som vart sette opp, sjølv om partiet hadde 5 plassar i den forsamlinga som vart vald i 1998.

9. Northern Ireland Unionist Party (NIUP)

NIUP vart skipa då 4 medlemmer av UKUP si gruppe i Forsamlinga braut med partiet i 1999 og skipa si eiga gruppe under leiding av Cedric **Wilson**. Den utløyande grunnen var McCartney si fråsegn om at partiet ville dra seg attende frå Forsamlinga dersom Sinn Féin vart representert i regjeringa.²⁸⁸ Det var òg usemje i synet på Nord-Irland sin konstitusjonelle status: Medan UKUP går inn for full politisk integrasjon i Storbritannia, går NIUP inn for indre sjølvstyre. Liksom UKUP, ser NIUP gjerne at dei britiske politiske partia organiserer seg i Nord-Irland, men i motsetnad til UKUP trur dei ikkje det vil føre til noka endring av det nord-irske partisystemet, og dei ynskjer heller inga slik endring (Wilson 2001 [intervju]).

NIUP sin økonomiske politikk er marknadsliberalistisk, men partiet søker å femne interessene til alle samfunnsklasser. I 2001 hadde partiet i overkant av 100 aktive medlemmer. Partiet kunne syne til ein del bra resultat ved lokalval den fyrste tida, men vart seinare skovi til sides av DUP sin framgang. Partiet fekk ingen representantar innvalde til den nye forsamlinga i 2007. Til å svara på intervju spørsmåla fekk eg partiformannen, Cedric Wilson, og innpiskaren i partiet, Norman **Boyd**. Dei var bae medlemmer av forsamlinga som kom saman etter Langfredagsavtala i 1998.

9.1. Dei uavhengige variablane

9.1.1. Nasjonalismetype

(1) NIUP ser ”statsborgarskap” som det fremste kjenneteiknet på medlemsskap i den britiske nasjonen, som partiet sver truskap til. Etniske kjenneteikn som ”kultur”, ”språk”, ”rase” og ”historie” spelar inn, men dei må oppfattast pluralistisk: Det er rom for fleire språk og kulturar i ein nasjon. (2) NIUP sitt nasjonsomgrep ekskluderer ingen på etnisk grunnlag. (3b) Wilson hevdar den aukande sekulariseringa etter 1960 har gjort nemninga ”protestantisk nasjon ” om Storbritannia problematisk. Det verkar likevel ikkje inn på partiet sin truskap til den britiske nasjonen. Boyd ser det som sers viktig at det britiske statsoverhovudet er protestantisk. (4) Boyd ser konflikten i Nord-Irland som ein kombinasjon av ein nasjonal, religiøs og kulturell konflikt. (5) Han sporar NIUP sine ideologiske røter attende til Vilhelm av Orania sin siger i slaget ved Boyne i 1690 og Lord Carson si grunnlegging av det nord-irske majoritetsstyret i 1920, og ser NIUP som vidareføraren av den ideologien han hevdar det offisielle unionistpartiet stod for tidlegare. Svara på dei tri fyrste spørsmåla indikerer ein moderat grad av politisk nasjonalisme,

medan svara på dei to siste indikerer ein høg grad av etnisk nasjonalisme med innslag av kommunalisme.

9.1.2. Sekterisme

(1) Boyd trur det konstitusjonelle spørsmålet spelar ei mykje viktigare rolle enn religion for den politiske organiseringa i Nord-Irland, og at samanfallet mellom standpunkt til unionen og religiøs tilknytning i stor mon er tilfelleleg. At det likevel har vorti slik vil han korkje vurderer som positivt eller negativt, berre godta som ei kjensgjerning. (2) NIUP meiner det er rom for religiøse skular i eit pluralistisk samfunn og går i mot integrerte skular tufta på ”hovudteljing” mellom katolikkar og protestantar (”religious headcount”). Det partiet føretrekkjer er eit system med statsskular, som det store fleirtalet av protestantar i Nord-Irland nyttar i dag (Boyd).²⁸⁹ (3) Partiet tykkjer ikkje om at katolikkar og protestantar bur i kvar sine område. Boyd forklårar segregeringa ut frå trongen til vern mot sekteriske mord og paramilitær aktivitet i seinare tid, medan Wilson forklårar ho ut frå systemet med ”gerrymandering” under Stormont-regimet (kap. 4, pkt. 2.1.1.). (4) Religion spelar inga viktig rolle når det gjeld å motivera partimedlemene til politisk innsats (Boyd).

(5) Det er ikkje noko formelt samband mellom NIUP og Oransjeordenen. Av dei to informantane mine er berre Boyd medlem av ordenen. Partiet og ordenen sine politiske mål er i stor mon samanfallande (Boyd) og partiet konsulterer ordenen i konkrete saker (Wilson). Boyd strekar under den positive rolla ordenen har spela i konflikten, av di han ”har stått fast for lov og orden, demokrati og borgarleg-religiøs fridom”. (6) Det er viktig for partiet å stø Oransjeordenen sin rett til å paradere gjennom katolske område av di det vert sett på som eit uttrykk for borgarleg og religiøs fridom. Boyd er likevel ikkje viljug til å gje dei same rettane korkje til borgarrettsrørsla eller AOH. Kriteriet han nyttar her er ”tradisjon”: Berre Oransjeordenen har *tradisjon* for å marsjere gjennom område busette av folk frå den andre sida i konflikten, og skulle difor vera åleine om å ha løyve til det.²⁹⁰

Svara på dei to siste spørsmåla indikerer ein sers høg grad av sekterisme, sjølv om det ikkje er formelle band mellom partiet og ordenen. NIUP sitt syn på integrering i skulepolitikken og på bustadmarknaden indikerer ein moderat grad av sekterisme: Sjølv om partiet er kritisk til segregeringa på bustadmarknaden, ser det ut til å godta tilhøva som ei kjensgjerning. Sjølv om det argumenterer med at integrering byggjer på sekterisk ”hovudteljing”, indikerer partiet sin stønad til det sekteriske skulesystemet ein har i dag sekterisme. Partiet ser òg på den sekteriske organiseringa av partipolitikken som ei

kjensgjerning det ikkje er viljug til å gjera noko med. Berre når det gjeld medlemene sin motivasjon for partiarbeid syner partiet ein låg grad av sekterisme. Alt i alt indikerer dette ein høg grad av sekterisme.

9.1.3. Kontrollvariablane

NIUP høyrer til majoritetssegmentet. Eg har ikkje tal for veljartilslutnaden fram til valet på Forsamlinga, av di partiet fyrst vart skipa i 1999. (1, 2, 3, 4) Partiet har ei sers negativ haldning til Langfredagsavtala som heilskap, fyrst og fremst av di det ser Nord/Sør-institusjonane som som ein innfallsport til nord-irsk politikk for regjeringa i Republikken (Roche 2000: 33). (5) NIUP ser majoritetsstyre som eit betre alternativ enn maktdeling (Wilson).²⁹¹

9.2. Den avhengige variabelen

(1) NIUP meiner maktdelingsinstitusjonane i Langfredagsavtala vil djupe ut dei religiøse skiljelinene (Boyd). Partiet grunnjev dette både med at ordninga gjev ”terroristar” tilgjenge til maktposisjonar og at ho bryt med prinsippet om ”majoritetsdemokrati”.

(2) Boyd ser Langfredagsavtala som ein tru kopi av Sunningdale-avtala, når ein ser bort frå at ho har sett opp fleire organ for å tryggje avtala. At ho ikkje har lidi same lagnaden som Sunningdale-avtala, forklårar han med at dei lojalistiske paramilitære organisasjonane har kapitulert og stør avtala (Boyd). (3) Verknadene av den ”appeasement”-politikken Langfredagsavtala står for har vori å legitimera paramilitær verksemd og kriminalitet (Boyd).

NIUP har ei sers negativ haldning til maktdeling av di partiet ikkje ynskjer å ta del i dei maktdelingsorgana avtala set opp. Det ter seg soleis ikkje etter forventingane ut frå analysemodellen, av di det skårar høgare på etnisk nasjonalisme og sekterisme enn på politisk nasjonalisme. Noko av effekten kan kontrollvariablane stå for, av di partiet høyrer til majoritetssegmentet, har ei sers negativ haldning til avtala som heilskap, og ser eit alternativ til avtala i eit regionalt sjølvstyre kombinert med majoritetsstyre.

10. *Progressive Unionist Party (PUP)*

PUP er det einaste partiet eg har teki med i analysen med formelle band til paramilitære organisasjonar. Det gjeld dei lojalistiske organisasjonane UVF og Red Hand Commando.²⁹² Partiet vart skipa i 1977 som UVF si politiske grein. Til å svara på spørsmåla fekk eg David

Ervine, som vart innvald til Forsamlinga i 1998.²⁹³ Ervine såg som si viktigaste oppgåve å ”demokratisera UVF” ved å overtala organisasjonen til å slutte opp om strevet for å løyse konflikten med fredelege middel.

Ervine hevdar at partiet vart skipa av di dei eksisterande unionistpartia vanta representasjon frå arbeidarklassa, sjølv om det var arbeidarane som leid under den største arbeidsløysa, samstundes som dei hadde den lægste utdanninga mellom unionistane. Samstundes oppfatta dei seg som ein unionistisk bastion mot ”den valdelege republikanismen”. Det fremste målet til partiet er ”å gjera livet betre for folk frå arbeidarklassa” og ”å gjera slutt på det manipulasjonsregimet som sekterismen er eit uttrykk for” (Ervine). PUP har ein sterk sosial profil når det gjeld bustadbygging, helsepolitikk og utdanningspolitikk, og det ynskjer at fagrørsla fær større innverknad på styre og stell i Nord-Irland. Private føretak vert ynskte velkomne innanfor gjevne rammer, der ”the Civic Forum”, som vart institusjonalisert gjennom Langfredagsavtala, kan spela ei viktig rolle (kap. 5, pkt. 4.5.9.). PUP er det unionistpartiet som mest ihuga sluttar opp om britisk og irsk EU-medlemskap. PUP reknar seg som sosialistisk i pragmatisk, men ikkje marxistisk, tyding: ”I would identify my socialism as a socialism of practical need” (Ervine).

PUP hadde i 2001 i overkant av 1000 medlemmer (Ervine). Partiet fekk 2, 6 % av røystene og 2 plassar i Forsamlinga i 1998 (Elliott & Flackes 1999: 598), men sit att med 1 plass etter valet i 2007.

10.1. Dei uavhengige variablane

10.1.1. Nasjonalismetype

(1) PUP ser på Nord-Irland som ein del av UK, som partiet sver truskap til, men ikkje som ein del av den britiske nasjonen. Det er fyrst og fremst den sams statsborgarskapen som kjenneteiknar medlemsskapen i UK, men historiske band og politisk tilknytning spelar òg inn. Når det gjeld ”historiske band” nemner Ervine spesielt dei to verdskrigane, som sveisa nasjonen saman, og når det gjeld ”politisk tilknytning”, den politiske liberalismen. ”Rase” og ”religion” høyrer ikkje med til partiet sitt nasjonsomgrep. Ervine kallar seg ”an Irish citizen of the U.K. by choice”. Det tyder at nasjonsomgrepet er voluntaristisk, noko som kjenneteiknar eit politisk heller enn eit etnisk nasjonsomgrep: Han høyrer til ”landet Irland”, men *vel* å vera ”borgar av U.K.”²⁹⁴ (2) PUP sitt nasjonsomgrep ekskluderer ingen. (3b) Ervine ser ikkje på den britiske nasjonen som ein ”protestantisk nasjon”, på grunn av sekulariseringa som har funni stad dei seinare åra, sjølv om ei slik nemning vil kunne la seg forsvara historisk.

(4) PUP ser konflikten som ei fylgd av kløyvinga i det nord-irske samfunnet. Her kjem både nasjonalitet, religion og klassetilhøve inn, men Ervine meiner ikkje det er ein rasekonflikt. (5) I motsetnad til dei andre unionistpartia eg har omtala, er ikkje PUP serleg ihuga, korkje når det gjeld å feire slaget ved Boyne eller andre historiske merkeår for unionistane: "We can emphasize our divisions and take our grand lead from the stances of the past, but what about to-day and to-morrow?" (Ervine).

Sjølv om Ervine delvis ser konflikten som religiøs i svaret på spørsmål 4, ser han konflikten samstundes som eit resultat av "kløyvinga i det nord-irske samfunnet", som han ser det som partiet si oppgåve å heile. Vi kan difor ikkje tolke dette svaret som uttrykk for kommunalisme. PUP sitt voluntaristiske og inkluderande nasjonsomgrep indikerer ein sers høg grad av politisk nasjonalisme. Ein moderat grad av etnisk nasjonalisme kjem likevel inn i den vekta han legg på "historiske band" for det nasjonale samhaldet.

10.1.2. Sekterisme

(1) Ervine ser det som ei stor ulempe at politiske parti er organiserte etter religiøse skiljeliner, og hevdar det fær skadeverknader for heile måten samfunnet fungerer på. (2) Partiet har programfesta at det vil arbeide for eit integrert utdanningssystem på alle nivå (PUP 1998: 5). Ervine ser likevel dette som eit mål det ikkje lèt seg gjera å setja i verk over natta, og ynskjer på kort sikt å gje foreldra retten til å velja skule for borna, der tilbodet om integrerte skular vert eit røyntleg tilbod. (3) Partiet ser sers negativt på at protestantar og katolikkar bur i skilde område. Ervine forklårar bustadsegregeringa ut frå ynskjet om tryggleik og ei kjensle av stammetilhøyrslle, men kallar det "ein tragedie". (4) Religion spelar inga viktig rolle for partimedlemene i det politiske arbeidet. (5) Det er ingen formelle band mellom PUP og Oransjeordenen. Partiet freistar frå tid til anna å føre dialog med folk i ordenen for å løyse praktiske problem, men vert ofte møtt med ei kald skulder. Ervine meiner om lag 15 % av PUP sine medlemmer er med i ordenen. Partiet ser på både Oransjeordenen og AOH som uttrykk for den religiøse kløyvinga i Nord-Irland, og grunnhaldninga til dei er negativ. (6) PUP stør retten til å halde paradar, som dei ser på som ein del av møtefridomen, og meiner denne retten skal gjelde for bae partane i konflikten. Det er samfunnet si oppgåve å syte for at dette skjer i ordna og ansvarlege former og det føreset at ein kjem fram til semje om mål og middel, noko som igjen føreset ein læringsprosess i fredeleg sameksistens.

Sjølv om PUP har medlemmer i Oransjeordenen og stør ordenen sin rett til å paradera, kjem partiet ut som det mest negative andsynes ordenen av unionistpartia. Saman med synet på

politisk organisering, den aktive stønaden til integrering og vanten på religiøs motivering hjå medlemene, indikerer dette ein sers låg grad av sekterisme.

10.1.3. Kontrollvariablane

PUP høyrer til majoritetssegmentet og har opplevd ein nedgang i veljartilslutnaden (-0,9%) i perioden 1996-98. (1, 2, 3, 4) Partiet har ei sers positiv haldning til Langfredagsavtala som heilskap. Ervine ser avtala som ein tingingsprosess, der alle partar vil koma ut som vinnarar, og han meiner ikkje at ho strir mot nokre av PUP sine prinsipp, eller at ho fær konsekvensar for den nasjonale identiteten til partiet. (5) PUP ser maktdeling som einaste alternativet til eit framhald av konflikten og det beinveges styret frå London, sjølv om partiet prinsipielt er i mot ordninga.

10.2. Den avhengige variabelen

(1) Ervine kallar ordninga med maktdeling ”institusjonalisert sekterisme”, og vil arbeide for ei endring av blokkonstellasjonane i Forsamlinga. PUP godtek likevel ordninga som ein naudsynt del av Langfredagsavtala. (3) Viktigaste fylgda av Langfredagsavtala er at konflikten har vorti skifta ut med konflikthandsaming. Partiet talar likevel heller om ”konfliktomskiping” enn ”konfliktløsning”, då det meiner nasjonalismen og unionismen står for langt frå einannan til at ein kan rekne med noka snarleg løysing av konflikten. Vona er difor i fyrste omgang at valdet vert avløyst av dialog, og at det i neste omgang fører til vyrdnad for mangfaldet (PUP 1998: 2).

Ut frå PUP si sers høge skåring på politisk nasjonalisme og sers låge på sekterisme, bryt partiet si positive haldning til maktdeling med forventingane ut frå analysemodellen. At partiet høyrer til majoritetssegmentet og opplevde minkande veljartilslutnad i perioden fram mot valet til Forsamlinga, skulle òg dra partiet i retning av motstand mot avtala. Samstundes kjem det fram av intervjuet at partiet ser på maktdeling som ”institusjonalisert sekterisme”, og ynskjer å fremja andre former for politisk organisering enn den segmentære. At partiet likevel sluttar opp om maktdelinga skuldast soleis ikkje nokon tilslutnad til maktdeling som prinsipp, men heller at det ikkje ser andre alternativ til framhald av konflikten og det beinveges styret frå London. At partiet òg har ei sers positiv haldning til Langfredagsavtala som heilskap, dreg i same leid.

Parti	Uavhengige variablar							Avhengig variabel: Haldning til maktdeling	
	Nasjonalisme- type		Sektetisme	Kontrollvariablar				Prinsipiell haldning	Praktisk politikk
	Politisk	Etnisk		Segmentær tilhøyrse	Endring i veljar- tilslutnad 1996-98	Oppfatning av alternativ til maktdeling	Haldning til avtala som heilskap		
SDLP	Låg	Høg	Låg	Minoritet	Aukande (+0,6%)	Dårlegare	Positiv	Sers positiv	Sers positiv
SF	Sers høg	Medels	Låg	Minoritet	Sterkt aukande (+2,1)	Dårlegare	Positiv	Negativ	Positiv
RSF	Sers høg	Medels	Låg	Minoritet	-	Betre	Sers negativ	Sers negativ	Sers negativ
WP	Sers høg	Låg	Sers låg	Minoritet	Stabil	Dårlegare	Positiv	Negativ	Positiv
UUP (offisielt)	Høg	Høg	Høg	Majoritet	Sterkt minkande (-2,9%)	Dårlegare	Positiv	Negativ	Positiv
DUP	Medels	Sers høg	Sers høg	Majoritet	Minkande (-0,7%)	Dårlegare	Negativ	Negativ	Positiv
UKUP	Høg	Medels	Medels	Majoritet	Aukande (+0,9%)	Betre	Sers negativ	Sers negativ	Sers negativ
NIUP	Medels	Høg	Høg	Majoritet	-	Betre	Sers negativ	Sers negativ	Sers negativ
PUP	Sers høg	Medels	Sers låg	Majoritet	Minkande (-0,9%)	Dårlegare	Sers positiv	Negativ	Positiv

11. Konklusjon

Det materialet eg her har lagt fram syner at samanhengen mellom den typen nasjonalisme partia sluttar seg til, sektetismen i partia og haldningane deira til konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati er meir innfløkt enn det eg gjekk ut frå i analysemodellen (kap. 2, pkt. 5). Eg hevda der, ut frå dei mekanismane for konfliktløysing som ligg innbygde i Lijphart sin modell, at det vil vera lettare for parti med etnisk nasjonalisme enn for parti med politisk nasjonalisme som berande ideologi å godta denne typen konfliktløysing.

For å finne ut kva for ein av dei to typene nasjonalisme eit parti sluttar seg til, bruka eg eit sett indikatorar ("kultur", "språk", "rase", "religion" og "historie") for den etniske dimensjonen og eit anna sett ("statsborgarskap", "territorium" og "politisk tilknytning") for den politiske. Etter at eg hadde bedi respondentane å plassera partia sine i høve til desse dimensjonane, fylgde eg opp med tilleggs spørsmål for å auke reliabiliteten i registreringa. Det at respondentar frå same parti ofte bruka indikatorar frå kvar av dei to dimensjonane som kjenneteikn på partiet sitt nasjonsomgrep, at dei kunne slutte seg til éin indikator, men ta

fråstand frå ein annan innanfor den same dimensjonen, og at dei framheva nokre indikatorar som viktigare enn andre, gjorde det naudsynt å skilja mellom gradar av etnisk og politisk nasjonalisme. Eg valde difor ordinalnivå som målenivå på denne variabelen.

Likevel var kombinasjonen av indikatorar ikkje tilfelleleg: Mellom republikanske parti var det vanleg å kombinera ”statsborgarskap” og ”territorium” frå den politiske dimensjonen med ”språk” og ”kultur” frå den etniske, samstundes som dei ikkje ville bruke ”religion” som kjenneteikn på nasjonalitet. Mellom unionistiske parti kunne eg finne ”statsborgarskap” og ”politisk tilknytning” (serleg i samband med truskap andsynes det britiske kongehuset) frå den politiske dimensjonen kombinert med ”religion” og ”rase” frå den etniske. Det syner det nyttige i å halde oppe det teoretiske skiljet mellom kulturnasjonalismen, som brukar ”språk” og ”kultur” som kjenneteikn, og kommunalismen, som brukar ”religion” (kap. 1, pkt. 4.1 og 4.2).

I analysemodellen gjekk eg ut frå at ”sektarisme” hadde både ein direkte og ein indirekte effekt på haldninga til maktdeling. Den indirekte effekten går gjennom kommunalismen, som eg reknar som ein dimensjon ved den etniske nasjonalismen. Ser vi bort frå SDLP og PUP, syner analyseresultata ein stor grad av samsvar mellom verda på dei to variablane ”sektarisme” og ”etnisk nasjonalisme”. I dei republikanske partia tenderer sektarismen mot å liggje eit verte lægre enn den etniske nasjonalismen, truleg på grunn av den låge graden av kommunalisme i høve til kulturnasjonalisme i desse partia. På hi sida var det eit mest fullkome samsvar mellom dei to variablane i unionistpartia. Av di det ikkje har vori mogleg å skilja den direkte frå den indirekte effekten av ”sektarisme” på den avhengige variabelen, har det vori vanskeleg å nytte ”sektarisme” som kontrollvariabel.

Resultata syner på hi sida utslag av dei kontrollvariablane eg nemnde eksplisitt i analysemodellen: Ser vi bort frå DUP, er det eit nær fullkome samsvar mellom haldninga til avtala som heilskap og partia sin praktiske politikk i høve til maktdeling. Det ligg difor nær å slutte at denne variabelen forklarar ein stor del av omslaget frå ei negativ prinsipiell haldning til ein positiv praktisk politikk i høve til maktdelingsorgana for dei fleste partia. Det tyder at partia ser Langfredagsavtala som ei ”pakkøløysing”, der dei andre institusjonane Langfredagsavtala set opp òg må takast med i vurderinga.

Ein annan variabel eg fann det naudsynt å kontrollera for var i kva grad partia såg på avtala som det beste av fleire dårlege alternativ, eller om det hadde betre løysingar. Analyseresultata synte her òg eit nær fullkome samsvar mellom parti som såg alle andre alternativ som dårlegare enn maktdeling og parti som skifta over frå ei negativ prinsipiell haldning til maktdeling til ein positiv praktisk politikk i høve til maktdelingsorgana. Det ligg

difor nær å tru at denne variabelen òg forklårar ein del av dette omslaget. Likevel var det ein klår skilnad mellom dei nasjonalistiske og dei unionistiske partia når det galdt å grunngje dette standpunktet: Medan dei nasjonalistiske partia såg maktdeling som einaste alternativet til beinveges britisk styre kombinert med majoritetsstyre, såg dei unionistiske det som einaste alternativet til beinveges britisk styre kombinert med dei institusjonane Den anglo-irske avtala sette opp i 1985, og som automatisk vil gjelde dersom maktdelingsinstitusjonane vert fjerna. For baa partane galdt argumentet om at maktdeling var einaste alternativet til konflikt.

Ser vi på veljartilslutnaden til eit parti den siste perioden før valet til maktdeingsorgana, syner resultata ingen eintydig samanheng. Sinn Féin, som hadde ein sterkt aukande veljartilslutnad (2,1%) mellom valet til dialogforumet i 1996 og valet til Forsamlinga i 1998, heldt fram med den positive lina andsynes maktdeingsorgana i den praktiske politikken, trass i ei negativ prinsipiell haldning til avtala, og tedde seg soleis i tråd med forventingane.²⁹⁵ På hi sida heldt UUP, som òg prinsipielt hadde ei negativ haldning til avtala, fram med den positive praktiske politikken i høve til maktdeingsorgana, trass i ein sterkt minkande veljartilslutnad (-2,9%) i same perioden. Vi lyt likevel ta høgde for at opposisjonen mot avtala i partiet voks seg sterkare i denne perioden og at partiet førte ein sers uforsonleg politikk mot Sinn Féin so lenge maktdeingsorgana var i funksjon.²⁹⁶ Mellom dei unionistiske partia var det berre UKUP som hadde aukande veljartilslutnad (0,9%). Dette partiet stod òg på ei ekstrem boikottline andsynes Sinn Féin i maktdeingsorgana.²⁹⁷ På hi sida kan DUP sin mindre attendegang (-0,7%) ha gjevi kveik til partiet si boikottline andsynes Sinn Féin i regjeringa.²⁹⁸ At denne variabelen ikkje slær like sterkt ut på haldning til maktdeling som dei andre kontrollvariablane vi har sett på, kan tyde at ikkje berre utsiktene til politisk makt, men òg ideologiske faktorar kan spela inn på partia sin politikk.

I tillegg står truleg variabelen ”segmentær tilhøyrslé” for ein del av forklåringa på at dei unionistiske partia prinsipielt ynskjer å vende attende til eit system med majoritetsstyre, medan dei nasjonalistiske partia som har reservasjonar mot maktdeling, men sluttar opp om maktdeingsorgana i praksis, gjer det mellom anna av di dei ser maktdeling som det einaste røynglege alternativet til majoritetsstyre. At DUP sine framlegg til endring av maktdeingsorgana eintydig går i retning av majoritetsstyre, stadfester at denne variabelen òg er til stades mellom dei unionistiske partia, sjølv om han har liten verknad på den praktiske politikken til dei fleste av dei. Vi lyt her konstatera at ”segmentær tilhøyrslé” slær ulikt ut for nasjonalistiske og unionistiske parti når det gjeld prinsipiell haldning til maktdeling.

Den avhengige variabelen dreier seg om haldningar til dei maktdelingsorgana som er nedfelte i Langfredagsavtala, med andre ord til konsosiert demokrati som konfliktløysingsmodell. Som indikator her bruka eg kva for verknad partia meiner desse organa har hatt på den sekteriske kløyvinga i Nord-Irland. Under analysen synte det seg at den prinsipielle haldninga eit parti hadde til maktdeling ofte skilde seg frå den praktiske politikken partiet førte i høve til maktdelingsorgana. Eg fann det difor naudsynt å skilja mellom to dimensjonar på den avhengige variabelen ut frå skilnaden mellom den prinsipielle haldninga til eit parti og den praktiske politikken partiet førte. Dersom vi kontrollerer for partia si oppfatning av alternativa til maktdeling, finn vi at parti med sers høge verdi på dimensjonen ”politisk nasjonalisme” òg hadde negativ prinsipiell haldning til maktdeling, medan dei av desse partia som såg maktdeling som det beste av fleire dårlege alternativ (Sinn Féin, WP, og PUP), skifta verdi til ”positiv” i den praktiske politikken. Det same gjaldt for UUP og DUP, som skåra høvesvis ”høgt” og ”sers høgt” på den etniske dimensjonen. Det tyder at ”oppfatning av avtala som heilskap” er den av kontrollvariablane som slær sterkast ut på den avhengige variabelen. Det paradoksale er at avtalemotstandarene i DUP ikkje treng gå på akkord med sin etniske nasjonalisme, medan avtaletilhengarane i Sinn Féin i høg grad må gå på akkord med sine republikanske ideal i den praktiske politikken.

Mellom dei unionistiske partia var det UKUP som tedde seg mest i samsvar med forventingane etter analysemodellen, av di ein her ikkje trong trekkje inn kontrollvariablar for å forklåre samanhengen mellom ein i hovudsak politisk nasjonalisme og ein låg grad av sekterisme, kombinert med total avvising av avtala. I det nasjonalistiske segmentet er SDLP og RSF dei partia som ter seg mest i samsvar med forventingane ut frå analysemodellen: SDLP, som står for ein i hovudsak etnisk nasjonalisme, tufta på språk og kultur, er det av dei nord-irske partia som klårast sluttar opp om maktdeling, medan RFS, som står for ein i hovudsak politisk nasjonalisme, tufta på republikanske ideal, er like kompromisslaus når det gjeld å vraka maktdeling.

KONKLUSJON

Eg har i denne oppgåva freista å kaste ljøs over ei side ved vilkåra for konsosiert demokrati som har vori lite framme i den teoretiske debatten om modellen, nemleg ideologi. I analysemodellen gjekk eg ut frå at parti som stod for ein etnisk nasjonalisme ville ha lettare for å godta ein konfliktløysingsmodell tufta på vertikale, segmentære konfliktliner enn parti som

stod for ein politisk nasjonalisme, der horisontale, sosioøkonomiske konfliktliner spela ei viktigare rolle. Resultata av den empiriske analysen syner at dei partia eg har granska i det store og heile ter seg i samsvar med det eg hadde venta ut frå analysemodellen. Det føreset likevel at vi kontrollerer for ein del andre faktorar som kan verke inn på haldningane til maktdeling, og som gjer at det ofte kan vera skilnad på partia si prinsipielle haldning og praktiske politikk i høve til maktdelingsorgana.

I den historiske gjennomgangen i kapittel 3 konkluderte eg med at segmenteringa av det irske samfunnet vart styrkt av både den sosioøkonomiske og politiske utviklinga etter at unionen med Storbritannia vart gjennomført i 1801, og at skiljet i religion vart eit viktig kjenneteikn på skiljet mellom segmenta. Det tydde ei utvikling i strid med ideala til "the United Irishmen" på slutten av 1700-talet, tufta på dei republikanske og antisekteriske ideala frå Den franske revolusjonen. Desse ideala levde likevel vidare som ein politisk understrøm gjennom heile 1800-talet, og gav seg utslag i organisasjonar som "the Young Irelanders" og "the Irish Republican Brotherhood". I byrjinga av 1900-talet smelta denne tradisjonen saman med sterke kulturnasjonalistiske straumdrag, som, saman med den organiserte arbeidarrørsla, la grunnlaget for Påskeoppreisten i 1916. Med Sinn Féin sin valsiger i 1918 hadde republikanismen for fyrste gong sjansen til å verte ein statsberande ideologi. Planen vart likevel skipla av den britiske militære intervensjonen og skipinga av ein eigen stat av 6 grevskap i nord-aust under namnet "Nord-Irland".

Av di Nord-Irland sine grenser vart oppdregne med sikte på å tryggje ein varig dominans for det unionistiske majoritetssegmentet gjennom Unionistpartiet sitt maktmonopol, kom religiøs tilknytning til å spela ei viktig rolle for den politiske organiseringa, slik at vertikale, segmentære skiljeliner vart viktigare enn horisontale klasseskilje. Innanfor den nasjonalistiske blokka førte det til motsetnader mellom politiske parti som arbeidde for å fremja rettane til det nasjonalistiske segmentet innanfor den nord-irske staten og parti som førte den republikanske arven vidare og kjempa for ein sameint irsk republikk. Vi fann bae dei to tradisjonane målborne av politiske parti i Nord-Irland i dag, sjølv om ein politikk tufta på republikanske ideal vert vanskeleg i eit samfunn der mest all organisering skjer etter segmentære skiljeliner. Eg bruka partia si haldning til dei maktdelingsinstitusjonane Langfredagsavtala sette opp som ein test på i kva grad det var partia sin ideologi eller eit ynskje om politisk makt innanfor dei rammene systemet sette som var utslagsgevande for partia sin politikk. Ein del av forklåringa på skilnaden mellom den prinsipielle haldninga til maktdeling og den praktiske politikken hjå ein del parti låg truleg her. Mellom dei

republikanske partia kom dette serleg til uttrykk hjå Sinn Féin og mellom dei unionistske hjå DUP. Likevel synte analyseresultata at desse partia såg på maktdeling som den beste av fleire dårlege løysingar, og at tilslutnaden til Langfredagsavtala såleis ikkje var av prinsipiell art, som for SDLP, som var dei einaste av dei nord-irske partia som stødde maktdeling av prinsipp. For dei unionistiske partia kunne likevel tilhøyrsla til majoritetssegmentet forklåre ein del av den prinsipielle haldninga til maktdeling. Det ligg nær å tru at det er den etniske nasjonalismen som forklårar skilnaden mellom prinsipiell haldning og praktisk politikk hjå DUP og UUP. Når NIUP, som òg skårar høgt på ”etnisk nasjonalisme”, ikkje syner den same skilknaden, ligg det nær å forklåra dette med at partiet ikkje er prinsipielt i mot full integrering av Nord-Irland i UK.

Ved å hevde at det er ein positiv samanheng mellom den etniske nasjonalismen til eit parti og partiet si haldning til konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati, tek eg parti for Lijphart i diskusjonen med Brian Barry, som hevdar at denne modellen er ueigna for løysing av etniske konflikhtar, som han hevdar ikkje har det same organisasjonspotensialet, og difor heller ikkje i same grad er opne for kompromiss gjennom tingingar, som religiøse og ideologiske konflikhtar (kap. 2, pkt. 2.2.5.). Eg grunngav dette standpunktet med at Barry ikkje gjer klårt nok greie for kva han legg i omgrepet ”etnisitet”, men at det ligg innbygd i argumentasjonen hans at han har ei objektivistisk-deterministisk forståing av dette omgrepet. Det er grunn til å tru at etniske konfliktliner vil te seg meir i samsvar med religiøse og ideologiske dersom dei vert definerte subjektivistisk-voluntaristisk, av di den etniske gruppa då er tufta på friviljug tilslutnad frå medlemene. Eg har valt både klårt objektivt definerte kjenneteikn som ”rase”, og kjenneteikn som òg kan definerast subjektivt, som ”språk”, ”kultur” og ”religion”, som indikatorar på ”etnisk nasjonalisme”.

I den samtalebaserte delen av intervjuva kom det fram at dei nord-irske partia kunne ha tolleg ulik oppfatning av kulturomgrepet, noko som ikkje vart fanga opp i dei strukturerte intervju spørsmåla. Soleis hadde DUP, som skåra sers høgt på dimensjonen ”etnisk nasjonalisme”, ei objektivistisk oppfatning av ”kultur” og ”religion”, medan dei republikanske partia, som skåra sers høgt på dimensjonen ”politisk nasjonalisme”, hadde ein subjektivistisk definisjon av ”språk” og ”kultur” (ingen av dei republikanske partia rekna ”religion” som kjenneteikn på ”nasjon”). Eg har ikkje gjennom intervju spørsmåla og i den empiriske analysen gått nærare inn på skiljet mellom ei subjektivistisk og ei objektivistisk forståing av etnisitet når det gjeld verknaden på haldningane til maktdeling, berre konstatert at den subjektivistiske gjer seg sterkast gjeldande mellom dei nasjonalistiske og den objektivistiske mellom dei

unionistiske partia. Elles er ikkje omgrepa ”etnisk nasjonalisme” og ”kulturnasjonalisme” finmaska nok til å fange inn denne skilnaden. Likevel har eg grunnlag for å hevde at baa dei to oppfatningane av etnisitet har i seg det organisasjonspotensialet som er naudsynt for å kunne skipe politiske parti, sjølv om den partipolitiske konkurransen innanfor kvart segment kan vera høgare i Nord-Irland enn i dei konsosierte demokratia Lijphart brukar som modellar. Eg meiner likevel at det nord-irske dømet ikkje gjev Barry medhald. Ein konsekvens av det er at eg må gje Lijphart rett når han hevdar at konsosiert demokrati som konfliktløysingsmodell òg lèt seg bruke på etniske konflikhtar.

På hi sida treng Lijphart sin modell ein presisjon når det gjeld bruken av årsaksvariablar: Sjølv om vi lyt gje Lijphart rett i at både etniske og religiøse konfliktliner kan handsamast som ideologiske konfliktliner, som kan gje grunnlag for konfliktløysing gjennom konsosiert demokrati, er det ikkje likesælt *kva for* ideologiske konfliktliner det er tale om. Politikarar som står for ein ideologi som byggjer opp under ei segmentær organisering av samfunnet har lettare for å akseptera konsosiert demokrati som konfliktløysing enn politikarar som står for ein ideologi som byggjer opp under ei horisontal organisering etter klasseskilje. Det må òg få konsekvensar for Lijphart sin tese om at konsosiert demokrati eignar seg til å løyse sosioøkonomiske konflikhtar dersom dei opptrer som ideologisk integrerte segment. Rett nok syner dei republikanske partia Sinn Féin og the Workers’ Party sin stønad til maktodelingsinstitusjonane at republikansk ideologi òg kan leva sitt eige liv som overbygnad innanfor ramma av eit konsosiert demokrati, og at dette kan forklåre noko av skilnaden mellom den prinsipielle haldninga og den praktiske politikken til desse partia. Skilnaden mellom desse partia og SDLP er likevel viktig når det gjeld prinsipiell haldning til maktdeling: Dei partia som står for ein republikansk ideologi ser maktdeling som ei overgangsordning, medan SDLP ser ho som ei varig ordning. Lijphart sitt omgrep ”ontzuiling”, tufta på observasjonen av det nederlandske samfunnet, som tyder at søyledaninga vert mindre viktig etter at systemet med maktdeling har fått verke ei tid, kan tyde at avstanden ikkje treng vera så stor mellom Lijphart sine observasjonar og dei resultata eg her har komi fram til. Eg ser det likevel som ein vant ved Lijphart sin teori at han ikkje problematiserer om innhaldet i ideologien til dei partia som artikulerer dei segmentære interessene kan ha konsekvensar for partia si haldning til maktdeling som institusjon.

NOTAR

 INNLEIDING

¹ ”Haldning” vert her definert som ”vernebuing til handling”: Politikarar med ei positiv haldning til maktdeling vil, so sant det lèt seg gjera, ta del i dei maktdelingsinstitusjonane som vert skipa, medan politikarar med ei negativ haldning vil halde seg unna.

² Eg definerer her ”dimensjon” etter Ottar **Hellevik**, som ”det settet av beslektede variablar som kan ses som ulike aspekter ved samme eigenskap” (Hellevik 1977: 90), der ”eigenskap” står for variabel.

³ ”Sektarisme” er eit serskilt nord-irsk uttrykk for den innverkanden religion har på ideologien til ein organisasjon.

⁴ ”Maktdeling” er eit mindre spesifisert uttrykk enn ”konsosiert demokrati”, og kan brukast om institusjonar der ikkje alle kjenneteikna på konsosiert demokrati er til stades. Eg kjem likevel her til nytte dei to uttrykka noko nær synonymt, so lenge krava til presisering tillèt det.

⁵ Dette er sers upresise uttrykk, som fleire av desse partia vil kjenne seg framande for. Nemningane vert mest nytta for å gjera det lettare å gruppera partia etter dei standpunkta dei tek til det konstitusjonelle spørsmålet: Dei som sver truskap til Den irske republikken kallar eg ”nasjonalistar” og dei som sver truskap til Storbritannia ”unionistar”.

⁶ Ein ”indikator” vert her, i tråd med Ottar **Hellevik** (1977: 91-92) forstått som ein variabel som fungerer som eit operasjonelt uttrykk for ein annan variabel, det vil seia at han kan tilordnast ei måleining.

⁷ Eg nyttar her ”idealtipe” i Max **Weber** si tyding: ”Idealtypen er ingen ”hypotese”, men vil angi retningen for hypotesedannelse. Idealtypen er ingen *fremstilling* av virkeligheten, men vil skaffe fremstillingen entydige uttrykksmidler. [...] Man kommer frem til den ved at man ensidig *betoner* et eller *flere* synspunkter, og sammenfatter en mengde *enkelt*fenomener som forefinnes spredt og med uklare grenser – her i større, her i mindre grad, og enkelte steder ikke i det hele tatt – enkeltfenomener som føyer seg etter de nevnte ensidige fremheverte synspunkter og blir til et i seg selv enhetlig *tanke*bilde.” (Weber 1982: 199-200).

⁸ Hellevik kallar dette samsvaret ”datas validitet” (ibid.).

⁹ Svein **Andersen** ser det som ein fare ved slike hjelpemiddel at respondenten kan kjenne seg mindre fri (Andersen 2006: 291). Dette momentet tykkjest ha vori mindre aktuelt i dette tilfellet, av di dei respondentane eg hadde å gjera med var personar som var vane med å representera partia sine offentleg, samstundes som dei fekk klår instruks om å målbera partia sine synspunkt.

KAPITTEL 1

¹⁰ Det finst ulike nemningar for desse typane i litteraturen, mykje på grunn av ulike teoretiske utgangspunkt. Ofte vert den politiske nasjonalismen kalla ”statsborgarleg nasjonalisme”, men då legg ein berre til grunn eit av dei tri kjenneteikna eg brukar på denne typen her i oppgåva, nemleg ”statsborgarskap”. Den etniske nasjonalismen vert ofte kalla ”kommunalisme” eller ”kulturnasjonalisme”, men desse uttrykka har eg reservert for ulike dimensjonar ved den etniske nasjonalismen, ut frå kva for kjenneteikn som ligg til grunn for definisjonen av ”nasjon”.

¹¹ Weber definerer ”stat” som ”et organisert maktsamband som innenfor et område med hell hevder monopol på legitim bruk av vold som politisk middel, og som for dette formålet har samlet de materielle driftsmidler i sine ledes hender” (Weber 1982: 8).

¹² Smith kritiserer elles det skarpe skiljet mange teoretikarar set mellom den subjektive og den objektive dimensjonen ved nasjonsomgrepet, og hevdar vi må trekkje inn ei rad variablar som plasserer seg langs eit kontinuum langs aksa ”subjektiv”/”objektiv” i definisjonen av ”nasjon” (Smith 1973: 56).

¹³ Smith opererer òg med omgrepet ”etnisk kategori” for ei etnisk gruppe med ein lægre grad av institusjonalisering og medvit om kulturell eigenart enn etniske samfunn. Ho høyrer meir heime i førindustrielle samfunn enn i industrisamfunn, medan etniske samfunn, liksom nasjonar, høyrer til industrisamfunnet (ibid.).

¹⁴ Hutchinson brukar omgrepet ”kulturnasjonalisme” i ei mykje vidare tyding enn det som er vanleg, og som eg gjer i denne oppgåva. Hans omgrep tykkjest stort sett å dekkje det eg kallar ”etnisk nasjonalisme”.

¹⁵ Østerrud nyttar då òg stendig nemninga ”etnisk-kulturell” for denne typen nasjonar (ibid.).

¹⁶ Jürgen **Habermas** hevdar at sambandet mellom nasjonalisme og republikanisme berre er av sosialpsykologisk art, og at det ikkje er noko samband i innhald mellom dei to omgrepa (Habermas 1991: 123-46, hjå Alfonsi 1997: 70).

¹⁷ Øyvind Østerrud (1997: 29-32) peikar på motsetnaden mellom Sieyès sin tese om at staten sin legitimitet ligg i ”individua si friviljuge tilslutnad til den sams lova” og prinsippet om at lova skal vera uttrykk for ålmennviljen, som ikkje endrar seg i takt med tilfellelege fleirtal i nasjonalforsamlinga.

¹⁸ Sitatet er henta frå førelesinga ”Qu’est-ce qu’une Nation?” som Renan heldt ved Sorbonne-universitetet i 1882 (ibid.).

¹⁹ Det var dette prinsippet John Stuart **Mill** bygde på då han tok til orde for kulturell og språkleg homogenisering innanfor nasjonalstaten som grunnlag for den kommunikative fellesskapen som han heldt som naudsynt for utviklinga av eit demokrati med full folkeleg deltaking (ibid.).

²⁰ Ein kan sjå denne rørsla som ein beinveges reaksjon mot den franske krigs- og okkupasjonspolitikken som fylgde i kjølvatnet av revolusjonen og Napoleonstida. At ein i Tyskland kom til å leggja vekt på etniske kjenneteikn som språk og kultur skuldast at Tyskland ikkje som Frankrike hadde ein sentralisert stat som utgangspunkt for den nasjonale mobiliseringa, men var oppkløyvd i ei rad småstatar med motstridande politiske interesser. Grunnlaget for den nasjonale mobiliseringa kunne difor ikkje vera dei politiske institusjonane, men det sams språket.

²¹ Det herskar usemje omkor objektive desse kriteria i røynda er: Dersom ein definerer dei i tråd med Barth sitt etnisitetsomgrep (pkt. 2.2.1.), er ikkje "språk" og "kultur" noko som er nedlagde i individa frå fødselen, men noko som vert til i ei etnisk gruppe gjennom identitetsmarkering i høve til andre grupper. Dei er med andre ord resultat av ein medviten prosess. I intervjuet med dei republikanske partia i Nord-Irland (kap. 6) kom det til dømes fram at dei såg på "språk" og "kultur" som noko som, på line med "statsborgarskap" kunne veljast eller vrakast av einskildmenneska.

²² I Tyskland i perioden 1933-45 vart "kultur" skifta ut med "rase", det vil seia at biologisk avstamming, som korkje fell saman med dei statlege eller språklege grensene i Europa, vart grunnlaget for nasjonal mobilisering. Ein nasjonalisme tufta på rasebiologi er per definisjon objektivistisk.

²³ Eit nærskylt omgrep for dette, som vart lansert av filosofen Edmund **Husserl** i "Die Krisis der europäischen Wissenschaften und die transzendente Phänomenologie" er "livsverd". Det har i dag fått eit vidt nedslagsfelt både i sosiologisk og statsvitskapleg litteratur.

²⁴ **Paul Gilbert** trekkjer fram sitat frå Herder der nasjonen vert beskriven med biologiske metaforar ([...]for a nation is as natural a plant as a family, only with more branches.), men hevdar at han her ynskter å bruke metaforen til å kontrastere det funksjonelle verdet av det kjensleborne samhaldet i familien med aggregatet av biologisk skylde element (Gilbert 1998: 46-47). I "Ideen zur Philosophie der Geschichte der Menschheit" tek Herder eksplisitt fråstand frå bruken av "rase" som kriterium på nasjonal identitet: "[...] For hvert folk er et folk: det har sitt språk og sin nasjonale dannelse [...]. Kort sagt, det finnes verken fire eller fem raser på jorden. Fargene fortaper seg i hverandre [...]" (Herder 1967, hjå Skorgen 2002: 87).

²⁵ Herder nemner eksplisitt tre faktorar som kan forklara nasjonane sin ulikskap: Geografi, utdanning og tradisjon. I dei to siste spelar språket som kommunikasjonsmiddel ei avgjerande rolle (ibid.).

²⁶ "Risorgimento" er italiensk, og tyder "gjenoppvakning". Alter ser italiensk nasjonalisme på 1800-talet som prototypen på denne typen nasjonalisme.

²⁷ Dette kjem klårt til uttrykk i Dostojevskij sine artiklar og romanar. I romanen "Dei forgjorde" lèt han til dømes sitt slavofile talerøyr Shatov forkynde: "[...] The object of every national movement, in every people and at every period of its existence is only the seeking for its god, who must be its own god, and the faith in him as the only true one. God is the synthetic personality of the whole people taken from its beginning to its end. [...] There never has been a nation without a religion, that is, without an idea of good and evil. When the same conceptions of good and evil become prevalent in several nations, then these nations are dying, and then the very distinction between good and evil is beginning to disappear" (Dostojevskij 1872, hjå Kohn 1965: 161-62).

²⁸ Dumont nemner kristendom og jødedom som døme på det fyrste og islam på det andre (ibid.).

²⁹ Connor har rett i at religion var eit viktig kjenneteikn på pakistansk nasjonalitet då India og Pakistan skilde lag i 1947, men India heldt like fullt fram med å vera ein ikkje-konfesjonell stat med fleire religionar. Her tykkjest difor eit politisk-territorielt nasjonsomgrep dekkje realitetane betre enn Connor sitt etniske.

KAPITTEL 2

³⁰ Soleis reknar Lijphart det sosialistiske segmentet som eit fjerde segment i Nederland. Det er i tråd med denne utvida forståinga av "søyledaning" at Stein **Rokkan** definerer "verzuijing" som "graden av samanfall ("interlocking") mellom skiljeline-spesifikke organisasjonar ("cleavage specific organisations") verksame i den korporative kanalen og partiorganisasjonar som mobiliserer for val ("electoral action")" (Rokkan 1977: 565). Denne definisjonen gjer det mogleg å operere med et omgrepskontinuum, der "verzuijing" gjer seg gjeldande i ulike gradar i dei fleste samfunn.

³¹ Lorwin definerer "segmentær pluralisme" som "organiseringa av sosiale rørsler, utdannings- og kommunikasjonssystem, friviljuge samanslutningar og politiske parti langs religiøse og ideologiske skiljelinjer" (Lorwin 1971: 141). Lorwin distanserer seg eksplisitt frå å inkludera skiljelinjer etter etniske, språklege eller rasemessige kriterium i definisjonen, av di dei er tufta på tilskrivne eigenskapar, medan "segmentær pluralisme" nettopp inneber individuell fridom i valet av segment (ibid.: 143).

³² "Søyledaning" er ei beinveges omsetjing av det nederlandske ordet "verzuijing", fyrst bruka av nederlandske teoretikarar til å beskrive den politiske strukturen i det nederlandske samfunnet, som ein tenkte seg samansett av ulike "søyler" (nederlandsk: "zuilen").

³³ Hellemans nyttar her Nipperdey sin definisjon av "foreining" som "ei formell form for samver ("sociabilitet") som vert kjenneteikna av fri samanslutning av personar, som i prinsippet er like, for å streva etter sjølvvalde mål" (Nipperdey 1976: 174, hjå Hellemans, ibid.: 66).

³⁴ Utrykka "positiv fred" og "negativ fred" er henta frå Johan Galtung sin strukturalistiske konfliktteori, der "positiv fred" tyder "fråver av det indirekte, strukturelle valdet som er innbygd i samfunnsstrukturen og syner seg som ulik makt og fordeling av økonomiske, sosiale og kulturelle gode", medan "negativ fred" tyder fråveret av beinveges, personleg vald (Galtung 1974: 35-36, 55-56).

³⁵ Med "religiøs-ideologiske konflikter" meiner Lijphart både religiøse konflikter og klassekonflikter, sjølv om klassekonflikter høyrer til den typen horisontale konfliktliner han eksplisitt held utanfor modellen (Lijphart 1977: 55-56).

36. Lijphart har poengtert dette i samtale med forfattaren.

37. Lijphart nemner her spesielt Libanon og Nord-Irland som døme.

38. Som døme på dei første nemner Lijphart Belgia (trulig med tanke på løysinga av språkkonflikten på 1970-talet), Sveits og Malaysia, og som døme på dei siste Nederland og Austerrike (ibid.).

³⁹ Det var ei slik ordning som var nedfelt i Den anglo-irske avtala av 1985.

⁴⁰ Etter Jan-Erik Lane og Svante O. Ersson tyder ikkje "cleavages" naudsynleg konflikt (Lane & Ersson 1987: 39). Ei meir korrekt omsetjing ville difor vera "skiljeliner". Av di slike skiljeliner lett kan føre til konflikt, samstundes som ordet "konfliktliner" tykkjast vera innarbeidd i norsk statsvitskapleg litteratur i om lag same tydinga som "cleavages" (jfr. mellom andre Henry Valen), vel eg i denne oppgåva å halde meg til det.

⁴¹ Douglas **Rae** og Michael **Taylor** definerer "cleavage" som "oppdeling av eit samfunn i to ulike grupper av individ", medan "crosscutting" vert definert som "den graden individ som høyrer til den same gruppa langs éi skiljeline, høyrer til ulike grupper langs den andre skiljelina" (Rae & Taylor 1970: 23).

⁴² Ein vanske ved Lijphart si framstilling her er at omgrepet "krysspress" ikkje vert nærare definert. Det gjer det umogleg å gjera ein klår grenseoppgang mellom "krysspress" og "kryssande konfliktliner" som forklaringsvariablar for konfliktregulering.

⁴³ Denne konklusjonen vart gjord ut fra ein analyse av EF-spørsmålet sin plass i norsk politikk Ein analyse av det empiriske materialet Nilson legg fram, syner at sentrum/periferi-dimensjonen framstår som ein langt sterkare polarisert konfliktdimensjon enn den sosioøkonomiske dei gongene EF-spørsmålet gjorde han aktuell som ei kryssande konfliktline i tilhøve til den tradisjonelle høgre/venstre-aksen. Nilson poengterer at dette ikkje berre avheng av sosiale krefter på massenivå, men òg av strategiane til den politiske eliten (ibid.: 19).

⁴⁴ Lijphart i samtale med forfattaren

⁴⁵ Irredentistisk nasjonalisme inneber at den overordna lojaliteten til eit eller fleire av segmenta knyter seg til seg til nasjonar utanfor staten sine grenser.

⁴⁶ Rett nok freistar "the Alliance Party" å byggje opp ein eigen nord-irsk identitet ved å streka under det som sameiner og sjå bort frå det som skil dei to segmenta, men heller ikkje her kan ein tala om nokon "nord-irsk nasjonalisme", ettersom partiet ikkje ynskjer ein nord-irsk nasjonalstat.

⁴⁷ Lijphart gjer her bruk av Karl Deutsch sitt omgrep "balanse" mellom transaksjon (dvs. den gjensidige kontakten på tvers av segmentære skiljeliner) og integrasjon (dvs. den tendensen som motverkar segmentær pluralisme og fremjar kulturell homogenitet). Deutsch grunnjev det naudsynte i eit slikt balansetilhøve med at "talet på sjansar for ein mogleg valdeleg konflikt [sic] vil auke med mengda og graden av gjensidige transaksjonar" (Deutsch 1954: 49-50, hjå Lijphart, ibid.).

⁴⁸ Nordlinger peikar på at det òg finst døme på at segmentær isolasjon held oppe og nører opp under fiendskap mellom segmenta dersom gruppenormene inneheld fiendskap andsynes andre grupper (ibid.: 107). Dette er å sjå til eit paradoks. Som eit framlegg til løysing av paradokset syner Nordlinger til Milton Esman sin studie av den etniske konflikten mellom kinesarar og malayar i Malaysia: Medan segmentær isolasjon kan verke konfliktregulerande i innleidingsfasen, verkar han tvert om konfliktskapande over tid (ibid.).

⁴⁹ Dette gjeld serleg arbeidarkvartera.

⁵⁰ Daalder syner her til "De Pacificatie" ("Fredsoordninga") som vart gjord mellom dei politiske partia i Nederland i 1917 under trugsålet frå dei krigførande stormaktene. Fyrst etter 1917 vart dei sterke nettverka av subkulturelle interesseorganisasjonar utvikla (Daalder 1974). Daalder er likevel varsam med å generalisera, og nemner Austerrike som eit døme der Lijphart sin modell passar betre.

⁵¹ I røynda vil det ofte vera resultatata av meningsmålingar tekne føre valet som avgjer om eit parti stiller til val eller boikottar valet. Dersom vi berre går ut frå valresultata, fær vi berre med data for dei partia som stiller til val, slik at utvalet vert skeivt. Av di det har vori uråd for meg å få tak på meningsmålingsresultat for det aktuelle tidsromet, har eg berre hatt valresultata å halde meg til. For parti som ikkje har stilt lister ved nokon av dei vala det er tale om, har eg utelati denne variabelen i analysen. Det har i alle høve dreidd seg om små parti, med små utslag i den eine eller andre retninga frå val til val, slik at kontrolleffekten for variabelen vert låg (kap. 6).

⁵² Det gjeld i fyrste rekkje dei allirske institusjonane og institusjonane for britisk-irsk samarbeid, men avtala inneheld òg avsnitt om politireformer, fangelauslating og menneskerettar som partia vil ta med i ei samla vurdering av avtala (kap. 5, pkt. 4.4.6.).

⁵³ "Pakkeløysing" var ei formulering som vart nytta av målsmannen for Sinn Féin. Det han la i uttrykket var at maktodelingsinstitusjonane ikkje kan vurderast isolert frå dei andre institusjonane Langfredagsavtala set opp.

⁵⁴ Det kan tykkjast uvant å operera med ein indirekte effekt i ein modell som har meir sams med ein prediksjonsmodell enn ein kausalmodell (jfr. Hellevik 2003: 279-81), men eg har sterke atterhald mot å føre inn "sektarisme" som ein samspelsvariabel, av di det ikkje vil vera råd å røkje etter ein mogleg samspelseffekt av denne variabelen på effekten av "nasjonalismetype". På hi sida går samanhangen mellom dei to uavhengige variablane klårt fram av analyseresultata.

KAPITTEL 3

55 Uttrykket "anglo-normannisk" kom etter kvart i bruk som eit uttrykk for at interessefellesskapen om den ytre ekspansjonen hadde byrja å skugge over dei opphavlege interessemotsetnadene mellom engelskmenn og normannarar (ibid.:li-lij).

⁵⁶ Koloniseringa vart fyrst og fremst grunngevi militærstrategisk.: Ulster låg mellom Skottland i nord og dei katolske maktene på Kontinentet i sør (Clarke 1976b:193-95).

57 På grunn av dei omfattande kapitalinvesteringane i landbruket og dei intensive dyrkingsteknikkane synte dei seg meir effektive enn dei engelske kolonistane som kom på same tid (Beckett 1966: 47).

⁵⁸ Grevskapa Coleraine og Derry vart utlagde til nyrydjing for ein korporasjon av kjøpmannskompania i London, som tok over handelsrettane og utbygginga av forsvarsverka kring byen Derry (Clarke 1967: 204). Offisielt fekk byen med det namnet "Londonderry", medan den innfødde folkesetnaden heldt fram å kalle byen "Derry" (eller gælisk "Doire"). Bruken av stadnamn vart på på det viset ein etnisk markør.

⁵⁹ Desse haldningane vart legitimerte av settlarane sin kalvinistiske teologi. Etter Calvin si predestinasjonslære gjer Guds allmakt at mennesket er ute av stand til å verke inn på eiga frelse gjennom handlingar. Det gjorde at dei skotske presbyterianarane definerte seg i motsetnad til dei innfødde katolikkane som eit folk utvalt til evig frelse. Steve Bruce hevdar, ved å samanlikne haldninga til kalvinistiske settlarar fleire stader i verda, at dei overalt har hatt ein sterk dragnad mot rasisme. Med det fylgjer òg lita interesse for misjonsverksemd (Bruce 1986: 9-10).

60 Kring år 1700 oppgjev Ranelagh talet på settlarar i Ulster til 170 000. Av dei var 150 000 skottar (Ranelagh, op.cit.: 96, hjå Paulsen 1984.).

⁶¹ England var republikk frå parlamentsheren sin siger over Karl 1. i 1641 fram til Cromwell innførte protektoratet, med seg sjølv som "Lord Protector" i 1652. Sonen Henry tok over som "Lord Protector" då faren døydde, men regjerte berre fram til 1660, då stuart-kongane på ny vart innsette .

⁶² Dette skjedde saman med med ei systematisk forfylgning av det katolske presteskapat og straffeforføyingar mot dei som nekta å la seg omvende. Det var likevel svært få katolikkar som lét seg omvende (ibid.).

63. "Konføderasjon" vert her ikkje bruka i tydinga "allianse mellom statar eller politisk organiserte grupper", slik det seinare har vorti vanleg, men som ei eidbunden forsamling av einskildindivid (Corish 1976a: 299).

64. Ved å stø kongemakta tok ein samstundes fråstand frå det engelske parlamentet sitt krav på å vedta lover for Irland. Spørsmålet spissa seg til då det engelske parlamentet vedtok "the Act of Adventurers" i 1642, som slog fast at det engelske parlamentet hadde uinnskrenka rett til lovgjeving i Irland (Corish 1968: 25-26; 33).

⁶⁵ Likevel hevdar Beckett at ein lyt sjå konføderasjonen som ei rørsle tufta på kravet om klårt utforma rettar heller enn på kravet om ein nasjonalstat: Ein såg attende til Magna Carta heller enn til sjølvstendet i det gæliske Irland (ibid.: 53-56).

⁶⁶ Berre 6 av dei 230 nye underhusrepresentantane var protestantar (Simms 1976: 489-91).

67 Eigenleg var slaget ved Boyne 1. juli. J. G. Simms hevdar at slaget ved Aughrim 12. juli 1691 spela ei viktigare rolle for å avgjera det endelege utfallet av kampen om Irland (Simms, op. cit.: 497-98, 504).

⁶⁸ Dette kan òg forklåre kvifor unionistane satsa alt på å sitja med makta i Derry då unioniststyret vart skipa i Nord-Irland i 1921: Sjølv om nasjonalistane var i fleirtal i byen, vart grensene for valkrinsane trekte slik at unionistane likevel sat med eit stort fleirtal i bystyret (sokalla "gerrymandering").

⁶⁹ Verv i styrande organ vart avgjorde av om dei svor truskap til den britiske krona, avsvor Paven sin rett til å avsetja verdslege herskarar og gjekk til nattverd i Den anglikanske kyrkja ("the Sacramental Test"). Det siste punktet fekk òg negative konsekvensar for medlemene av dei presbyterianske kyrkjelydane i Ulster: Dei laut trekkje seg ut av styringsorgan i område der dei var i fleirtal, samstundes som det vart vanskelegare for dei å verte representerte i parlamentet (ibid.).

70 Dette tydde at eigedomane etter kvart vart oppkløyvde i so små luter at dei ikkje greidde å brøfø ein familie (ibid.).

⁷¹ Dette vart fyrst mogleg etter at whiggane hadde fått regjeringsmakta i London. Det tydde difor òg at det irske parlamentet gjorde seg meir avhengig av partikonstellasjonane i det britiske parlamentet (Lee 1973: 150-51).

⁷² Det var under inntrykket av ein samrøystes irsk opinion at den britiske regjeringa fann å måtte gje etter for patriotane sitt krav. Soleis kunne visekongen i Dublin, hertugen av Portland, rapportera heim i april 1782: "Det er ikkje lenger det irske parlamentet som må styrast eller lyttast til. Det er heile landet. Det er Kyrkja, rettsvesenet, Heren (eg vert redd når eg ser korleis han er samansett), kjøpmannen, handelsmannen, fabrikkanten, bonden, arbeidaren, katolikken, dissentaren, protestanten, alle sektene, alle slags menneske, som ... samstemde og svært tydeleg, bed Storbritannia om fullt og utvitydig vederlag" (ibid.).

⁷³ Fråseigna, som vart vedteken med 143 mot 2 røyster, lydde: "... as men and Irishmen, as Christians and as Protestants, we rejoice in the relaxation of the penal laws against our Roman Catholic fellow-subjects, and [...] conceive the measure to be fraught with the happiest consequences to the union and the prosperity of the inhabitants of Ireland" (hjá Kee, op.cit.: 35).

⁷⁴ Lærarane, som oppfatta seg som målberarar av den gæliske motkulturen, spela likevel ei nykelrolle i organisasjonen. (Smyth 1998: 114-15).

⁷⁵ Tone, som var utdana jurist, kom frå ein anglikansk overklassefamilie og slutta seg som 27-åring til "the Whig Clubs", som sprang opp i Dublin og Belfast i 1789-90. Tone braut med whiggane av di dei ikkje greidde å trekkje med seg breide lag av folket ("the men of no property") og vigde seg i staden til det utanomparlamentariske arbeidet gjennom "the United Irishmen". Han grunn gav reformframlegga utilitaristisk: Målet var "størst mogleg lukke for flest moglege menneske". Det var strevet for å realisera dette målet som gav mening til Tone sitt omgrep "nasjon" (Cronin & Roche 1973: 74, 78).

⁷⁶ Det hindra ikkje at britiske filosofar òg vart nytta i "the United Irishmen" sine skrifter. Locke sin tese om politisk legitimitet tufta på ein kontrakt mellom dei styrande og dei styrte, vart mykje sitert (Smyth 1998: 80). Den samtidige engelske filosofen Thomas Paine sitt verk "the Rights of Man", der prinsippet om nedarva rettar vart synt attende, vart motteki med fagnad i Irland. Paine gjekk ikkje berre inn for konstitusjonelle, men òg vidtfemnande sosiale reformer. Han tok aktivt del i den irske fridomskampen, og fungerte som kontaktmann mellom den franske regjeringa og "the United Irishmen" då han levde i utlegd i Paris (Dickson 1994: 136-42).

⁷⁷ Desse tala skriv seg både frå "the United Irishmen" sine eigne oppgåver og oppgåvene til regjeringsoppnemnde spionar (ibid.).

⁷⁸ McCracken, som leida ein styrke på 3-4000 mann, var bomullsfabrikkant i Belfast, medan Munro, som leida ein styrke på 7 000 mann, var linfabrikkant i Down (Beckett 1966: 264-67).

⁷⁹ Dei fekk mindre stønad enn dei hadde rekna med frå "the Defenders". Det var militsen som påførte Munro det endelege nederlaget. Munro hadde rekna med massiv desertering av katolikkar frå militsen, men det slog heller ikkje til (ibid.).

⁸⁰ Soleis feirar Sinn Féin han kvart år på gravstaden Bodentown utanfor Dublin.

⁸¹ Irland hadde framleis ein eigen administrasjon, men han vart no reksna som ein beinveges utøvar av den britiske regjeringa sin politikk (Beckett 1966: 281).

⁸² Bruken av vendinga "for alltid" gav lova preg av vilkår for å halde oppe den etablerte ordninga i stat og kyrkje. Denne artikkelen fekk konsekvensar for debatten om unionsspørsmålet gjennom heile 1800-talet (ibid.).

⁸³ Reforma reduserte med det talet på irske parlamentsmedlemer frå 300 til 100 (Lee 1973: 158).

⁸⁴ Viktig i denne samanhengen var det at Irland fekk halde på sitt eige lovverk og rettsvesen, der den protestantiske overklassa sat med all makt (ibid.: 286).

⁸⁵ Den britiske regjeringa sine lovnader om å gjennomføre emansipasjonen so snart unionen vart gjennomført vart ikkje oppfylte, men dei fekk det katolske presteskapet til å stø unionen i byrjinga.

⁸⁶ Det katolske presteskapet fekk medlemskap i organisasjonen i embets medfør. Sokneprestane i landet kom på den visen til å spela ei viktig rolle, både når det galdt pengeinnsamling og mobilisering. Organisasjonen vart forboden i 1825, men heldt fram som før etter å ha skifta namn. Han synte seg for sterk til å kunne kuvast (ibid.):

⁸⁷ Fortutan å gje katolikkar tilgjenge til parlamentet, tydde lova at katolikkar kunne utnemnast til alle offentlege stillingar, bortsett frå konge, visekonge og lordkanslar. Regjeringa grunn gav lovframlegget med ho var "det einaste alternativet til borgarkrig" (ibid.).

⁸⁸ Dei fremste reformkrava no var å utvide den irske representasjonen i det britiske parlamentet og å senke verdet på den eigedomen som vart kravd for å få røysterett (Beckett 1966: 308-09).

⁸⁹ Her fekk visekongen fullmakt til å forby offentlege møte og styre heile grevskap gjennom unnatakslover (Beckett 1966: 110).

⁹⁰ Det fyrste var i 1834. Det vart teki opp att etter at ei lov om styret av dei irske byane vart vedteki i 1840. Lova slog negativt ut for irske byar i høve til engelske: Forutan at talet på demokratisk valde organ i dei irske byane vart redusert, vart verdet av eigedom for å få røysterett ved valet til desse organa auka, slik at talet på røysteføre gjekk ned. Samstundes fekk bystyra innskrenka styringsmakt (ibid.).

⁹¹ Soleis stødde O'Connell Den katolske kyrkja i kravet om konfesjonelle undervisningsinstitusjonar (Becket 1966: 332).

⁹² Brotet kom etter at O'Connell hadde stilt gruppa andsynes eit ultimatum om anten å ta prinsipielt fråstand frå vald eller forlata organisasjonen. (Beckett 1966: 335).

⁹³ Organisasjonen gav ut avisa "the United Irishman" med John Mitchell som redaktør. Med det vart linene dregne attende til revolusjonen i 1798. Avisasøkte aktivt stønad frå både protestantane og katolikkane. Mitchell høyrde sjølv til tradisjonen av militant protestantisk republikanisme i Ulster (ibid.).

⁹⁴ Ein av dei fremste ideologane deira, James Fintan **Lalor**, gjekk inn for å mobilisera småbøndene og landarbeidarane i kampen mot unionen, og gjorde på den visen den nasjonale kampen om til ein kamp som i hovudsak var sosial. Han kritiserte O'Connell for ikkje å vyrde dei mest jordnære interessene til bøndene (Lalor 11-12, 22).

⁹⁵ Den skeive jordfordelinga og regjeringa si "laissez-faire"-politikk gjorde at potetpesten fekk meir dramatiske fylgder i Irland enn i andre land han råka: Folketalet sokk med 1 623 000 i perioden 1841-1851. Kring 1 million døydde av svolt og sjukdom, resten utvandra (Beckett 1966: 343-46).

⁹⁶ Den sterke stønaden frå utvandra irar i USA spela ei viktig rolle, både når det galdt pengar og mannskap. Hundrevis av trente amerikanske offiserar kom til Irland ved slutten av den amerikanske borgarkrigen i 1865 for å trenast opp IRB (Beckett 1966: 360-61).

⁹⁷ I 1865 vart "the Irish People" og IRB sitt hovudkvarter storma av politiet, slik at verksemda laut stogge, og i 1866 vart habeas corpus-lova, som verna mot vilkårlig fengsling, avskaffa (ibid.).

⁹⁸ Etter oppreisten utvikla det seg to fløyer i organisasjonen. Den eine, under leiding av Jeremiah **O'Donovan Rossa**, redaktøren av organisasjonen si avis, "the Irish People", gjekk inn for ein-sidig valdsbruk, medan den andre, under leiding av John **Devoy** og Michael **Davitt**, gjekk inn for å førebu kampen gjennom parlamentarisk verksemd og agitasjon for leigendingane sine rettar (ibid.).

⁹⁹ Prisen Parnell laut betala for dette samarbeidet var å ta fråstand frå all utanopparlamentarisk verksemd. Det svekte i lengda tilslutnaden både til "the Home Rule League" og til heimestyre som idé (Lyons 1973a: 190-91, 193).

¹⁰⁰ Det fyrste vart framlagt i 1886 og det andre i 1893. Det vart vedteki av Underhuset, men nedrøysta i Overhuset. I mellomtida hadde "the Home Rule League" vorti kløyvd, av di Parnell gjekk inn for ei ubunden stilling i høve til dei britiske partia, medan 2/3 av partiet sine parlamentsmedlemer ynskte å halde på alliansen med Dei liberale (ibid.: 403-04, 410-11).

¹⁰¹ Det føresette at Overhuset sin vetorett vart fjerna, noko som vart gjort med "the Parliament Act" av 1911 Denne lova fjerna retten til absolutt veto til føremon for utsetjande veto i lovgjevingsspørsmål (ibid.).

¹⁰² Det gjekk ut på eit sers avgrensa sjølvstyre, av di det britiske parlamentet framleis skulle ha overhøgda "over alle personar, saker og ting i Irland". Til dømes skulle politiet framleis liggja under britisk kontroll (Beckett, op.cit.: 422-23).

¹⁰³ Reservasjonsretten på 6 år var fyrst og fremst meint som ein propagandaframstøyt andsynes den britiske opinionen for å syne regjeringa si kompromissvilje. Unionistane i Ulster vart likevel ikkje meir kompromissviljuge av å få ein "dødsdom med utsetjing av eksekveringa på 6 år" (Carson). Kong Edward 7. gjekk då inn for ei permanent ekskludering av Ulster frå "the Home Rule Bill" og kalla partane saman til ein konferanse om dette i juli 1914, utan at det førte til resultat (ibid.: 432).

¹⁰⁴ Det uløyste spørsmålet om heimestyre for Irland låg der likevel som ein verkebyll for tilhøvet mellom Storbritannia og USA under krigen. Då England i mai 1915 gjorde dei fyrste framstøytane for å få USA med i krigen, vart det klart at vanten på framgang med å få gjennomført heimestyre var det fremste hinderet. Dette var så mykje meir alvorleg som det skjedde i den mest kritiske fasen av krigen (Mansergh 1968: 275-77). Det er på denne bakgrunnen ein må sjå den britiske utanriksministeren Lloyd George sitt initiativ for å få partane saman til forhandlingsbordet igjen alt i mai 1916 (Beckett, op.cit.: 441-42). USA kom fyrst med i krigen i april 1917.

¹⁰⁵ Namnet er gælisk og tyder "vi sjølv". Etter C. J. Hambro vart partinamnet til under inspirasjon av eit dikt den irske språk- og folkeminnegranskaren Douglas Hyde skreiv i Belfast-tidsskriftet "Shan Van Vocht" i 1897, der han lanserte slagordet "sinn féin amam", som Hambro omsat med "vi selv alene" (Hambro 1920: 80).

¹⁰⁶ Griffith var redaktør av avisa "The United Irishman", stifta i samband med hundreårsjubiléet for oppstanden i 1798 (Lyons 1971: 251).

¹⁰⁷ Partiet var i røynda ei samanslutning av dei tri nasjonalistiske grupperingane "the National Council", ein ad hoc-organisasjon skipa for å organisera protestar mot kong Edward 7. si vitjing i Irland i 1903, "Cumann na nGaedheal", ein organisasjon for dyrking av irsk språk og kultur og "the Dungannon Clubs", ein republikansk organisasjon inspirert av "the Volunteers" på 1780-talet. Dei to fyrste vart stifta på initiativ av Arthur Griffith (Lyons 1971: 252-53).

¹⁰⁸ Heller enn å sjå seg som eit revolusjonært parti, såg Sinn Féin seg som eit parti som ville halde oppe kontinuiteten i irsk politikk: Det var britane, som med "the Act of Union" i 1801 på ulovleg vis hadde krenka grunnlova av 1782, som på konstitusjonelt vis hadde staka ut retningslinene for det parlamentariske sjølvstyret for Irland (Hambro 1920: 34-35).

¹⁰⁹ Eit vedlegg til konstitusjonen spesifiserer 15 område der denne politikken skal gjennomførast: Vern om irsk handel og industri, skiping av eit irsk konsulatvesen (inspirert av det norske kravet i Unionskampen med Sverige), av ein irsk handelsflåte, av ein nasjonalbank, av ein børs, av eit nasjonalt trygdevesen; skiping av nasjonale voldgiftsdomstolar og ein nasjonal administrasjon; skiping av nasjonal kontroll over transportvesenet, øydemark og fiskeressursar; omlegging av utdanning og forsorgsvesen; ikkje-forbruk av varer som er tollpliktige av den britiske staten; tilbaketrekking av all friviljug stønad til dei britiske væpna styrkane; og endeleg ikkje-godkjenning av det britiske parlamentet (Hambro 1920: 80-82).

¹¹⁰ Talet på irske representantar vart utvida med 2 ved dette valet (ibid.).

¹¹¹ Heile folket tok del i hjelpearbeidet for fangane og familiare deira. Det skapte eit landsfemnande nettverk som kunne brukast til partibygging (Bowyer Bell 1970: 12-13).

¹¹² Ordninga skulle tre i kraft frå april 1918, og vart presentert som et vilkår for heimestyre. Sjølv om Heimestyrepartiet hadde vori pådrivar i arbeidet for å få Irland unnateki frå vernepliktsordninga, heldt store delar av opinionen det ansvarleg for planane, ettersom det i utgangspunktet hadde stødd regjeringa si krigsdeltaking (ibid.: 402).

¹¹³ Aldergrensa var her rett nok 30 år, mot 21 år for menn (Farrell, op. cit.: 45).

¹¹⁴ Medan talet på veljarar var 701 475 i 1910, hadde det stigi til heile 1 936 673 i 1918. At det fyrst og fremst var Sinn Féin som tente på dette går fram av den kjensgjerninga at Heimestyrepartiet ikkje gjekk attende i absolutte tal i høve til valet i 1910 (Farrell, ibid.: 48-49).

¹¹⁵ Det skuldast fyrst og fremst at det vart naudsynt å leggja om frå bomull til lin som råmateriale for tekstilindustrien. Det kravde at ein laut taka i bruk meir avanserte maskiner, noko som i sin tur gav kveik til utviklinga av ein mekanisk industri. Mot slutten av hundreåret stod Belfast fram som leidande i verdssamanheng når det galdt skipsbygging (Pringle 1985: 193-98).

¹¹⁶ Ved skipsverfta arbeidde fagforeiningane aktivt for å stengje billeg katolsk arbeidskraft ute. Difor snudde styrketilhøvet mellom protestantar og katolikkar på ny mot slutten av hunderåret: År 1900 var talet på katolikkar i Belfast nede i 25% att (Baker 1973: 796).

¹¹⁷ Namnet var ikkje tilfeldig valt: Organisasjonen hadde som føremål å ta vare på det han oppfatta som fruktene av kong Vilhelm av Orania sin siger i slaget ved Boyne i 1690, nemleg det protestantiske maktmonopolet i Irland, der settlarmentaliteten i Ulster var ein viktig del.

¹¹⁸ Den presbyterianske kyrkja vart kløyd i ei liberal og ei ortodoks fløy i 1829 (Paulsen 1984: 24).

¹¹⁹ Det dreidde seg om planar framlagde av Anthony MacDonnell, som var sekretær for guvernøren i "Dublin Castle" i 1902. Dei gjekk ut på å skipe eit irsk råd med lovgjevande og finansiell makt. Sjølv om dette var noko anna enn heimestyre, vart det oppfatta som ei trugsmål av unionistene (Lyons 1971: 216-17).

¹²⁰ Bruken av nemninga "council" syner at ein ikkje tok sikte på å bygge opp nokon partiorganisasjon av same type som Heimestyrepartiet, men heller å verke som ei pressgruppe innanfor Det konservative partiet.

Organisasjonen stilte likevel kandidatar ved parlamentsvala. Det var fyrst etter at den nord-irske staten vart skipa i 1921, at namnet "the Ulster Unionist Party" kom i bruk.

¹²¹ I 1911 hadde medlemstalet stigi til 370 (Stewart 1967: 34). Medlemstalet steig stendig utover på 1900-talet etter kvart som nye organisasjonar og grupper slutta seg til (Wallace 1971: 64).

¹²² Unionistane sine interesser i andre delar av Irland vart tekne vare på av "the Irish Unionist Alliance" og i Storbritannia elles av "the Union Defence League". Frå 1908 kom det til eit nærare samarbeid mellom dei tri organisasjonane (ibid.: 32). Den åtskilte organiseringa syner likevel at unionistane i Ulster hadde egne interesser å verne om i høve til resten av Irland (Lyons 1971: 217).

¹²³ Constantine Fitzgibbon hevdar at Unionistpartiet i Ulster var det fyrste monolittisk oppbygde politiske partiet i det moderne Europa (ibid.).

¹²⁴ UVF legitimerte valdsbruk ved å syne til at regjeringa Asquith ikkje hadde demokratisk mandat til å gjennomføre heimestyre, ettersom Dei liberale ikkje hadde gjort politikken sin klår i god tid føre valet (de Paor 1973: 65; Beckett 1966: 424).

¹²⁵ Ved skipinga av UVF vart det garantert for ein sum på i alt £ 250 000,-, medan summen hadde stigi til heile £ 1 043 816,- alt ved årsskiftet 1913/1914. Garantien vart gjeven gjennom eit fond nedsett av UUC, der forretningsstanden i Belfast var viktigaste gjevar (Stewart 1967: 77).

¹²⁶ Namnet "Covenant" som synte til dei skotske presbyterianarane si pakt av 1580, som markerte teologisk og politisk sjølvstende i høve til England (å sjå til eit paradoks).

¹²⁷ I "The City Hall" i Belfast skreiv 218 206 menn under på "the Covenant", medan 228 991 kvinner skreiv under på ei likelydande "Declaration" i "Ulster Hall" (Stewart 1967: 61, 64-65). Teksten lydde: "Av di vi i vårt samvit er overtyste om at heimestyre ville vera ei ulukke for det materielle velveret både i Ulster og resten av Irland, undergravande for vår borgarlege og religiøse fridom, øydeleggjande for vår statsborgarskap og farleg for Imperiet sin einskap, forpliktar vi, menn fra Ulster, lojale undersåttar under Hans Nådige Majestet Kong Georg V, som audmjukt lit på den Gud som våre forfedrar i dagar med spaning og freisting leit på i tillit, oss med dette i

høgtideleg pakt i desse tider med overhengande katastrofe til side ved side å verja for oss sjølve og våre born vår avhaldne stilling som likeverdige borgarar i Det sameinte kongeriket og til å bruke alle dei midla vi finn naudsynte til å slå ned den noverande samansverjinga med å skipe eit heimestyreparlament i Irland. Og dersom eit slikt parlament vert tvinga på oss forpliktar vi oss til høgtideleg og gjensidig å nekte å godkjenne dess makt. I fast tiltru til at Gud vil verne denne retten underskriv vi her med våre namn. Og vi seier vidare kvar for oss frå at vi ikkje alt har underteikna denne Pakta. Gud vare Kongen" (ibid.: 62).

¹²⁸ Av di dette hende under opptakten til 1. verdskrigen, gjekk Asquith i juli 1914 med på eit framlegg frå Carson og leidaren for Det konservative partiet, Bonar Law, om å utsetja heimestyret. UVF stilte då 35 000 mann vilkårslaut til disposisjon for dei britiske styrkane i krigen (Stewart, ibid.: 242, 248-49).

¹²⁹ For å streka under den demokratiske karakteren til organisasjonen vart det vedteki at alle uniformer skulle vera like og offiserane ikkje bera distinksjonar (ibid.).

¹³⁰ Det kjem klårt fram av den fråsegna komitéen sende ut at vedtaket vart gjort for å hindre kløyving av organisasjonen (Martin 1963: 143).

¹³¹ Av di dei ynskte at organisasjonen skulle femne vidast råd, heldt IRB medvite ein låg profil i IV, men av di dei hadde dei best trent folka, hadde dei fleste offiserane i IV bakgrunn i IRB (ibid.).

132 Dei var baa aktive i fagforeininga "the Irish Transport and General Workers' Union"(ITGWU). Larkin drog seinare til USA, der han vart dømd til ein lang fengselsstraff, som hindra han i å reise attende til Irland. Etter det tok Connolly over leidinga av fagforeininga (Boyle, op. cit.: 52-54).

¹³³ Namnet skriv seg frå ei tale James Connolly heldt i London for å mobilisera stønad til streiken. Han kom her med eit framlegg om å skipe "ein borgarher av menn som har vori utsette for lock-out", etter at ein journalist i avisa "Daily Herald" hadde oppmoda fagrørsla til å skipe ein "Borgargarde" ("Civil Guard") for å verne om borgarrettane (Desmond Greaves 1976: 325, 328).

134 James Connolly seier om planen om å halde dei 6 nord-austlege grevskapa i Ulster utanfor heimestyreordninga, at han ville føre til "eit reaksjonens karneval både i nord og sør", at han ville øydeleggja arbeidarrørsla og kveikje "i forverra form dei motsetnadene som no herskar og hjelpe kapitalistane og presteskabet i Heimestyrepartiet og Oransjeordenen til å halde kampropa sine fram for publikum som dagens parolar" (Connolly: 109-11, hjå Boyle, op. cit.: 59).

¹³⁵ Heimestyrepartiet var aldri fiendsleg innstilt til irsk språkrøkt: I 1878 gjorde partiet vern om irsk mål til ein post på partiprogrammet (Green 1972: 16-17). Problemet var heller at språkspørsmålet aldri vart prioritert i høve til den politiske kampen, av di ein meinte at den nasjonale kulturen ville bløme so snart spørsmålet om heimestyre var løyst (Boyce 1995: 229-33).

¹³⁶ Det var rett etter at den store hungersnauken hadde gjort veldige innhogg i den irsktalende folkesetnaden (ibid.).

¹³⁷ Av opplysningar frå siste halvdel av 1800-talet går det fram at nedgangen ikkje skuldast ei "naturleg språkutvikling", men ein medviten politikk frå skulevesenet si side (Greene 1972: 9-11).

¹³⁸ I perioden 1900-1906 greidde dei å auke talet på lokallag frå 120 til 985 (ibid.).

¹³⁹ Det omstridte punktet her er utsegna om at organisasjonen skal vie seg til arbeidet for "eit *fritt* gælisktalende Irland" (mi utheving) (Ó Cuív, op.cit.: 25). Dette lineskiftet skuldast at unge republikanske aktivistar, for ein stor del IRB-folk, hadde slutta seg til organisasjonen (MacAodha 1972: 23-24; Nowlan 1972: 50).

¹⁴⁰ Det galdt serleg dei gæliske faneidrottane "hurling" og gælisk forball.

¹⁴¹ Det nærmaste ein kjem ei kommunalistisk utgåve av nasjonalismen på denne tida var D. P. Moran si "Irish Ireland"-rørsle, med avisa "The Leader" som talerøyr. Ho freista å kombinera irsk kultur nasjonalisme med katolsk religion for å skipe ein katolsk-gælisk identitet. Det fekk Moran til å redusera målreisinga til eit middel i ei meir omfattande nasjonal reising, der katolisismen hadde ein viktig plass. Politisk gav Moran sin kommunalisme seg utslag i at han jamvel var viljug til å godta ei utskiljing av Ulster frå den irske nasjonalstaten dersom det letta arbeidet for den katolske kommunalismen (ibid.: 174-76).

¹⁴² Hutchinson ser dei irske kultur nasjonalistane si dyrking av symbol frå keltisk heidendom i staden for religiøse symbol frå samtida som eit typisk døme på instrumentell bruk av kulturen for å byggje opp ein sekulær nasjonal identitet i konkurranse med det katolske presteskabet (Hutchinson 1987: 136-37, 214).

¹⁴³ Det var nettopp usemja i vurderinga av ein slik moralsk siger som låg til grunn for usemja i organisasjonen, og som no vart langnadstung i valet av strategi: Då det vart klårt at dei tyske våpna var tekne og dei britiske styresmaktene kjende til planane, sende MacNeill ut avlysingsordre til alle IV-einingane. Det gjorde mobiliseringa dobbelt vanskeleg for opprørarane og førte til konstant undermanning (Hayes-McCoy 1969: 266).

¹⁴⁴ Ein reknar med at det var utstasjonert langt færre enn 1 000 opprørarar i Dublin i byrjinga, men det kom til om lag 800 fleire dagen etter (Hayes-McCoy, ibid.: fn. 66). ICA sine 200 mann under leiding av James Connolly, som ikkje var bundne av MacNeills kontraordre, møtte opp fulltalige (Wall 1969b: 232; Boyle 1969: 51). Mot dei stod ein aksjonsklar britisk styrke på 2 427 mann (ibid.: fn. 67).

¹⁴⁵ Ein la vekt på å få med personar som hadde markert seg i det politiske livet, samt å gje regjeringa so breid politisk profil som mogleg. Ho hadde til dømes med rådmann ("alderman") Tom Kelly, Arthur Griffith og Sean T. O'Kelly frå Sinn Féin, William O'Brien frå "the Irish Labour Party" og sufragettsosialisten Mrs. Sheehy-Skeffington. Patrick Pearse var president og stabsjef, medan James Connolly fekk den viktigaste militære kommandoposisjonen, som kommandant for dei militære styrkane i Dublin (Dudley Edwards 1977: 276)..

¹⁴⁶ Etter summariske rettargangar den fyrste veka etter at oppstanden var slått ned vart det avsagt 14 dødsdomar, som vart eksekverte på dagen og 73 straffedomar, medan 1 706 vart deporterte til engelske fangelæger (Bowyer-Bell, op.cit.: 12-14).

¹⁴⁷ Nemninga skiftar her noko etter kva for ei side ein reknar seg til: Medan den offisielle irske nemninga er "the War of Independence", brukar britene nemninga "the Anglo-Irish War".

¹⁴⁸ Det var i røynda berre 69 innvalde medlemmer av Sinn Féin, etter som nokon hadde vorti valde for fleire krinsar. Av dei 69 var berre 25 til stades på det konstituerande møtet: 2 var sjuke, 7 var ute på oppdrag for partiet, 1 hadde vorti deportert og 34 sat i fengsel (Beckett, 1966: 445, fn. 1).

¹⁴⁹ Ein satsa her serleg på amerikansk stønad, på grunn av den entusiastiske mottakinga de Valera fekk i eigenskap av Republikkens president då han vitja U.S.A. i 1919 (Beckett 1966: 446). Både Kongressen og Representanthuset vedtok å stø kravet om irsk sjølvstende med overveldande fleirtal. Ein satsa difor på at president Woodrow Wilson sitt prinsipp om "sjølvråderett for nasjonane" òg vart gjort gjeldande for Irland. Likevel fekk den britiske regjeringa drivi gjennom at spørsmålet om kva for nasjonar som kunne gjera krav på sjølvstyre skulle takast opp seinare mellom dei fire sigersmaktene, der det laut herske semje i kvart einskilt tilfelle (Mansergh 1968: 278-81).

¹⁵⁰ De Valera hadde då nettopp greidd å røme frå engelsk fangenskap. Han vart opphavleg dømd til døden for å ha teki del i Påskeoppøret, men fekk grid av di han hadde amerikansk statsborgarskap. Britane ynskte ikkje å tyngje enno meir det vanskelege tilhøvet til USA etter Påskeoppøret, i den kritiske fasen av krigen landet no var inne i.

¹⁵¹ Til dømes skulle utanriks-og forsvarspolitikken, samt viktige delar av finanspolitikken, framleis styrast frå London, medan den britiske Krona skulle verte representert av ein guvernør med formell makt i kvar av dei to delane. Dette var i grove drag den ordninga unionistane hadde gått inn for i 1914 (ibid.).

¹⁵² Forsterkingane kom dels i form av regulære troppar og dels i form av spesielt verva politisoldatar, dei sokalla "Black and Tans", som vart illgjetne for si brutale framferd (– namnet kom av at dei gjekk kledde i dressar sydde saman av svart lær og khaki) (Bowyer Bell 1970: 21). Fridomsskrigen går difor ofte under namnet "the Tan War".

¹⁵³ Over halvparten av dei var "Black and Tans".

¹⁵⁴ John Hutchinson forklårar det britiske initiativet med sviktande stønad til krigføringa i det britiske folket på grunn av krigstrøttleik og autoritetskrise andsynes regjeringa (Hutchinson 1987: 295).

¹⁵⁵ Meininga var at område i Nord-Irland som ynskte det skulle få slutte seg til Fristaten, som vart namnet på den andre delen av Irland. Framlegget frå kommisjonen vart kjent i 1925. Det gjekk ut på i grove trekk å halde på den grensa som var, samstundes som ho vart gjort til statsgrense. Sjølv om dette var eit klårt brot med det den irske parten hadde oppfatta som føresetnaden for "the Treaty", og som difor òg hadde vori ein viktig premis for debatten om avtala i parlamentet og framfor valet i juni 1922 ("the Pact Election"), gav fristatregjeringa etter for britisk press, og lovnader om økonomisk kompensasjon, og godtok framlegget (Farrell 1973: 217). På den visen vart om lag 1/3 av folket i Nord-Irland tvinga inn i ein stat dei ikkje oppfatta som legitim.

¹⁵⁶ Styrketilhøvet mellom IRA og Fristatsheren ved innleidinga av borgarkrigen var som 4-5:1. Dette talet betra seg til føremon for fristatsstyrkane i løpet av krigen (Bowyer-Bell 35-36).

¹⁵⁷ Det skjedde fyrst etter at eit nytt parti, "Clann na Phoblachta", under leiding av den tidlegare IRA-stabsjefen Seán McBride, hadde vorti skipa og kom i regjeringsposisjon. Dette partiet hadde ei meir radikal line i det konstitusjonelle spørsmålet enn Fianna Fáil.

KAPITTEL 4

¹⁵⁸ Lova var i utgangspunktet berre meint å gjelde for 1 år, men vart stendig oppattnya fram til 1933, då ho vart permanent. Samstundes vart det stendig innført tilleggsslover, som mellom anna gav innanriksministeren løyve til å forby organisasjonar, stogge utgjeving av bøker og aviser, internere folk utan lov og dom og utan tidsavgrensing, øydeleggja hus, kværretja bankkonti og avgrense rørslefridomen til folk (ibid.: fn 5).

¹⁵⁹ I perioden 1923-55 stilte berre éin kandidat ved 96% av alle kommunevala i landkommunar, 60% av vala i byane og 94 % av fylkesvala (ibid.).

¹⁶⁰ Samstundes som systemet med vegen røysterett vart avskaffa i resten av Storbritannia av Clement Atlees regjering i 1946, vart talet på røyster ein fabrikkengar kunne ha utvida frå 4 til 6 i Nord-Irland.

¹⁶¹ I 1966 hadde Derry til dømes 30 3776 innbyggjarar. Av dei var 20 102 katolikkar og 10 274 protestantar. Berre 14 429 katolikkar og 8 781 protestantar hadde røysterett (ibid.).

¹⁶² I 1951 var til dømes berre 5% av alle kontorfunksjonærar i dei 28 unionistkontrollerte kommunestyra katolikkar (Gallagher 1957: 251-53).

¹⁶³ Den katolske kyrkja førte ei meir moderat line i høve til regimet enn politikarane i partiet, men den sterke innverknaden ho hadde på partiet gjorde at ho i stor mon kunne få politikarane til å føye seg. I 1923 pressa ho soleis dei 6 valde representantane frå Nasjonalistpartiet til å ta sete i parlamentet for å tala kyrkja si sak i skulespørsmålet (ibid.).

¹⁶⁴ Dette kjem fram av seinare fråsegner frå den dåverande landbruksministeren, Sir Basil Brooke (seinare adla under tittelen Lord Brookeborough), som var nord-irske statsminister i perioden 1943-63 (ikkje i 1929, som Boserup skriv) (ibid.).

¹⁶⁵ Sinn Féin boykotta dette valet (ibid.).

¹⁶⁶ Dåverande statsminister James Craig uttala i parlamentet i samband med endringa: ”Det eg ynskjer [...] er folk som er for Unionen på den eine sida eller som er mot han og ynskjer å slutte seg til parlamentet i Dublin på hi” (hjá Farrell 1980: 111).

¹⁶⁷ I perioden 1929-32 steig talet på arbeidslause frå 35 000 til 76 000 (Farrell 1980: 117).

¹⁶⁸ Då dei ikkje kom nokon veg med krava, drog både Nasjonalistpartiet, ILP og den eine av dei to uavhengige unionistane seg attende frå parlamentet i 1932.

¹⁶⁹ I oktober 1932 hadde arbeidsløysa i skipsbyggingsindustrien, der den protestantiske arbeidskrafta var i overveldande majoritet, nådd 80% (ibid.).

¹⁷⁰ ILP hadde berre ein liten framgang i røystetal ved lokalvalet i januar 1933 og tapte ein av dei 3 plassane sine i bystyret i Belfast (Farrell 1976: 131). Ved parlamentsvalet i 1933 gjekk partiet fram med 2 %, til 3,9%, frå valet i 1929 (Andresen 1998: 69-70).

¹⁷¹ Oppmodinga kom i ei tale han heldt for unionistiske arbeidsgjevarar i 1934: ”Eg rår alle dei som er lojalistar til ikkje å tilsetja katolikkar, av di 99 % av dei er illojale. Eg vil de skal hugse på éin ting når de tilset folk som er illojale [...]. De undergrev dykkar eiga røystgjeving på den visen [...]. De som er arbeidsgjevarar har ballen på føtene. Handlar De ikkje rett no, kjem vi til å vera i minoritet i staden for majoritet før vi veit ordet av.” (hjá Farrell 1980: 90-91).

¹⁷² I periden 1924-35 auka den same skilnaden frå 65 % til 71,7 %, det vil seia at han i 1958 var om lag som i mellomkrigstida (ibid.).

¹⁷³ Partiet vart skipa av ei fløy innanfor ILP som godtok delinga av Irland som ei fullført kjennsgjering.

¹⁷⁴ Slike stønadsordningar hadde ein òg hatt tidlegare. Det radikalt nye ved dei no låg i omfanget. Soleis auka ”the Industrial Development (Northern Ireland) Act 1966” og ”the industrial Investments (General Assistance) Act 1966” den statlege stønaden til ny og etablert kapital med høvesvis 45 % og 40 % av kapitalutgiftene (Marlowe & Palmer 1978: 18).

¹⁷⁵ Partiet gjekk attende frå 76 842 røyster i 1962 til 45 113 i 1969. I mandattal tydde dette ein nedgang frå 4 til 2 (ibid.).

¹⁷⁶ Av dei utanlandske investeringane var 41% britiske, 10,8% amerikanske og 3,7% tyske. Dei tilsette høvesvis 46,1%, 23,7% og 3,7% av arbeidsstokken (Ministry of Commerce 1973: 12, hjå Marlowe & Palmer 1978: 20).

¹⁷⁷ Til dømes opplevde den tradisjonelle linindustrien ein nedgang i avkasting på 5,6% i perioden 1963-72, medan den utanlandskeigde sektoren ”blanda tekstilvarer” (”miscellaneous textiles”), som for det meste er kunstfiberindustri, hadde ein oppgang på 7,2% i same perioden (ibid.).

¹⁷⁸ Mellom protestantane var skilnaden mellom arbeidarklassa og mellomklassa berre 4 % når det galdt ”stønad til konstitusjonen”, medan han mellom katolikkane var 2 %. Når det galdt ”ekstremistiske haldningar” var skilnaden 3 % for båd gruppane (Rose 1971: 281).

¹⁷⁹ I arbeidarklassa var skilnaden mellom dei som stødde og dei som ikkje stødde konstitusjonen 30 %. I mellomklassa var det tilsvarande talet 36 %. 50 % av alle dei spurde innanfor kvar av dei to klassene var viljuge til å bruke ulovlege middel i kampen mot personar av same klasse, men med motsett syn på regimet (ibid.).

¹⁸⁰ IRA hadde skifta strategi etter den mislukka kampanjen mot politi- og tollstasjonar langs den nord-irske grensa 1956-62 (Farrell 1980: 244-45).

¹⁸¹ Dei okkuperte husværa var bygde på det offentlege sin kostnad, men dei stod tome av di styresmaktene ikkje hadde funni protestantar som var viljuge til å flytte inn der. Okkupantane var nokre katolske barnefamiliar (ibid.).

¹⁸² Som motyting mot at barrikadane i Belfast vart nedrivne, oppnemnde den britiske regjeringa ein målsmann som skulle stasjonera fast i Belfast og overvaka den nord-irske regjeringa, setja ned arbeidsgrupper av statstenestemenn som skulle utarbeide planar for å få slutt på diskrimineringa på arbeids- og bustadmarknaden, og oppnemnde ein komité som skulle freiste å få til ei omorganisering av RUC (ibid.).

¹⁸³ Eg nyttar her språkbruken til Håkan **Wiberg**, som skil mellom subjektivt definerte ”målkonfliktar” og strukturelt definerte ”interessekonfliktar”, der det er borgarrettsrørsla sit mål å skipe om ein interessekonflikt til ein målkonflikt, slik at “[...] parter utan konfliktoppfatning och utan fast social organisation omvandlas till

aktører med organistion, målsætningar och strategier för att få dessa målsætningar realiserade” (Wiberg 1976: 20-21).

¹⁸⁴ Interneringa vart grunngeven med opptrappinga av IRA sin bombekampanje, men berre 80 av dei 160 som vart internerte i Crumlin Road-fengslet hadde noko med IRA å gjera, og berre 4 av dei igjen var offiserar i IRA. Resten var borgarrettsaktivistar, fagforeiningsfolk og motstandarar av unionistregimet (MacGuffin 1973: 87).

¹⁸⁵ Interneringa vart innført 9. august. 16. august la 8000 arbeidarar ned arbeidet i Derry, 19. august la 30 framstående katolikkar ned arbeidet i offentlege organ og 22. august trekte 130 kommunestyremedlemer seg frå verva sine (Farrell 1980: 283).

¹⁸⁶ At folket heller ikkje lèt seg skræme vekk frå gatene av demonstrasjonsforbodet synte dei 70 000 som tok del i ein borgarrettsmarsj skipa til av NICRA i februar 1972. Veka før hadde den britiske heren skoti inn i ein liknande borgarrettsmarsj i Derry, der 14 sivilpersonar var drepne og 130 sår.

KAPITTEL 5

¹⁸⁷ Avgjerda om å avskaffe Stormont-parlamentet vart teken av den britiske regjeringa etter at den nord-irske stratsministeren, Brian Faulkner, hadde nekta å godta eit av tri krav ho stilte, nemleg at ansvaret for lov og orden skulle førast over til London. Dei to andre krava, gradvis avvikling av interneringa og folkerøysting om grensa mellom Nord-Irland og Republikken, godtok han (Bratt: 1975: 16).

¹⁸⁸ Formelt skulle Stormont-parlamentet suspenderast for 1 år, men suspensjonen har sidan stendig vorti oppattnya (ibid.).

¹⁸⁹ Dette vart påvist i ein rapport lagt fram av Amnesty International i 1978.

¹⁹⁰ Den fyrste av dei som døydde, Bobby Sands, vart innvald i det britiske parlamentet og ein annan, Kieran Doherty, i ”An Dáil Éireann” (Adams 1995: 84-85).

¹⁹¹ Dette er ein type proporsjonal representasjon der veljarane kan preferera kandidatar på lista. Det tyder òg at dei kan føre opp kandidatar frå andre parti som 2. og 3. preferanse (Hennessey 2000: 172).

¹⁹² Valkrinsane var dei same som ved Westminster-vala, det vil seia 12, med 5-8 mandat i kvar.

¹⁹³ SDLP (”the Social Democratic and Labour Party”) vart skipa i 1970 av medlemmer av Nasjonalistpartiet, ”the Republican Labour Party” og NILP (Farrell 1980: 361) (sjå nedanfor, kap. 6, punkt 2).

¹⁹⁴ Eg nyttar her ”lojalistisk” i den vanlege tydinga av ordet, som ein ekstrem variant av unionismen.

¹⁹⁵ Initiativet i streiken vart etter kvart overtaki av UWC og dei paramilitære, av di UUUP meinte tida enno ikkje var mogen for ein slik aksjon. Den største av dei paramilitære organisasjonane, UDA, sende væpna grupper rundt for å ”presse” arbeidarane til å leggja ned arbeidet og butikkane til å stengje (Fisk 1974: 18-19, 57-59).

¹⁹⁶ Til dømes greidde elektrisitetsarbeidarane å skjera ned straumforsyningane til storindustrien med 60 -75 % i løpet av nokre timar. Det gjekk i neste omgang utover matforsyningane. Etter kvart laut både forretningslivet, sjukehusa og jamvel det statlege postverket vende seg til UWC for hjelp. UWC etablerte seg på den visen som ei de facto regjering (ibid.).

¹⁹⁷ Den britiske arbeidarpartiregjeringa ville bruke heren til å fjerne UDA sine barrikadar, men heren nekta, av di han meinte det var IRA og ikkje lojalistane åtaket skulle rettast mot. Dette auka enno meir katolikkane si mistru mot den britiske heren som ”nøytral part” i konflikten (ibid.: 145-48).

¹⁹⁸ Politistyrken RUC var protestantisk dominert, medan det halvmilitære UDR var heilt protestantisk. Den britiske Nord-Irland-ministeren Merlyn Rees såg UWC-streiken som uttrykk for ”Ulster-nasjonalisme”, og ei ”ulsterisering” av konflikten vart difor retningsgjevande for britisk politikk (ibid.).

¹⁹⁹ Hume hadde teki over som partileidar etter Gerry Fitt i 1979, som ei fylgd av ei opprioritering av det konstitusjonelle spørsmålet i partiet.

²⁰⁰ Fianna Fáil, Fine Gael og the Labour Party.

²⁰¹ Dei to andre framlegga var ein einskapsstat, med garantiar for både den unionistiske og nasjonalistiske identiteten, og ein føderasjon eller konføderasjon av dei to delane av Irland (ibid.).

²⁰² Under ei gjesteføreling ved Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo, 12. november 1987, kalla Paul **Arthur** Den anglo-irske avtala ”uvanleg” (”exceptional”) i internasjonale relasjonar på grunn av dette punktet.

²⁰³ For den britiske regjeringa vog det tyngst at avtala innleide eit nærare trygging- og kriminalpolitisk samarbeid mellom dei to statane gjennom sams domstolar og lovgjeving som opna for ”utlevering” (”extradition”) (artikkel 7 og 8) (ibid.9-10). I røynda tydde dette utlevering av IRA-ettersøkte til nord-irsk politi. Etter Thatcher (1993: 384-85) si eiga utsegn var det dette som gjorde utslaget når ho til slutt underteikna avtala.

²⁰⁴ Ved valet til Forsamlinga i 1982 fekk Sinn Féin 10.1% av røystene og SDLP 18.8%. Ved Westminster-valet i 1983 steig Sinn Féin sitt røystetal til 13,4%, medan SDLP sitt sokk til 17,9% (Hagen 1999: 90).

²⁰⁵ SDLP gjekk fram i overkant av 3 % ved både lokalval, Westminster-parlamentsval og Europaparlamentsval etter 1985, medan Sinn Féin gjekk attende med 2% ved parlamentsvalet i 1987, 0,5% ved lokalvalet i 1989 og 4% ved Europaparlamentsvalet i 1989 (O’Leary 1990, hjå Hagen 1999: 97).

- ²⁰⁶ Eit unnatak var det tryggings- og kriminalpolitiske samarbeidet.
- ²⁰⁷ Thomas Hennessey (2000: 72) ser det som ei tilnærming til SDLP si line at Sinn Féin på denne visen spela ballen over til dei to regjeringane).
- ²⁰⁸ Namnet kjem av at fråsegna vart underteikna i den britiske statsministerbustaden i Downing Street, London.
- ²⁰⁹ Ho streka likevel under at dette laut sjåast i samheng med kravet om borgarrettar i Nord-Irland (ibid.).
- ²¹⁰ Sinn Féin grunn gav initiativet med John Hume si sterke stilling innanfor SDLP, den irske koalisjonsregjeringa (Fianna Fáil-Labour) si sterke stilling, den amerikanske presidenten Bill Clinton sin velvilje andsynes den irsk-amerikanske lobbyen og vanten på popularitet for den britiske regjeringa innanfor EU (Hennessey 2000: 86-87).
- ²¹¹ I eit ope brev til Major kalla Paisley fråsegna ”a tripartite agreement between Reynolds, the IRA and you” (ibid.).
- ²¹² Harmonisering vil seia at dei to partane skulle søkje å nå fram til semje om ein sams politikk. Som døme på område der slik harmonisering kunne vera aktuell, vart landbruk og fiske, industriutvikling, forbrukarsaker, energispørsmål, handel, helsepolitikk, sosialpolitikk, utdanningspolitikk og økonomisk politikk nemnde (GUK 1995: 31-32).
- ²¹³ Som døme på område der sams iverksetjingsorgan kunne vera aktuelle vart utvikling av naturressursar, iverksetjing av EU-program, marknadsføring utanlands, og kulturtiltak nemnde (GUK 1995: 31).
- ²¹⁴ Partiet kritiserte likevel den byråkratiske strukturen dei hadde: I staden for å knyte dei til dei eksisterande statsapparata, kunne ein utvikle Nord/Sør-samarbeid på ei rad praktiske område som eit fyrste steg (ibid.).
- ²¹⁵ I unionistblokka vart UUP det største partiet med 30 plassar, og DUP det nest største med 24 (ibid.).
- ²¹⁶ Våpenkvilda IRA innleidde i 1994 for å gje fredsprosessen ein sjanse vart broten i februar 1996 på grunn av dei stramme vilkåra John Major stilte for å slutte seg til Mitchell-rapporten.
- ²¹⁷ Den irske regjeringa sende ut ei fråsegn der ho sa seg viljug til å fjerne det territorielle kravet på Nord-Irland frå grunnlova, og med det sannkjenne at det finst to rettsområde i Irland. På det viset godkjende ho òg at ei sameining av Irland berre kan skje med samtykke frå majoriteten i båe dei to rettsområda (Hennessey 2000: 145).
- ²¹⁸ ”Parallell konsensus” tyder at viktige vedtak krev fleirtal både i forsamlinga som heilskap og mellom unionistane og nasjonalistane kvar for seg.
- ²¹⁹ I tillegg skal fagministrane frå dei to statane møtast regelbunde for å ta seg av samarbeidet på fagområda sine.
- ²²⁰ Dei to parlamenta skal likevel vurderer å utvikle eit sams parlamentarisk forum som skal handsama saker av sams interesse (18) og eit uavhengig rådgjevande forum utnemnt av dei to embetsverka, som mellom anna skal ta seg av sosiale, økonomiske og kulturelle spørsmål (19) (ibid.: 13).
- ²²¹ Tryggingspolitikk, vert spesielt nemnd som eit område konferansen skal ta seg av, forutan retts- og fengselsvesen og politi i Nord-Irland. Samarbeidet over grensa mellom dei to statane vert serskilt understreka på desse områda (6) (ibid.). Det ligg i korta at det er kampen mot IRA det vert sikta til her.
- ²²² For å spegle av den spesielle stoda for menneskerettsspørsmål i Nord-Irland vert Den nord-irske menneskerettsskommissjonen (”the Northern Ireland Human Rights Commission”) skipa som eit rådgjevingsorgan for Westminster-parlamentet (4, 5). Ein likskapskommissjon (”Equality Commission”) skal sjå til at lovene vert fylgde og granske klagemål (6) (ibid.).
- ²²³ Regjeringa fråskriv seg likevel noko av ansvaret når ho lovar å oppmode dei politiske partia i den nye forsamlinga til å fylgje opp denne skyldnaden ”på ein måte som tek omsyn til ynskjemåla og kjenslene i lokalsamfunnet” (ibid.).
- ²²⁴ Det vert her synt til §25 i avtala om dei nord-irske institusjonane, som krev eksklusjon av medlemmer med tilknytning til væpna organisasjonar (GUK & GI 1998: 20).
- ²²⁵ Avtala fastsette at alle paramilitære organisasjonar skulle vera innleverte innan to år frå folkerøystinga om avtala (4)(ibid.).
- ²²⁶ 331 av 350 delegatar røysta for ho (ibid.).
- ²²⁷ Partileidinga argumenterte med at nasjonalistane hadde den demografiske utviklinga på si side, av di dei ville koma i fleirtal i Nord-Irland ”innan 10-15 år” (Hennessey 2000: 189).
- ²²⁸ Jamvel innanfor partileidinga var kjenslene sterke på dette punktet, men utsendingane frå Nord-Irland hadde jamt over ei meir pragmatisk innstilling enn utsendingane frå Republikken (ibid.).
- ²²⁹ Etter Hennessey (op.cit.) spela det ei avgjerande rolle for å få avtala i hamn at IRA stødde partileidinga sitt syn Truleg spela punktet i avtala om frigjeving av fangar ei viktig rolle her.
- ²³⁰ Truleg var det punktet om fangelauslating som her òg vog tyngst.
- ²³¹ Dette var den høgste frammøteprosenten sidan folkerøystinga om Nord-Irland sin konstitusjon i 1921 (Elliot & Flackes 1999: 596).
- ²³² 4 av desse braut ut og skipa ”the Northern Ireland Unionist Party” i 1999.
- ²³³ Andre parti som kom med i Forsamlinga var ”the Alliance Party” (6,5% og 6 plassar), ”Independent Unionists” (2,9% og 3 plassar og ”the Northern Ireland Women’s Coalition” (1,6% og 2 plassar) (ibid.).

²³⁴ Denne formuleringa har gjevi opphav til ulike tolkingar: SDLP, Sinn Féin og den irske regjeringa tolkar ho som at "the Act of Union" av 1800 (kap. 3, pkt. 7.1) vert sett ut av spel til føremon for samtykke frå folkefleirtalet. På hi sida tolkar avtaletilhengarane i UUP ikkje dette som at Unionslova vert oppheva, av di ho ikkje vert serskilt nemnd. I staden legg dei vekt på endringane av artikkane 2 og 3 i den irske grunnlova, der artikkel 2 tolkar om omgrepet "den irske nasjonen" frå å vera territorielt til å verte etnisk definert, medan artikkel 3 gjer spørsmålet om irsk sameining avhengig av konsensusprinsippet (Hadfield 1998: 599-601, 604).

²³⁵ Slike rådgerder kan jamvel gjevast tilbakeverkande kraft (1, 2))

²³⁶ UUP fekk handels-og industriministeren ("Minister for Enterprise, Trade and Investment"), miljøvernministeren ("Minister for Environment") og kulturministeren ("Minister for Culture, Arts and Leisure"). SDLP fekk finansministeren ("Minister for Finance and Personnel"), ministeren for høgare utdanning ("Minister for Higher and Further Education") og landbruksministeren ("Minister for Agriculture and Rural Development") (Hennessey 2000: 207).

²³⁷ Sinn Féin fekk utdanningsministeren ("Minister for Education") og helseministeren ("Minister for Health, Social Services and Public Safety"). DUP fekk ministeren for regionutvikling ("Minister for Regional Development") og sosialministeren ("Minister for Social Development") (Hennessey 2000.: 207). DUP sine ministrar tok ikkje del i regjeringssmøta, av di dei ikkje ville sitja ved same bordet som Sinn Féin.

²³⁸ Det dreidde seg om transport, landbruk, utdanning, helse, miljø og turisme (ibid.).

²³⁹ Røystene fordelte seg med 30,07 % til DUP (36 plassar), 26,14 % til Sinn Féin (28 plassar), 15,21 % til SDLP (16 plassar), 15 % til UUP (18 plassar), 5,23 % til AP (7 plassar) og 0,55 % til PUP (1 plass) (sinnfeinnews).

²⁴⁰ Dette skjer i kraft av "Schedule 4" i "The Northern Ireland (St. Andrews Agreements) Act 2006", som opphevar "The Northern Ireland Act 2000", der oppløysingsretten vart stadfest (ibid.).

KAPITTEL 6

²⁴¹ Det galdt det lojalistiske "Ulster Democratic Party" (UDP) og det republikanske "Irish Republican Socialist Party" (IRSP).

²⁴² "Rase" står her att som ein restkategori. Han høyrer klårt til dimensjonen "etnisk nasjonalisme", men lét seg ikkje plassera innanfor kategoriane "språkleg-kulturell" eller "religiøs" nasjonalisme. Vi har difor å gjera med ein eigen type etnisk nasjonalisme, der biologiske eigenskapar vert bruka som nasjonale kjenneteikn. Dersom dette kjenneteiknet vart nemnt av respondenten, presiserte eg innhaldet i omgrepet for å vera viss på at han oppfatta det rett.

²⁴³ Kva for alternativ eg valde her avhekk av kva for ein av dei to nasjonane respondenten svor trusakp til.

²⁴⁴ Berre 2,6 % av katolikane i Nord-Irland var medlemmer av AOH i 1971 (ibid.). Den låge tilslutnaden skuldast truleg at organisasjonen definerer seg i motsetnad til ikkje-sekteriske organisasjonar, som borgarrettsrørsla og den republikanske rørsla.

²⁴⁵ SDLP er med i "Européiske sosialistar" og "Den sosialistiske internasjonale" (Atwood 2001 [intervju]).

²⁴⁶ Atwood nemner her døme på folk i grevskapet Antrim som dyrkar irsk språk, musikk og idrett, men som likevel identifiserer seg med den britiske staten.

²⁴⁷ Atwood kallar AHO "a social club", utan nokon politisk innverknad..

²⁴⁸ SDLP er her meir optimistisk på vegner av "konsosiert demokrati"-modellen enn Lijphart, som reknar med at "verzuiling" vil verte avløyst av "ontzuiling" (= "avsøyling") etter kvart som konfliktnivået synker, noko han finn klare teikn på i Nederland frå 1960-talet og utover.

²⁴⁹ Atwood siktar her truleg til at dei all-irske institusjonane var sterkare i Sunningdale-avtala.

²⁵⁰ Atwood gjev John Hume ein stor del av æra for den haldningsendringa som har funni stad: Etter at han tok over som partileidar i SDLP, har han greidd å overtale partane om at det er meir å vinne på å bruke politiske enn valdelege middel.

²⁵¹ McClarnon legg i den samanhengen vekt på at det i Belfast har komi ei rad irsk-språklege grunnskular ("primary schools") dei siste 30 åra, og jamvel ein vidaregåande skule ("secondary school") tufta på irsk mål.

²⁵² Ó Brádaigh var stabssjef i IRA under den militære kampanjen 1956-62, og vart president for Provisoriske Sinn Féin etter brotet med "Dei offisielle" i 1970. Han drog seg attende frå denne stillinga då partiet sitt årsmøte vraka "Éire Nua"-programmet i 1983, og slutta seg til dei som braut med partiet i 1986.

²⁵³ Protestantane vil framleis ha fleirtalet i provinsforsamlinga, men det vil no berre vera på 2,5 % (ibid.). "Éire Nua" var òg Sinn Féin sitt program fram til 1983, då det vart vraka til føremon for idéen om ein irsk einskapsstat.

²⁵⁴ Ó Brádaigh tek likevel eit atterhald for "statsborgarskap" som kriterium i eit framtidig føderalt Irland. Der kan ein tenkje seg ei ordning der ein er statsborgar i ein av dei 4 provinsane, men likevel har irsk nasjonalitet.

²⁵⁵ Ó Brádaigh tek her eit atterhald mot å karakterisera irsk republikanisme som "nasjonalisme", for at han ikkje skal verte ihopblanda med den imperialistiske nasjonalismen som har kjenneteikna européisk politikk. Han ser han heller i samanheng med frigjeringskampen til undertrykte folk i Den 3. verda.

²⁵⁶ Som døme nemner Ó Brádaigh grevskapet Donegal i Den irske republikken, der Oransjeordenen utan problem gjennomfører væpna paradar kvart år.

²⁵⁷ Partiveteranen Des O' Hagan hevdar at det eigenlege motivet til Dei provisoriske for å bryte med partiet var at partiet hadde vedteki å gje opp boikottlina andsynes parlamentet i Den irske republikken (O'Hagan 1998, fn 3).

²⁵⁸ M. **Castells** hevdar at denne kursendinga skjedde under påverknad av eurokommunistisk ideologi, der demokratisering gjennom kontroll av det borgarlege statsapparatet står sentralt (Castells 1978: 172, hjå Rooney 1982: 93).

²⁵⁹ Tidleg på 1990-talet hadde partiet eit visst hell med å mobilisera røyster i Republikken, men i 1992 melde 6 av dei 7 parlamentsmedlemene deira seg ut av partiet og slutta seg til "the Labour Party", av di partiet ikkje ville la seg styre av parlamentsgruppa (Burns 2001 [intervju]).

²⁶⁰ O'Hagan sat fengsla i 4 år under IRA sin kampanje 1956-62, og var ein av initiativtakarane til den nye politiske lina i Sinn Féin på 1960-talet. Han var òg med på å skipe borgarrettsorganisasjonen NICRA i 1967. Han sit i dag i WP sin sentralkomité, og er dessutan formann for utdaningskomitéen i partiet.

²⁶¹ Det var 4 plassar meir enn det nest største partiet, SDLP, sjølv om SDLP faktisk fekk fleire røyster (22 %) (ibid.).

²⁶² Peter Weir sit som medlem for DUP i den nye forsamlinga som vart vald i 2007.

²⁶³ I intervjuet strekar på hi sida Coulter under den viktige rolla denne hendinga spela for utviklinga av parlamentarisk demokrati i Storbritannia.

²⁶⁴ Weir hevdar at AOH frå tid til annan faktisk arrangerer paradar gjennom protestantiske område. Det har eg framleis til godes å sjå prov på. Sjølv har eg aldri høyrte om slike paradar.

²⁶⁵ At han ikkje går so langt som UUP offisielt i kravet om indre sjølvstyre skuldast truleg at det ikkje ville kunne la seg gjennomføre utan dei institusjonane Langfredagsavtala set opp.

²⁶⁶ Stutt tid etter at Sunningdale-avtala hadde byrja verke, synte ei rad val at eit fleirtal av folket, i ser mellom unionistane, ikkje stødde opp om ho (kap.5, pkt. 2.1.4.).

²⁶⁷ Under overskrifta "Cutting the Cost of Doing Business" heiter det i valmanifestet for 2007:

"The DUP believes that business is the job of the business community and that Government's Role is, where possible, to remove the impediments to growth in our economy" (DUP 2007: 32).

²⁶⁸ I "Manifesto 2007" heiter det under overskrifta "Transforming our Economy", at partiet prioriterer "a cut in our corporation tax rate to entice foreign direct investors to set up in NI and existing companies to expand" (ibid.).

²⁶⁹ Mellom anna går partiet inn for å redusera talet på departement i regjeringa, talet på medlemmer i Forsamlinga og Nord-Sør-samarbeidet, avskaffe "Civic Forum" og omdefinera arbeidet for likskap og menneskerettar (ibid.).

²⁷⁰ Denne nemninga omfattar ulike reformerte retningar, som presbyterianisme, fripresbyterianisme, baptisme, kongregasjonalisme, osv (McAllister.).

²⁷¹ Sjølv om McAllister hevda at partiet òg hadde nokre katolske medlemmer, har det aldri sett opp katolske kandidatar ved val.

²⁷² "Irish and Gaelic culture should not be allowed to dominate funding" (ibid.).

²⁷³ Som Silje **Aspholm Hole** har synt, set britisk lov i stigande grad etniske kriterium for tildeling av statsborgarskap (Aspholm Hole 1995: 54-55).

²⁷⁴ Nina Sømmer **Andresen** hevdar det finst klårt rasistiske undertonar i dei nord-irske protestantane si legitimering av leidarrolla si i samfunnet, og finn desse haldningane att i historiske verk som argumenterte raseideologisk mot heimestyre for Irland på 1800-talet (Andresen 1998: 24-26).

²⁷⁵ "DUP will seek to reverse the preferential funding for Irish language and *integrated* schools" (mi utheving) (ibid.).

²⁷⁶ McAllister nyttar her høvet til å ta opp att DUP sin kritikk av undervisningsminister Martin McGuinness frå Sinn Féin for einseitig å ha løyvd pengar til integrerte skular på dei vanlege statsskulane sin kostnad. "Vanlege statsskular" tyder i denne samanhengen skular der dei protestantiske kyrkjene kontrollerer ein stor del av undervisninga.

²⁷⁷ Under overskrifta "Tackling Deprivation" les vi: The DUP has been at the forefront of highlighting the needs of many disadvantaged *unionist* communities throughout Northern Ireland" (mi utheving) (ibid.).

²⁷⁸ Partiet går mellom anna inn for skattefritak for Oransjeordenen sine hallar: "The DUP recognised the importance of these halls playing a pivotal community and cultural role" (ibid.).

²⁷⁹ I "Manifesto 2007" les vi: "The DUP has succeeded in rewriting the 1998 Belfast Agreement and making fundamental changes in the way in which we would be governed in Northern Ireland" (DUP 2007: 6).

- ²⁸⁰ Av di dei allirske institusjonane var sterkare i Sunningdale-avtala, kan denne utsegna tykkjest merkeleg, men McAllister argumenterer konspirasjonsteoretisk: "The Agreement means a slow erosion of what is British and an advancement of what is Nationalist." Den viktigaste skilnaden ligg soleis i den sluttaktikken regjeringane nytta for å drive ho igjennom.
- ²⁸¹ At partiet nekta å ta del i regjeringsmøta, av di det ikkje ville sitja ved same bordet som Sinn Féin, vert kritisert av andre unionistparti som går mot avtala med at det berre kan oppfattast som kosmetiske åtgjerder utan nokon praktisk innverknad.
- ²⁸² Soleis ynskjer UKUP at det britiske partisystemet òg vert innført i Nord-Irland. Den dagen målet om full integrasjon vert nådd, har partiet med andre ord utspela si rolle (McCartney 2001 [intervju]).
- ²⁸³ Han reknar Storbritannia og Nord-Irland som éi territorial eining. "Territorium" føreset soleis her ikkje eit omgrep om "naturlege grenser", som ville ha gjort øya Irland til den nasjonale eininga.
- ²⁸⁴ McCartney forsvarar likevel "straffelovene" mot katolikkar, som "the Williamite Revolution" la grunnlaget for (sjå kap. 3, pkt. 2.4): "In its days it was the right thing to do – to exclude from government a church, which in its counterreformation activities was supporting what was antisocial" (McCartney 2001 [intervju]).
- ²⁸⁵ At partiet òg stør AOH og borgarrettsrørsla sin rett til å marsjere verkar ikkje moderererande i denne samanhengen: AOH arrangerer ikkje paradar gjennom protestantiske område, og borgarrettsrørsla er ikkje ein sekterisk organisasjon.
- ²⁸⁶ Slik McCartney ser det var det britane sitt ynskje om å få slutt på IRA sin terror i England som gjorde at dei gjekk med på Langfredagsavtala.
- ²⁸⁷ Han legg her skulda på Tony Blair, som kom med ei rad lovnader som han ikkje heldt, for å hindre ein ny lojalistisk streik.
- ²⁸⁸ Det dreidde seg her ikkje berre om usemje i sak, men òg om avgjerdsprosedyra i partiet, av di partileidaren ikkje hadde rådført seg med partimedlemene på førehand
- ²⁸⁹ At so få katolikkar går på dei statlege skulane uroar ikkje Boyd, som ikkje ser noko hinder for at at protestantar og katolikkar kan ha åtskild religionsundervisning på desse skulane.
- ²⁹⁰ Her er Wilson viljug til å gje slikt løyve til AOH, men ikkje til Borgarrettsrørsla, av di han ser ho som ein løynd frontorganisasjon for Sinn Féin /IRA.
- ²⁹¹ Wilson hevdar her at eit majortitetsdemokrati i dag ikkje naudsynleg vil føre til det maktmonopolet unionistpartiet hadde under Stormontregimet, på grunn av partimangfaldet på unionistisk side.
- ²⁹² Partiet vert difor òg kalla "lojalistisk", ei nemning som gjerne vert bruka om ei militant form for unionisme (kap. 4, sn. 194). Det andre lojalistiske partiet, "Ulster Democratic Party" (UDP), som har band til dei paramiltære organisasjonane UDA og UFF, kom ikkje med i analysen.
- ²⁹³ Ervine var ein av fleire UVF-medlemer som vart lauslatne frå fengsel gjennom det amnestiet som vart kunngjort i samband med Langfredagsavtala. Han døydde i 2007. Målsmenn frå Sinn Féin tok del i gravferda.
- ²⁹⁴ Ervine hevdar han kjenner seg krenkt når republikanarar kallar han "ein irsk protestantisk bror", av di det føreset av han lever på ei livslygn og tek frå han retten til å velja.
- ²⁹⁵ At denne framgangen berre er del av ein langsiktig trend for partiet syner resultat framlagde i ei hovudoppgåve skriven av Trude Hagen i 1996: Hagen ser den endringa i strategi som Sinn Féin gjorde i 1986, då partiet tok plass i det irske parlamentet, som eit beinveges svar på attendegangen i veljartilslutnad etter at Den anglo-irske avtala vart underteikna i 1985 (Hagen 199: 130-32). Det var naudsynt for partiet å finne ein strategi for å hente inn att den auka veljartilslutnaden partiet hadde hatt i kjølvatnet av IRA-fangane sin sveltestreik i 1981. Hagen hevdar dette var innleiinga til den prosessen som førte partiet fram til Langfredagsavtala.
- ²⁹⁶ UUP truga stendig med å dra seg attende frå regjeringssamarbeidet med Sinn Féin av di partiet var misnøgd med takten i våpeninnleveringa frå IRA.
- ²⁹⁷ UKUP-leidaren Robert McCartney truga med å dra partiet attende frå Forsamlinga dersom Sinn Féin kom med i regjeringa (– det førte til kløyving av partiet og til at NIUP vart skipa). Likevel blei det med trugsmålet.
- ²⁹⁸ DUP nekta å sitja ved same bordet som Sinn Féin i regjeringsmøta. Partiet tok likevel del i regjeringssamarbeidet med Sinn Féin, noko det vart skarpt kritisert for av UKUP og NIUP.

LITTERATURLISTE

- Adams, Gerry (1995): *Free Ireland: Towards a Lasting Peace* (3. utg.) (Dingle: Brandon Book Publishers Ltd.)
- Adams, Gerry (2003): *Hope and History: Making Peace in Ireland* (London: Brandon)
- Adams, Gerry (2007): *Presidential Address Ard Fheis 2007* (www.sinnfein.ie)
- Alfonsi, Alfonso (1997): "Citizenship and National Identity: The Emerging Stirrings in

- Western Europe" i Oommen, T. K. (red.) (1997): *Citizenship and National Identity: From Colonialism to Globalism* (New Delhi: Sage Publications)
- Almond, Gabriel A. (1956): "Comparative Political Systems" i *The Journal of Politics*, 18, 3
- Alter, Peter (1994): *Nationalism* (2. utg.) (London: Edward Arnold)
- Archetti, Eduardo P. (1981): "Religion and Nationalism" i *Nasjonalisme og nasjonalitet* (Working Papers no. 1) (Oslo: University of Oslo)
- Andresen, Nina Søymer (1998): *Briter eller ekte ulstermenn? En oppgave om nasjonal identitet blant protestantene i Nord-Irland* (upublisert hovudoppgåve, Institutt for statsviskap, Univeristetet i Oslo).
- Armstrong, John A. (1982): *Nations before Nationalism* (Chapel Hill: The University of North Carolina Press)
- Arthur, Paul (1984): *Government and Politics of Northern Ireland* (2. utg.) (London: Longman Group Ltd.)
- Arthur, Paul (1987): "The Anglo-Irish Agreement: Conflict Resolution or Conflict Regulation?" i *International Problems*, 36, 48
- Aspholm Hole, Silje (1995): *Statsborgerskap: Medlemskap i stat eller nasjon?* (Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo) (Upublisert hovudoppgåve)
- Baker, Sybil E. (1973): "Orange and Green: Belfast, 1832-1912" i H. J. Dyos & Michael Wolff (red.): *The Victorian City: Images and Realities* (vol. 2) (London, 1973)
- Barry, Brian (1975): "Political Accomodation and Consociational Democracy" i *British Journal of Political Science*, 5
- Barth, Fredrik (1982): "Introduction" i Barth, Fredrik (red.): *Ethnic Groups and Boundaries: The Social Organization of Culture Differences* (3. utg.) (Oslo: Universitetsforlaget)
- Beckett, J. C. (1966): *The Making of Modern Ireland: 1603-1923* (London: Faber and Faber)
- Beckett, J. C. (1972): *Confrontations: Studies in Irish History* (London: Faber & Faber)
- Boyce, George D. (1995): *Nationalism in Ireland* (3. utg.) (London: Routhledge)
- Blades, M. & D. Scott (1970): *What Price Northern Ireland?* (London: Young Fabians)
- Boserup, Anders (1970): "Revolution och motrevolution I Nord-Irland" i *Världspolitikkens dagsfrågor*, 12 (Stockholm: Utrikespolitiska Institutet)
- Bowyer Bell, John (1970): *The Secret Army: A History of the IRA 1916-1970* (London: Anthony Blond)
- Boyce, George D. & Alan O'Day (2000): *Defenders of the Union: A survey of British and Irish Unionism* (London: Routhledge)
- Boyle, John W. (1969): "Connolly, the Citizen Army and the Rising" i Kevin B. Nowlan (red.): *The Making of 1916: Studies*
- Bratt, Eyvind (1975): "Det nordirländska problemet" i *Världspolitikkens dagsfrågor*, 5
- Breuilly, John (2001): "The State and Nationalism" i Montserrat Guibernau & John Hutchinson (red): *Understanding Nationalism* (Cambridge: Polity Press)
- Brubaker, Rogers (1992): *Citizenship and nationhood in France and Germany* (Cambridge, Massachusets: Havard University Press)
- Bruce, Steve (1989): *God Save Ulster: The Religion and Politics of Paisleyism* (Oxford: Oxford University Press)
- Bruce, Steve (1994): *The Edge of the Union. The Ulster Loyalist Political Vision* (Oxford: Oxford University Press)
- Cameron, David R. & Richard I. Hofferbert (1974): "The Impact of Federalism on Education Finance: A Comparative Analysis" i *European Journal of Political Research*, 2, 3.
- Castells, M (1978): *City, Class and Power* (London: Macmillan)
- Clarke, Aidan (1967): "12: The Colonisation of Ulster and the Rebellion of 1641 (1603-60)" i Moody, T. W. & F. X. Martin (red.): *The Course of Irish History* (New York: Weybright and Talley, Inc.)
- Clarke, Aidan & Dudley R. Edwards (1976): "VII: Pacification, Plantation, and the Catholic Question, 1603-23" i T. W. Moody, F. X. Martin & F. J. Byrne (red.): *A New History of Ireland. Oxford: Clarendon Press, 1976, Vol. 3: Early Modern Ireland: 1534-1691*, ss. 187-231
- Cohen, L. & Manion, L. (1989): *Research Methods in Education* (3. utg.), (London: Routhledge)
- Connor, Walker (1994): *Ethnonationalism: The Quest for Understanding* (Princeton, New Jersey: Princeton University Press)
- Corish, Patrick J. (1968): "The Origins of Catholic Nationalism" i Patrick J. Corish (red.): *A History of Irish Catholicism* 3, 8 (Dublin: Gill and Son)
- Corish, Patrick J. (1976a): "XI: The Rising of 1641 and the Catholic Confederacy, 1641-5" i T. W. Moody, F. X. Martin & F. J. Byrne (red.): *A New History of Ireland , Vol. 3: Early Modern Ireland: 1534-1691* (Oxford: Clarendon Press)
- Cormack, R. J., R. D. Osborne & W. T. Thompson (1979): *Into Work? Young School Leavers*

-
- and the Structure of Opportunity in Belfast* (Fair Employment Agency of Northern Ireland)
- Cronin, Seán (1975): *Tone's Republic: The Case Against Secterianism* (New York)
- Cullen, Louis M. (1993): "The Internal Politics of the United Irishmen" i David Dickson, Dáire Keogh & Kevin Whelan (red.): *The United Irishmen: Republicanism, Radicalism and Rebellion* (Dublin: The Lilliput Press)
- Cronin, Sean & Richard Roche (1973): *Freedom the Wolfe Tone Way* (Tralee: Anvil Books Ltd.)
- Daalder, Hans (1971): "On Building consociational nations: the cases of the Netherlands and Switzerland" i *International Social Science Journal*, 23, 3
- Dahl, Robert A. (1978): "Patterns of Opposition" i Robert A. Dahl (red.): *Political Oppositions in Western Democracies* (8.utg.) (New Haven: Yale University Press)
- de Paor, Liam (1973): *Divided Ulster* (2. utg.) (London: Penguin Books Ltd.)
- Desmond Greaves, C. (1976): *The Life and Times of James Connolly* (2. utg.) (London: Lawrence and Wishart)
- Deutsch, Karl, W. (1961): "Social Mobilization and Political Development" i *The American Political Science Review*, 55, 3
- Deutsch, Karl, W. (1954): *Political Community at the International Level* (Garden City, New York: Doubleday)
- Deutsch, Karl, W. (1966): "Nationalism and Social Communication" (2. utg.) (Cambridge, Massachuset: MIT Press)
- Devlin, Bernadette (1970): *Min sjel er ikke til salgs* (Oslo: Gyldendal)
- Down (1987): ss. 451-59 i T. W. Moody, F. X. Martin & F. J. Byrne (red.): *A New History of Ireland* i Oxford: Clarendon Press, 1987, Vol. 2: *Medieval Ireland: 1169-1534*
- Dudley Edwards, Ruth (1977): *Patrick Pearse: The Triumph of Failure* (London: Victor Gollancz Ltd.)
- Dumont, Louis (1970): *Religion, Politics and History in India* (Paris: Mouton)
- DUP (2007): *Manifesto 2007* (www.dup.org.uk)
- Elliott, Sydney (1973): *Northern Ireland Parliamentary Election Results 1921-1972* (Chichester: Political Reference Publications)
- Elliott, Sydney & W. D. Flackes (1999): *Northern Ireland: A Political Directory 1968-1999* (Belfast: The Blackstaff Press)
- ECNI (Executive Committee of Northern Ireland) (2000): *Devolving Power to the People of Northern Ireland* (Belfast) (www.northernireland.gov.uk)
- Evason, Eileen (1976): *Poverty: The Facts in Northern Ireland* (CPAG) (London)
- Farrell, Brian (1971): *The Founding of Dáil Éireann: Parliament and Nation-Building* (Dublin: Gill & Macmillan)
- Farrell, Michael (1980): *Northern Ireland: The Orange State* (2. utg.) (London: Pluto Press)
- Fraser, Morris (1973): *Children in Conflict* (London: Secker & Warburg)
- Fennema, Meindert (1976): "Professor Lijphart en de Nederlandse politiek" i *Acta Politica*, 1
- Fichte, Johan Gottlieb (1796): *The Foundations of Natural Law*
- Fisk, Robert (1974): *The Point of no Return* (London)
- Fitzgibbon, Constantine (1971): *Red Hand: The Ulster Colony* (London: Michael Joseph)
- Gallagher, Frank (1957): *The Indivisible Island* (London)
- Gerth, H. H. & C. Wright Mills (red.), (1970): *From Max Weber* (London: Routledge)
- Gilbert, Paul (1998): *The Philosophy of Nationalism* (Boulder, Colorado: Westview Press)
- Gleichen, Major-General Lord Edward (1932): *A Guardsman's Memories* (London: Blackwood)
- Green, David (1972): "The Founding of the Gaelic League" i Séan Ó Tuama (red.): *The Gaelic League Idea* (The Thomas Davis Lectures. Cork: The Mercier Press)
- GUK (Government of the United Kingdom) 1995: *Frameworks for the Future*, Cmmd. 2964 (London)
- GUK (Government of the United Kingdom) 1998: *Northern Ireland Act 1998* (London)
- GUK & GI (Government of the United Kingdom and Government of Ireland) (1998): *The Agreement*
- Hadfield, Brigid (1998): "The Belfast Agreement, Sovereignty and the State of the Union" i *Public Law*
- Hagen, Trude (1999): *Kampen for tilværelsen: En analyse av den politiske utviklinga i den provisoriske republikanske bevegelsen i tidsrommet 1973-1998* (upublisert hovedoppgåve, Institutt for statsviskap, Univeristetet i Oslo)
- Hambro, C. J. (1920): *Irske streiftog og studier* (Kristiania: Aschehoug & Co.)
- Haugland, Kjell (1973): *Problemet Irland* (Oslo)
- Hayes-McCoy, G. A. (1969): "A Military History of the 1916 Rising" i Kevin B. Nowlan (red.): *The Making of 1916: Studies in the History of the Rising* (Dublin: Stationery Office)
- Hechter, Michael (1975): *Internal Colonialism: The Celtic fringe in British national development, 1536-1966*

- (London: Routledge & Kegan Paul)
- Hellemans, Staf (1990): "Sociale bewegingen, zuilen en de strijd om de moderniteit" i *Tijdschrift voor sociologie*, 11, 1
- Hellevik, Ottar (1977): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap* (3. utg.) (Oslo: Universitetsforlaget)
- Hellevik, Ottar (2003): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap* (7. utg.) (Oslo: Universitetsforlaget)
- Hennessey, Thomas (2000): *The Northern Ireland Peace Process: Ending the Troubles* (London: Gill & Macmillan)
- Herder, Johan Gottlieb (1967): *Ideen zur Philosophie der Geschichte zur Bildung der Menschheit* (Hildesheim: Bernhard Suphan)
- Hobson, Bulmer (1963): "Foundation and Growth of the Irish Volunteers, 1913-14" i F.X. Martin (red.): *The Irish Volunteers 1913-1915: Recollections and Documents* (Dublin: James Duffy & Co. Ltd.)
- Hroch, Miroslav (1996): "From National Movement to the Fully-Formed Nation: The Nation-Building Process in Europe" i Geoff Eley & Ronald Grigor Suny (red.): *Becoming National: A Reader* (Oxford: Oxford University Press)
- HSMO (1993): *Joint Declaration*
- Hunter, R. J. (1975): "Plantations in Ulster, c. 1600-41" i *Education Facsimiles 161-180* (Belfast: Public Record Office of Northern Ireland)
- Hutchinson (1987): *The Dynamics of Cultural Nationalism: The Gaelic Revival and the Creation of the Irish Nation State* (London: Allen & Unwin)
- Hutchinson (1994): *Modern Nationalism* (London: Fontana Press)
- Hutchinson (2001): "Nations and Culture" i Montserrat Guibernau & John Hutchinson (red.): *Understanding Nationalism* (Cambridge: Polity Press)
- Isles, K. S. & N Cuthbert (1957): "An Economic Survey of Northern Ireland" (Belfast: HSMO)
- Jones, Emrys (1967): "Chapter ten: Late Victorian Belfast: 1850-1900" i Beckett, J. C. & R. E. Glasscock (red.): *Belfast: The Origin and Growth of an Industrial City* (London: British Broadcasting Corporation)
- Kassis, H. E. (1985): "Religious ethnicity in the world of Islam: The Case of Lebanon" i *International Political Science Review*, 6, 2
- Kedourie, Elie (1994): *Nationalism* (4. utg.) (Oxford: Blackwell)
- Kee, Robert (1972): *The Green Flag: A History of Irish Nationalism* (London: Weidenfeld and Nicholson)
- Kellas, James G. (1998): *The Politics of Nationalism and Ethnicity* (2. utg.) (Basingstoke: Macmillan Press Ltd.)
- Kennedy, David (1969): "IV: Ulster Unionism and the new Nationalism" i Kevin B. Nowlan (red.): *The Making of 1916: Studies in the History of the Rising* (Dublin: Stationery Office)
- Kohn, Hans (1946): *The Idea of Nationalism* (New York)
- Kohn, Hans (1965): *Nationalism: Its Meaning and History* (Princeton, New Jersey: D. van Nostrand Company, Inc.)
- Kornhauser, William (1959): *The Politics of Mass Society* (New York: Free Press)
- Kruijt, J. P. (1957): "Sociologische beschouwingen over zuilen en verzuiling" i *Socialisme en Democratie*, 14, 1
- Kruijt, J. P. (1974): "The Netherlands: The Influence of Denominationalism on Social Life and Organizational patterns" i McRae, Kenneth D. (red.): *Consociational Democracy: Political Accommodation in Segmented Societies* (Toronto: McClelland & Stewart)
- Kruijt, J. P. & Walter Goddijn (1975): "Verzuiling en ontzuiling als sociologisch proces" i Den Hollander, A. N. J. et al. (red.): *Drift en koers: Een halve eeuw sociale verandering in Nederland* (Van Gorcum: Assen)
- Lalor, James Fintan (1975): "To the Irish Confederate and Repeal Clubs (From *The Irish Felon*, July 1848)" i *Readings from Fintan Lalor* (Belfast: Republican Press Centre)
- Lane, Jan-Erik & Svante O. Ersson (1989) (2. utg.): *Politics and Society in Western Europe* (London: Sage Publications)
- Lee, Joseph (1973): "11: Grattan's Parliament" i Brian Farrell (red.): *The Irish Parliamentary Tradition* (Dublin: Gill and Macmillan)
- Lijphart, Arend (1968a): *The Politics of Accommodation* (Berkeley, California)
- Lijphart, Arend (1968b): "Typologies of Democratic Systems" i *Comparative Political Studies*
- Lijphart, Arend (1976): "Repliek" i *Acta Politica*, 1
- Lijphart, Arend (1977): *Democracy in Plural Societies* (New Haven: Yale University Press)
- Lijphart, Arend (1984): *Democracies: Patterns of Majoritarian and Consensus Government in Twenty-One Countries* (New Haven: Yale University Press)
- Lijphart, Arend (1987): "De pacificatietheorie en haar critici" i *Acta Politica*, 2
- Lijphart, Arend (1996): "The Framework Document on Northern Ireland and the Theory of Power-Sharing" i *Government and Opposition*, 31, 3

-
- Ljiphart, Arend (1981): "Consociational Theory. Problems and Prospects". i *Comparative Politics*, 13
- Llobera, Joseph R. (1994): *The God of Modernity: The Development of Nationalism in Western Europe* (Oxford: Berg)
- Lorwin, Val R. (1971): "Segmented Pluralism. Ideological Cleavages and Political Cohesion in the Smaller European Democracies" i *Comparative Politics*
- Lustick, Ian (1985): *State-Building Failure in British Ireland and French Algeria* (Berkeley: University of California, Institute for International Studies)
- Lyons, F. S. L. (1967): "Fenianism, 1867-1916" i T. W. Moody (red.): *The Fenian Movement* (The Thomas Davis Lectures) (Cork: The Mercier Press)
- Lyons, F. S. L. (1971): *Ireland Since the Famine* (London: Weidenfeld & Nicholson)
- Macardle, Dorothy (1966): *The Irish Republic: A Documented Chronicle of the Anglo-Irish Conflict and the Partitioning of Ireland, with a Detailed Account of the Period 1916-1923* (2. utg.) (New York: Farrar, Straus & Giroux)
- MacDonagh (1973): "The Contribution of O'Connell" i Farrell, Brian (red.): *The Irish Parliamentary Tradition* (Dublin: Gill & MacMillan)
- Malcomson, Anthony (1975): "The Penal Laws" i *Education Facsimiles 101-120* (Belfast: Public Record Office of Northern Ireland)
- Mansergh, Nicholas (1936): *The Government of Northern Ireland: A Study in Devolution* (London: George Allen & Unwin Ltd.)
- Mansergh, Nicholas (1968): *The Irish Question: 1840-1921*. London: Unwin University Books)
- Martin, F. X. (1963): *The Irish Volunteers 1913-1915: Recollections and Documents* (Dublin: James Duffy & Co. Ltd.)
- Marlowe, Terry & Stephen Palmer (1970): "Ireland: Imperialism in Crisis 1968-78" i RCG: *Revolutionary Communist*, 8
- Martin, F. X. (1987b): ss. 67-69 i T. W. Moody, F. X. Martin & F. J. Byrne (red.): *A New History of Ireland* (Oxford: Clarendon Press, 1987, Vol. 2: *Medieval Ireland: 1169-1534*.)
- Mazzini, Giuseppe (1835): *Faith and the Future* (London: Walter Scott)
- McGuffin (1973): *Internment* (Tralee)
- McCartney (1995): *Report on the Framework Documents* (Belfast)
- McCartney (1998) *Ulster Pays for England's Peace* (London: House of Commons)
- McCartney (1999): *The Enemies of Ulster and the United Kingdom* (London: House of Commons)
- McCartney (2000): *Devolution and its Democratic Deficit* (London: House of Commons)
- McCracken, J. L. (1967): "Chapter eight: Early Victorian Belfast" i Beckett, J. C. & R. E. Glasscock (red.): *Belfast: The Origin and Growth of an Industrial City* (London: The British Broadcasting Corporation)
- Miller, David W. (1973): *Church, State and Nation in Ireland: 1898-1921* (Dublin: Gill & Macmillan)
- Ministry of Commerce (1973): *Industrial Development in Northern Ireland* (Belfast)
- Moody, T. W. (1967): "The Fenian Movement in Irish History" i T. W. Moody (red.): *The Fenian Movement* (The Thomas Davis Lectures) (Cork: The Mercier Press)
- Müller, Adam (1809): *The Elements of Politics*
- NIA (2007): *Northern Ireland (St. Andrews Agreement) Act 2006. Commentary in Relation to the Transitional Assembly and the St. Andrews Agreement Timetable* (www.niassembly.gov.uk)
- Nilson, Sten Sparre (1984): "When Do Crosscutting Cleavages Moderate Conflict?" (Rotterdam: Session on Conflict Analysis, International Congress, Netherlands Economic Institute)
- Nipperdey, Th. (1976): "Verein als soziale Struktur" i ID: *Gesellschaft, Kultur, Theorie* (Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht)
- Nordlinger, Eric A. (1972): *Conflict Regulation in Divided Societies* (Cambridge Massachusetts: Center for International Affairs, Harvard University)
- Nowlan, Kevin B. (1967): "The Fenian Rising of 1867" i T. W. Moody (red.): *The Fenian Movement* (The Thomas Davis Lectures) (Cork: The Mercier Press)
- Nowlan, Kevin B. (1972): "The Gaelic League and Other National Movements" i Séan Ó Tuama (red.): *The Gaelic League Idea* (The Thomas Davis Lectures) (Cork: The Mercier Press)
- O'Brien, Conor Cruise (1989): "Nationalism and the French Revolution" i Geoffrey Best (red.): *The Premanent Revolution: The French Revolution and its Legacy 1789-1989* (Chicago: The University of Chicago Press)
- O'Casey, Sean (1919): *The Story of the Irish Citizen Army* (Dublin: Maunsel & Co., Ltd.)
- Ó Cuív, Brian (1969): "The Gaelic Cultural Movements and the New Nationalism" i Kevin B. Nowlan (red.): *The Making of 1916: Studies in the History of the Rising* (Dublin: Stationery Office)
- O'Hagan, Des (1998): *Republicanism* (Dublin)
- O'Leary, Brendan (1990): "Beyond the Blocs" i *Fortnight Magazine*, 282

- Ó Murchú, Máirtín (1985): *The Irish Language*. Dublin 1985
- Oommen, T. K. (red.) (1997): *Citizenship and National Identity: From Colonialism to Globalism* (New Delhi: Sage Publications)
- Pappalardo, Adriano (1981): "The Conditions for Consociational Democracy: A Logical and Empirical Critique" i *European Journal of Political Research*, 9
- Paulsen, Jan Arne (1984): *Nord-Irland: Imperialisme, Religiøs Apartheid og Nasjonal Frigjøringskamp* (Upublisert hovudoppgåve, Institutt for Sosialantropologi, Universitetet i Oslo)
- Pringle, D. G. (1985): *One Island, Two Nations? A Political Geographical Analysis of the National Conflict in Ireland* (Letchworth, Hertfordshire: Research Studies Press Ltd.)
- PUP (1998): *Manifesto*
- Ranelagh, John (1981): *Ireland: An Illustrated History* (London: Collins)
- Rae, Douglas W. & Michael Taylor (1970): *The Analysis of Political Cleavages* (New Haven: Yale University Press)
- RCG (1978): *Revolutionary Communist*, 8
- Rejai, Mostafa & Enloe, Cynthia, H. (1969): "Nation-States and State-Nations" i *International Studies Quarterly*, 17 (2): 140-58
- Richardson, H. G. (1942b): "Norman Ireland in 1212" i *Irish Historical Studies*, 3, 10
- Robinson, Alan (1970): "Londonderry, Northern Ireland: A Border Study" i *Scottish Geographical Magazine*, 86
- Robson, Colin (1993): *Real World Research: A Resource for Social Scientists and Practitioner-Researchers* (Oxford: Blackwell)
- Roche, Patrick J. (2000): *The Appeasement of Terrorism & The Belfast Agreement* (NIUP: Ballyclare)
- Rokkan, Stein (1977): "Towards a Generalized Concept of **Verzuiling**: A Preliminary Note" i *Political Studies*, 25
- Rooney, Eddie (1982): *From Republican Movement to Workers' Party: An Ideological Analysis* (London)
- Rose, Richard (1971): *Governing without Consensus: An Irish Perspective* (London: Faber and Faber Ltd.)
- Rose, Richard (1976): *Northern Ireland: A Time of Choice* (London: Longman)
- RSF (2000): *Éire Nua: A New Democracy*
- RSF (1993): *Saol Nua: A New Way of Life*
- Ryan, Desmond (1967a): "James Stephens and Thomas Clarke Luby" i T. W. Moody (red.): *The Fenian Movement* (The Thomas Davis Lectures) (Cork: The Mercier Press)
- SDLP (2007): *A United Ireland and The Agreement: A Better Way to a Better Ireland* (www.sdlp.ie)
- Shearman, Hugh (1949): *Ulster* (London)
- Simms, J. G. (1976): "XIX: The War of Two Kings, 1685-91" i T. W. Moody, F. X. Martin & F. J. Byrne (red.): *A New History of Ireland, Vol. 3: Early Modern Ireland: 1169-1534* (Oxford: Clarendon Press)
- Skorgen (2002): *Rasenes oppfinnelse* (Oslo: Spartacus)
- Smith, Anthony D. (1973): "Nationalism: A Trend Report and Bibliography" i *Current Sociology*, 11 (3) (Mouton)
- Smith, Anthony D. (1981): *The Ethnic Revival* (Cambridge: Cambridge University Press)
- Smith, Anthony D. (1986): *The Ethnic Origins of Nations* (Oxford: Basil Blackwell)
- Smith, Anthony D. (1996): "The Origins of Nations" i Geoff Eley & Ronald Grigor Suny (red.): *Becoming National: A Reader* (Oxford: Oxford University Press)
- Smith, Anthony D. (1998): *Nationalism and Modernism: A critical survey of recent theories of nations and nationalism* (London: Routledge)
- Smith, Anthony D. (2001): "Nations and History" i Montserrat Guibernau & John Hutchinson (red.): *Understanding Nationalism* (Cambridge: Polity Press)
- Smyth, Jim (1998): *The Men and No Property* (New York: St. Martin's Press, Inc.)
- Stationary Office (1987): *Anglo-Irish Agreement 1985* (Dublin)
- Steiner, Jürg (1971): "The Principles of Majority and Proportionality" i *British Journal of Political Science*, 1
- Stewart, A. T. Q. (1967): *The Ulster Crisis* (London: Faber and Faber Ltd)
- Sugden, John & Alan Bairner (1993): *Sport, Sectarianism and Society in a Divided Ireland* (Leicester: Leicester University Press)
- Tamir, Yael (1993): *Liberal Nationalism* (Princeton, New Jersey: Princeton University Press)
- Taylor, David (1982): *Ian Paisley and the Ideology of Ulster Protestantism* (London)
- Tesch, Pieter (1993): "Presbyterian Radicalism" i David Dickson, Dáire Keogh & Kevin Whelan (red.): *The United Irishmen: Republicanism, Radicalism and Rebellion* (Dublin: The Lilliput Press)
- Thatcher, Margaret (1993): *The Downing Street Years* (London)
- UKUP (1998): *Assembly Election Party Manifesto* (Bangor)
- UUP (1995): *Response to "Frameworks for the Future"*
- UUP (1998): *Ulster Unionist Party Manifesto* (Belfast)
- UUP (2007): *Assembly Election Manifesto 2007* (Belfast)

-
- Valen, Henry (u.å.): "EF-standpunkt: Politisk påvirkning og sosial struktur" (Stensil)
- Wall, Maureen (1969a): "The Background to the Rising; from 1914 until the issue of the countermanding order on Easter Saturday, 1916" i Kevin B. Nowlan (red.): *The Making of 1916: Studies in the History of the Rising* (Dublin: Stationery Office)
- Wall, Maureen (1969b): "The Plans and the Countermand: The Country and Dublin" i Kevin B. Nowlan, (red.): *The Making of 1916: Studies in the History of the Rising* (Dublin: Stationery Office)
- Wallace, Martin (1971): *Northern Ireland: 50 Years of Self-Government* (Newton Abbot: David & Charles)
- Weber, Max (1982): *Makt og byråkrati* (4. utg.) (Oslo: Gyldendal)
- Whelan, Kevin (1993): "The United Irishmen, the Enlightenment and Popular Culture" i David Dickson, Dáire Keogh & Kevin Whelan (red.): *The United Irishmen: Republicanism, Radicalism and Rebellion* (Dublin: The Lilliput Press)
- Wiberg, Håkan (1976): *Konfliktteori och fredsforskning* (Stockholm: Esselte Studium)
- Østerud, Øyvind (1994): *Hva er nasjonalisme?* (Oslo: Universitetsforlaget)